

EIT FORSØK PÅ REKONSTRUKSJON
AV GRUNNEIGEFORDELINGA I BERGEN VED UTGANGEN AV
SEINMELLOMALEREN

Geir Atle Ersland

Hovedfagsoppgåve i historie
Universitetet i Bergen
Våren 1989

EIT FORSØK PÅ REKONSTRUKSJON AV GRUNNEIGEFORDELINGA I BERGEN VED UTGANGEN AV SEINMELLOMALDEREN

1.0 INNLEIING s. 5

- 1.1 Problemstilling s. 5
- 1.2 Kva er grunneige? s. 7
- 1.3 Tidlegare synspunkt s.8
- 1.4 Kjeldematerialet s. 17
- 1.5 Metoden s. 21

2.0 "GRUNDEBOG FOR BERGEN", GRUNNEIGEFORDELINGA I 1686 s. 28

- 2.1 "Grundebog for Bergen", bakgrunn, innhald og oppbygging s. 28
- 2.2 Metodiske prinsipp for analysen av "Grundebog for Bergen". s. 36
- 2.3 Grunneigefordelinga for heile byen s. 39
- 2.4 Grunneiga i Nykyrkjesoknet s. 41
- 2.5 Grunneiga i Domkyrkjesoknet s. 43
- 2.6 Grunneiga i Korskyrkjesoknet s. 44
- 2.7 Grunneiga ved Kontoret s. 46
- 2.8 Samandrag s. 49

3.0 UTVIKLINGA AV GRUNNLEIGA FRÅ SEINMELLOMALDEREN OG TIL SLUTTEN AV 1600-TALET s. 51

- 3.1 Grunnlaget for fastsettjing av grunnleiga s. 51
- 3.2 Utviklinga av grunnleiga på 1500- og 1600-talet s. 60
- 3.3 Eit forsøk på å følgja grunnleiga tilbake til seinmellomalderen s. 72
- 3.4 Omrekning av vare- og pengeleiger til riksdalar. s. 78
- 3.5 Samandrag s. 85

4.0 GRUNNEIGA OG DEN TOPOGRAFISKE UTVIKLINGA FRÅUTGANGEN AV SEINMELLOMALDEREN OG TIL 1686 s. 87

- 4.1 Kva slag endringar s. 87
- 4.2 Bybrannen i 1561, dei første reguleringstiltaka på Stranden s. 88
- 4.3 Bybrannen i 1582, reguleringsplanen
av 1583 s. 90
- 4.4 Utnyttinga av Munkelivs grunnområde og reguleringa i Dreggen s. 97
- 4.5 Brannen i 1623 og reguleringa av 1625 s. 101
- 4.6 Brannane i 1640, 1660 og 1686 s. 104
- 4.7 Samandrag s. 106

5.0 BYRÅDET OG KRONAS GRUNNEIGE s. 108

- 5.1 Innleing s. 108
- 5.2 Kongen og kronas grunneige s. 108
- 5.3 Byrådets grunneige s. 111
- 5.4 Lagstolens grunneige s. 114
- 5.5 Byrådet og kronas grunneige ved utgangen av mellomalderen s. 115

6.0 KYRKJELEG EIGE s. 116

- 6.1 Kyrkjelege institusjonar med grunneige s. 116
- 6.2 Munkelivs grunneige s. 120
 - 6.2.1 1463-lista, pengeleiger og vareleiger

- 6.2.2 Munkelivs grunneige i Nykyrkjesoknet
- 6.2.4 Munkelivs grunneige i Domkyrkje-, Korskyrkjesoknet og ved Kontoret
- 6.3 Jonsklostrets grunneige s. 140
- 6.4 Nonneseters grunneige s. 143
- 6.5 Lyse klosters grunneige s. 147
- 6.6 Halsnøy klosters grunneige s. 151
- 6.7 Selje klosters grunneige s. 154
- 6.8 Bispestolens grunneige s. 159
- 6.9 Domkapittelets grunneige s. 171
- 6.10 Lokalkyrkjer med grunneige s. 187
- 6.11 Dei kongelege kapella med grunneige s. 193
- 6.12 Erkestolens grunneige s. 194
- 6.13 Andre kyrkjelege grunneigarar s. 196
- 6.14 Eit samla oversyn over den kyrkjelege grunneiga i seinmellomalderen s. 199

7.0 DEN PRIVATE GRUNNEIGA s. 201

- 7.1 Den private grunneiga i 1686 s. 201
- 7.2 Odelsgrunnane s. 205
- 7.3 Dei adelege grunnane s. 213
- 7.4 Bildegrunnane s. 217
- 7.5 Rosenkrantzgrunnane s. 220
- 7.6 Grunneiga til Gyrvild Fadersdotter s. 229
- 7.7 Den uspesifiserte privateiga ved Kontoret s. 240
- 7.8 Den private grunneiga i seinmellomalderen s. 241

8.0 EIT SAMLA OVERSYN OVER GRUNNEIGEFORDELINGA I BERGEN VED UTGANGEN AV SEINMELLOMALDEREN s. 251

- 8.1 Innleiing s. 251
- 8.2 Grunneigefordelinga i 1686 og ved utgangen av seinmellomalderen s. 251
- 8.3 Bakgrunnen for kongen og byrådets grunneige ved utgangen av seinmellomalderen. s. 257
- 8.4 Bakgrunnen for den kyrkjelege grunneiga ved utgangen av seinmellomalderen s. 261
- 8.5 Bakgrunnen for den private grunneiga ved utgangen av seinmellomalderen s. 270
- 8.6 Ei samanlikning mellom grunneigetilhøva i den danske byen Ribe og Bergen s. 275
- 8.9 Samandrag og perspektivutviding s. 277

VEDLEGG s. 283

- Vedlegg 1: Grunnleiger i lensrekneskapen 1567 s. 284
- | | | |
|----|---|----------------|
| 2: | -- " -- | 1577 s. 286 |
| 3: | -- " -- | 1598/99 s. 290 |
| 4: | -- " -- | 1614/15 s. 303 |
| 5: | "Slottens Grunde bog 1627/28" | s. 315 |
| 6: | Ei samanstilling av vedlegg 1-5 | s. 345 |
| 7: | Grunnbrev for Nordre Bugard 20. jan. | 1563 s. 348 |
| 8: | Grunnleiger i kapitteljordeboka frå om lag 1600 | s. 352 |

KJELDER OG LITTERATUR s. 359

FORORD

Det er nå snart gått 16 år sidan eg leverte inn hovudoppgåva mi. Den blei i si tid skriven i Word Perfect versjon 4.2. Nokre år seinare blei det vanleg at hovudoppgåver blei publiserte elektronisk, eller ”lagt ut på nett”, som er blitt det populære uttrykket. Tanken om å publisera mi oppgåve på denne måten har også vore teken opp fleire gonger, men sidan Word Perfect var gått ut av bruk, og Word ikkje akkurat var laga for å konvertera dette tekstformatet, stod det klart for meg at dette måtte bli eit langsiktig prosjekt. Når det nå er gjennomført må eg gjera merksam på at konverteringa har vore problematisk, særleg gjeld dette tabellane. Eigentleg burde desse ha vore skrivne om, men eg håpar dei blir leselege. Oppgåva mi har ei rad vedlegg, som i hovudsak er avskrifter av handskrivne kjelder. Eg må innrømma at eg ikkje har lese korrektur for desse avskriftene, verken i 1989 eller i dag. At det kan vera feil som skuldast lesing av bokstavar og tal, er nærmest sjølvsagt, men eg håpar dei er få. Til den som hentar ut enkeltopplysningar og ønskjer å nytta desse som eineståande eller avgjerande kjelder, må eg gi det rådet at han finn fram originalkjelda og etterprøver. Elles har eg prøvd å retta ein del språk og teiknsetjingsfeil som eg har oppdaga gjennom åra. Men det står nok ein del igjen. Til slutt ein takk til Arne Solli som inspirerte meg til å gjennomføra ein gjennomgang av det gamle elektroniske manuset.

Bergen 6. februar 2005-02-06

Geir Atle Ersland

1.0 INNLEIING

1.1 problemstilling

Etter at agrarhistorikarar har eigna mykje tid og krefter til å kartleggja folketap og busetnadskontraktsjon i seinmellomalderen, med følgjande nedgang i jordbruksproduksjonen, har det vore nærliggjande å forestella seg at desse fenomena også førte til tilbakegang for bysamfunna. Dette er likevel ikkje ei problemstilling som så langt har vore emne for systematisk gransking.¹ Det er mogeleg at bysamfunna hadde evne til å motverke konsekvensane av nedgangen på landsbygda, særleg i dei byane der handel og anna borgarleg næring stod sterkt.² Ei gransking av grunneige vil langt på veg vera ein god reiskap til å nærma seg løysinga på dette problemet. Etterspurnaden etter grunneige må gi ein god peikepinn på i kor stor grad byen var prega av stagnasjon eller framgang. Kjenner ein kven som var grunneigarar, vil ein og få vita noko om kven som var aktive og passive i utviklinga av byen.

Eigedomstilhøva i mellomalderen har vore eit sentralt tema i historieskrivinga. Hovedinteressa har retta seg mot jordeige. Sjølv om det er kjent at dei store jordeigarane hadde eigedom i byane har det ikkje vore gjort forsøk på å sjå denne eiga i samanheng med jordegodsas. Gransking av eigedomsfordelinga har ikkje vore gjennomført for nokon norsk mellomalderby. I lokalhistoriske studiar er det den topografiske problemstillinga, dvs. eigedomspllasseringa, og ikkje eigedomsfordelinga som har vore tema.

Målsetjinga med mi oppgåve er å rekonstruere grunneigefordelinga ved utgangen av seinmellomalderen. Kva eigargrupper var representerte, og korleis var eigedomsfordelinga dei ulike gruppene i mellom?

Ein rekonstruksjon inneber at ein tek utgangspunkt i eit ufullstendig materiale. Dette må utfyllast med opplysningar henta frå andre periodar enn den ein primært vil undersøkja. I denne samanhengen vert det særstakt viktig å godtgjera at opplysningane er relevante, og at det er mogeleg å etablera ein eigna metode. Desse spørsmåla er vesentlege, men samstundes ikkje utreidde på førehand. Difor er ein del av kapittel 1 nytta til å svara på korleis det er mogeleg å etablera ein eigna metode. I kapittel 2 vert det gjort greie for det eldste fullstendige oversynet over all grunneige i Bergen, ei grunnbok frå 1686. I kapittel 3 vert utviklinga av grunnleiga utreidd, og vidare korleis grunnleiga vart fastsett ved utleige. I denne samanhengen er det vesentleg å sjå

¹ Helle, K. og Nedkvitne, A. 1982 s. 121.

² Helle, K. og Nedkvitne, A. 1982 s. 125.

nærare på utviklinga av myntsystemet og andre betalingsmiddel. I kapittel 4 vert det peika på dei reguleringar og andre topografiske endringar som ein lyt ta omsyn til når ein nyttar kjeldemateriale frå slutten av 1600-talet til å analysere eigedomstilhøva 200 år tidlegare. Av kapittel 2 går det fram at grunneiga kan delast inn i tre grupper. Det er den kyrkjelege eiga, den private eiga og den offentlege eiga. Rekonstruksjonen av grunneiga til desse gruppene vert presentert kvar for seg i kapittel 5, 6 og 7. I kapittel 8 vert hovedresultata av analysen presentert.

Eg har valt utgangen av seinmellomalderen som tidsavgrensing. Med seinmellomalderen meiner eg tidsrommet 1350 til reformasjonen. Utgangen av seinmellomalderen vert slutten av 1400-talet, byrjinga på 1500-talet.

1.2 Kva er grunneige?

Frå ein juridisk synsstad var heile området innanfor Bergens takmerker å rekna som bygrunn.³ Det er likevel berre ein liten del av dette som skal omfattast av denne oppgåva, alt som ligg utanom sjølve bybygnaden fell utanfor oppgåvas problemstilling. Det let seg ikkje gjera å trekka opp sikre grenser for den bygde delen av Bergen i mellomalderen, og det er ikkje mogeleg å gi noko arealmål for området. Heller ikkje skal all bygrunn innanfor det bygde området omfattast av min definisjon av grunneige. For til dette omgrepet vil eg berre rekna den delen av bygrunnen som vart nytta til profan bygnad, og det vil i all hovedsak sia den delen av bygrunnen som gav grunn til private hus, med tillegg av dei grunnstykkja som vart nytta til hageflekkar o.l. Eller sagt på ein annan måte, den grunnen som vart nytta i samband med nærings- og bustadføremål. All grunn som gjekk med til gater, plassar eller andre former for offentlege område, tilliks med grunnområda som gav plass til kyrkjer og kyrkjegardar, vert halden utanom.

I mellomalderkjelder finn ein ulike nemningar for grunneige. I høgmellomalderen ser det ut til at grunn ofte går inn som ein del av nemninga gard. Dette gjer det ofte vanskeleg å avgjera om eit dokument omhandlar både hus og grunn eller berre ein av delane. Den eldste nemninga for grunn ser ut til å vera tuft. I DN har eg funne denne nemninga nytta i alt 32 gonger mellom 1312 og 1465.⁴ Tuft vert avløyst av tomt, som eg i DN har funne 13 gonger mellom 1419 og 1520.⁵ Nemninga grunn er første gong nytta i eit diplom frå 1484, men her saman med tomt.⁶ Aleine er

³ Helle 1982 s. 261.

⁴ DN I nr. 134, 1312, eldst. DN V nr. 855, yngst.

⁵ DN XII nr. 166, 1419, eldst. DN V nr. 1027, yngst.

⁶ DN IV nr. 998, 1484.

nemninga først kjent brukt i 1504, og ser ut til å vera den einerådande nemninga på 1500-talet.⁷ Andre nemningar er ikkje nytta for grunneige, med to små unntak. Nemninga kålgard/hage finn ein i 3 diplom.⁸ Nemninga jord er nytta ein gong.⁹

I denne oppgåva nyttaar eg konsekvent nemninga grunn. Dette av di nemninga er presis, og dei andre nemningane fell inn under denne. Men viktig er det og at frå 1500-talet av vert grunn den einerådande nemninga, med få unntak. Vidare gir denne nemninga god samanheng med to andre vesentlege nemningar i denne oppgåva; grunnleige og grunnbrev. Omgrepa grunn, grunnleige og grunnbrev er ikkje omtala i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder (KLN), trass i at kjeldematerialet viser at dette var klårt definerte omgrep i mellomalderen. I Norsk historisk leksikon (NHL), finn ein grunnleige forklart som fosseleige eller tomteleige for sagbruk.¹⁰

1.3 Tidlegare synspunkt

Av dei som tidlegare har skrive om grunneige i Bergen vil eg ta med tre. Det er først Koren Wiberg, som i sine arbeid i særleg grad kombinerte bygningshistoriske og topografiske studiar med spørsmål omkring grunneige og eigdomsretten (1908 og 1921). Vidare er det Bernt Lorentzen, som med doktoravhandlinga "Gård og grunn i Bergen i middelalderen" ikkje er til å koma utanom (1952). Til sist er det Knut Helles "Bergen bys historie I", som for det første samanfattar det meste som er framsett om emnet grunneige, men som samstundes skisserer viktige problemstillingar som historikarane hittil ikkje har makta å svara på (1982). Dette er ei trøng historiografisk avgrensing, men det er min påstand at ho dekkjer det vesentlege.

I Christian Koren Wibergs framstillingar spelar grunneigespørsmål ei sentral rolle. Hans hovedpoeng er at bygnaden i dei eldste delane av byen, og særleg i Brygge-området, har vore prega av ein sterk konservativisme, både i teknikk, planmønster og funksjon. Denne konservativmen hadde grunneiga, og grunneigefordelinga som føresetnad.¹¹ Koren Wiberg knytta grunneigefordelinga saman med framvoksteren av den eldste byen. Byen hadde vakse fram i Brygge-området. Her hadde dei første huseigarane sett opp bygningar ved strandkanten. Etter at heile strandlinia var oppteken, måtte nye tilflyttarar setja sine hus bak dei først oppkomne. Slik oppstod dei karakteristiske Brygge-gardane, som lange husrekker knytta saman i lengderetningen. Mellom husrekken var det behov for passasje, slik at alle med tilhald i garden kunne få tilgang til

⁷ DN IX nr. 458, 1504.

⁸ DN II nr. 88, 1307. DN XXI nr. 700, 1507. DN VI nr. 805, 1570.

⁹ DN XII nr. 168, 1419.

¹⁰ NHL s. 119, Grunnleie.

¹¹ Koren Wiberg 1908 s. 28-29, 1932 s. 51-53.

sjøen. Men trøngen for byggjegrunn var for stor til at kvar husrekke kunne halda seg med eigen passasje. Det vanlege mønsteret vart difor at to husrekker delte på ein passasje. Huseigarane i dei to husrekjkene hadde slik eit fellesskap i passasjen, og saman kom dei to husrekjkene til å danna eit bygningsmessig og organisatorisk fellesskap, dobbelgarden.¹² Denne utviklinga førte etter Koren Wibergs syn med seg at grunneiga i Bryggeområdet vart prega av utstrakt oppstykking.¹³ Kvar eigar åtte ikkje større grunn enn den som husa hans stod på. Slik vart det mange eigarar til det grunnstykket som utgjorde ein heil gardsgrunn, og kvar eigar kunne ha fleire grunnar spreidde innan gardsrekjkene. Denne egedomsfordelinga førte til at byggjemønsteret i garden vart teke opp att ved nybygging, anten det var ledd i utskifting av byggningsmassen, eller attreising etter ein brann. Dei mange grunneigarane og dei små grunnstykkka gjorde det umogeleg å endra byggjemønsteret, til det måtte det til ei omfordeling av grunnane.¹⁴

Koren Wiberg nytta slik grunneigetilhøva som forklaring til heilt sentrale byhistoriske spørsmål: Kor gammalt er byggjemønsteret og byggjeskikken i Bryggeområdet, og i kor stor grad vitnar bygnaden i dag om framveksten av bysamfunnet? Det må skytast inn at den utviklingstypologien Koren Wiberg skisserte for Brygge-området, også var å forstå som hovedregelen for dei andre bydelane, med den ulikskapen at her kom utviklinga seinare i gang. Eit vesentleg spørsmål i denne samanhengen manglar inngåande drøfting i Koren Wibergs framstillingar. Det gjeld egedomsretten til byrunnen, og i særleg grad korleis denne kunne bli delt på mange grunneigarar.

Eitt sentralt spørsmål vart utreidd i stor breidde av Koren Wiberg. Det galdt tilhøvet mellom huseige og grunneige. Utover i mellomalderen, og utvilsomt i seinmellomalderen, var det blitt slik at det ikkje lenger var huseigarane som åtte grunnen husa stod på. Det var oppstått eit skilje mellom huseige og grunneige, slik at huseigaren måtte betala leige for grunnane. Dette tilhøvet kom etter Koren Wibergs oppfatning til å gi grunneigestrukturen ein konserverande verknad på byggjemønsteret. No var det ikkje huseigarens ynskje åleine som vart avgjerande for utnyttinga av grunneiga, for i denne samanhengen ville også grunneigarens interesser spela inn. Endringar i byggjemønster vart avhengige av semje mellom fleire grunneigarar og huseigarar, som alle måtte sjå sine interesser best ivaretakne ved at endringar i grunnfordeling og byggjemønster vart gjennomførde.¹⁵

¹² Koren Wiberg 1908 s. 21-22.

¹³ Koren Wiberg 1921 s. 34-35.

¹⁴ Koren Wiberg 1921 s. 57-58.

¹⁵ Koren Wiberg 1921 s. 36, 1932 s. 45.

Kjeldegrunnlaget for Koren Wibergs hypotesar om grunneige og bygnadsutviklinga var ei blanding av mellomaldermateriale og materiale frå 1600- og 1700-talet. Dessutan var hypotesane stor grad baserte på eigne undersøkjingar av bygnaden i Brygge-området. Førestillinga om dei mange spreidde grunnane innan ein og same garden ser det ut til at han kan ha fått ved å studera tomtefordelinga for gardshusa, slik Brygge-gardane vart attreiste etter brannen i 1702.¹⁶ At han sjølv hadde eigna mykje tid og krefter til å leita fram og studera kjelder som gav klare indikasjoner på at grunnane under dei enkelte gardane hadde vore samanhangande grunnstykke på ein eigars hand, fekk ikkje konsekvensar for Koren Wibergs hypotesar om strukturen verken når det galdt grunneigefordelinga eller byggjemönsteret.¹⁷

Bernt Lorentzen tok opp til ny drøfting fleire av dei problemstillingane Koren Wiberg hadde arbeidd med. Med doktoravhandlinga "Gård og grunn i Bergen i middelalderen" gjorde han eit forsøk på systematisk etterprøving av Koren Wibergs metodar og resultat. Lorentzen hevda at svært mykje av det som var gjeldande teori om det eldste byanlegget og framveksten av mellomalderbyen, eigentleg ikkje hadde bakgrunn i kjeldematerialet, men var bygd opp over tidlegare historikarars meir eller mindre grunngitte gjetningar.¹⁸

Lorentzens hovedsiktepunkt for den kritiske gjennomgåinga av kjeldene var Bergens topografi i mellomalderen. Med topografi vart det meint hus og grunnanes plassering og utforming, og det var i hovedsak den profane bygnaden som var objekt for analysen.¹⁹ I eit eige kapittel vert det hevda at bygrunnen opprinnelig var kongens eigedom som del av den gamle kongsgarden på Årstad. Det var kongen, nærmere bestemt Olav Kyrre som stod bak det første byanlegget. Han stykka ut grunnar langs Vågen, og gav desse til odel og eige til private. Byen var eit resultat av ei kongeleg grunnleggjing, og ikkje ein sjølvgrodd strandstad som seinare fekk bystatus.²⁰ Både Lorentzen og Koren Wiberg knytte dermed spørsmålet om bygrunnleggjinga nøy saman med råderetten over og fordelinga av grunneiga.

Når det gjeld spørsmålet om grunneigeretten, legg Lorentzen stor vekt på kven som var den opphavlege eigaren. Men korleis denne retten fordelte seg på ulike eigargrupper seinare i mellomalderen, vert ikkje drøfta i særleg grad. Unntaket her er Brygge-området, der Lorentzen

¹⁶ Koren Wiberg 1921 s. 37, 1932 s. 119.

¹⁷ Koren Wiberg 1932 s. 22.

¹⁸ Lorentzen 1952 s.10.

¹⁹ Lorentzen 1952 s. 11, 19 og 20.

²⁰ Lorentzen 1952 s. 38-42.

meiner det er mogeleg å kartleggja eigedomstilhøva ved slutten av mellomalderen. Her var det private rangspersonar som åtte grunnen, men med eit stort innslag av kyrkjeleg eige. Den kyrkjelege eiga var i ekspansjon, men framleis var om lag halvparten i adelseige ved utgangen av mellomalderen.²¹

Lorentzen gjorde eit poeng av å framstilla dei eldste eigedomstilhøva ved Vågen nettopp av di dette var eit punkt Koren Wiberg hadde teke svært lett på. Dette vart eit viktig angrepspunkt for kritikk av Koren Wibergs hypotesar. Men Lorentzen følgjer ikkje opp framstillinga av eigedomstilhøva for seinare delar av mellomalderen, men går over til å konsentrera seg om å påvisa endringar som hadde funne stad i byggjemønsteret. Koren Wiberg hadde hevda, med utgangspunkt i sine hypotesar om utviklinga av det første byanlegget, at bygnaden var prega av ein sterk kontinuitet og nærast uforandrelig gjennom hundreåra. Lorentzens arbeid med bygnads- og eigedomsutviklinga i mellomalderen, vart av Koren Wibergs forsking styrt til å konsentrera seg om grunnanes utforming, og om endringar hadde funne stad på dette punktet.

Lorentzen hevda at i hovedtrekk hadde grunneigefordelinga i Brygge-området gått gjennom to vesentlege reguleringar, og begge knytta seg til attreisingsarbeidet etter omfattande bybrannar. Den første fann stad etter brannen i 1248. Det var først etter denne brannen at byen fekk ei planmessig regulering, eit skjema ein finn att i Byloven frå 1276. Det vesentleg nye i reguleringa var allmenningane, desse representerte eit nytt element i byplanen. Reguleringa etter 1248-brannen var likevel ikkje noko brot med den eldre eigedomsfordelinga. I hovedsak kom endringane til å omfatta dei grunnane som låg på eller like ved dei nye allmenningane.²² Eit meir fundamentalt skifte i eigedomsfordelinga fann stad etter brannen i 1476. Da vart etter Lorentzen dei gamle veitene inndregne til byggjegrunn og grunnar vart slegne saman slik at enkelte gardar vart breiare enn tidlegare. Men breiare gardar kravde og at enkelte gardar ikkje vart attreiste. Dessutan vart nokre gardar nedlagde for å skaffa branngater i bygnaden.²³ Etter Lorentzens syn er det såleis ikkje mogeleg å rekonstruera grunneigedomsfordeling og utforming før brannen i 1476 på grunnlag av kjeldemateriale eller observasjonar etter dette tidspunktet. Endringane var likevel ikkje altomfattande, og i dei nordlegaste delane av Brygge-området var grensene for grunnane frå byens eldste periode i vesentlege trekk intakte like opp til vår tid.²⁴ I rak motsetnad

²¹ Lorentzen 1952 s. 76.

²² Lorentzen 1952 s. 68-77 og 95-97.

²³ Lorentzen 1952 s. 122, 125 og 148-156.

²⁴ Lorentzen 1952 s. 125.

til Koren Wiberg hevda Lorentzen at det var på Stransida at mellomalderens grunnfordeling og utforming heldt seg lengst, like til bybrannen i 1916.²⁵

Grunneigefordelinga vert først gitt ei samla vurdering i Knut Helles "Bergen bys historie bind I". Helles føresetnad er at hus og grunneige var vesentlege moment for den som ynskte å ta del i det økonomiske livet i byen.²⁶ Grunneigetilhøva i mellomalderen følgde to utviklingslinjer. For det første galdt dette framveksten av partseige, som innebar at eigedomar vart delte, anten ved sal, arveskifte, eller gaver. Slik kunne det som tidlegare hadde vore ein grunn, og omfatta ein heil bygard på ein eigars hand, bli delt opp i fleire gardpartar. Det er likevel ikkje råd å vurdera i kor stor grad partseige var blitt ei dominerande eigedomsform ved slutten av høgmellomalderen, men tilsynelatande var tendensen til oppdeling aukande. Her er det ein parallell til utviklinga på landsbygda, der gardar og bruk vart oppdelte i landskyldpartar.²⁷ Den utviklinga som Helle skisserer, står i motstrid til Koren Wibergs hypotese om grunneigeutviklinga. Koren Wiberg hadde jo teke utgangspunkt i at gardseigedomane var komne til som ei organisering av ei rad mindre grunnar.

Den andre vesentlege utviklingstendensen for fast eigedom galdt tilhøvet mellom hus og grunneige. Det vanlege gjennom heile høgmellomalderen var at hus og grunn tilhørde ein og same person. I seinmellomalderen derimot vart eigedomsretten delt, slik at huseigaren måtte betala leige av grunnen huset hans stod på. Dette systemet vart i særleg grad dominerande på Bryggen, men kan også sporast i andre delar av byen. Som årsak til denne utviklinga vert det peika på at det kan ha vore naturleg for gardeigarar som ikkje sjølv dreiv bynæring å selja husa, men å sitja med grunnen og å trekka leigeinntekter av denne. Særleg må attreising etter brann ha gjort det freistande for grunneigaren å nöya seg med å leiga bort grunnen, framfor sjølv å ta på seg kostnadane ved attreising.²⁸

Helle systematiserer det ein veit om grunneigefordelinga, og vurderer eigedomsmengda i høve til ulike eigargrupper. Eigarinteressene vert inndelte i tre hovedkategoriar. Det var kongen og byen, kyrkjelege institusjonar og verdslege hus og grunneigarar.

²⁵ Lorentzen 1952 s. 97.

²⁶ Helle 1982 s. 274.

²⁷ Helle 1982 s. 278-80.

²⁸ Helle 1982 s. 280-81 og 728.

Kongen som grunneigar har særleg interesse med utgangspunkt i hypotesen om at kongen hadde vore den opphavlege grunneigaren til heile området langs Vågen. Men det kongen eventuelt avstod til verdslege eigarar eller kyrkjelege institusjonar, må han ha gitt frå seg til odel og eige for mottakaren. Når det gjeld utleige av grunn kjenner ein berre eitt tilfelle. Dette er for Kongens gard i Vågsbotn, som vart utleidt til tyske skomakarar alt før 1300.²⁹ Etter ein dom i 1311 ser det ut til at byen representert ved byrådet fekk disposisjonsrett til den delen av allmenningsgrunnen som hadde funksjon som gate- og ferdslétrunn. Kongens allmenning var heile grunnområdet innan takmerkene, med unntak av dei delene som han hadde gitt frå seg. Denne eigedomsretten sat kongen med gjennom heile mellomalderen, og kongemakta heldt også på ein over-eigedomsrett til den delen av allmenningsgrunnen som byen disponerte. At byen var aktiv som utleigar av hus og grunn kjem fram gjennom nokre dokument frå første halvdel av 1400-talet, og i desse er det tale om utleige av allmenningsgrunn eller hus på denne. Men i hovedsak finn Helle det påfallande i kor liten grad ein i Bergen møter byen som hus og grunneigar i mellomalderen i høve til i andre europeiske byar. Eit særtrekk for Bergen i så måte er at kongemakta i stor grad hadde kontroll med hus- og grunneigetilhøva.³⁰

Både Koren Wiberg og Lorentzen knytte spørsmålet om utforminga av grunnane nøyne saman med utviklinga av bygnaden. Men å knyta dette til spørsmålet om kven som hadde eigedomsretten til grunnane, og korleis denne eigedomsmengda var fordelt på ulike eigarar, vart i liten grad drøfta. Ei samla vurdering av dette spørsmålet vert teken opp i Bergen Bys historie bind I. Helles konklusjon er likevel at ein ikkje kjenner eigedomstilhøva godt nok til å gi eit fullgodd oversyn.

1.4 Kjeldematerialet

Kjeldematerialet for mi framstillinga er henta frå eit tidsrom på om lag 450 år. Dei eldste kjeldene er for det meste brev som fortel om ulike eigedomstransaksjonar. Desse er trykte i Diplomatarium Norvegicum, men nokre få er også å finna i Norges gamle Love 2. rekke. Innsamlinga har såleis ikkje bydd på større vanskar enn å registrera alle dei dokumenta i desse kjeldeutgåvene som omhandlar slike tilhøve i Bergen. Alt i alt dreiar det seg om eit hundretals brev, i tid spreidde over perioden frå omkring 1300 til 1570. Mellomalderbreva gir sjeldan opplysningar som let seg kvantifisera. I kor stor grad ein kan generalisera, vert ei vurderingssak ut ifrå eventuelle tilleggsopplysningar som gjer det mogeleg å støtta opp under ei generalisering.

²⁹ Helle 1982 s.282.

³⁰ Helle 1982 s.283-84.

Det etterreformatoriske materialet er for det meste kameralt materiale, dvs. rekneskapar frå ulike delar av den offentlege forvaltninga. Her er opplysningane veleigna for kvantitative granskingar. Ettersom slike materiale berre i svært liten grad er trykt, kan det vera naudsynt med ein nærmare omtale.

I rekneskapsmaterialet er det innførlene for grunnleigebetaling som har interesse.

Lensrekneskapane for Bergenhus er det materialet som gir best dokumentasjon over tid.

Grunnleigeinnførsler finn ein i lenrekneskapane frå 1514-22. Men det er først frå 1567 at rekneskapane gir ein kontinuitet som gjer det mogeleg å studere grunnleigene i detalj frå år til år, med enkelte avbrot som skuldast tapte rekneskapar. Dette er likevel ikkje mogeleg lenger enn til 1630, da føringsmåten for grunnleigene vart endra, slik at berre namnet på leigaren og leigesum vart innført. Frå 1644 vart berre den samla grunnleigesummen innført i rekneskapane.³¹

Til rekka av årvisse grunnleigeinnførsler hører det også ei grunnbok over alle grunnleigene som låg til Bergenhus i 1627-28. Boka er rik på opplysningar om dei ulike grunnpartane, og det topografiske prinsippet som er nytta for innførlene, gjer det mogeleg å lokalisera hovedtyngda av dei grunnleigeinnførlene ein finn i lensrekneskapane. Denne grunnboka, som eg kallar "Slottens Grundebog" etter påskrifta på første bladet, har eg skrive av og lagt ved som eit eige vedlegg, vedlegg 5. Som eigne vedlegg har eg og lagt ved dei grunnleigeutdraga av lensrekneskapane som eg har nytta mest. Dette gjeld rekneskapen frå 1567, som rett nok er trykt (NRJ IV s.3-5), men som eg har tilpassa til dei utrykte utdraga frå seinare rekneskapar. Vidare gjeld det grunnleigene i rekneskapen frå 1577, som fragmentarisk er trykt i NM II s. 79-80, og rekneskapane frå 1598/99 og 1614/15. Når nett desse rekneskapane er henta fram, skuldast det fleire omstende. 1567-rekneskapen er den første kjende etterreformatoriske lista over grunnleiger, og er eit naturleg startpunkt. Den neste lista som framleis eksisterer, er frå 1577, deretter vantar det lister fram til rekneskapsåret 1596/97. Når ikkje dette året, men 1598/99 er nytta, skuldast det at sistnemnde liste gir fleire opplysningar, samstundes som den i hovedsak ikkje er avvikande i høve til 1596/97-lista. 1614/15-rekneskapen er medteken av di han i tid ligg nokolunde midt mellom 1598/99-lista og "Slottens Grundebog".

Grunnleigeinnførlene i lensrekneskapane fortel kva leiger som låg til Bergenhus, dvs. krona. Med unntak av lista frå 1567 og tidlegare rekneskapar er alt materialet frå lensrekneskapane utrykt. Slik er det og med ei jordebok over kyrkjeleg gods, som ofte vert omtala som "Jordebok for Geisteleg

³¹ Steinnes 1968 s. 19.

gods frå 1585". Tidfestinga er likevel noko tidleg og eg vel her å halda meg til Morten Beyers tidfesting til om lag 1600. Vidare vel eg å kalla boka kapitteljordeboka, slik Asgaut Steinnes har gjort.³² Grunnleigene i denne boka er tidlegare publiserte i Lorentzens doktoravhandling "Gård og grunn i Bergen i middelalderen", men attgivinga er prega av eit noko uoversikteleg oppsett. Dessutan manglar ei rad grunnleigeinnforsler.³³ Eg har difor funne det naudsynt å gi att dei delane av boka som omhandlar grunnleiger som eige vedlegg, vedlegg 8. Jordeboka gir oversyn over dei grunnleigene som låg til ulike kyrkjelege institusjonar ved slutten av 1500-talet, og gir svært verdifullt materiale for å vurdera omfanget av den kyrkjelege eiga i seinmellomalderen. Dei kyrkjelege institusjonane ein finn i kapitteljordeboka frå om lag 1600, finn ein og oppførte med sine grunnleiger i "Landkommisjonen av 1661". I landkommisjonen finn ein vidare dei grunnleigene som framleis låg til klosterlena og til private godssamlingar.

Eit fullstendig oversyn over grunneige- og grunnleigetilhøva i Bergen får ein først med ei grunnbok frå 1686, kalla "Grundebog for Bergen", heretter kalla GBB. Boka er i dag ved Statsarkivet i Bergen, og med si store opplysningsmengd representerer ho sjølve ryggrada i mi framstilling.

Til det etterreformatoriske materialet hører og ein del utrykte diplom frå siste del av 1500-talet, desse er å finna ved Universitetsbiblioteket i Bergen. Diploma har eg dels nytta i samband med det kamerale materialet, men og komparativt i høve til mellomalderdiplom. Av yngre brevmateriale er det viktig å ta med dei såkalla rosenkrantzke grunnbreva, ei gruppe grunnleigebrev utferda av lensmannen Erik Rosenkrantz i 1560-åra. Breva er publiserte av Koren Wilberg (HMS 5 s. 30-39), men det har vore naudsynt også å nytta seg av førelegga, som i dag vert oppbevarte ved UBB. Desse er avskrifter utførte på byrjinga av 1700-talet.

Offentlege dokument i samband med styring og administrasjon har og vore viktig kjeldetilfang, særleg slik ein finn desse trykte i Norske Rigsregistrarer (NRR). Utfyllande materiale har og vore henta frå Norske Herredagsdombøker (NHD). Enkelte domsslutningar viser korleis ein i praksis kunne løysa tvistar omkring grunneige og grunnleige. Dette leier over til omtale av lovaterialet. Tilfanget har vore det som så langt er trykt i Norges gamle Lover. Lovene uttrykkjer eksplisitt lite når det gjeld grunneige og grunnleige, difor er det i hovedsak den praksis ein kan lese ut av eige og leigedokumenta, som fortel mest om kva som var gjeldande rett.

³² Beyer 1970 s. 4. Steinnes 1968 s. 16.

³³ Lorentzen 1952 s. 265-68. Lorentzen har ikkje med grunnleigene som låg til Sjøfarandes fattighus, Korskyrkja og til Maria Virginis prebende.

Det er det etterreformatoriske kjeldematerialet som utgjer hovedtyngda av tilfang for denne oppgåva. Men det er ikkje gjort forsøk på ei uttømmande gransking av alt relevant og tilgjengeleg materiale. Eg har lagt vinn på å skaffa fram det materialet som har peika seg ut som det mest sentrale for mine problemstillingar, og det er det kamerale materialet som gir det beste og mest konsentrerte oversynet. Men til dei mange enkeltoppgåvene i rekneskapane kan det gjerast eigne undersøkjingar. Einskilde egedomsdokument og personalhistoriske opplysningar kan kombinerast og på detaljplan gi vesentleg informasjon om korleis ein skal forstå heilskapen. Det er nett på dette området at kjeldene ikkje alltid er godt nok utnytta. Asgaut Steinnes har i sin artikkel om "Husgrunnar og folk på Hollendarstretet i Bergen" (1968) med ei rekkje døme vist korleis det er mogeleg å kombinera ulike slag kjelder til å skapa eit klart og storlina oversyn på bakgrunn av ei detaljerik framstilling. Steinnes trekkjer i særleg grad fram uttrykt materiale ved Riksarkivet, dokument frå pakkesaker det ville ta lang tid å leita seg fram til om ein ikkje var lokalkjent på førehand.

Denne gjennomgangen av kjeldematerialet er meint som eit generelt oversyn over det mangslunge materialet som har gitt tilfang til denne framstillinga. Ikkje alt er nemnt, men eit fullstendig oversyn er å finna i lista over litteratur og kjelder. Det oversynet som er presentert her, er først og fremst meint som bakgrunn for ein vesentleg problemstilling for alle historiframstillingar: Korleis nyttar ein det innsamla materialet?

1.5 Metoden

Når eg har definert målsetjinga med denne oppgåva som eit forsøk på å avgjera kven som åtte bygrunnen i seinmellomalderen, og korleis fordelinga var dei ulike eigargrupsene i mellom, melder det seg straks eit avgjerande problem: På kva måte let det seg gjera å nytta eit meiningsfylt mål for storleiken av grunneiga? Det trengst eit mål som let seg nytta til å samanlikne grunneiga til dei ulike eigargrupsene, og som er så stabilt over tid at det kan nyttast til å dokumentera egedomsfordelinga under dei ulike periodane kjeldematerialet er henta frå.

Fleire slike mål er i utgangspunktet aktuelle. Det er nærliggjande å tenkja seg arealmål som ei anvendeleg eining. Arealmål er uproblematiske å samanlikna over tid, det einaste er om måleeiningane varierer frå ein periode til ein annan. Det er likevel to moment ved bruken av arealmål som gjer dei lite føremålstenelege for mine problemstillingar. For det første kan ein stilla spørsmål ved om kjeldematerialet i stor nok grad gir nok opplysningar om arealmål til at det let

seg gjera å svara på målet med oppgåva. Rett nok inneheld GBB ei stor mengd opplysningar om breidde og lengde for grunnpartar. Men desse måla kan ikkje utan vidare nyttast til å rekna ut arealmål. Da måtte ein ha som føresetnad at grunnpartane var rektangulære, og det kan ein trygt avvisa.

Med verdi er det i første rekke naturleg å forstå omsetjingsverdien i samband med kjøp og sal. Men opplysningar om omsetjingsverdien av grunnar er lite representerte i kjeldematerialet. Dessutan er desse opplysningane vanskelege å samanlikna over tid, og det er det fleire årsaker til. For det første er det vanskeleg å finna døme der ein kjenner omsetjingsverdien av same grunnstykket på to ulike tidspunkt. Alternativt kan ein gjera eit forsøk på å vurdera grunnprisar i hove til arealmål, og samanlikna kjente arealprisar på ulike tidspunkt. Men ein slik metode avgrensar det tilgjengelege kjeldematerialet, av di han har som føresetnad at både areal og omsetjingsverdi er kjent. Særleg viktig er det i denne samanhengen at det ikkje er sikkert at omsetjingsverdien er eit mål for den nytteverdien grunneigaren hadde av eigedomen. At grunnar vart omsette, må ein sjå på som ei uvanleg handling i den forstand at det ikkje var kjøp og sal av grunneige som gav avkasting for grunneigaren. Det var det bruken av grunnen som gjorde, anten no eigaren brukte den sjølv, eller den vart bortleidt og gav eigaren avkastning i form av grunnleige. GBB viser at mest all grunneige i Bergen var utleide grunnpartar, berre i unntaksfall ser det ut til at eigarane sjølv brukte eigen grunn. Grunneigarens utbytte av grunneige vart uttrykt gjennom grunnleiga.

Utrekninga av jordegodsmengda på landsbygda er utført etter utrekningar over skyldverdien av gardar og gardpartar. Landskylda er nytta som mål for jordeige. Det er slik ein har kome fram til pålitelege overslag over jordeigefordelinga i Norge i mellomalderen, kva samfunnsggrupper som åtte jord, kor mykje, og kvar dei ulike gruppene var best representerte. I denne samanhengen har ein sett på jordeiga uttrykt som bruksverdien eller avkastningsgrunnlaget av gardsbruks. Som mål på bruksverdien har ein nytta landskylda.³⁴ Landskylda var ei leigeavgift for eit stykke jord langt på veg slik grunnleiga var ei leigeavgift for eit stykke bygrunn.

Grunnleigene vart ikkje fastsette vilkårleg eller etter individuelle avtalar, men etter faste prinsipp som galdt alle eigedomar i byen. Ein dom i 1561 hevda at dette var prinsipp som var nedfelte i ei eldre byvedtekt.³⁵ Om det verkeleg var slik, må det vera rimeleg å tru at dette også hadde vore prinsippa for utrekning av grunnleiga i seinmellomalderen.

³⁴ KLM VII s. 664. Jordegendom, Norge.

³⁵ NM I s. 460-61, 11. aug. 1561.

Asgaut Steinnes har peika på eit moment som gjer samanlikninga mellom landskyld og grunnleige særleg interessant. Han finn at grunnar ved arv ser ut til å ha blitt skifta etter storleiken på grunnleiga, slik jordeige vart skifta etter landskylda.³⁶ Dette tyder på at også samtidia såg på grunnleiga som eit mål på verdien av grunneiga.

Dermed ser det ut til at grunnleiga er det beste målet for grunneigeverdien og grunneigemengda. Grunnleiga i byen kan samanliknast med landskylda på landsbygda. Metodisk kan eg nytta grunnleiga til ei granskning av grunneigefordelinga, slik landskylda er nytta til granskning av jordegodsfordelinga.

Totaloversyn over jordegodsfordelinga i mellomalderen utrekna på grunnlag av landskylda, er ikkje baserte på oppgåver frå mellomalderen; til det er kjeldematerialet for fragmentarisk. Først ved å gå så langt fram som til matriklar og jordebøker frå 1647 og 1661, har det vore mogeleg å etablera eit utgangspunkt for omfattande granskningar av jordegodsfordelinga i tidlegare tider.³⁷ Slik er det og med grunnleigene i byen. Først i 1686 vert det gitt eit totaloversyn over alle grunnleigene, kven som var eigalar og kven som var leigarar. Det er dette som vert utgangspunktet; herifrå må ein arbeida seg bakover i tida.

Metoden er velprøvd i studiet av jordegodsfordelinga, og vert kalla retrospektiv metode, slik den først vart utvikla av Andreas Holmsen.³⁸ Føresetnaden er at ein frå eit kjent og oversiktleg utgangspunkt søker å rekonstruere tidlegare situasjonar. I mi oppgåve vert det kjente utgangspunktet grunneigefordelinga i 1686, frå denne ståstadna må eg ved hjelp av kjeldematerialet korrigere for dei endringane som har funne stad, eventuelt dokumentere stabilitet mellom seinmellomalderen og 1686. Resultatet av framgangsmåten vert ei omforming av det biletet grunnboka i 1686 gir, til grunneigefordelinga ved utgangen av seinmellomalderen. På dette punktet vil mellomaldermaterialet vera eit viktig korrektiv til dei resultata eg kjem fram til. Korleis vil det fragmentariske mellomaldermaterialet passa inn i det totalbiletet rekonstruksjonen har framskaffa? Fell mellomaldermaterialet på plass, har den retrospektive metoden gitt haldføre resultat. I anna fall må feilen vera å finna rekonstruksjonsforsøket.

³⁶ Steinnes 1968 s. 37.

³⁷ Fladby 1986 s. 117. Bjørkvik og Holmsen 1972 s. 10.

³⁸ Fladby 1986 s. 63.

Rekonstruksjon av eigedomsfordelinga i seinmellomalderen på grunnlag av eit totaloversyn frå slutten av 1600-talet, er berre mogeleg ved ei noye vurdering av det tilgjengelege kjeldeaterialet frå den mellomliggjande perioden. Det set krav til ei kartlegging av dei endringane som har funne stad, og ei påvising av dei momenta som har vore stabile. Rekonstruksjonsarbeidet kan delast inn i tre underproblemstillingar. Kva svar ein får på desse vert av avgjerande tyding for om det lukkast å oppfylla oppgåvas målsetjing.

For det første må eg ta omsyn til alle dei grunnoverdragingane som kan dokumenterast frå seinmellomalderen og fram til 1686. Av vesentleg tyding vert det å få med seg dei grunnoverdragingane som kryssa dei ulike eigargruppene.

For det andre må eg ta omsyn til byutvidinga. Det bygde arealet i Bergen gjennomgjekk ein stor arealmessig ekspansjon på 1500- og 1600-talet. Dei eigargruppene som fekk hand om tilveksten i eigedomsmengda, vil vera relativt betre representerte i 1686, enn i seinmellomalderen. Skal min analyse bli vellukka, vert det naudsynt å skilja ut alle dei grunnane som kom til etter utgangen av seinmellomalderen, dvs. grunn som tidlegare ikkje hadde vore del av den bymessige bygnaden.

For det tredje må eg ta omsyn til utviklinga av grunnleiga. Skal ein nytta verdien av grunnleiga som mål for storleiken av grunneiga, vert det svært viktig å kjenna tendensane i grunnleigeutviklinga frå seinmellomalderen og fram til slutten av 1600-talet. For å få eit sams mål for grunnleigene nytta eg dei mynteiningane som ein finn i GBB. Her er det i all hovedsak riksdalar (Rd), ort og skilling (β) som er nytta. I 1686 var 1 Rd = 1 ort = 6 mark = 96 β. Dette verdihøvet hadde vore fast sidan 1625. I kjelder eldre enn GBB finn ein ofte einingar som bergengylden (Bg) og album (alb). Bg var ei rekneining som talde 12 danske β. Album var derimot eit utmynta stykke og på 1500-talet kunne det gå opp til 6 alb pr. β.³⁹

Eg har funne det mest føremålsteneleg å handsama spørsmåla omkring utviklinga av grunnleiga og topografiske endringar i eigne kapittel, før eg går laus på sjølve analysen av grunneigetilhøva. Spørsmålet om endringar i eigartilhøve er derimot vurdert undervegs for kvar eigagruppe.


Analysen av grunneiga ved slutten av 1600-talet er delt inn etter dei samtidige kyrkjesokna. Desse var Nykyrkjesokn, Domkyrkjesokn, Korskyrkjesokn og Kontoret. Kontoret hadde to soknekyrkjer, Mariakyrkja og Martinskyrkja. GBB er også inndelt etter kyrkjesokna. Denne

³⁹ NHL s. 36, Bergengylden, s. 67-68, Daler, s. 136, Hvid.

inndelinga har eg også nytta for analysen av grunneigefordelinga ved utgangen av seinmellomalderen. Soknegrensene for seinmellomalderen er ikkje kjende. Fordelen ved å nytta soknegrensene frå slutten av 1600-talet er at det vert mogeleg å lokalisera grunneiga både på 1600-talet og ved utgangen av seinmellomalderen innanfor sikre grenser. Kartet nedanfor skal vera frå 1660-åra. Dette er såleis noko eldre enn GBB, men kartet avvik likevel ikkje vesentleg frå eit kart frå omlag 1700.⁴⁰ Kartet gir eit godt oversyn over byen slik den tok seg ut da GBB vart sett opp. Eg har sjølv teikna inn sokneinndelinga i 1680-åra. Inndelinga har eg frå Edvard Edvardsens utgreiing.⁴¹

⁴⁰ Fossen 1979 s. 290 og 363.

⁴¹ Edvardssen I s. 71-97.



Kart over sokneinndelinga i Bergen i 1680-åra. Avteikna etter kart fra 1660-åra. Kartet tilhører Krigsarkivet i Stockholm. Her etter Fossen 1979 s. 290.

2.0 "GRUNDEBOG FOR BERGEN", GRUNNEIGEFORDELINGA I 1686-1696

2.1 GBB, bakgrunn, innhald og oppbygging

I dette kapittelet skal eg ved hjelp av GBB stilla opp grunneigefordelinga i 1686-96. Først skal eg sjå på bakgrunnen for boka. I eit reskript til borgarmeister Laurits Sørenssen datert 6. juli 1686, ba kongen om at det vart sett opp ei bok over alle grunnar i Bergen. I nytt reskript datert 19. februar 1687, vart magistraten i Bergen pålagt å utnemna nokre menn som kunne måla alle grunnane i byen. Dei skulle vidare setja opp ei forklaring for kvar enkelt grunn. Jakob von Wida som mottok alle byens grunnleiger og skattar, skulle halda ei bok over grunnane og registrera alle nye grunnbrev som vart utferda.¹ Det må vera denne boka som i dag er kjent som "Grundebog for Bergen 1686-96". Jakob von Wida hadde overteke som forstandar for Manufakturhuset i 1684, og det var i kraft av denne stillinga han mottok alle byens grunnleiger.² Manufakturhuset vart teke i bruk i 1646, og drifta var byens ansvar. Det økonomiske grunnlaget var like frå starten eit stadig tilbakevendande problem, og det var for å bøte på dette at kongen i 1660 imøtekomm borgar-meistrane og rådet i Bergens ynskje om å få alle dei grunnleigene i Bergen som låg til Bergenhus, Munkeliv kloster, Apostelgodset, Allhelgenskyrkja og Lysekloster.³ Bernt Lorentzen har sett GBB i følgjande kjeldeperspektiv:⁴

Når man skal etablere sammenhengen i den topografiske utviklingen, er det ikke minst av betydning at bebyggelsen før brannen i 1702 er godt utforsket. Her vil koordineringen av 6 horudkilder måtte kunne gi gode resultater: "Taksering over Bergen bys eiendommer 1645" (B.H.F. 42, tillegg), Edvardsens Bergens beskrivelse, en detaljert grunnbok for Manufakturhuset (1680-årene, Statsarkivet i Bergen) og endelig de eldste bykartene, særlig noen kartskisser fra Strandsiden etter større branner. Til dette kommer de første pantebøkene (Statsark. Bergen) og reguleringsplaner etter branner.

Den detaljerte grunnboka for Manufakturhuset som Lorentzen her viser til, er GBB. Boka har i alt 204 skrivne sider, og gir eit oversyn over all grunneiga i byen i perioden 1686-1696. Men ein må vera merksam på at boka ikkje har som føremål å vera eit grunneigeregister, men eit register over grunnleigepartane i byen. Ein grunn kunne vera delt i fleire grunnleigepartar. Dette poenget ser ein tydelegast i det kapittelet som omhandlar Kontoret. Her er det ført eit eige avsnitt for kvar gard, med opplysningar om kor stor grunnleige dei enkelte grunn-eigarane hadde krav på. I

¹ Kongelige reskripter B. 1 s. 152 og 158.

² Fossen 1979 s. 333.

³ NNR XII s. 435, 25.09. 1660.

⁴ Lorentzen 1952 s. 16.

andre delar av byen vert slike grunnleigepartar omtala som grunnar, og knytt til namnet på den som var leigar. Ved Kontoret vert det derimot ikkje nemnt namn på leigarane. Boka registrerar ikkje berre dei grunnane som var utleigde, men også dei grunnane der det var samanfall mellom eigar og brukar. Dermed kan ein vera rimeleg trygg for at boka registrerer all grunneiga i byen, dvs. den delen av bygrunnen som vart nytta til privat bebyggelse. Det er ingen grunn til å mistru det vesle innleiingsavsnittet på første sida, der det vert fortalt at dette er ei:

Grundebog over alle grunder

*I Bergen, med forklaring hos de som nogen
sig for Odel og Eye eller og Pro Officio tilholder,
de öfrige fölger Manufactur hußit efter
kongl: May: Allernaadigste Brev.*

Innleiinga fortel at eigartilhøva kunne delast inn i tre grupper. For det første var det odel og eige, dvs. dei eigedomane som private åtte. Den andre gruppa var dei eigedomane som låg "pro officio", dvs. eigedomar som låg til institusjonar og embete. Den tredje gruppa var dei eigedomane som låg til Manufakturhuset.

Boka er ført med stor konsekvens etter heilt faste prinsipp. Dei få avvika som kan identifiserast, skuldast truleg at den som har ført boka har vanta sikre opplysningar. Kvar grunnleigepart er omtala for seg, og det vert opplyst kven som leigde grunnparten, måla på grunnen og kva grunnbrev leigaren støtta seg til. Grunnbrevet var kontrakten som regulerte tilhøvet mellom leigar og eigar, og årstalet for utfordinga vert alltid oppgitt. Enkelte leigarar støtta seg til brev som var over 100 år gamle. Dette fortel at leige-tilhøvet anten gjekk i arv eller baserte seg på framleige.

Ikkje alle leidgetilhøve viste tilbake til grunnbrev. Enkelte gonger vert det vist til målebrev, "seddel", eller det vert opplyst at grunnbrev vantar. I nokre få tilfelle vert det for enkelte grunnar vist til tidlegare grunnbøker. På side 78 vert det vist til "den gamble grundebog", og denne tilvisinga skuldast at den omtalte grunnen mangla grunnbrev. GBB var tydelegvis ikkje ei nyskaping i 1686. På side 93 står det at "Danel Wolpmands hauge, er anteignit i Sahl: Borgem: Owe Jenßens bog at give årlig 12 ß". Desse døma viser at boka må vera samansett av opplysningar frå ei mengd kjelder, først og fremst grunnleigekontraktar mellom grunneigar og leigar, men og frå andre register over grunnleige.

Langt på veg er GBB ei grunnbok i eigentleg forstand, dvs. eit register over alle grunnar i byen, med opplysningar om kven som åtte eigedomane og kva hefte som følgde dei. Det er og fleire døme der det knyter seg pengelån til grunnen. I desse tilfella ser det ut til at det er grunnleigaren som har lånt pengar med trygd i dei bygningane han hadde på grunnen. Slike lån vart ført til rentebetaling for kvart år, og renta for lånet var som oftast større enn leiga for grunnen.

GBB er ført etter eit topografisk prinsipp. Den første grunnparten ligg lengst ute på Nordnes, deretter følger alle grunnane sørover på begge sider av Nordnes, i Marken, rundt Vågsbotn, utover langs Øvregata, i Dreggen, Skuteviken, og boka endar med den nordlegaste sjøboda i Sandviken. Boka er inndelt i åtte kapittel. Det er Nykyrkjesokn, Domkyrkjesokn, Korskyrkjesokn, Skuteviken, Sandviken, Kontoret, Stavanger by, og til sist ei liste over jordegods som låg til Manufakturhuset. Dei tre første kapitla er dei mest omfangsrike, heile 188 av dei 204 sidene går med til desse. Kapitla Skuteviken og Sandviken tek opp 4 1/2 side, og alle grunnane tilhørde Manufakturhuset. Kontoret eller "Conthoris Grundeleyer", som er den eigentlege kapitteloverskrifta, er teken ut av den topografiske samanhengen og sett til sist i omtalen av byen.

To sider bak i boka gjeld inntekter til Manufakturhuset som ikkje kom frå grunneige i Bergen. Den eine innehold oversyn over grunnleiger i Stavanger, og den andre er eit oversyn over landskyld som låg til Manufakturhuset. Heilt bak i boka er det sett til eit blad som ikkje har høyrt til i boka opphavleg, både papirkvaliteten og formatet avvik frå det ein elles finn i boka. Men handskrifter og føringsprinsippa er sams med boka elles. På dette bladet er det ført opp 24 grunnleigepartar som alle betalte leige til Manufakturhuset. Som nr. 2 av desse innførslene finn ein grunnleiga av "Det gamble Starhuus". Starhuset må lokaliserast til skomakaranes område, og på slutten av 1600-talet heldt dei til i nordre enden av Vesle Lungegardsvatnet. Der hadde dei truleg hatt buene sine frå slutten av 1620-åra, og tydelegvis også bygd seg eit nytt starvhus. Etter innførsla om det gamle starhuset følgjer "Af det Nye Starhuus betalis af", og namnet på 20 grunnleigarar som betalte for "boed og hauge" eller "part" i Starhuset. Til saman 21 av dei 24 innførslene kan knytast til skomakaranes område ved Vesle Lungegardsvatnet, dei 3 andre var grunnpartar som låg like ved. Ein av desse vart betalt av Christen Justssen, dei to andre av borgarmeister Lauritz Sørenssen. Men kvifor er desse grunnleigene ført for seg, og ikkje i topografisk samanheng med andre bygrunnar? Truleg har dette med bygginga av eit nytt starhus å gjera, for grunnleigene av det gamle starhuset, Christen Justssen og Lauritz

Sørenssens grunnar er også innførte annan stad i boka, på side 112, men her vantar innförsler for partane i det nye starvhuset. Det er da grunn til å tru at grunnleigene av det nye starvhuset først har vore klare etter at grunnboka var oppsett, og at det ikkje lenger var plass til innförlene der dei etter det topografiske prinsippet høyrd heime. Dermed er dei ført på eit ark for seg, og så har ein på same bladet teke med dei grunnane som saman med skomakaranes område utgjorde ei eiga avgrensa eining. Difor er det heller ikkje notert for betalt grunnleige for dei grunnane ein finn på side 112.

Det er ikkje uvanleg at grunnboka har innförsler som er komne til etter at boka vart oppsett, faktisk må det vera fleire hundre av dei. Dette er innförsler som fortel om nytleige av grunnar og om grunnar som er delte opp i fleire partar. Dei nye innförlene er pressa inn mellom tidlegare innförsler og det viser kor stor flid den som har ført boka, har lagt i at opplysningane om grunnpartane skulle stå i den rette topografiske samanhengen. Det er i denne samanhengen naturleg å ta med nokre ord om kven som har ført boka, om det har vore ein eller fleire skrivavarar. Boka er i utgangspunktet ført av ein skrivavar, med unntak av sidene 25, 26 og 61, der handskrifta avvik frå den ein elles finn i boka. Når det gjeld seinare innförsler, er det vanskelegare å avgjera om det her er spor etter ei eller fleire hender, men det kan ikkje vera tale om meir enn eit fåtal. Dette styrkjer trua på at boka er ført med stor konsekvens etter dei prinsippa eg har skissert ovanfor.

I høgre margin, ved sida av opplysningane for kvar grunnleigepart, vert det opplyst kven som åtte parten. Det er denne opplysninga som vil vera avgjerande for mi framstilling. Ettersom boka viser variasjonar når det gjeld føringsmåten for eigartilhøva, er det på sin plass å greia nærmare ut om korleis eg tolkar boka på dette punktet.

Dei private grunnane vert i høgre margin omtala på fleire måtar. To hovudmåtar skil seg likevel ut, anten vert dei omtala som odelsgrunnar, eller som adelsgrunnar. No er det ofte at det ikkje vert ut-trykkeleg fortalt at det dreier seg om adelsgrunnar. I dei fleste høve let dette seg likevel avgjera av di grunnane vert omtala som t.d. "af de Rosenkrantzers grunder" eller "tilhörer Losna gods". Sørleg pro-blematisk er det heller ikkje å identifisera dei grunnane som låg "pro officio". Desse vert omtala som: "ligger til sogneprosten til Kaarskircken", "ligger til bispestolen" eller "tilhörer Vor Frue kircke". Det sistnemnde dømet viser at nemninga "pro officio" ikkje er heilt dekkjande, av di det ikkje vert vist direkte til eit embete ved kyrkja. Slik er det og med grunnar som låg til "Raadsstuen".

For Manufakturhusets grunnar vert det ikkje omtala eigartilhøve i høgre marge. Her er det derimot notert årstalet for kvart år grunnleiga er betalt. Dessutan er leigesummen for Manufakturhusets grunnar ført heilt ut i venstre marg. For dei andre grunnleigepartane er leige-summen skriven saman med omtalen av grunnen elles. Dermed er det klare karakteristika som hjelper til å skilja Manufakturhusets grunnar frå dei andre grunnane.

Berre eit problem står da att når det gjeld prinsippa for å avgjera kven som åtte grunnane. I nokre tilfelle er det ført inn grunnar som det ikkje vert omtala eigartilhøve for. Kven åtte desse? Var det private grunnar som eigarane sjølv brukte, eller var det grunnar der det vanta opplysningar om eigartilhøva? Problemet løyser seg dersom ein går tilbake til innleiinga. Her vert det sagt at alle dei grunnane som ikkje er odel eller ligg til "pro officio", dei grunnane tilhører Manufakturhuset. Slik har eg og tolka boka. Men dermed oppstår det og eit lite kjeldekritisk problem. Innleiinga definerer grunnane til Manufakturhuset som alle grunnar som andre eigarar ikkje kunne setja fram rettmessige krav til. Og at det vart sett strenge krav til dokumentasjon av eigartilhøva viser ei innførsle på side 82:

*Zacharias Andersen Raadmands trenende waanin=
=ger og grunder giver der af til Kiersten Jacobs
dotter paa Waas Aarlig 1 Rdr for dend Ene grund
og for dend Anden til Axøsel Larøsen 4 ort. Her om er
dog ingen Adkomst breve fremvist, hvor fore grunde
leyen saa lenge indtil det scheer indholdis.*

Dette tyder på at dersom ein eigar ikkje makta å prova eigedomsretten til ein grunn, ville grunnen falla inn under Manufakturhuset. Da er det mogeleg at boka inkluderer fleire grunnar som eiga til Manufakturhuset på det grunnlaget at tidlegare eigarar ikkje lenger kunne gjera krav på dei. Men noko stort problem er ikkje dette, ikkje minst av di storparten av dei grunnane der eigedomstilhøva kan vera tvilsame, ligg i område som først hadde fått bymessig bebyggelse etter reformasjonen.

Så langt komen kan det vera på sin plass å stilla spørsmål om kva føremål boka har tent. Eg har alt vore inne på at boka langt på veg er ei grunnbok i eigentleg forstand, dvs. eit register over alle grunnar i byen, med innførsler om kva hefter som kvilte på desse. Men boka interesserer seg

ikkje i første rekke for grunnane, men for grunnleigepartane, og det er berre i sjeldne tilfelle boka kan visa til samanfall mellom desse to einingane. Dei enkelte grunnane kan ein berre slutta seg til ved å samanhorda opplysningane om dei ulike grunnleigepartane. Difor vert det nærliggjande å tru at bokas hovudføremål har vore å halda oversikt over grunnleiga. Innleiinga og sjølv prinsippa for innførslene viser at det er Manufakturhusets grunnleiger som har vore hovudinteressa. Manufakturhuset har kravd leige av alle dei leigepartane som andre ikkje kunne prova egedomsretten til. I høgremargen har ein notert for kvart år leiga er betalt. Sidan alle grunnpartar i byen var medtekne, kunne ingen grunnleigar dra seg unna rekneskap. Berre dei som kunne dokumentera at grunnen dei brukte var i andres eige, slapp unna leigekrav frå Manufakturhuset.

Sjølv om Manufakturhuset klart definerte kva grunnar institusjonen hadde krav i, var det neppe lett å handheva innkrevjinga av grunnleiga. I alt har eg identifisert 1799 grunnleigepartar som tilhørde Manufakturhuset, og av desse var det 148, eller 8,2 %, som ikkje gav opp kor stor grunnleiga skulle vera. Da må ein tru at desse ikkje betalte leige. Men og for enkelte av dei grunnpartane der leiga vert oppgitt, går det fram at leiga ikkje alltid vart betalt. Det ser ein av di det manglar tilførsler for leigebetalinga.

2.2 Metodiske prinsipp for analysen av GBB

Av dei åtte hovudkapitla i boka har eg nytta meg av fire. Det eg ikkje har teke med, er grunnleigene frå Skuteviken og Sandviken i tillegg til listene over jordegods og grunnleiger i Stavanger. Eg har også halde utanom det ekstra tillegget som gir oversyn over grunnleigene frå skomakaranes område ved Vesle Lungegardsvatnet, for det første av di desse delvis er å finna på annan stad i boka, men og av di desse ligg i eit område av byen som ikkje var omfatta av bymessig bebyggelse ved utgangen av seinmellomalderen.

Før eg går over til å presentera eit totaloversyn over fordelinga av egedomsretten til grunnleigepartane, må eg gjera greie for prinsippa for korleis eg har organisert opplysningane i boka. I hovudsak har eg valt å følgja den inndelinga som er nytta i boka. Eg har talt opp grunnleigepartane innan kvart kapittel, og summert desse i grupper etter dei eigargrupsene som boka opplyser om i innleiinga. Men på det siste punktet har det vore naudsynt med ei viss nyansering.

Dei privateigde grunnane, som boka omtalar som "odel og Eye", har eg kalla privat eige. Eg har ikkje gjort freistnad på å skilja mellom adelseige og vanleg odelseige, dvs uprilegert gods. Det har vore naudsynt å dela opp den gruppa som kjem inn under nemninga "pro officio". Dei aller fleste grunnane i denne gruppa låg til kyrkjelege institusjonar, og det er naturleg å skilja desse ut som ei eiga gruppe under nemninga kyrkjeleg eige. Men "pro officio" omfatta også nokre grunnar som var i Lagstolen og Rådstovas eige. Dette galdt likevel ikkje mange grunnar, 15 låg til Rådstova og 1 til Lagstolen. Desse har eg i hovudoversynet slege saman med Manufakturhusets grunnar under nemninga offentleg eige.

Til saman har eg identifisert i alt 2355 grunnleigepartar. Det er ikkje alltid like lett å avgjera kva som skal reknast som ein grunnleigepart, og kva som skal reknast som ein del av ein part. Det går fram av grunnboka at enkelte leigepartar er delte opp i fleire, etter at boka var oppsett. Men det finst og tilfelle der to eller fleire leigepartar er slegne saman. Korleis desse skal teljast, er eit skjønsspørsmål i kvart enkelt tilfelle. Noko stort problem er ikkje dette. Andre måtar å telja på ville neppe gi meir enn ein samla sum på +/- 10 leigepartar i høve til den samla summen eg er komen fram til. Dessutan er det ikkje først og fremst talet på partar som vert avgjerande i denne framstillinga, men kor stor samla leige dei gav.

Grunnleigene vert oppgitte i riksdalar, ort og skilling. Eg har summert dei ulike mynteiningane for seg, og deretter rekna om og summert i riksdalar etter verdisamhøvet 1 Rd = 4 ort = 96 skilling. Berre i seks tilfelle vert grunnleiga oppgitt i anna betaling. I desse tilfella er betalinga oppgitt i rug, malt, slettdalar og album. I den store samanhengen er desse leigene av mindre tyding, og dei er ikkje omrekna og tekne med i hovudoversynet.

Eit viktigare moment er at ikkje alle grunnleigepartane har oppgitt storleiken på grunnleiga. Dersom eg vel å sjå bort frå dei grunnpartane som ikkje har oppgitt leige, vil eg heller ikkje lukkast i forsøket på å skaffa oversyn over den absolute og den relative fordelinga av grunneiga i byen. Eg har difor valt å gjera eit overslag over storleiken av dei ukjente grunnleigene.

Grunnlaget er gjennomsnittet for dei kjente grunnleigene for kvar eigargruppe, og dette er utrekna innan kvart sokn. Eg finn det ikkje tilrådeleg å basera gjennomsnittet på summen av alle kjente grunnleiger dividert på talet for kjente grunnleige-partar. Dette vil ikkje ta omsyn til at det finst systematisk variasjon innan dei enkelte eigargrupsene når det gjeld storleiken på dei enkelte grunnleigene. Tendensen er slik at dei private grunnleigepartane jamt over er monaleg større enn grunnleigene av Manufakturhusets grunnleigepartar. Samstundes er mengda av grunnleiger som

høyrer til Manufakturhuset så dominerande at det ville vera storleiken på grunnleiga av desse som ville avgjera gjennomsnittet av grunnleigene. Vidare er det slik at det er innan den private eigargruppa at det er flest ukjente grunnleiger. Dermed ville det vera denne gruppa som ville få dei største utslaga av ei därleg basert gjennomsnittsutrekning.

I tillegg til ein systematisk variasjon i storleiken på grunnleigene mellom dei ulike eigargruppene, er det også ein tilsvarande tendens når det gjeld storleiken på grunnleigene innan kvart kapittel. For å kontrollera for desse momenta, har eg basert utrekninga av gjennom-snitta på utrekningar innan kvar eigargruppe og innan kvart kapittel. Samla sum for kvar eigargruppe er framkomen på følgjande måte:

$$a + \frac{a * X}{b} = y$$

a = summen av kjende grunnleiger

b = talet på kjende grunnleiger

x = talet på ukjende grunnleiger.

y = samla sum for grunnleiger av eigargruppa

Ein ting er å produsere eit tal basert på eit eller anna fundert utrekningsprinsipp, eit anna spørsmål er om ein kan festa lit til resultatet. I tabell 4.3.1 har eg rekna ut at leiga av den offentlege eiga samla kom opp i 799.04 Rd. Av denne summen kom 50.41 Rd frå 15 grunnar som låg til Rådstova og Lagstolen. Trekkjer ein Rådstova og Lagstolens grunnleiger i frå den offentlege eiga, vert det att 748,63 Rd, som er den delen av grunnleiga som låg til Manufakturhuset. Anders Bjarne Fossen har i "Bergen bys historie" bind 2, peika på problemet klemnaren hadde med å få kravd inn grunnleiga. Så seint som i byrjinga av 1660-åra vart det berre innbetalt 620 Rd, medan byen hadde krav på 750 Rd.⁵ Eg tør våga den påstanden at dei 750 Rd det her er tale om, må vera den grunnleiga kongens gavde frå 1660, hadde gitt byen. Samanfallet mellom denne grunnleigesummen og den eg sjølv har rekna meg fram til for åra 1686-96, må vera meir enn eit slumpetreff, og underbyggjer at utrekningsmåten må vera tolleg presis.

2.3 Grunnleigefordelinga for heile byen

Tabell 2.3.1 viser den totale fordelinga av egedomsretten til grunnleigepartar i perioden 1686-96.

⁵ Fossen 1979 s.267

Tabell 2.3.1 Fordeling av grunneiga i Bergen i 1686-96 med omsyn til eigargrupper og til kyrkjesokna i 1686

Eigargruppe	Sokn	Dalar	%	Dalar	%	Talet på grunnar
Private eige	Nykrk.	6,11	0,42	387,40	26,90	16
	Domkrk.	141,28	9,81			144
	Korskrk.	75,84	5,27			87
	Kontoret	164,67	11,40			35
Kyrkjeleg eige	Nykrk.	19,88	1,38	253,10	17,58	28
	Domkrk.	36,78	2,55			43
	Korskrk.	118,00	8,20			187
	Kontoret	78,44	5,45			16
Offentleg eige	Nykrk.	280,70	19,50	799,04	55,51	786
	Domkrk.	266,02	18,48			609
	Korskrk.	166,87	11,59			395
	Kontoret	85,45	5,94			9
Sum	Alle	1439,54	99,99	1439,54	99.99	2355

Det mest i augnefallande er at over halvparten av all grunneiga i Bergen ved utgangen av 1600-talet låg til den offentlege eiga, og det vil i hovudsak seja til Manufakturhuset. Berre 3.51 % fall på Rådstova og Lagstolen, slik at 52.00 % var Manufakturhusets del. Denne offentlege eiga var likevel ikkje jamt fordelt innan dei ulike sokna. I Nykyrkjesokn og Domkyrkjesokn var det like mykje offentleg eige, medan det var mindre i Korskyrkjesokn og monaleg mindre innan Kontoret. Dei andre eigargruppene har ei meir jamn fordeling av grunneiga. Viktig å merka seg er at den private og kyrkjelege eiga er minst i Nykyrkjesokn, 0,42 og 1,38 %. Dette i motsetnad til den offentlege eiga som er best representert i Nykyrkjesokn med 19,50 % av den totale grunneiga i byen. Den private grunneiga er best representert innan Kontoret, men mest like mykje finn ein innan Domkyrkjesokn, 9,81 og 11,40 %. Den kyrkjelege eiga er derimot best representert i Kors-kyrkjesokn med 8,20 %.

Privateiga gav samla ei innkome på 387,40 Rd, og dette er 26,90 % av den samla grunnleigeinnkoma i byen. Denne delen fordelte seg på 282 grunnpartar, og det er 11,97 % av det samla talet på grunnpartar. Gjennomsnittleg gav dei private grunnpartane ei grunnleige på 1.37 Rd. For den kyrkjelege eiga var gjennomsnittet 0.97 Rd pr. grunnleigepart, medan Manufakturhuset hadde ei gjennomsnittsinnkome pr. grunnleigepart på 0.44 Rd. Den offentlege eiga hadde 55.51 % av grunnleigeinnkomene, men samstundes 76.39 % av grunnleigepartane. I gjennomsnitt var dei private grunnpartane over 3 gonger så mykje verd som dei offentlege med omsyn til grunnleiga.

Er variasjonen stor når det gjeld leiga av grunnpartane dei ulike eigargruppene i mellom, er den enda større dersom ein samanliknar storleiken av leiga pr. grunnpart innan kvart kapittel. Den private eiga hadde 16 grunnpartar innan Nykyrkjesokn, og desse gav ei gjennom-snittleg leige på 0.38 Rd. Innan Domkyrkjesokn var det 144 private grunnpartar, og desse gav ei gjennomsnittleg leige på 0.98 Rd. I Korskyrkjesokn var det 87 grunnpartar, med ei gjennomsnittsleige på 0.87 Rd.

Kontoret hadde i alt 35 private grunnpartar, men her er dei ein part som åleine har ei grunnleige på 22 Rd. Denne veit eg var samansett av fleire partar. Held eg den samansette parten, utanom vert det likevel ei gjennomsnittleg grunnleige på 4,18 Rd pr. grunnleigepart. Det er altså stor forskjell mellom leigeinnkomene for grunnpartane i Nykyrkjesokn og innan Kontoret. Den same tendensen viser seg for den kyrkjelege og offentlege eiga, med det unntaket at den kyrkjelege eiga har ei relativt høg gjennomsnittleg grunnleige innan Nykyrkjesokn, 0.71 Rd.

Av det ovannemnde kjem det fram to interessante trekk. For det første at dei private grunnpartane var monaleg større enn dei offentlege. For det andre var grunnleigepartane i dei eldste delane av byen, som Kontoret, større enn grunnpartane innan dei yngre delane, som Nykyrkjesokn.

2.4 Grunneiga i Nykyrkjesoknet

Den ytre halvdelen av Nordnes vart først eige kyrkjesokn i 1620 åra.⁶ Tabell 2.4.1 viser eigedomsfordelinga i Nykyrkjesoknet i 1686-96. Eit moment er det vesentleg å nemna som bakgrunn for denne tabellen. Kapittelet som omhandlar soknet i GBB inneheld ei stor mengd nyinnførte grunnpartar, dvs. nyutleiger av grunnar som er komne til medan boka har vore i bruk. Nykyrkjesoknet er såleis ein ekspansiv bydel, og alle nyutleigene som er innførte i boka, var for grunnpartar som høyde Manufakturhuset til.

Tabell 2.4.1 Absolutt og relativ fordeling av grunneiga i Nykyrkjesoknet i 1686 med omsyn til eigargrupper

Eigargruppe	Eigar	Dalar	%	Dalar	%	Talet pågrunnar
Privat eige	Adeleg	1,13	0,36			1
	Bildes	5,30	1,70	12,85	4,10	5
	Rosenkr.	1,07*	0,34			1
	Macodji	1,07*	0,34			5(1)
	Odel	4,28*	1,37			4
Kyrkjeleg eige	Bispest.	3,50	1,12			5
	Korskrk.	1,25	0,40	19,88	6,49	6
	Kap. Domkrk	2,75	0,88			4
	Skp. Domkrk	2,88	0,92			4
	Sjøf. fattig	9,50	3,03			9
Off. eige	Manufakturh	280,70	89,88	280,70	89,88	786
Sum	Alle	313,43	99,99	313,43	99,99	830

* Delvis basert på gjennomsnittet for kjente grunnleiger i kvar eigedomsguppe, for manufakturhusets del er berre 5.5 % av grunnane baserte på gjennomsnittstal.)

Tabellen viser at Manufakturhuset dominerte soknet. Men like karakteristisk er dei små grunnpartane. Den gjennomsnittlege leiga for Manufakturhusets grunnar var ikkje meir enn 0.36

⁶ Fossen 1979 s. 311

Rd. Større var ikkje dei private partane med 0,36 Rd. Den kyrkjelege eiga skilde seg såleis ut med ei gjennomsnittsleige på 0.71 Rd.

I høve til gjennomsnitta for byen under eitt, slik dei kjem fram på grunnlag av tabell 2.3.1, var det likevel berre dei private partane som skilde seg ut. Dei private grunnane i Nykyrkjesokn gav ikkje større grunnleige enn 23,35 % av gjennomsnittleg leige for privat eige heile byen under eitt. Tilsvarande tal for kyrkjeleg eige var 71,17 %, og for den offentlege eiga, 85.71 %. I gjennomsnitt var alle typar grunnleigepartar mindre enn gjennomsnittet for byen under eitt, men i sørleg grad var dette ein tendens som slo ut for den private eiga.

2.5 Grunneiga i Domkyrkjesoknet

På same måte som Nykyrkjesoknet, omfatta Domkyrkjesoknet i 1686 eit område som i mellomalderen i stor grad hadde vore ubygde klosterområde. Her hadde både Nonneseter og Jonsklostret disponert open mark. Det noverande Marken var tidlegare Nonnesters område, og fekk først bymessig bebyggelse på 1600-talet. Likeeins Jonsklostrets område omkring Engen. Mellom Jonsklostret og Nonneseter låg Allehelgenskyrkja. Tabell 2.5.1 viser eigedoms-fordelinga i Domkyrkjesoknet i 1686.

Tabell 2.5.1 Absolutt og relativ fordeling av grunneiga i Domkyrkjesoknet i 1686 med omsyn til eigargrupper

Eigargruppe	Eigar	Dalar	%	Dalar	%	Talet på grunnar
Privat eige	Adeleg	6,68*	1,50			9
	Bildes	9,14*	2,06			15
	Rosenkrantz	46,57*	10,49	141,28	31,82	44
	Losna	1,50	0,34			1
	Lungegarden	6,71*	1,51			10
	Odel	70,68*	15,92			65
Kyrkjeleg eige	Korskrk.	1,06	0,24			4
	Skp.Korskrk.	4,72	1,06			3
	Skp.Domkrk.	4,20	0,95	36,78	8,27	3
	Latinskulen	7,39	1,66			8
	Hospitalet	3,82	0,86			6
	Sjøf.fattigh-	15,59	3,51			19
Offentleg eige	Lagstolen	0,44*	0,10			1
	Manufakturh.	265,58*	59,82	266,02	59,80	608
Sum	Alle	444,08	99,99	444,08	99,99	796

* Delvis basert på gjennomsnittet for kjente grunnleiger i kvar eigedomsgruppe.

Som i Nykyrkjesoknet er Manufakturhuset den dominerande grunneigaren også i Domkyrkjesoknet. Andre eigargrupper har likevel større del i grunnleiga, omlag 40% mot 8.5 % i Nykyrkjesoknet. Den gjennomsnittlege grunnleiga for Manufakturhusets grunnar i Domkyrkjesoknet var 0.44 Rd, 0.08 Rd meir enn i Nykyrkjesoknet. Vesentleg skilnad var det

derimot når det galdt gjennomsnittleg grunnleige for private grunnar, 0.32 Rd i Nykyrkjesoknet mot 0.98 Rd i Domkyrkjesoknet. Den kyrkjelege grunneiga hadde derimot ein svak auke frå 0.71 til 0.85 Rd. Med omsyn til heile byen låg gjennomsnittsleiga for private grunnar om lag 40 % lågare, medan den kyrkjelege og offentlege eiga har samanfallande gjennomsnittstal for Domkyrkjesoknet og for byen under eitt.

2.6 Grunneiga i Korskyrkjesoknet

Korskyrkjesoknet i 1686 omfatta store delar av det eldste byområdet, først og fremst Vågsbotn og strøket på oversida av øvregata. I tillegg til Vågsbotn og Øvregata omfatta Korskyrkjesoknet også Dreggen i 1686. Dette området hadde tidlegare vore del av Kontoret, men vart skala av i to etappar, ved brannane i 1476 og 1527.⁷ Tabell 2.6.1 viser grunneigefordelinga i Korskyrkjesoknet i 1686-96.

Tabell 2.6.1 Absolutt og relativ fordeling av grunneiga i Korskyrkje-soknet i 1686 med omsyn til eigargrupper

Eigargrupper	Eigar	Dalar	%	Dalar	%	Talet på grunnar
Privat eige	Adeleg	8,69*	2,41	75,84	21,03	14
	Bilde	22,85*	6,33			19
	Rosenkrantz	3,75	1,04			5
	Losna	4,11*	1,14			4
	Lungegarden	1,63	0,45			3
	Odel	33,93*	9,41			36
	Lange	0,38	0,11			1
	Peder Hansen	0,50	0,14			1
Kyrkjeleg eige	Bispestolen	0,27	0,07	118,00	32,71	1
	Blasij preb.	1,25	0,35			1
	Maria V.preb	2,64	0,73			8
	Kommunet	0,50	0,14			1
	Latinskulen	6,50	1,80			6
	Lektoriet	4,50	1,25			9
	Rektor	2,82*	0,78			4
	Notaren	3,13	0,87			4
	Skp.Domkrk.	35,53*	9,85			38
	Kap.Domkrk.	10,11*	2,80			17
	Skp.Korskrk.	7,98*	2,21			10
	Korskrk.	16,56*	4,59			50
	Nikolaikrk.	5,00	1,39			2
	Martinskrk.	1,71	0,47			5
	Vår Frue krk	4,92	1,36			10
	Hospitalet	3,67*	1,02			10
	Halsnøy kl.	7,70	2,13			10
	Sjøf.fattigh	3,21	0,89			2
Offentleg eige	Rådstova	9,97*	2,76	166,87	46,25	14
	Manufakturh.	156,90*	43,49			381
Sum	Alle	360,71	99,99	360,71	99,99	666 666

* Delvis basert på gjennomsnittet for kjente grunnleiger i kvar eigargruppe.

⁷ Helle 1982 s. 706

Også i Korskyrkjesokn finn ein at Manufakturhuset er den dominerande grunneigaren, men relativt omlag 16% lågare enn i Domkyrkjesokn og tett opp mot 50% mindre enn i Nykyrkjesokn. Interessant er det å merka seg at det er den kyrkjelege eiga som har auka sin del av det relative eigedomsvolumet samanlikna med Domkyrkje-soknet. Tilliks med Manufakturhuset er den private eiga mindre i Korskyrkjesoknet enn i Domkyrkjesoknet. Karakteristisk for den kyrkjelege eiga i Korskyrkjesoknet er at den er spreidd på mange institusjonar og embete, og at dei fleste av desse kvar for seg berre kontrollerer mindre delar av den kyrkjelege eiga. Det einaste klare unntaket er soknepresten til Domkyrkja, som til sitt embete var tillagt omlag 10% av grunnleigene. Det utgjorde nærmere 1/3 av den kyrkjelege eiga i soknet.

Den gjennomsnittlege grunnleiga for Manufakturhusets grunnar var 0.41 Rd. Den kyrkjelege eiga hadde i Korskyrkjesoknet 0.63 Rd i gjennomsnittsleige, mot 0,71 og 0,85 Rd i Nykyrkje- og Domkyrkjesoknet. Den private eiga i Korskyrkjesoknet hadde ei gjennomsnittsleige på 0.91 Rd, og dette var noko mindre enn i Domkyrkjesoknet. Med omsyn til byen under eitt var det samanfall mellom Manufakturhusets gjennomsnittsleige i Korskyrkjesokn og for heile byen. Dei andre eigargrappene hadde derimot ei gjennomsnittsleige som låg frå 0.25 til 0.40 Rd under gjennomsnittsleiga for heile byen. Dette kan tyda at grunnleigepartane var jamt over mindre i Korskyrkjesoknet enn elles i byen.

2.7 Grunneiga ved Kontoret

Det hanseatiske kontoret hadde endra seg sterkt frå seinmellomalderen og til slutten av 1600-talet. Organisatorisk hadde Kontoret vore i opploysing alt sidan 1500-talet. Kontorske kjøpmenn hadde brote med det hanseatiske fellesskapet, teke byborgarskap, og slege seg ned i andre delar av byen. På slutten av 1600-talet var det enda til slik at fleire av kjøpmennene ved Kontoret ikkje lenger var underlagde Kontorets organisasjon, men dreiv handel som bergenske borgarar.⁸ Også i topografisk samanheng var Kontorets posisjon blitt redusert. Etter den totalt øydeleggjande brannen i 1476 vart ei rekke gardar nedlagde, og grunnane seinare omtala som aude grunnar. Føremålet var å dela opp bebyggelsen med opne branngater som kunne avgrensa skadane ved seinare brannar. Men brannen i 1476 førte også til at Kontoret gav avkall på ein del av sitt tidlegare område lengst i nord. Denne utviklinga vart ført vidare etter ein ny brann i 1527, der dei nordlegaste av dei kontorske handelsgardane vart øydelagde. Heretter vart ikkje lenger området nord for den seinare Dreggsallmenningen rekna med til Kontoret. Ei vidare innkorting av området fann stad i 1642, da den sørlegaste av dei kontorske gardane, Rotmannsgard, vart

⁸ Koren Wiberg 1932 s. 127-35 og 181-82. Fossen 1979 s. 42-45

utlagt til allmenning.⁹ Det er såleis ikkje samanfall mellom yttergrensene for det kontorske området i seinmellomalderen og ved slutten av 1600-talet, men sjølve kjerneområdet er det same. Dette området utgjorde truleg den eldste tettbygde delen av byen, og grunneigetilhøva er av særleg interesse, av di dei kan vera med til å kasta lys over byens eldste historie.

Eit moment må nemnast når det gjeld innførslene i GBB ved Kontoret og det gjeld sjølve oppsettet. For under Kontoret er kvar gard ført opp som eit eige underkapittel, med opplysningar om eigartilhøve til grunnen i garden og kor stor grunnleige dei enkelte grunneigarane skulle ha. Men det vert ikkje opplyst kven som betalte leiga, eller gitt mål for lengde og breidde på dei ulike grunnpartane. Dette skil grunnpartane ved Kontoret klårt frå partane elles i byen, der leigarnamn saman med lengde og breiddemål nett er vesentlege opplysningar til å identifisera dei ulike grunnpartane. Tabell 2.7.1 viser eigedomsfordelinga ved Kontoret i 1686-96.

⁹ NRR VIII s. 143-44, 21. mars 1642

Tabell 2.7.1 Absolutt og relativ fordeling av grunneiga ved Kontoret i 1686 med omsyn til eigargrupper

Eigargruppe	Eigar	Dalar	%	Dalar	%	Sum grunnar
Privat Eige	Rosenkrantz	71,44	21,78			7
	H. Munthe	4,00	1,22			1
Kyrkjeleg Eige	I. Christens	13,00	3,96			4
	E. Jacobssen	1,00	0,30			1
	T. Sørenssn	2,50	0,76			1
	H. Lilliensk	17,08	5,21			4
	A. Mikellsdt	3,50	1,07			1
	S: H. Hanss.	8,15	2,48			1
	G. Messing	1,25	0,38	164,17	50,04	1
	Von Hatten	9,65	2,94			1
	H. Schlytter	0,25	0,08			1
	S: H. Messing	1,04	0,32			1
	P. Trøiel	5,29	1,61			2
	S: Eliassens	2,08	0,63			1
	H. Wilchenss	14,15	4,31			2
	B. Nagel	6,94	2,11			3
	L. Rosenberg	1,25	0,38			1
	M: Samuel	0,50*	0,15			1
	Ein bonde	1,10	0,34			1
	Bispestolen	7,22	2,26			1
	Rektor	12,92	3,94			1
Offentleg Eige	Kap.Domkrk.	5,25	1,60	78,44	23,91	1
	Skp.Domkrk.	9,57	2,92			2
	Skp.Korskrk	15,82	4,82			3
	Korskyrkja	1,00	0,30			1
	Martinskrk.	4,67	1,42			1
	Mariakyrkja	4,58	1,40			1
	Allle	328,06	99,99	328,06	99,99	60

* Denne grunnen er den einaste ved Kontoret som manglar leigesum. Innførsla tyder på at det var ein mindre grunn.

Det mest slåande trekket ved grunneigefordelinga ved Kontoret i høve til dei andre kapitla, er den sterke reduksjonen av Manufakturhusets eige. Berre 13,85 % står i sterkt kontrast til dei andre sokna, der eigardelen var 43,49 %, 59,80 % og 91,51 %. Når den offentlege eiga likevel har ein samla del av grunneiga tilsvarende 26,04 %, skuldast dette at Rådstova sat med ein eigedom som svarte for 12,19 % av grunnleigevolumet ved Kontoret. Dette var vinkjellaren med grunn, ein atypisk grunnpart med ei etter måten enorm grunnleige på heile 40 Rd. Nett storleiken på grunnleigene er det som skil Kontoret mest frå dei andre kapitla.

Dei private grunnpartane ved Kontoret hadde ei gjennom-snittsleige på 4,18 Rd. Da har eg halde utanfor ein stor part på 22 Rd. som var summen av leiga frå fleire grunnar Dei kyrkjelege grunnpartane ved Kontoret gav ei gjennomsnittleg grunnleige på 4,91 Rd mot 0,92 Rd for byen under eitt. For Manufakturhuset var tala 9,49 Rd mot 0,44 Rd for heile byen.

Her kjem det fram eit interessant trekk ved fordelinga av grunnleigepartane. Dersom ein samanliknar dei grunnpartane som vert omtala som Rosenkrantz' grunnar og Manufakturhusets

partar, finn ein at desse i gjennomsnitt var jamstore, med 8,24 og 9,49 Rd. Desse skilde seg frå dei kyrkjelege grunnpartane, som hadde ei leige på 4,90 Rd. Elles er det påfallande at talet på grunnpartar i det heile var svært lite på Kontoret i høve til dei tre andre sokna. Dessutan er det verd å merka seg at ein så stor del av grunnleigene låg til den private eiga. Denne eiga var delt på mange eigrarar, som kvar for seg berre åtte ein eller eit fåtal partar.

2.8 Samandrag

I dette kapittelet har eg vist korleis ein analyse av GBB gir talmateriale som framstiller grunneigefordelinga i 1686, fordelt på dei tre eigargrupsene, privateige, kyrkjeleg eige og offentleg eige.

I 1686 var det Manufakturhuset som dominerte mellom grunneigarane. Heile 52,00 % av grunneiga låg til denne institusjonen. Manufakturhuset hadde mest eideid i Nykyrkjesoknet, og eigardelen vart mindre for kvart sokn frå Domkyrkjesoknet til Kontoret. Mest privat eige var det i Domkyrkjesoknet og ved Kontoret, medan den kyrkjelege eiga hadde sin største konsentrasjon i Korskyrkjesoknet.

I 1686 ser det ut til at privat og kyrkjeleg eige var særleg utbreidd i dei eldste delane av byen. Dei private grunnane var gjennomsnittleg dei største. Kyrkjelege grunnar var noko mindre, men likevel klart større enn gjennomsnittsleiga for Manufakturhusets grunnar. Grunnleigepartane var særleg store på Kontoret, i skarp kontrast til dei små leigene ein finn i hundretal på Nordnes, i Marken, på Fjellsiden og Stølen.

3. UTVIKLINGA AV GRUNNLEIGA FRÅ SEINMELLOMALDEREN OG TIL SLUTTEN AV 1600-TALET

3.1 Grunnlaget for fastsetjing av grunnleiga

I det følgjande kapittelet skal eg undersøkja grunnlaget for utrekninga av grunnleiga, og vidare utviklinga av grunnleiga frå utgangen av seinmellomalderen og fram til slutten av 1600-talet. Berre for enkelte periodar under dette tidsrommet er kjeldematerialet godt nok til at undersøkjinga kan gjennomførast i detalj. Resultata frå dei detaljerte, men tidsavgrensa periodane må eg nytta til å testa det meir fragmentariske materialet frå andre periodar.

Mi oppgåve er ein parallel til dei mange undersøkingane omkring jordeige i mellomalderen. Men eit problem når det gjeld samanlikninga av grunnleige og landskyld, er at medan landskylda stod i høve til avkastninga av det enkelte gardsbruket, er det vanskeleg å setja grunnleiga eintydig i samband med den verksemda som vart driven på grunnen. Den økonomiske verksemda på landsbygda var einsarta, og jord var ein direkte innsatsfaktor i produksjonsprosessen. Kvaliteten på eigedomen var avgjerande. Avkastninga vart betre om jorda var god, skogen fin og hovet til fangst rikt. Berre unntaksvis var bygrunnane knytte direkte til produksjonsprosessane som gjekk føre seg i husa på grunnen. Kvaliteten på ein bygrunn var meir ein direkte funksjon av lokalisering og storleik. Det var desse momenta det ville vera naturleg å ta omsyn til ved utlikning av grunnleige.

Det finst ikkje noko mellomalderdokument som fortel korleis grunnleiga vart utlikna. Den eldste opplysninga skriv seg frå 1561, da utrekningsgrunnlaget for grunnleige vart slege fast i ein dom i ei sak lensherren på Bergenhus, Erik Rosenkrantz, hadde reist mot dei tyske kjøpmennene på Bryggen. I denne dommen vart det sagt at grunnleiga vart fastsett etter ei gammal vedtekta for Bergen;¹

... efterdi Grundelejen er af en gammel vedertegt sat at udgive, eftersom Handteringen er udi Husene, og Kjøpmændene meneligen have Kramhuse og Kramstuer, som de bruge stor handel af, videre end midt op i Gaardene, da var det og billigt, at de gave to Skilling for hver Alen fran yderst paa Bryggen og op til midt i Gaardene og en Skilling for hver Alen fran midt i Gaarden og op til Øverstrædets Gade. For Kaalhaverne orenfor Ørregaden, sagde de, at det og var billigt, at de gave en alb for hver norsk ALEN udi Længden og 12 Alne udi Breden, saa at 36 Alne udi Længde og Brede, tilhobe lagt, gives en Bergengylden, 12 ß regnet i samme Gylden, og saa alt hen regnet.

Denne byvedtekta er ikkje kjent i dag. Av domsslutninga kan ein likevel lesa ut hovudprinsippa for utrekninga av grunnleige. Grunnleiga skulle fastsetjast etter verksemda i husa på grunnen, "... eftersom Handteringen er udi Husene". Men slik dommen vidare vart utleidd, var også andre prinsipp avgjerande. Dei eigedomane som låg nærest sjøen, måtte betala mest, og lokalisering

¹ NM I s. 460-61, 11. august 1561, s. 483, 1568 utan dag.

var såleis av avgjerande tyding. Utrekninga av grunnleiga for ein Bryggegard vart påstått å vera avhengig av verksemda som vart driven der, men summen vart i praksis utrekna etter mål, likevel ikkje etter arealet, berre etter lengda. Om ein grunn var smal eller brei, spela inga rolle. For kålhagane på Øvregata var det også verksemda på grunnen som var utgangspunktet for utlikninga av grunnleiga. Utbyttet av desse hageflekkane vart truleg ikkje rekna som anna enn eit tilskot til hushaldninga, og kunne ikkje samanliknast med forretningsdrifta i Bryggegardane. Dette forklarar den store ulikskapen i leigesatsane. 1 album for 1 alens lengde og 12 alens breidde, eller 1 Bg for 36 x 36 alen, gav ei grunnleige på 108 alen² pr. ß. Det tilsvara ikkje meir enn 1/20 av leigeprisen for den nedst delen av Nordre Bugard, som med ei breidde på 11 alen måtte betala 2 ß pr. 11 alen². Men leigesatsane for Bryggegardane var likevel representative for leigenivået i byen. Dommen understreka dette ved å påleggja dei tyske kjøpmennene å godta utrekningsgrunnlaget for grunnleiga; "... efterdi den er ikke ulovlig paalagt efter den Handel, der bedrives ved Bryggen ydermere, end Borgerne udi Bergen, og udgive den aarlige Grundeleje, eftersom foreskrevet står, efter samme Maal og Grundeleje,.."³ Det var såleis leiga for kålhagane som var avvikande frå norma. Grunnleigevilkåra for dei tyske kjøpmennene på Bryggen var ikkje annleis enn dei borgarane ute i byen måtte retta seg etter. Dommen viser at prinsippet for utrekning av grunnleiga var samansett av faktorar som lokalisering, areal og verksemda som gjekk føre seg på grunnen. At skjønn må ha spela ei vesentleg rolle i denne samanhengen verkar sannsynleg.

Bakgrunnen for dommen i 1561 var mellom mykje anna eit brev til dei tyske kjøpmennene datert 30. mai 1560, der kongen gjorde greie for at han hadde fått klagemål mot kjøpmennene. Det vart hevdat at dei disponerte mange grunnar i Bergen som tilhørde kongen eller hans undersåttar, utan at det vart svara rett grunnleige, leidang og tiend, slik borgarane av byen var pliktige til. Kongen underretta kjøpmennene om at han hadde sett lensmannen sin til å finna ei løysing på desse klagemåla. I denne samanhengen hadde kongen pålagt Rosenkrantz å gjera oppteikningar over dei hus og grunnar kjøpmennene disponerte og kopiera deira heimelsbrev. Der han kom over kongen og kronas grunnar, skulle han på kongens vegne gi nøyaktige grunnbrev tilbake til leigarane.⁴

Kongens befalingsbrev til Rosenkrantz er ikkje kjent, men innhaldet let seg rekonstruere ved å halda saman kongens brev til dei tyske kjøpmennene, med tilsvarande brev til borgarmeistarar, rådmenn og alle borgarane. Brevet til borgarane viser at spørsmålet om rett grunnleige ikkje berre vedgjekk dei tyske kjøpmennene, men alle, både innanlandske og utanlandske, som dreiv næring i byen. Rosenkrantz skulle på kongens vegne skaffa seg oversikt over alle jorder og

² Vedlegg 7.

³ NM I s. 461, 11. aug. 1561.

⁴ NM I s. 450-51, 30 mai 1560.

grunnar i Bergen, slik at kongen kunne vita kva rettar som tilfall han og krona. Difor skulle og alle som disponerte grunnar, møta for Rosenkrantz med sine grunnbrev.⁵

Slik nærmar ein seg og føremålet med kongens befaling. Rosenkrantz' gjennomgang av egedomane, både i byen og på Bryggen, sikta mot å syta for at alle grunnar som formelt tilhørde kongen og krona, vart forsynt med nøyaktige grunnbrev. I praksis var dette i dei fleste tilfelle egedomar som gav underhald for den kyrkjelege organisasjonen, og som hadde hørt til kyrkja frå før reformasjonen.

Uklare egedomstilhøve måtte først og fremst ramma dei som skulle ha leigeinnkomene av grunnane. Det er såleis nærliggjande å slutta at det er denne situasjonen Rosenkrantz søkte å bøta på. Problemet avgrensa seg ikkje berre til byen, men galdt for heile Bergenhus len. Den 14. april 1563 sende kongen befaling og fullmaktsbrev til Rosenkrantz m.a. av di det ikkje fanst ei rett jordebok over dei leiger og innkomer som låg til Bergenhus. Bøndene vart skulda for å gi ulik leige frå det eine året til det andre. For å bøte på dette fekk Rosenkrantz fullmakt til å utnemna ei gruppe kyndige menn, som kunne setja alle kronas gardar over heile Bergenhus len for fast årleg landskyld og leidang. Deretter skulle Rosenkrantz setja opp ei rett og klar jordebok over alle innkomer som låg til Bergenhus slott.⁶ Likskapen mellom problemløysinga i byen og på landsbygda er for tydeleg til at ein mogeleg samanheng kan underslåast. Truleg var gjennomgangen av egedomane i byen berre første steget på vegen til å skaffa full oversikt over kongen og kronas egedom i heile lenet.

Som privat grunneigar hadde Rosenkrantz store interesser i Bergen og elles i Norge. Gjennom Absalon Pederssons dagbok vert det fortalt at Rosenkrantz arbeidde med å få oversikt over godset sitt medan han var lensmann på Bergenhus. Absalon vart sjølv engasjert for å kopiere lensmannens heimelsbrev o.l.⁷ Rosenkrantz' interesse for grunneige i Bergen dukka først opp i 1548, da han klaga til kongen over at dei tyske kjøpmennene ikkje gjorde rett opp for to grunnar han åtte ved Kontoret.⁸ Slik kan ein ikkje sjå bort frå at Rosenkrantz hadde private interesser av å få gjennomført kongens befaling. Absalon Pedersson opplyser at grunnane på Bryggen tilhørde kongen, kyrkja og adelen, og mellom dei sistnemnde var Rosenkrantz den største grunneigaren.⁹

Dei rosenkrantzke grunnbreva vert nytta som nemning for ei rad grunnbrev utferda av Erik Rosenkrantz i 1560åra. Både Koren Wiberg og Lorentzen har sett breva i samband med det

⁵ NM I s. 450-51, 30. mai 1560. NRR I s. 296-97, 23. juli 1560.

⁶ NRR I s. 372-73, 14. april 1563.

⁷ Aps. Dagb. S. 53, 20.-21. jan. 1564.

⁸ DN II nr. 1149, 1548.

⁹ Storm 1895 s. 31-32.

oppmålings og registreringsarbeidet Rosenkrantz utførte etter kongens befaling, men truleg er det Yngvar Nielsen som er opphavsmann til ei slik tolking.¹⁰ Men tolkinga er ikkje rett. I dei rosenkrantzke grunnbreva er ikkje Rosenkrantz representant for kongen, men for sine private eigarinteresser. Vidare er breva nytta til å underbyggja ein hypotese om at oppmålingsarbeidet var retta mot dei tyske kjøpmennene spesielt, men dette må vera ei feiltolking. Andre kjelder viser at kongens befalingsbrev galdt for heile byen. Faktisk er det slik at ingen av dei publiserte grunnbreva frå Bryggeområdet har direkte samanheng med kongens befalingsbrev til Rosenkrantz.

Under eit opphold ved Statsarkivet i Lübeck fann Koren Wiberg ei avskrift av eit grunnbrev for Nordre Bugard.¹¹ Her ser ein at Rosenkrantz, ved å visa til kongens befaling, utferda brev for kyrkjeleg eigedom, og for ein grunn som låg innanfor Bryggeområdet. Den 12. september 1570 vart det halde synfaring i Kappen om ein hagegrunn som ibuarane i Holmedalen hadde brukt. Bakgrunnen for synfaringa var strid mellom ibuarane i Holmedalen og Kappen om kven som hadde leigerett til grunnstykket. Leigarane i Kappen møtte med to leigebrev, eitt som Superintendenten Geble Pedersson hadde gitt dei, og eitt utferda av Erik Rosenkrantz.¹² Sjølv om ein her berre får kunnskap om brevet gjennom omtale, vert det for denne samanhengen gitt viktig informasjon. Det vert utvetydig slege fast at Rosenkrantz har utferda brev for ein grunn som biskopen i praksis hadde råderett over. Dette tyder på at Rosenkrantz har sett opp grunnbrev for grunnar i kyrkjeleg eige. Formelt var desse kronas eigedom. Rosenkrantz må ha tolka kongens befaling slik at han skulle utferda brev for alle kongen og kronas grunnar, også dei som i praksis vart forvalta av kyrkjelege institusjonar. Breva for Nordre Bugard og Kappen må difor reknast som direkte resultat av kongens befaling.

Av stor verdi må det ha vore at Rosenkrantz under arbeidet med å setja opp rette grunnbrev for kongen og kronas grunnar fekk slege fast korleis grunnleiga skulle utrekna. Samanliknar ein dei breva Rosenkrantz utferda på kongens vegne med dei han utferda for eigne grunnar, finn ein ei rekkje likskapspunkt, særleg gjeld dette utrekninga av grunnleiga. For gardane ved Kontoret skulle utrekningsgrunnlaget for grunnleiga vera som følger: Frå ytst på bryggekanten og halvvegs opp i garden skulle grunnleiga vera 2 β pr. alen, den øvre halvdelen skulle gi 1 β pr. alen.¹³ Dei grunnbreva Rosenkrantz utferda for Bryggen, har alle med eit unnatak leigesummen uttrykt i Bg, og presiserer at 1 Bg skulle gi 12 β. Etter det ovannemnde prinsippet om dobbel leige for den nedre i høve til øvre halvdel av gardsgrunnen, skulle grunnleiga reknast ut etter formelen:

¹⁰ Koren Wiberg 1908 s. 3. Lorentzen 1952 s. 85. Nielsen 1877 s. 310-11. HMS s. 30-39.

¹¹ Vedlegg 7.

¹² Aps. Dagb. S. 171, 12.-13.sept. 1570.

¹³ NM I s. 461, 11. aug. 1561, og s. 482-83, 1568 uten dag.

$$\frac{\underline{X * 3}}{2 : 12} = Y$$

X er lengda på grunnen i alen, og Y leigesummen uttrykt i Bg. At denne utrekningsmåten vart nyttå kan lett kontrollerast ved å setja inn dei lengdemåla ein finn i breva. For Bugard som var kyrkjeleg grunn, vert resultatet som følgjer:

$$\frac{\underline{192 * 3}}{2 : 12} = 24 \text{ Bg}$$

Resultatet samsvarar nøyaktig med den leiga som er oppgitt i brevet. Liknande samsvar finn ein og i grunnbreva for Rosenkrantz' eigne grunnar. Her er t.d. grunnen Ridstaden oppgitt å vera 280 alen lang. Set ein dette målet inn i formelen, vert resultatet:

$$\frac{\underline{280 * 3}}{2 : 12} = 35 \text{ Bg}$$

Dette samsvarar og med grunnbrevet.¹⁴ Når det gjeld utrekninga av grunnleiga, er det altså samsvar i breva, anten Rosenkrantz står som utferdar for kongen og kronas eller eigne grunnar.

¹⁴ Fem av Rosenkrantz' grunnar på Bryggen var grunnar som hadde lege ubygde sidan brannen i 1476. Desse fem audegrunnane, Atlegard, Miklagard, Skaften, Ridstaden og Bollegarden, betalte Kotoret grunnleige av i fellesskap. Vilkåra var dei same som i andre bygdé gardar. Men grunnbrevet for dei 5 aude grunnane har eit unnatak frå den generelle regelen for utrekninga av grunnleiga. Dette gjeld grunnen Atlegard som skulle gi 31 danske mark og 5 skilling, slik at 16 skilling utgjorde 1 mark. 1 dansk mark var såleis 4 sk. meir verdt enn 1 Bg. da brevet blei undertekna i 1562. Likevel må grunnleiga ha blitt utrekna som om den baserte seg på Bergengylden, for set ein inn i formelen med omsyn til skillingstalet for danske mark blir resultatet følgjande:

$$\frac{\underline{251,5 * 3}}{16} = 23,6 \text{ danske mark}$$

Set ein derimot inn med omsyn til skillingstalet i Bergengylden får ein følgjande resultat:

$$\frac{\underline{251,5 * 3}}{12} = 31,5 \text{ Bg.}$$

Det er sistnemnde utrekning som er nyttå i grunnbrevet, men slik at svaret er oppgitt i danske mark. Dermed kom grunnleigarane til å betala overpris for denne grunnen ettersom 31,5 danske mark tilsvarte 42 Bergengylden, ein leigesum som skulle tilsvare ein grunn på 336 alen. At det verkeleg var slik blir stadfesta i brevet der det avslutningsvis blir opplyst at den samla grunnleiga av dei 5 aude grunnane utgjorde 177 Bg. Ridstaden, Skaften og Bollegarden svarte kvar for 35 Bg. medan Miklagard gav 31,5 Bg. Resten må da ha kome frå Atlegarden, til saman 40,5 Bg.

Når eg her legg stor vekt på å framstilla Rosenkrantz' arbeid med å få slege fast grunnlaget for utrekninga av grunnleiga, og vidare arbeidet med å utferra grunnbrev, er det fleire grunnar til dette: For det første at arbeidet vart utført etter reglar som var generelle for heile byen, for det andre at desse reglane vart utleidde av ei eldre byvedtekt, for det tredje at reglane let seg stadfesta i hove til dei breva Rosenkrantz fekk utferra, og for det fjerde at det frå Rosenkrantz' tid og utetter eksisterer eit rikt kjeldemateriale for grunnleiger, som gjer det mogeleg å kartleggja utviklinga av den nominelle verdien av grunnleigene.

Medan ein har gått ut i frå at landskylda for jordeigedom stod i hove til avkastninga av jorda, viser dommen frå 1561 at prinsippet ikkje var eintydig når det galdt å fastsetja leiga av bygrunnar. Det verkelege innhaldet i dommen er at grunnleiga vart fastsett som ein funksjon av lengda og pris pr. alen. I den nedre halvdelen av gardane låg handelshusa med stover for kjøpmennene. Ei slik utnytting av grunnen gjorde at leiga vart det doble av leiga i den øvre halvdelen av garden, der eldhus og schöttstover opptok grunnen. Verksemda på grunnen hadde dermed avgjerande tyding for storleiken av grunnleiga. Dommen argumenterer for at grunnleiga ikkje var urimeleg, ettersom den samsvara med den borgarane ute i byen måtte godta. Kålhagane vart utlikna mykje rimelegare enn annan grunn, og her vart grunnleiga utrekna etter ein fast pris pr. alen². Slik fanst det to tariffar for grunnleiger i Bergen i 1561, tariffar som vart utleidde av ei gammal byvedtekt.

At det var eit samband mellom grunnleigene og storleiken på grunnane har Asgaut Steinnes vist for grunnar på Hollenderstretet. I eitt hove finn han at grunnleiga var 1 β pr. 10,4 alen¹⁵. Steinnes døme høver bra med den grunnleiga eg ovanfor viste at leigarane i Bugard måtte ut med. Her var rett nok grunnleiga 2 β pr. 11 alen² for den nedste halvdelen av gardsgrunnen, men berre 1 β i den øvste halvdelen.

3.2 Utviklinga av grunnleiga på 1500- og 1600-talet

Dersom ein ynskjer å nytta grunnleigene som mål for storleiken av grunneiga, og vidare nytta leigene som grunnlag for retrospektiv analyse av grunneigefordelinga mellom ulike eigargrupper i seinmellomalderen, oppstår eit vesentleg problem. For dette har som føresetnad at det innbyrdes høvet mellom storleiken på grunnleigene ikkje endra seg frå seinmellomalderen og fram til 1686.

Storleiken på grunnleigene kunne i teorien oppføra seg på tre ulike måtar, dei kunne auka, minka eller vera stabile. Dersom det relative høvet mellom storleiken på grunnleigene skulle vera uendra, trass i at leigene vart sette opp eller avkorta, ville det ha som føresetnad at desse endringane fann stad samstundes for alle leigene under eitt. Endringar berre for enkelte grunnar ville snart endra det relative høvet mellom leigene. Det er ikkje noko i kjeldematerialet som tyder

¹⁵ Steinnes 1968 s. 34-35.

på at store felles opp- eller nedskrivingar av grunnleigene under eitt fann stad i perioden mellom reformasjonen og 1686. Det står da att to alternativ, anten at grunnleigene vart endra individuelt over tid, slik at det relative høvet mellom dei ulike leigene også endra seg, eller at grunnleigene var stabile, dvs. var først ein grunn utleid til ein avtala pris, hefta denne leiga ved grunnen. Dette inneber at dei grunnane som var utleigde i seinmellomalderen, framleis betalte den same grunnleiga i 1686 da GBB vart oppsett. Om det verkeleg var slik, kan ein finna ut ved å samanlikna leigesummar over tid. Med det gode kjeldematerialet for grunnleiger som ein finn særleg frå 1560-åra og utetter, er ei slik samanlikning faktisk mogleg.

Frå 1567 kjenner ein det første detaljerte oversynet over grunnleiger som låg til Bergenhus, dvs. krona. Dette er den første lista i ei etter kvart årvisse rekkeje av lensrekneskapar der grunnleigene av byen er innførte. I tid fell lensrekneskapen frå 1567 saman med dei rosenkrantzke grunnbreva.¹⁶

Dei rosenkrantzke grunnbreva fastset leiga i Bg. Fire Bg svara seinare for 1 Rd. Med det utgangspunktet kan ein setja opp følgjande oversyn over grunnleigene i nokre av dei rosenkrantzke grunnbreva, og samanlikna dei med grunnleigene for dei same grunnane, slik desse er å finna i GBB.

Tabell 3.2. 1: Døme på grunnleiger ved kontoret i 1562 og 1686

Gard	1562	Omrekna	1686
Nordre Gullskoen	30 Bg 16 ß	7 Rd 2 ort 16 ß	7 Rd 2 ord
Søndre Gullskoen	30 Bg 4 ß	7 Rd 2 ort 4 ß	7 Rd 2 ort 6 ß
Nordre Bugard	24 Bg	6 Rd	6 Rd
Nordre Sveinsgard	33 Bg	8 Rd 1 ort	8 Rd 14 ß

Desse døma viser at grunnleiga ikkje endra seg vesentleg mellom 1562 og 1686. Dei variasjonane som kan registrerast, dreiar seg ikkje om meir enn nokre skillingar for kvar av grunnane.

Av dei 4 døma var 3 grunnar i privat eige. Det galdt Nordre og Søndre Gullskoen og Nordre Sveinsgard, som i 1562 alle var i Rosenkrantz' eige. I 1686 var to av desse framleis i privat eige, medan Nordre Gullskoen var gått over til Manufakturhuset. Nordre Bugard høyrd i 1562 til Corporis Christi prebende. I 1686 er leiga ført opp under lektor ved Latinskulen, men dette går ut på det same. I 1562 var det lesemeisteren ved latinskulen, Absalon Pedersson, som fekk innkomene av Corporis Christi prebende, og slik var det og for lesemeistrane etter han, slik ein t.d. finn prebendet innført i Landkommisjonens jordebok frå 1661.¹⁷ Dei ovannemnde døma rekk likevel ikkje til å underbyggja ein hypotese om at grunnleigene i Bergen var stabile i

¹⁶ HMS s. 30.39.

¹⁷ Jordebok over det benifiserte godset 1661.

perioden mellom 1560-åra og 1686. I tal utgjer dei berre promillar av alle dei grunnleigeprisane som kan dokumenterast i perioden. Dessutan er døma henta frå Kontoret, ein del av byen som på mange måtar var lite representativ. Grunnleigene, slik ein finn dei i lensrekneskapane frå 1567 til 1630, byr derimot fram eit materiale der det er mogeleg å følgja eit stort tal enkeltleiger frå år til år over eit større tidsrom, og der leigene fordeler seg over alle dei sentrale stroka i byen.

For å gjera ei undersøking over grunnleigene mogeleg har eg i vedlegg 1-5 teke for meg dei grunnleigene som vart betalte til Bergenhus i åra 1567, 1577, 1598/99, 1614/15 og 1628. Listene over grunnleigene frå lensrekneskapane og "Slottens Grundebog" har eg nummerert fortløpende, slik at kvar leige har fått sitt eige nummer. "Slottens Grundebog" byrjar i den eine ytterkanten av byen, området ved Bergenhus, og endar i den motsette ytterkanten, ytst på Nordnes. I vedlegg 6 har eg sett opp eit oversyn over leigene i dei ulike listene. Her har eg teke omsyn til dei leigene i grunnboka som let seg identifisera i dei andre listene. Det topografiske prinsippet for innførslene i "Slottens Grundebog" gjer det mogeleg å plassera leigene i lensrekneskapane topografisk. Oversynet i vedlegg 6 viser dei leigene i vedlegg 1-4 som eg sikkert kan identifisera i høve til "Slottens Grundebog". Oversynet i vedlegg 6 er ikkje fullstendig, nærmare gransking vil gjera det mogeleg å plassera enda fleire av grunnleigeinnførslene i vedlegg 1-4 i høve til vedlegg 5.

Samanstillinga over leigene i vedlegg 6 viser at ein i dei to eldste listene, 1567 og 1577, ikkje finn grunnleiger i ytterkantane av byen. I vedlegg 3 finn ein at grunnleigene er spreidde over alle delar av byen. Forklaringa må vera at krona i perioden mellom 1577 og 1597 auka talet på grunnleiger, og at denne auken fann stad innan området der krona tidlegare ikkje hadde hatt utleigegrunnar. Det er ikkje noko som tyder på at det kom til nye leiger innan dei eldste byområda, og det er rimeleg å tru at det er leigene innan desse bydelane som let seg føra tilbake til seinmellomalderen. Mest alle grunnleigene i vedlegg 1 og 2 held seg innan dei avsnitta i "Slottens Grundebog" som er kalla Hollendarstretet, Torget, Skostretet og Broen. Nokre få leiger er og å finna under avsnittet Kroppedammen, men av det topografiske prinsippet for innførslene i "Slottens Grundebog" ser ein at desse grunnane må ha lege nær opp til Hollendarstretet. Det avsnittet i "Slottens Grundebog" som vert kalla Kroppedammen må såleis omfatta meir enn dei grunnane som låg omkring det tidlegare Veisanområdet.

Eg vil i det følgjande gå gjennom dei leigene i lensrekneskapane som let seg identifisera i høve til "Slottens Grundebog". Tabell 3.2.2 gir eit oversyn over dei leigene som er aktuelle i denne samanhengen. Leige nr. 26-29 i 1627/28 er frå området Kroppedammen, nr. 30-38 gjeld Hollendarstretet, nr.39-40 er Torget, nr. 41-61 er Skostretet, nr. 62-65 er Broen, nr. 67-86 er Stranden og nr. 96 er ei leige som låg utanfor Erkebispegarden.

Tabell 3.2.2 Ei samanstilling av grunnleiger i Bergen i lensrekneskapane frå perioden 1567 til 1628

Nr	1627/28	Nr	1614/15	Nr	1598/99	Nr	1577	Nr	1567
26	10,5 B 1 alb lb	41	10,5 B1 alb lb	43	21 B 1 alb	49	10 B 2 alb	--	-----
27	7,5 rd 4 alb lb 1 st. mjøl	39	7,5 rd 4 alb 1 st. mjøl	41	7,5 d 8 alb	45	7,5 d 4 alb 1 st. malt	41	7 d 26 B 1 st. meel
29	1 rd 2,5 B 0,5 alb	36+3 7	1 d 2,5 B 2 alb	38+3 9	1 d 5 B 1 alb	42+4 3	1 d?	5	1,5 m 4 B
								7	26 B
30	1,5 r ort	3	10,5 B 0,5 alb lb	3	21 B 1 alb	2	11 B 1 alb	3	1 m
31	0,5 rd 4 B lb	29	0,5 d 4 B lb	31	2,5 m	35	20 B	--	-----
32+	1 rd 9 B lb	16+1 7	1 d 9 B lb	17+1 8	5 m 4 B	17	1,5 m	13	1 d
						18	18 B		
34	3 ort 6 B	53	1 d 3 B 0,5 alb lb	54	1 d 6 B 1 alb	53	2 gamle d	1	4,5 d (3 års leige)
35	1 r ort								
36	0,5 rd 4 B lb	54	0,5 d 4 B lb	55	2,5 m				
37	1 rd 1 ort	25	5 ort	27	5 m	27	+ nr 28	32	1 d 8 B
38	0,5 ort	35	1 ort	37	1 m	41	8 B	--	-----
39	6,5 B 2 alb lb	11	6,5 B 2 alb lb	12	13 B 1 alb	14	6 B 2 alb	--	-----
40	12 B lb	19	12 B lb	20	1,5 m	20	12 B	--	-----
41	3 r ort 4 B lb	47	3 ort 4 B lb	49	3,5 m	21	+ nr 22, 23	44	1 d 22 B/2
42	2,5 r ort 3 B dansk	21	+ nr 20	22	+ nr 21	23	+ nr 21, 22	37	0,5 d 1B
43	1 r ort	32	10,5 B, 0,5 alb lb	34	1 m 5 B	38	10 B 2 alb	--	-----
44	1 r ort 5 B	9	10,5 B 1 alb lb	9	1 m 5 B 1 alb	9	+ nr 7, 8	28	2 m
45	3 r ort 1 B d	22	+ nr 23	24	+ nr 25	25	+ nr 26	--	-----
47	1,5 d 4 B lb	27	1,5 d 4 B lb	29	6 m 8 alb	32	3 ort 4 alb	10	1 d 1,5 m
49	3 r ort 1 B dansk	22	+ nr 22	25	+ nr 24	26	+ nr 25	--	-----
50	3 r ort	60	5 d 8 B	6	3 m	6	1,5 m	17	2 m 4 B
51	3 r ort	13	0,5 d 8 B lb	14	3 m	15	3 m /2	38	1 d 18 B/2
52	3,5 r ort	20	+ nr 21	21	+ nr 22	22	+ nr 23, 24	35	1 d 1B
53	3 r ort 4 B dansk	46	3 ort 2,5 B 0,5 alb	48	3 m 5 B 1 alb	55	1,5 ort 8 alb	--	-----
56+	1 rd 11 B 2 alb	48	0,5 d 5,5 B	44	2,5 m 3 B 0,5 alb	51	2,5 ort 3 B 1 alb	18	1 d 11 B 1 alb
57		49	0,5 d 5,5 B	45	2,5 m 3 B 0,5 alb 1 alb				
58	3 ort	31	0,5 d 8 B 1 alb	33	2,5 m 5 B1 alb	36	22 B 2 alb	15	+ nr 16
59	1 rd 1,5 ort	7	1 d 12 B lb	7	1 d 1,5 m	7	+ nr 8 og 9	9	3 m 1B
60	0,5 rd 5,5 B lb	8	0,5 d 5,5 B lb	8	2,5 m 3 B 1 alb	8	+ nr 7 og 9	11	2 m
61	3 r ort	12	0,5 d 8 B lb	13	3 m	15	3 m/2	38	1 d 18B/2
62	2,5 r ort	10	1 d 4 B lb	10	4,5 m	10	2 ort 4B	14	1 d

63	0,5 rd								
64	1 r ort	33	1 ort d	35	1 m	39	8 ß	20	12 ß
65	1 rd 6 ß 1 alb lb	24	1 rd 6 ß 1 alb lb	26	1 d 11 ß 2 alb	29	2 ort 6 ß 1 alb	33	1,5 d 15 ß
67	0,5 rd	34	0,5 rd	36	0,5 d	40	1 m	--	-----
69	0,5 rd	43a	12 ß lb	46a	1,5 m				
70	0,5 rd	43b	3 ort	46b	3 m				
71	1 r ort	43c	10ß lb	46c	2 m 4 ß				
72	0,5 rd	43d	2 ort 4 ß lb	46d	12 ß				
73	0,5 rd	43e+ 45	6 ß lb , + 6 ß lb	46e	12 ß				
74	0,5 rd	43f	1ort 2 ß lb	46f	1 m 4 ß				
75	1 r ort	44	1ort d	47	1 m	54	8 ß	6	12 ß
77	1 r ort								
78	1,5 r ort	52	3 ort 4 ß lb	53	3,5 m	56	1,5 ort 4 ß	--	-----
83	1,5 r ort								
84	1,5 r ort								
85	1 r ort	26	1 d 11 ß lb	28	5,5 m	31	2,5ort 4 ß	--	-----
86	1,5 r ort								
96	2 rd 4 ß lb	56	2 d 4 ß lb	58	9 m +?	47	2,5 d 1ort - ?	--	-----

Ved første augnekast kan det sjå ut som om tabellen provar det motsette av utgangshypotesen. Studerer ein summane frå lensrekneskapane, verkar det som om det var til dels store variasjonar i grunnleigebetalinga frå den eine rekneskapen til den andre. Men om ein samanliknar den nominelle verdien av summane, vert førsteinntrykket straks avkrefta.

Grunn nr. 26 i 1627/28 hadde ei leige på 10.5 ß 1 alb. lybsk mynt (lb). Den same leiga vart betalt i 1614/15. I 1598/99 vart derimot leiga betalt med 21 ß 1 alb. Bakgrunnen er at i det siste året er leiga betalt i dansk mynt, og den hadde på dette tidspunktet berre halve verdien av lybsk. I 1577 vart det ikkje oppgitt kva myntslag som vart nytta, men i følgje Asgaut Steinnes var det lybsk, og det høver bra med summane for seinare år.¹⁸ Leiga for denne grunnen var utan tvil stabil i perioden 1577-1628. Den neste grunnen i tabellen, nr. 27 i 1627/28, er leiga av Rotmannsgard på Bryggen. Leiga er samanlikna med dei andre leigesummane i tabellen svært stor, 7,5 Rd 4 alb. lybsk. Same leiga vart betalt i 1614/15. I 1598/99 vart det derimot betalt 7,5 Rd 8 alb. Dei 8 albuma må vera rekna i dansk mynt. Den nominelle variasjonen mellom dansk og lybsk mynt galdt såleis berre skiljemynnten, ikkje hovudeininga dalar. I 1577 var leiga for Rotmannsgard 7,5 Rd 4 alb. og i tillegg 1 stykke malt. På dette tidspunktet var det og eit tillegg i varer til pengeleiga. Varedelen finn ein også i 1567, men no som 1 stykke mjøl. I 1567 vart pengedelen av leiga betalt med 7 dalar 26 ß. Av dette kan ein slutta at dei 26 skillingane i 1567 må ha blitt omgjort til 0,5 Rd og 4 alb. i 1577. Bakgrunnen for denne endringa skuldast ei nominell oppskriving av mynten. I 1572 vart mynten regulert slik at det skulle teljast 4 mark på

¹⁸ Steinnes 1968 s. 16

dalaren, mot tidlegare 3. Desse 4 marka tilsvara 2 lybske mark eller 32 ß, og omgjort til dansk mynt 64 ß. Det gamle skillingstalet hadde vore 48 ß pr. D, og fordelt på 3 mark gav det 16 ß pr. mark. Etter myntreguleringa vart dalaren skifta i 4 mark eller 64 ß, noko som framleis gav 16 ß pr. mark. Myntreguleringa i 1572 førte såleis til at marketalet pr. dalar gjekk opp med 1 tredjedel, og det same høvet galdt og for skillingstalet.¹⁹ Ein halv dalar i 1567 talde 24 ß, og dei 26 skillingane i leiga av Rotmannsgard kunne skrivast som 0,5D 2 ß. Dei 2 skillingane er i 1577 omgjort til 4 alb. lybsk. Slik ser ein at også grunnleiga av Rotmannsgard var nominelt stabil i perioden mellom 1577 og 1628.

Ei nominell endring fann stad mellom 1567 og 1577. Dette var resultat av ein medvitен pengepolitikk, som tok sikte på å motverka den sterkt inflasjonsdrivande effekten av krigen 1563-70. Denne endringa avspeglar ikkje noka verkeleg endring i leigeprisen for bygrunn. Eg skal visa enda eit døme på kor konsekvent leigene er nominelt oppskrivne etter myntreguleringa i 1572. Nummer 29 i 1627/28 tilsvasar summen av nr. 36 og 37 i 1614/15, og nr. 38 og 39 i 1598/99. For det siste året er leiga oppgitt til 1D 5 ß 1 alb. I 1577-rekneskapen er det nr. 42 og 43 som svarar for denne leiga. Leigesummen for nr. 42 er vanskeleg å tyda, men summen av dei to leigene skal svara til leigene av nr. 5 og 7 i 1567-rekneskapen. Her er nr. 5 oppgitt til 1,5 mark 4 ß, og 26 ß for nr. 7. Samanlagt vert det 1,5 mark 30 ß. Ei nominell oppskriving av leigene med ein tredjepart som følgje av myntreguleringa i 1572 ville gi 2 mark 40 ß. 40 ß var lik 2 mark 8 ß, og dermed var den samla leiga lik 4 mark 8 ß. Dette resultatet høver godt med den leiga ein finn i 1598/99, 1 D 5 ß 1 alb.

Slik kan ein halda fram gjennom heile det oversynet over grunnleiger som tabell 3.2.2 gir. I det følgjande skal eg ikkje kommentera dei leigene som held seg innan hovudregelen, men derimot via interessa til dei leigene som viser avvik. Nummer 38 i 1627/28 er oppført med 0,5 ort i leige. Om grunnen vert det opplyst at den tidlegare hadde vore uteigd til ein mann ved namn Frederik Steen. Det må vera denne grunnen som er å finna som nr. 35 i 1614/15 og nr. 37 i 1598/99, men for desse åra er leiga oppgitt til 1 ort eller 1 mark. I 1614/15 er grunnen omtala som grunn til arvingane til Gerdt Belling ved Torget, og i 1598/99 som Gierdt Bødnnecks grunn på Torget. I 1577 vert det opplyst at Gert Bøyneck betalte for den grunnen som Fredrik Steen, gullsmed, hadde i Vågsbotn. Det kan ikkje vera tvil om at det er dei same personane som vert omtala frå rekneskap til rekneskap, og at det likeeins er same grunnen det vert betalt for. Men da skulle ein og forventa at grunnleiga var den same i 1627/28 som i 1614/15 og 1598/99 og ikkje det halve. Dette mishøvet kan ha samanheng med at ein i 1627/28 har henta opplysningar om grunnleiga frå kjelder som var eldre enn 1598/99-rekneskapen. Frederik Steen er nemnt i 1577 og 1627/28, ikkje i dei mellomliggjande åra. Grunnleiga i 1577 vert oppgitt til 8 ß, utan at det er opplyst at det var tale om lybske skillingar. Ved å gå direkte tilbake til 1577-rekneskapen kunne ein såleis

¹⁹ Sjå her og Steinnes 1968 s. 16.

rekna dei 8 skillingane for danske eller tilsvarende 0,5 ort. Når grunnleiga i dette tilfellet vart endra, er det rimeleg grunn til å tru at det skuldast ei mistyding.

Grunn nr. 43 i 1627/28 har ei leige på 1 ort. I 1614/15 var leiga 10,5 ß 0,5 alb. lybsk. Slik var leiga og i 1598/99 og i 1577. 10,5 ß lybsk skulle tilsvara 1 ort 5 ß. Slik ser det ut til at denne leiga er blitt noko redusert i 1615 og 1627. I 1627/28 vert det opplyst at grunnen i følgje ei oppmåling i 1569 var 19 x 18,5 alen, men at ny måling hadde vist at grunnen var redusert til 18,25 x 17,5 alen, alt sjællandske alen. Den reduksjonen ein finn i leiga av grunnen, ser dermed ut til å vera knytt til ein arealmessig reduksjon.

Grunn nr. 50 i 1627/28 gav 3 ort 1 ß i leige. I 1614/15 er denne oppgitt til 0,5 Rd 8 ß, som ville svara til 2,5 ort. Men i hovudsak er all skiljemynt i 1614/15 oppgitt i lybsk mynt, og dermed er det grunn til å tru at dei 8 ß skal reknast som 16 ß dansk, dvs. 1 mark. Nett denne reknemåten finn ein for grunn nr. 61 i 1614/15. Grunnen har ei leige på 1 Rd 6 ß 1 alb. lybsk. I 1577 er leiga notert til 2 ort 6 ß 1 alb, men i 1567 til 1,5 D 15 ß. Omgjort i ß var 1577 leiga 38 ß lybsk, eller 72 ß dansk. Etter den generelle regelen med ein oppgang med 1 tredjedel fra 1567 til 1577 skulle ein forventa at 1567-leiga tilsvara 54 ß dansk, i staden er den heile 87 ß dansk. Her er det såleis mogeleg å påvisa ei endring i grunnleiga utan at det samstundes er råd å gi noka forklaring på endringa.

Eit særleg interessant døme for grunnleigeutviklinga finn ein for nr. 69-74 i 1627/28. Går ein bakover, ser ein tydeleg korleis desse grunnane tidlegare har vore del av ein og same grunnen. Denne vart kalla herr Knuts gard, og låg på Stranden like ved Erkebispegarden. Samla utgjorde nr. 69-74 i 1627/28 2 Rd 3 ort, eller 11 ort. I 1614/15 gav grunnane 6 ort 40 ß lybsk. Grunnane vart på dette tidspunktet framleis omtala under eitt som herr Knuts gard, og den samla leiga vart oppgitt til 8,5 ort, ei leige ein finn samsvarar med den samla summen for grunnane i 1598/99. Seks ort 40 ß dansk ville vera lik 8,5 ort. Men skillingane i 1614/15 er oppgitte i lybsk mynt, og dermed talde dei 80 ß dansk. Seks ort 80 ß dansk var lik 11 ort, nett den leigesummen som vert oppgitt i 1627/28. At det her må ha skjedd ei mistyding synest opplagt, men like fullt kom denne til å få som konsekvens at den samla grunnleiga for nr. 69-74 vart auka. Leiga for herr Knuts gard var 2 D 4 ß i 1577, og dette samsvarar nøyaktig med dei 8,5 ort ein får oppgitt seinare. Leiga var derimot 1 dalar 12 ß i 1567, og dette er mindre enn ein skulle venta på bakgrunn av 1577-leiga. For med ein nominell oppgang med 1 tredjepart skulle leiga i 1567 vore 1,5 D 6 ß. Her er det såleis mogeleg å peika på eit unnatak frå hovudregelen, slik det og var for nr. 65 i 1627/28.

Konklusjonen må bli at grunnleigene i all hovudsak var stabile i perioden mellom 1567 og 1628. Det er mogeleg å påvisa avvik frå denne hovudregelen, men berre i to tilfelle er dette avvik som

ikkje let seg føra tilbake til ei særleg årsak som kjem til syne ved nøgnare gransking av kjeldematerialet. I tillegg til stabilitet i grunnleiga viser også materialet eit anna interessant trekk. Grunneiningane var ikkje stabile. Einingane kunne bli delte opp eller slegne saman. For eigaren spela ikkje dette noka stor rolle. Ved ei deling eller samanslåing vart også grunnleiga delt eller slegne saman, slik at summen av grunneigene ikkje vart endra. Dette fenomenet har Asgaut Steinnes gjort greie for når det gjeld grunnleiger på Hollendarstretet. Han skriv m.a.:²⁰

Ein analyse av oppgåvene i kapittelsjordeboki 1585 jamførde med kapittelsjordeboki i 1618 hev ført til den konklusjonen at 4 grunnleiger i 1585 ibopelagt, men ikkje kvar for seg, svarar til dei 4 leigene av grunnar i "Dirick Friisis gaard" i 1558.

Ei avgrensa eining som "Dirick Friisis gaard" er delt i 4 grunnpartar, partane endrar leiga, men samla sum er framleis den same. Bak dette må det ligga eit endra arealmessig høve mellom dei 4 partane, utan at dette endrar det totale arealet i "Dirick Friisis gaard". Oppdeling eller samanslåing av grunnpartar ser såleis ikkje ut til å ha innverka på grunneigene på annan måte enn at grunneigene vart slegne saman eller delte etter same høvet som arealet i grunnane.

Ovanfor har eg dokumentert at for kronas grunnar var grunnleiga stabil i perioden 1567 til 1628. Stabiliteten galdt for grunnar i alle delar av byen. Eg har og vist til døme der grunnleigestabilitet ser ut til å ha vore hovudregelen for private grunnar på Bryggen i perioden mellom 1562 og 1686. Mellom desse døma var det og ein grunn i kyrkjeleg eige. I sitt døme frå "Dirick Friisis gaard" fann Steinnes at grunnleiga hadde vore stabil i alle høve tilbake til 1558. Med utgangspunkt i kapitteljordeboka frå om lag 1600 kan ein dokumentera denne stabiliteten til 1661, da Landkommisjonen sette opp ei tilsvarande jordeboka under overskrifta "Jordebog for Det Benificerede Gods udi Bergens Stift."²¹

I Kapitteljordeboka frå om lag 1600 finn ein følgjande grunnleiger under Laurentius prebende:

- | | |
|--|-----------|
| 1: "Scheggen i Dreggen | 4 mr. d. |
| Sed nihil inde habet thi | |
| Erich Rosenkrantzis Arffuingers | |
| Ombudzman thett oppebar. | |
| 2: Lyder Blydeckers stoffue, haffuer en | |
| kaalhauge Vnder Söstoffuen i Aafjorden | |
| giffuer och Inthentz NB. | |
| 3: Vnder Claus Morbuds stoffue i Bugaarden | |
| Giffuer | 1,5 mr. d |
| 4: S: Morthens hauge hos de fattige | 1 mr. d. |

²⁰ Steinnes 1968 s. 17.

²¹ Vedlegg 8 og Jordebok over det benifiserte godset 1661. Nummereringa til utdraga er mi eiga.

5: Lembsings stoffue i Drambshus 2,5 mr. 4 β 1 alb.
6: Vnder Lynings stoffue i Söstergaarden
En hange Schylder 26 β 2 alb.

7: Boldzgaardt eller Haluordzgaardtt Paa Stranden
2,5 daler 1 mr."

Sum: 2,5 D 10 m. 30 β 3 alb. + ?
= 5,5 D + ?

I Landkommisjonenes jordebok finn ein følgjande grunnleiger under Laurentius prebende:

1: "Lucas Organist 26 β 2 alb.

2: Hendrich Margers 1 Rd 3 ort.

3: Daniell Thomeſen 1 Rd

4: Dorote Hanß Peters 0, 5 Rd

5: Peder Hierman 1 ort

6: Anders Larsens grund 1 Rd 1 ort."

Sum: 3, 5 Rd 5 ort 26 β 2 alb.
= 5 Rd

Kapitteljordeboka nemner 7 grunnar under Laurentius prebende. Om den første vert det likevel opplyst at grunnen ikkje gav leige til prebendet, men til Rosenkrantz' arvingar. Det er såleis naturleg at denne innførsla ikkje er med i Landkommisjonens liste i 1661. Samanlagt gav dei 7 grunnane i kapitteljordeboka ei leige på 5,5 D + ei ukjent leige. Landkommisjonens liste gav samla ei leige på 5 D. Den grunnen som Rosenkrantz' arvingar mottok leiga for, gav 4 mark dansk eller 1 D. Trekkjer ein denne frå den samla summen, får ein 4,5 D + ei ukjent leige. Denne summen må ein tru tilsvavarar den samla leiga i 1661, og den ukjente leiga i kapitteljordeboka må ha vore 0,5 D.

Men om ein prøver å samanlikna dei 6 leigene i dei to listene, ser ein straks at dette ikkje let seg gjera leigesum mot leigesum. Oversynet nedanfor viser samanhengen.

Tabell 3.2.3 Ei samanstilling av grunnleigene under Laurentius prebende omkring 1600 og 1661

	<u>1600</u>		<u>1661</u>
2 :	?	--	0,5 Rd
3 :	1,5 m. d.	-	1 Rd 1 ort
5 :	2,5 m. 4 fl 1 alb.		
4 :	1 m.	--	1 ort
6 :	26 fl 2 alb.	1:	26 fl 2 alb.
		--	
7 :	2,5 D 1 m.	-	1 Rd 3 ort
		3:	1 Rd
		--	
Sum:	4,5 Rd + ?		5 Rd

Oversynet viser at grunnleigene var stabile mellom 1600 og 1661, men at fleire av grunnleigeeiningane vart endra. Ettersom den ukjente leiga i kapitteljordeboka, nr. 2, var på 0,5 dalar, må ein gå ut i frå at det er denne leiga som er oppført som nr. 4 i 1661. Nr. 3 og 5 i kapitteljordeboka er slegne saman til nr. 6 i 1661. Nr. 4 og 6 i kapitteljordeboka er uendra i 1661, og tilsvrarar her nr. 5 og 1. Nr. 7 i kapitteljordeboka, som var ei større leige for ein gard på Stranden, er delt i to grunnpartar i 1661-lista, og tilsvrarar nr. 2 og 3. Dette dømet tyder på at grunnleiga av Laurentiusprebendet var stabil mellom 1600 og 1661.

3.3 Eit forsøk på å følga grunnleiga tilbake til seinmellomalderen

Av det materialet som er lagt fram, ser det ut til at grunnleigene var stabile i perioden mellom 1560-åra og 1680-åra. Denne stabiliteten kan påvisast gjennom eit rikhaldig kjeldemateriale, som gjer det mogeleg å studere grunnleigeutviklinga i detalj. Det vert vanskelegare om ein stiller spørsmål om dette var ein stabilitet som også var regelen før 1560-åra. Da har ein ikkje eit detaljert materiale å studere. Ein vert nøydd til å freista å finna enkeltoppgåver frå tida før 1560, leiger som det samstundes er mogeleg å identifisera sikkert etter 1560.

Det dømet som eignar seg best, gjeld leiga av Skostretet eller Skomakargarden i Vågsbotn. Rekneskapen for Bergen kongsgard 1516-17 opplyser at skomakarane 14. april 1517 betalte 33 mark i grunnleige.²² I rekneskapen for 1518 vart det 14. april betalt 32 mark for eit halvt års grunnleige. Midtsommar 1518 vart det betalt 21 mark og 14. oktober 31,5 mark.²³ Grunnleiga vart såleis betalt i 3 omgangar, til saman 84,5 mark. For det neste året vart det betalt på same måten, til saman 85 mark,²⁴ og likeeins for 1520.²⁵ Grunnleiga av skomakarstretet ser ut til å ha

²² NRJ I s. 35, p. 9-10.

²³ NRJ I s. 73, p. 1, s. 80, p. 17 og s. 87, p. 33.

²⁴ NRJ I s. 269, p. 14, s. 335, p. 8 og II s. 540, p. 155 og 157.

blitt betalt i 3 omgangar, 32 mark 14. april og 14. oktober, og 21 mark omkring midtsommar. Dette vert stadfesta i eit fragment frå Eske Bildes lensrekneskap, truleg frå 1531. Her vert det opplyst at Skostretet gav 85 mark i grunnleige og midtsommarspengar.²⁵

For grunnområdet Skomakarstretet er det mogeleg å visa til ei samla grunnleige eldre enn 1560-åra. Denne leiga var nominelt stabil mellom 1517 og 1531, og det må vera rimeleg å gå ut i frå at leigesummen hadde eit eldre opphav. Men er det mogeleg å finna denne leiga att etter 1560? Formelt var det krona som var eigar, og difor er det naturleg å leita i lensrekneskapane. Lensrekneskapen for 1567, og alle dei seinare rekneskapane, har ei mengd leigeinnførsler over grunnleiger frå Skostretet. Men desse er alle for enkelte små grunnar, leigde av enkeltpersonar. I 1567 rekneskapen er det vanskeleg å identifisera grunnleigene frå Skostretet i det heile, av di det ikkje vert vist verken til skomakarar som leigarar eller til at grunnane låg på Skostretet. Dette er derimot regelen i dei seinare rekneskapane og i "Slottens Grundebog", der Skostretet er innført som eit eige kapittel. I vedlegg 6 går det fram korleis ein kan identifisera enkelte leiger på Skostretet i tidlegare rekneskapar, også leiger i 1567-rekneskapen. I "Slottens Grundebog" er det innført i alt 21 grunnleiger under Skostretet. Samla gav desse 63,5 ort. To spørsmål melder seg da: Kvifor er ikkje grunnleigene av Skostretet omtala som ein einskap i rekneskapane frå 1567 og utover, slik dei var det i alle høve før 1531, og korleis høver dei 63,5 ort som var leiga av stretet i 1627/28, med dei 85 mark som var leiga før 1531?

Skomakarane kom i 1550-åra i strid med lensmannen på Bergenhus, Christoffer Valkendorf. Striden galdt i hovudsak skomakaranes juridiske stilling. Skomakarane ynskte at deira laugsorganisasjon skulle ha juridisk aksept på line med Kontoret på Bryggen. Dette vart avvist av kongen representert ved lensherren, og striden enda med at skomakarane i 1558 vart tvinga til å ta personleg borgarskap i byen.²⁶ Konsekvensen for grunnleiga av Skostretet må ha blitt at frå 1558 delte skomakarane betalingsansvaret seg i mellom, og stod personleg til ansvar for betalinga av kvar sine delar. Skomakarane hadde likevel framleis enkelte felles gode innan stretet. Til desse høyrde eit starvhús og eit eldhús, men grunnleiga av desse bygningane vart også betalt av enkeltpersonar. Grunnleiga av Starvhuset er nr. 47 i 1627/28, og kan følgjast bakover til nr. 10 i 1567. Eldhuset er nr. 37 i 1567, men grunnleiga er slegen saman med andre leiger i seinare rekneskapar. Før 1558 må skomakarane i fellesskap ha svare leiga av stretet, ein for alle og alle for ein. Med personleg byborgarskap vart kvar skomakar personleg ansvarleg for innbetalinga av sin del av grunnleiga, noko innførlene i lensrekneskapane frå 1567 og seinare avspeglar. Leiga av Skostretet er her spreidd utover i heile grunnleigerekneskapen, unnataket er "Slottens Grundebog", men her er leigene første samla p.g.a. bokas generelle topografiske prinsipp for innførlene.

²⁵ NRJ I s. 551, p. 1, s. 555, p. 9 og s. 685, p. 4.

²⁶ DN XIII nr. 583, 1531.

²⁷ Fossen 1979 s. 52-59.

Men korleis samsvarar den felles grunneleiga på 85 mark med den samla grunnleiga av dei 21 individuelle partane i 1627/28. Etter den nominelle oppskrivinga av markverdien i 1572 skulle dei 85 marka samla utgjort 113,3 ort. Dei 21 grunnane på Skostretet i 1627/28 betalte likevel ikkje meir enn 63,5 ort i samla leige. To av desse grunnane var truleg fellesgrunnar for skomakarane, starvhuset som gav 6,5 ort, og eldhuset som etter innførsla i 1567 med 0,5 D. 1 B, seinare må ha betalt 2 ort. Trekkjer ein desse eigedomane i frå, vert resultatet at 19 eigedomar gav 55 ort, eller i snitt 2,9 ort pr. eide. I 1558 var Skostretet delt på i alt 36 skomakarbuer.²⁸ Sjølv om det ikkje vert opplyst, må ein gå ut i frå at starvhuset og eldhuset vart haldne utanom dette talet. Om det var slik, kan ein ved å nytta snittet for dei 19 grunneigene i 1627/28 rekna ut at dei 36 bodene i 1558 må ha svara ei samla leige på 104,4 ort. Legg ein til grunnleiga av starvhuset og eldhuset, samla 8,5 ort, vert den totale leiga lik 112,9 ort. Dette talet samsvarar nesten nøyaktig med dei 113,3 ort eg fekk ved å rekna ut den samla grunnleiga med utgangspunkt i dei 85 marka ein får oppgitt mellom 1517 og -31. Men dette reknestykket har som føresetnad at Skostretet vart mykje redusert mellom 1558 og 1627.

Christoffer Valkendorf hadde gitt skomakarane valet mellom å ta borgarskap eller å reisa frå byen, i alt 24 skomakarar gjorde det siste. I kvar av dei 36 buene på stretet hadde det minst vore 2 skomakarar.²⁹ I så fall vart 12 av dei 36 buene ståande tomme, kan hende for godt. Men ein slik reduksjon i talet på skomakarar kan ikkje på sikt forklara den samla reduksjonen i grunnleiga av stretet. Siste halvdel av 1500-talet var ein periode med stor etterspurnad etter bygrunn, og ledig grunn i sentrale delar av byen fekk neppe ligga unytta. Reduksjonen i leigeinnkomer kan berre forklarast ved at delar av skostretet ikkje lenger gav leigeinntekter til krona, men til andre. I eit brev, utferda av borgarmeistrar og råd i Bergen frå 1586, vert det fortalt at byrådet på vegner av byen hadde leigd ut ein grunn på Skostretet. Denne grunnen hadde byen fått av kongen, Frederik 2., og leiga skulle tilfalla byrådet.³⁰ Dette brevet dokumenterer at krona faktisk reduserte eigardelen i Skostretet ved å gi bort delar av grunnen, og det må vera denne reduksjonen som forklarar kronas minkande leigeinnkomer av stretet. Men om denne føresetnaden er gyldig, tyder det at grunnleiga av Skostretet hadde vore stabil mellom 1517 og 1628, og at denne stabiliteten avspeglar leigenivået ved utgangen av mellomalderen.

Eit anna døme ser ut til å stadfesta at grunneigene var nominelt stabile, i alle høve frå slutten av seinmellomalderen og til sist på 1600-talet. Ein gong omkring 1465 hadde Andor Nilsson, som åtte ein stor del av grunnen i Bryggegarden Bratten, pantsett denne til ein av rådmennene i Bergen, Laurits Ingesson. Laurits hadde sidan gitt grunnen til Vår frues alter i Korskyrkja, som deretter mottok grunnleiga. Dette stod ved lag heilt til 1504. Da vart det avsagt ein dom, der

²⁸ NM I s. 598-99, 1559 uten dag.

²⁹ NM ! s. 558-59, 1559-60 uten dag.

³⁰ UBB dip. Saml. 6. juni 1586.

son til Andor Nilsson, Eiliv, vart tildømt eigedomsretten til grunnen. Grunnlaget for dommen var at grunnleiga for lengst hadde utløyst pantet, og dessutan at Laurits Ingesson ikkje hadde rett til å gi bort det han hadde i pant. Dermed vart Eiliv Andorsson eigar av grunnen i Bratten. Grunnen omfatta heile den nordre sida i garden, og i tillegg eit stykke som låg ovanfor skytningsstova på sørsida. Parten på sørsida gav Eiliv til Vår frues alter i Korskyrkja.

Samla var grunnleiga av Eilivs del 20 Bg, og av desse utgjorde den delen Korskyrkja fekk 2 gylden.³¹ I GBB vert det under garden Bratten oppgitt at 1 Rd av grunnleiga i garden låg til Korskyrkja.³² Det vert nærliggjande å trekka den slutninga at den eine dalaren Korskyrkja mottok av grunnleiga i Bratten i 1686, svara til dei to Bg kyrkja hadde fått i gave i 1504. På eit eller anna tidspunkt etter 1504 må dei to gylden ha blitt omrekna til dalar. For alt i 1537 var det offisielle skillingstalet pr. dalar kome opp i 48. Dette var ei dobling frå 1514, da talet hadde vore 24 ß pr. dalar.³³ 24 ß tilsvara da og 2 Bg, og det ligg nær å gå ut i frå at omrekninga frå gylden til dalar har funne stad ein gong tidleg på 1500-talet.

Dermed ser det ut til at grunnleiga av Korskyrkjas del i Bratten var den same mellom 1504 og 1686, og at grunnleiga hadde vore den same i alle hove frå omkring 1465. Men dette dømet illustrerer også eit anna sentralt problem når det gjeld å undersøkja utviklinga av grunnleiga. Sjølv om ein kan påvisa at grunnleigene var nominelt stabile frå seinmellomalderen og til slutten av 1600-talet, må ein ta omsyn til at myntesiningane grunnleiga vart betalt i, skifta. Dette samstundes med at ulike myntesiningar stadig endra verdihøve seg i mellom. Tidspunktet for når ei grunnleige vart omrekna frå eit myntslag til eit anna, vart såleis avgjerande.

3.4 Omrekning av vare- og pengeleiger til Rd

I GBB finn ein enkelte leiger oppgitt i varer og ikkje i pengar. I 1686 galdt det berre to tilfelle, elles er leiga oppgitt i Rd, ort og ß, bortsett frå eitt tilfelle der leiga er oppgitt i slette dalar. Bruken av vareleiger og pengeleiger som ikkje utan vidare kan jamførast med kurante myntesiningar på 1600-talet, førekjem derimot ofte i mellomalderkjelder og i materiale frå 1500-talet. Det vert difor viktig å kunna rekna om dei ulike betalingsvariantane for å samanlikna med grunnleigeopplysningane i GBB. Eg skal i det følgjande sjå nærmare på nokre av dei problema omrekninga reiser. Først skal eg sjå nærmare på utviklinga av verdihøvet mellom Rd og Bg, og deretter gi ei nærmere vurdering av omrekninga av vareleiger til Rd.

Når det gjeld myntrekning i seinmellomalderen, let dette seg lett gjera ved å nytta Asgaut Steinnes arbeid om "Mål, vekt og verderekning i Noreg i Millomalderen".³⁴ Men overgangen til

³¹ DN IX nr. 458, 1504 og nr. 459, 1505.

³² GBB s. 199.

³³ NHL s. 67, Dalar.

³⁴ Steinnes 1982, s. 83-84, Mork.

nyare mynteiningar som ort og Rd vert ikkje inngåande drøfta, heller ikkje utviklinga av myntrekninga på 1500-talet, særleg i høve til Bg.

Bg var ei rekneeining og ikkje eit utmynta stykke og kom i bruk frå midten av 1400-talet.³⁵ To Bg tilsvara ein dalar da denne mynten kom i bruk frå byrjinga av 1500-talet. Da var 1 dalar lik 1,5 dansk eller lybsk mark. I 1686-96 var Rd verd 4 ort, som svara til 6 mark eller 96 ß. Dette verdihøvet hadde vore stabilt sidan 1625.³⁶ Rd's stilling i høve til dei andre myntslaga hadde endra seg sterkt under ein periode på 110 år. Problemet vert kva tidspunkt ein vel for omrekninga av ulike myntslag til dalar. Vel ein verdihøvet frå 1514, vil talet på dalar bli fire gonger så høgt som om ein brukar verdihøvet frå 1686-96.

Av dei rosenkrantzke grunnbreva går det fram at Bg var i bruk så seint som i 1560-åra. Sidan dei rosenkrantzke grunnbreva vart utført med leiga uttrykt i Bg, må det vera lov å tru at eldre leiger i Bg i hovudsak enno ikkje var omrekna til nyare mynt. Etter Rosenkrantz' brev var grunnleiga av Nordre Bugard 24 Bg. I kapitteljordeboka frå om lag 1600 er leiga av Nordre Bugard innført, men her som 24 danske mark.³⁷ No var altså Bg og danske mark jamgod mynt, medan ein dansk mark tidlegare hadde vore god for 16 mot Bg's 12 ß.³⁸ Samanhengen var at den danske marken hadde mista verdi. Grunnleiga av Nordre Bugard finn ein att i GBB. Her er leiga oppført med 6 Rd. Dei 24 danske mark var no blitt omrekna til Rd etter verdihøvet 4:1. Det ovannemnde tyder på at Bg er blitt omrekna til annan mynt ein gong etter 1560-åra, men før 1600, på eit tidspunkt da ein i Bergen har rekna 4 Bg jamgode med 1 Rd. Det siste verdihøvet vert stadfesta av kapitteljordeboka frå om lag 1600. Her vert det opplyst at grunnleiga av Finnegard var 6 Rd og 8 ß. Denne leigesummen stod ved lag enno i 1708. Da vart det i samband med eit salsbrev for husa i garden opplyst at grunnen, etter eit grunnbrev utført av Erik Rosenkrantz i 1563, skulle vera 193,5 alen lang.³⁹ Grunnleigene i dei breva Rosenkrantz utført, var nøyte utrekna etter mål, og for Finnegard gav det følgjande leige:

$$\begin{array}{r} \underline{193,5 * 3} \\ 2 : 12 = 24,19 \text{ Bg} \end{array}$$

Desse 24 Bg og 2 ß hadde sidan blitt betalte med 6 Rd og 8 ß, fortel kjøpebrevet frå 1708. Også her er mark rekna om til Rd etter verdihøvet 4:1. Når i tillegg dei to skillingane etter omrekninga vart utreidde som 8 ß, skuldast vel det at både danske mark og danske ß nett i tidsrommet 1570 - 1600 vart sterkt svekka i høve til andre myntslag og særleg Rd. Frå 1570 var det blitt vanleg å rekna 1 Rd = 4 mark = 64 ß. Skillingstalet auka stadig pr. dalar, til det til sist stabiliserte seg på

³⁵ Steinnes 1982, s. 65, 82 og 83.

³⁶ NHL s. 67-68, Daler.

³⁷ Vedlegg 8 p. 6.

³⁸ Steinnes 1982 s. 82 og 84.

³⁹ HMS 5 s. 62.

96 ß pr. Rd.⁴⁰ Dermed er det og mogeleg å forstå kvifor det nett i perioden 1570 - 1600, vart viktig å rekna om verdien av Bg til mark og dalar. For så lenge leiga vart utrekna i Bg, kunne leigaren vise til den gamle reknemåten som gav 12 danske ß pr. Bg. Det ville vera svært fordelaktig sett frå leigarens synstad, ettersom skillingen stadig tapte verdi i høve til andre myntslag.

Som hovudregel vil eg difor stilla opp at omrekninga frå Bg til nyare mynt fann stad mellom 1560-åra og 1600. Rettast er det vel kan hende å sjå omrekninga i samband med den revisjonen av myntsystemet som fann stad i 1572.

Sjølv om problemet omkring omrekningstidspunktet kan tyda på at omrekninga hadde som føremål at den reelle verdien av leigene vart halden oppe, er det likevel i hovudsak ein nominell stabilitet som er dokumentert i det føregåande. Ei nominell endring fann stad mellom 1567 og 1577, men denne skuldast ei myntregulering i 1572, og hadde ingen innverknad på den reelle verdien av grunnleigene. Med reell verdi tenkjer eg på kjøpekrafta til den mynten leigene vart betalte i. Denne vart utan tvil sterkt redusert i perioden frå 1560-åra og til slutten av 1600-talet.

Når det gjeld problema omkring omrekninga av vareleiger til Rd, vil eg ta utgangspunkt i Munkeliv klostrets liste over grunnleige frå byen i 1463. Her er det innført i alt 34 leigesummar, som varierer både i mynt og vareslag.⁴¹ I alt 24 leiger vart betalte i pengar og 10 i varer. To av pengeleigene hadde i tillegg ein del av leiga i varer. For grunnleige nr. 10 var varetillegget 1 stykke mjøl. Stykke var opphavleg ei tysk vekteining, nyttta ved veging av mjøl og malt. Nemninga er ført opp fleire gonger i 1463-lista, og dette viser at "stykke" må ha vore ei vanleg eining i Bergen i seinmellomalderen. Det er mogeleg at "stykke" kan ha hatt ulik vekt i ulike landsdelar. Den mest pålitelege opplysninga om vekta på 1 stykke er kjent frå Christian 4.'s norske lov, der det vert sagt at 1 stykke mjøl skulle vega 8 våger, dvs. 148 kg.⁴² No var det nødvendigvis ikkje slik at leiga måtte betalast i slik mynt eller slike varer som det vart opplyst om i leigebrev eller i jordeigarens register, det rakk om leigaren kunne skaffa tilsvarande i annan mynt eller varer. Men da vart det også viktig å halda greie på verdihøvet mellom dei mange vare og myntslaga.

Vareleigene viser ikkje stor variasjon verken i storleik eller i vareslag. Lukkast det å fastsetja verdien av varesлага, vert det ei enkel sak å summera leigene. I tillegg til "stykke" nyttar 1463-lista nemninga "varning". Varning kan vanskeleg tyda anna enn tung vare, og med tung vare vart

⁴⁰ NHL s. 67-68, Dalar.

⁴¹ DN XII nr. 232, 1463.

⁴² NHL s. 333-34, Stykke.

det som oftast meint anten mjøl eller malt.⁴³ Dermed finn ein at alle vareleigene i 1463-lista i røynda er oppgitt i same vareslaget.

Omrekninga frå vareverdi til pengeverdi er vanskeleg nok i høve til å fastsetja den rette prisen på vara. Alle dei grunnpartane som i mellomalderkjelder vert oppgitt i vareleiger, må ein rekna med er å finna att i seinare kjelder som pengeleiger. På eit tidspunkt må såleis vareleigene ha blitt omrekna til pengeleiger. Det var vareverdien i høve til mynt på omrekningstidspunktet som vart avgjerande for kor stor pengeleiga vart av ein grunn som tidlegare var oppgitt i vareleige. Dette reiser eit problem for denne framstillinga, som er av avgjerande tyding i dei tilfella der eg er avhengig av å omrekna vareleiger til pengeleiger. Det er ein berande føresetnad at grunnleigene ikkje endra storleik etter at dei først, ved leigeavtalen, var fastsette. Dette har eg alt vist var regelen for leigene i perioden ca. 1560 - 1686/96. Og eg har ved enkelte døme sannsynleggjort at dette også galdt for seinmellomalderen. Med dette oppstod det høvet at leigene var nominelt stabile, men at realverdien svinga med pengeverdien.

Dersom kjøpekrafta til pengane vart endra, ville dette også endra på høvet mellom penge- og vareleigene. Inflasjon ville føra med seg at realverdien av pengeleigene fall, medan vareleigene ville vera stabile. Vart to grunnar utleigde samstundes, og var grunnane likeverdige, må ein rekna med at grunnleiga vart den same. Vart den eine av grunnane utleigd for pengar og den andre for varer, kunne dette føra til at leigene fekk ulik verdi og at denne ulikskapen kom til uttrykk på det tidspunktet vareleiga vart rekna om til pengeleige. Den pengeverdien som ei vareleige vart omrekna til, vart såleis den leiga som kom til å følgja grunnen seinare. Medan eg alt har vist at pengeleigene var nominelt stabile, vert det sannsynleg at vareleigene varierte, under den føresetnad at ein samanliknar dei med den nominelle verdien av pengeleigene.

Munkelivs grunnleiger må vera innførte i GBB. Etter 1660 skulle grunnleigene leggjast til Manufakturhuset.⁴⁴ Men GBB inneholdt ikkje ei einaste vareleige som høyrd til Manufakturhuset. Vareleigene må på eit tidspunkt vera rekna om til pengeleige. Spørsmålet vert når denne omrekninga fann stad. Munkelivs liste frå 1463 inneholdt m.a. grunnleiga av Gullsmedstretet. Leiga vart oppgitt til 2 stykke i mjøl eller malt. Denne vareleiga finn ein att i eit brev frå 1557 der superintendent Geble Pedersson, som da hadde lenet av Munkelivsgodset, gav Elsebe Pedersdotter grunnleiga av Gullsmedstretet til hennar underhald. Grunnleiga vart framleis oppgitt i varer, no uttrykt som 1 skippund malt og 1 skippund mjøl. Eitt skippund var i Vest-Noreg lik 1 stykke, dvs. 148 kg.⁴⁵ Neste gong grunnleiga av Gullsmedstretet dukkar opp, er i kapitteljordeboka frå om lag 1600. Her finn ein leiga av Gullsmedstretet oppført mellom dei grunnane som gav grunnleiger til kommunet, dvs. fellesinnkomene for domkapittelet i Bergen.

⁴³ NHL s. 253, Tunge.

⁴⁴ NRR XII s. 435, 25. sept. 1660.

⁴⁵ NRR I s. 220, 6. april 1557. NHL s. 297, Skippund.

Korleis den er komen bort frå Munkelivgodset og over i kapittelets eige, er uvisst, men i eit brev frå 1661 vert det fortalt at forvaltaren av Munkelivgodset i lang tid hadde betalt to av lokatene ved Latinskulen 24 Rd i året. Dette skuldast at Munkelivs grunnar og skulens grunnar var samanblanda slik at dei ikkje kunne haldast frå kvarandre.⁴⁶ Det interessante i denne samanhengen er at kapitteljordeboka ikkje lenger opplyser om vareleige for Gullsmedstretet, men pengeleige, og denne vert oppgitt til 1 Rd.⁴⁷

Omrekninga frå vareleige til pengeleige ser dermed ut til å ha funne stad ein gong mellom 1557 og 1600. Men det er vanskeleg å tru at leiga av Gullsmedstretet i kapitteljordeboka omfatta heile Gullsmedstretet. I så fall ville 1 stykke berre vera verdt 0,5 Rd.

I ei liste over verdisamhøve, oppsett på Bergenhus i 1573, vert det opplyst at 1 stykke mjøl skulle tilsvara 1 mark i vare.⁴⁸ Ei mark i vare skulle vera ein "noren marck" og tilsvara 1 stykke varning i mjøl eller malt. Dette var og verdien av 1 ku eller 3 lodd sølv. "Noren Marck" skulle ein her tru var det same som ei "norsk" mark, ei vanleg rekneeining frå siste halvdel av 1300-talet. Ei "norsk" mark var lik 1/2 mark forngild, men sidan 1 mark forngild gjennom heile mellomalderen hadde verdien 1 ku, ser det ut til at 1 "noren" mark i det ovannemnde dømet samsvarer med 1 mark forngild. At det var slik vert stadfesta i ei tilskrift til lista frå 1573, der det vert opplyst at lagmennene nordafjells hadde slege fast at forngilde, bugilde og noren mark vart rekna som jamgode.⁴⁹

Ei forngild mark tilsvara verdien av ei ku, og ei ku var lik 3 Bg.⁵⁰ Sidan ei forngild mark tilsvara 1 "noren marck", var og 1 stykke varning i mjøl eller malt lik verdien av 3 Bg. Med ei oppskriving i 1572 med 1/3, ville dette bli 4 Bg eller 1 Rd. Når leiga av Gullsmedstretet i kapitteljordeboka vart sett til 1 Rd, kan det skuldast at berre halve leiga er overført til Kapittelet, dvs. 1 av dei 2 stykka i vare som var den opphavlege leiga.

3.4 Samandrag

I dette kapittelet har eg vist at grunnleigene i Bergen vart underlagt ei juridisk vurdering som konkluderte med eit sett reglar for utrekningsgrunnlaget for leigene. Dette skjedde i byrjinga av 1560-åra, men utrekningsprinsippa vart legitimerte ved å visa til ei eldre byvedtekt.

Ved å samanlikna enkelte private grunnar ved kontoret ser ein at grunnleigene var stabile i perioden mellom 1562 og 1686. Ei detaljert granskning syner at dette var ein generell tendens for

⁴⁶ Steen 1965m s. 192.

⁴⁷ Vedlegg 8.

⁴⁸ Steinnes 1929 s. 18 og 49.

⁴⁹ Steinnes 1929 s. 18 og 49, 1982 s. 84.

⁵⁰ Steinnes 1929 s. 16, 19, 49 og 50.

dei grunnleigene som låg til krona i perioden mellom 1567 og 1628. Vidare gransking viser og at tendensen var generell for alle bydelane og at den ser ut til å ha vore regelen for alle gruppene av grunneigarar. Ved hjelp av enkelte døme ser det og ut til at stabiliteten i grunnleigene i alle hove går tilbake til utgangen av seinmellomalderen.

Når ein nytta oppgåver over grunnleiger frå seinmellomalderen, finn ein ofte at leiga vert oppgitt i Bg, ei rekneeining for mynt som enno var i bruk i 1560-åra, men som i hovudsak må ha gått ut av bruk i dei følgjande tiåra. Skal ein samanlikna oppgåver i Bg med seinare materiale, vert det viktig å slå fast tidspunktet for når Bg vart rekna om til nyare mynt. Generelt er det best grunnlag for å tru at dette har skjedd mellom 1560-åra og 1600, sjølv om enkelte døme viser at omrekninga også kan ha funne stad tidlegare. I mellomalderen og seinare finn ein at leiger også vart betalte i varer. Den vanlegaste eininga var "stykke", anten i mjøl eller malt. På same måte som for Bg ser det ut til at desse leigene i hovudsak er omrekna til nyare mynt i siste halvdel av 1500-talet, etter verdihøvet 1 stykke = 1 Rd.

Den stabiliteten som er dokumentert for grunnleigene er ein nominell stabilitet. Den verkelege verdien av grunnleigene endra seg derimot radikalt frå 1560-åra og til utgangen av 1600-talet. Reelt vart verdien av grunnleigene sterkt redusert, noko som gjer at ein må vera varsam med å tolka verdien av grunnleigene ved utgangen av 1600-talet som uttrykk for deira økonomiske tyding i seinmellomalderen.

4.0 GRUNNEIGA OG DEN TOPOGRAFISKE UTVIKLINGA FRÅ UTGANGEN AV SEINMELLOMALDEREN OG TIL 1686

4.1 Kva slag endringar

Det er ikkje nok å påvisa nominell stabilitet i grunnleiga for å nytta grunnleigematerialet frå 1600-talet til å undersøkja grunneigefordelinga i seinmellomalderen. Skal undersøkinga vera vellukka, må ein også undersøkja den topografiske utviklinga. Med topografisk utvikling meiner eg her om det fann stad endringar i utnyttinga av grunneiga. Dersom delar av utleigegrunnane gjekk over til å tena føremål som ikkje gav grunnleige, ville denne delen av grunneiga ikkje bli fanga opp av det nyare grunnleigematerialet. At det i nyare tid kom til ei stor mengd grunnar som resultat av den generelle byekspansjonen, byr ikkje på noko større problem i denne samanhengen.

Ekspansjonen gjekk føre seg i område som tidlegare ikkje hadde hatt bymessig bebyggelse, og det er ikkje vanskeleg å halda denne borte frå mellomalderbyen. Problemet er om det gjekk føre seg endringar i dei områda som hadde hatt bymessig bebyggelse i seinmellomalderen. Det følgjande kapittelet tek sikte på å undersøkja kva slag topografiske endringar som fann stad frå utgangen av seinmellomalderen og til slutten av 1600-talet og kva konsekvensar desse har for mi undersøking.

Frå slutten av 1500-talet og utover 1600-talet vart byen herja av fleire store brannar som gav hove til reguleringstiltak. Nokre vart gjennomførte, andre vart ikkje meir enn ynskjetenking.

Spørsmålet er i kor stor grad ulike reguleringstiltak påverka grunneigeretten og endra utnyttinga av grunnane. Eg skal særleg ta for meg dei større brannane som ramma byen frå andre halvdel av 1500-talet og fram til 1686. Vesentleg vert det å gi ei vurdering av kva konsekvensar brannane fekk med omsyn til det eldre byplanmønsteret.

Bybrannane har vore sett som den viktigaste årsaka til endringar i byplanen, både for mellomalderen og i nyare tid. I Bernt Lorentzens framstillingar er det nettopp bybrannane i 1248 og 1476 som representerer brot i den topografiske kontinuiteten Koren Wiberg hadde gjort seg til talmann for. Brannkatastrofar er å rekna for ein konstant faktor i Bergens topografiske historie.¹

4.2 Bybrannen i 1561, dei første reguleringstiltaka på Stranden

Den første brannen som råka byen etter reformasjonen, var brannen på Strandsida i 1561, som omfatta området frå Murallmenningen og inn til Rådhuset. Absalon Pedersson omtalar brannen i

¹ Lorentzen 1952 s. 69.

dagboka si. Hus for hus vert rekna opp på begge sider av Strandgata. Mellom dei som fekk store verdiar øydelagde, var mange av byens fremste borgarar.² Etter brannen bad byrådet om at kongen måtte gripa inn og sørja for at gater og allmenningar vart gjort breiare for å hindra nye store brannar.³ Men borgarane hadde også ei anna bøn til kongen. Han måtte sørja for at grunnleigarane i området fekk byggja opp att husa sine på same vilkår som dei gamle grunnbreva deira tilsa.⁴ Lensmannen på Bergenhus, Erik Rosenkrantz, støtta borgaranes krav, og leidde arbeidet med nyreguleringa. Kva reguleringa gjekk ut på, er ikkje kjent i detalj. Truleg vart Smørsallmenningen og sjølve Strandgata gjort breiare.⁵ I tillegg ser det ut til at det vart opna ein ny allmenning om lag midt på Stranden, seinare kalla Murallmenningen. Allmenningen vart delvis utlagt av grunn som høyrd til Rosenkrantz, og delvis av grunnar som hadde vore i Trond Benkestokks eige.⁶

Nyreguleringa etter brannen i 1561 var ikkje av stort omfang, men framgangsmåten var typisk for dei reguleringane som vart gjennomførte etter bybrannane i dei følgjande 140 åra fram til brannen i 1702. Hovudprinsippet var å utvida eksisterande allmenningar og gater og eventuelt etablera nye allmenningar for å avgrensa seinare brannar. Forsøk ut over dette på å skaffa betre orden i bebyggelsen ser ikkje ut til å ha vore ei prioritert oppgåve. Men skulle gater og allmenningar utvidast, ført det med seg at tidlegare byggjegrunn vart omdanna til eit nyt føremål. Det var såleis ei motsetning i brevet frå borgarane til kongen. Borgarane ba om at brannstrøket vart regulert med nye allmenningar og nye gater, samstundes som dei kravde å få bruka sine gamle grunnar på same vilkår som tidlegare. Borgarane skriv sjølv i brevet til kongen at husa stod så tett og gatene var så trонge at det var umogeleg å stogga brannen.⁷ Det var ikkje råd å koma utanom ei regulering som ville gå på kostnad av tidlegare byggjegrunn. Dette må ha gjort reguleringsarbeidet ekstra vanskeleg, for slik vart nyreguleringa møtt av to partar som begge ville stilla krav om erstatning for tap av grunn. Det er sjølv sagt at ingen gav frå seg grunn frivillig, aller minst den som åtte grunnen. Erik Rosenkrantz fekk erstatning for den delen av grunnen sin på Stranden som vart lagt ut til allmenning. Her var det krona som måtte avstå grunn til vederlag.⁸ Ettersom Rosenkrantz fann å kunna godta vederlaget, er det grunn til å tru at dei grunnane han gav frå seg, stod i eit rimeleg høve til dei han fekk att. Som grunneigar vart han

² Aps. Dagb. s. 9-10, 19. des. 1561.

³ DN XIII nr. 772, 1562.

⁴ DN XIII nr. 722, 1562.

⁵ Fossen 1979 s. 91.

⁶ Fossen 1979 s. 91-92.

⁷ DN XIII nr. 722, 1562.

⁸ NRR II s. 528, 15. juni 1583.

verken rikare eller fattigare. I røynda vart grunnane flytta. Eit slikt byte verka ikkje inn på ei eventuell grunneigefordeling. Grunneigaren hadde ikkje fått redusert inntektsgrunnlaget sitt. Mengda av grunneige var konstant sjølv om lokaliseringa skifta.

Grunnleigene var viktige som inntektskjelde, ikkje minst for dei som hadde fått seg slike tillagde som løn for offentlege eller kyrkjelege embete. I 1577 hadde borgarmeistrar og rådmenn i Bergen klaga til kongen over reguleringa etter brannen i 1561. Den hadde medført at ein del av dei grunnane dei hadde som inntekt for sine embete, var utlagde til gater og allmenningar, og ikkje lenger gav grunneige. Kongen tilkjende klagarane vederlag, slik andre alt hadde fått, og balsmannen, Hans Pedersson, sørja for at dei fekk utlagt inntekter av andre delar av byens eller kronas grunnar.⁹

Reguleringa etter brannen i 1561 vart ikkje noko vendepunkt for byplanen på Strandsida. Av ein herredagsdom frå 1599 går det fram at det på det tidspunktet ikkje var mogeleg å skaffa greie på omfanget av Rosenkrantz' reguleringstiltak. Rosenkrantz hadde teke målebreva for reguleringa med seg til Danmark, og allmenningane var i ferd med å bli bygde att.¹⁰

4.3 Bybrannen i 1582, reguleringssynspunktet av 1583

Frå eit reguleringssynspunkt er brannen i 1582 mykje meir interessant enn brannen i 1561. Brannen i 1582 var meir omfattande enn førre brann. I tillegg til området mellom Murallmenningen og Rådhuset vart no heile Vågsbotn like opp mot Kontoret ramma.¹¹ På kongens befaling vart det utarbeidd eit reguleringsforslag for brannstrøket. Forslaget innebar at Smørsallmenningen skulle utvidast, men viktigare var det at planen omfatta anlegg av ei rekke nye allmenningar: Vågsallmenning, Rådsstoveallmenning, Korskyrkjeallmenning og til sist utviding av den gamle Autaallmenning. I tillegg skulle også ei rekke av hovudgatene utvidast, og det vart nedlagt byggjeforbud innan eit nærrare avgrensa område ved Domkyrkja og Korskyrkja.¹²

Sjølv om dei nemnde reguleringstiltaka vart gjennomførte, vart dei nye gatene og allmenningane smalare enn det planen i utgangspunktet hadde slege fast. Nett dette kan ha hatt samanheng med at det var vanskeleg å få aksept for ei regulering som omfatta for store inngrep i privat grunneige.

⁹ NRR II s. 217, 17. mai 1577.

¹⁰ NHD V s. 191-92, 19. juli 1599.

¹¹ Fossen 1979 s.269.

¹² Fossen 1979 s. 269-70. NRR II s. 527-32, 15. juni 1583.

Der ekspropriasjon kom på tale, var kongens prinsipp at det skulle ytast erstatning anten av kronas grunnar eller på annan måte. Men hus og grunneigarar måtte kvar for seg syte for å fremja sine erstatningskrav.¹³ Det var såleis neppe attraktivt for ein grunneigar å gi frå seg grunnane sine.

Asgaut Steinnes har peika på at Hollendergaten vart avkorta etter 1583-reguleringa, som eit resultat av at Korskyrkjeallmenningen vart opna. Her viser han til at ei rekkje grunnleiger i området er nemnde i lensrekneskapane før brannen, men ikkje etter. Vidare viser han til at også ei rekkje grunnar som var i privat eige, vart utlagde til allmenning.¹⁴

Eg har alt vist at kongen i prinsippet godtok plikta til å erstatta grunnar som vart utlagde til allmenning. Ei slik erstatning galdt ikkje berre for dei som åtte grunn. Tap av grunn må ha vore vel så merkbart for dei som var leigarar. Korleis ei erstatning skulle gjennomførast i praksis, var ikkje sjølv sagt. Om dette sende kongen brev til borgarmeistrane og rådmennene. Det var greitt nok at krona skulle yta vederlag til dei som var blitt skadelidande, av di grunnar var blitt lagde øyde til beste for byen. Problemet var at det var vanskeleg for kongen å halda greie på kva eigedom krona hadde i byen, og om denne kunne avståast som erstatningsgrunnar utan at andre føremål vart skadelidande. Kongen bad difor om at borgarmeistrane og rådmennene sjølve tok på seg å tinga med dei som hadde mista grunnar. Kongen ynskte at byen yta erstatning anten i pengar eller i grunn. Eit tredje alternativ var at byen tok på seg å betala grunnleige for grunnar som var utlagde til allmenning.¹⁵

I tre punkt hadde kongen slege fast prinsippa for erstatninga. For det første kunne ein gi erstatning i form av pengar. Pengeerstatning etter regulering finn ein døme på etter bybrannen i 1623. Da vart ei rekkje grunnar, som var utlagde som delar av Vågsallmenningen, erstatta med pengar. Erstatningssakene vart først handsama 13 år etter brannen, og det syner kor vanskelege saker som galdt grunnavstāing eigentleg var. Erstatningssummane i desse sakene varierte mellom 25 og 110 slette dalar, men i ei sak var summen så høg som 1000 slette dalar.¹⁶ Desse sakene galdt ikkje grunneige. Erstatninga ser ut til å ha blitt gitt til grunnleigarar som vederlag for at dei ikkje lenger fekk nytta dei grunnane dei hadde leigebrev på. I fleire av sakene vert det vist til leigebrev utferda av lensmennene på Bergenhus, og det er nærliggjande å tru at det var kronas

¹³ Fossen 1979 s.271.

¹⁴ Steinnes 1968 s. 10-11.

¹⁵ NRR II s. 531-32, 15. juni 1583.

¹⁶ Wisener 1937 s.110-12.

grunnleigarar som fekk erstatning.

Det andre prinsippet for grunnerstatning var å erstatta grunn mot grunn. Ei slik erstatning var avhengig av at det fanst tilgjengeleg ledig grunn i byen som anten kunne bys til grunneigarar eller leigarar. Erstatninga skulle hentast av kronas grunneige. Før reformasjonen hadde ikkje krona særleg grunneige innan den tettbygde byen. Krona var derimot å rekna som grunneigar til all ubygд grunn omkring, så sant denne ikkje var oppteken av eiga til kloster og private, i første rekke Munkeliv. Etter reformasjonen endra dette seg. Krona vart no eigar av alt kyrkjegods, men berre det godset som hadde vore i klostra, bispestolane og dei kongelege kapella si eige, vart lagt direkte under krona. Det som er viktig å slå fast, er at eventuelle bygrunnar som krona fekk seg tillagt, neppe kom på tale som erstatningsgrunn, av di bygrunnane alt var utleigde.

Slutten av 1500-talet var ei ekspansjonstid for Bergen, og bebyggelsen breidde seg ut over yttergrensene for mellomalderbyen. Dermed vart og tidlegare ubygд område interessante som leigegrunnar. Denne utviklinga opna eit potensiale for krona når det galdt å framskaffa erstatningsgrunnar i reguleringssaker. Til dette føremålet kunne det nyttast anten delar av dei grunnonråda i ytterkanten av byen som krona alltid hadde rekna som sin eigedom, eller ho kunne stykka ut delar av den tidlegare klostereiga.

Den tredje erstatningsmåten kongen føreslo for byrådet i 1583, var at byen tok på seg å betala grunnleige for grunnar som vart utlagde til reguleringsføremål. I desse tilfella ville grunneigaren framleis motta grunnleige, og i praksis fekk såleis ikkje reguleringa økonomiske konsekvensar for eigaren. Her ville berre leigaren bli råka. For leigaren var leigeretten til ein grunn eit økonomisk aktivum utover det at det gav grunn for husa hans. Leigaren hadde rett til å omsetja leigeretten ved sal av husa på grunnen, og eigaren måtte godta den nye huseigaren som grunnleigar, så sant sistnemnde var villig til å oppfylla dei vilkår som grunnleigeavtalen inneheldt.¹⁷

Erstatninga vart føreslegen etter tre ulike alternativ, og det vart opp til byens fremste menn å velgja i kvart tilfelle. Den rolla kongen gav dei styrande i byen, må i enkelte tilfelle ha sett rådmenn og borgarmeistrar i ei dobbelrolle, og vel så det. Dei skulle på same tid vera kongens representantar og ta i vare byens interesser. I tillegg kunne dei som privatpersonar sjølve vera partar i reguleringssaker. I eit slikt perspektiv må ein prova å slutta seg til kva erstatningsalternativ som ville vera mest fordelaktig, sett frå synsvinkelen til dei som skulle velja. Med omsyn til kva som var mest tenleg for byen, var valet i utgangspunktet neppe vanskeleg. Når

¹⁷ Eit døme er eit brev utferda i 1583. UBB dip. saml. 6. mars 1583.

kongen førte over erstatningsadministrasjonen til byen, innebar det og at han overlet kostnadene ved erstatningane til byen. Slik er det naturleg å forstå formuleringane i 1583 brevet:¹⁸

...efterdi vi ikke kunne vide, om vi have derudi Byen saamegen Eiendom uden mærklig Skade at aflade, dermed dennem, som mist have, kunde skee Vederlag, ei heller kunde vide, hvad os dermed kunde afgaa, hvorfore vi det hjemstille til Eder, at I selv handle med dennem, som nogen Eiendom mist have, enten med Pendinge eller med Eiendom af Byen, det dennem endeligen at afhandle eller og med en tilbørlig Grundeleie dennem at fornøie.

At byen skulle ta på seg å løysa ut grunneige og leigerett til grunn, eller å betala grunnleige for grunn som vart utlagt til gater og allmenningar, må ha verka mindre tiltalande enn å tilby grunneigarar og leigarar erstatningsgrunnar andre stader i byen. Frå bystyringas synspunkt vart ikkje det siste alternativet mindre attraktivt ved at det var tale om utstykking av kronas grunnområde. I utgangspunktet ville det ved regulering vera mest naturleg at krona sjølv la ut grunnar til utviding av gater og allmenningar. Dette hadde likevel som føresetnad at krona åtte grunn i dei aktuelle reguleringsområda. Det er sannsynleg at dei traséane som vart valde for dei nye allmenningane, tok omsyn til at dei i hovudsak omfatta kronas grunnar. I slike tilfelle var det grunnleigaren som måtte få erstatning.

Av vedlegg 6 går det fram at lensrekneskapane frå 1598/99 og seinare får ein stadig større tilvekst av grunnleiger på Nordnes. Tilveksten var størst i dei ytre delane, i område der det ikkje kan påvisast grunnleiger i 1567-og 1577-rekneskapane. Dette tyder på at det må ha gått føre seg ei utstykking av grunnar i dette området, og at grunnane er festa bort til inntekt for krona. Ny grunn kunne berre skaffast ved å stykka opp delar av Munkelivs tidlegare ubygde grunnområde, eventuelt også av Jonsklostret sitt område. Lenrekneskapen frå 1577 inneheld i alt 59 grunnleiger.¹⁹ I 1598/99 er talet på leiger mest tredobla, men dei første 58 leigene samsvarar i hovudsak med leigene i 1577-lista.²⁰ Dei følgjande 100 leigene i 1598/99 er i all hovudsak leiger som er komne til på Nordnes, anten er dei omtala ved Erkebispegarden eller innanfor Nordnes. Mellom dei grunnane som ikkje vert lokaliserte til Nordnes, er hovudtyngda omtala som grunnar ved Kroppedammen eller i området omkring. Som det går fram av vedlegg 6, er dette det andre området i byen der krona fekk seg tillagt grunnar etter 1577. Nokre få grunnar i 1598/99-lista er og lokaliserte til området ovanfor Martinskyrkja.²¹ Det vesentlege er at krona ikkje ser ut til å ha

¹⁸ NRR II s. 531-32, 15 juni 1583.

¹⁹ Vedlegg 2.

²⁰ Vedlegg 2 og 3.

²¹ Vedlegg 3, nr. 59-158.

hatt tilvekst av grunnleiger innan dei eldre grunnleigeområda. Her var det ikkje mogeleg å finna grunn for nyutleige.

No overstig talet på nye grunnleiger til krona i 1598/99-rekneskapen langt det ein kunne forventa som resultat av utstykking av leigegrunn til erstatning etter brannen i 1583 og ein ny brann på Strandsida i 1589. Dei fleste nye grunnane må ein rekna med var resultat av ein generell byekspansjon. Men mellom dei mange som er komne til, er det truleg at ein og finn dei leigegrunnane som vart utlagde til erstatning for grunnar som vart tekne til reguleringsføremål. Av vedlegg 6 går det fram at i alt 6 grunnar i 1577-rekneskapen ikkje er å finna i 1598/99. Dette gjeld grunnane nr. 12, 13, 27, 28, 37 og 48. Kvar nr. 12 låg er ikkje mogeleg å avgjera, men for nr. 13 vert det fortalt i rekneskapen at den låg på Hollenderstretet. Nr. 27 og 28 låg på Broen, det ser ein av nr. 29 i 1577, og nr. 32 og 33 i 1567. Nr. 37 låg på Hollenderstretet og nr. 48 låg nordafor garden Saltøyden på Stranden. Det siste går fram av opplysningar for nr. 40 i 1567. Dei grunnane som vart borte frå lensrekneskapane mellom 1577 og 1598/99, er såleis alle, så langt dei let seg lokalisera, grunnar som låg innan brannstrøket i 1583. Det er nærliggjande å tru at grunnane forsvann pga. reguleringa etter brannen. Leigarane av desse grunnane fekk erstatta grunnleigeretten med nye grunnar, anten på Nordnes eller ved Kroppedammen. Ein slik framgangsmåte ville vera til stor nytte for byen, som fekk nyregulerte gater og allmenningar, samstundes som grunnleigarane fekk nye grunnar der dei kunne setja opp hus. Ikkje ein gong krona vart skadelidande ved denne forma for erstatning. Den grunnleiga krona måtte seia frå seg som følgje av reguleringstiltak, vart erstatta ved etablering av nye leigeavtalar annan stad i byen, på grunn som tidlegare ikkje hadde gitt leige. Dermed førtे heller ikkje slike erstatningssaker til at krona mista inntekter. Kort sagt førtē reguleringa til at grunnleiger vart flytta til ein annan kant av byen.

Men Asgaut Steinnes har vist at i alle høve Korskyrkjeallmenningen, som vart opna etter 1583 brannen, også førtē med seg at ei rekke private grunnar vart utlagde til allmenningsgrunn. I slike saker var det grunneigaren som skulle ha erstatning. For eventuelle grunnleigarar vart det opp til eigaren å finna ei ordning. Også i dei sakene der det galdt ekspropriasjon av privat grunn til reguleringsføremål, må ein tru det ville vera mest naturleg å følgja same praksis som for erstatning ved tap av grunnleigerett. Ved å stykka ut delar av kronas ubygde grunnområde kunne ein gjera makeskifte med dei som måtte gi frå seg grunneige.

4.4 Utnyttinga av Munkelivs grunnområde og reguleringa i Dreggen

Det mest interessante området for erstatningsgrunnar var Munkelivs store grunnområde på Nordnes. Ein del av dette hadde Munkeliv sjølv leigd ut som grunnar alt i seinmellomalderen. Seinare må ein rekna med at krona leide ut delar av området, men formelt hørde det gamle klosterområdet til Munkelivsgodset også etter reformasjonen.

Munkelivs grunnområde fall i hovudsak saman med grensene for det seinare Nykyrkjesoknet, slik at dei grunnleigene som ein finn innan soknet i GBB, alle er frå grunnar som er utstykka av den tidlegare klostereiga. I 1686 var mest all grunn på austsida av Nordnes utleidt, og i tillegg hadde byen ekspandert over store delar av vestsida. Det interessante er at GBB ikkje berre registrerer grunnar innan Nykyrkjesoknet som anten hadde gitt leige til krona eller Munkelivsgodset, men at det også fanst ei rad eigedomar som gav leige til kyrkjelege institusjonar og til private. Desse grunneigarane hadde neppe fått hand om grunneige i dette området i mellomalderen. Derimot er det sannsynleg at dei er komne til som følgje av reguleringstiltak etter reformasjonen. Eigarane har vore nøydde til å gi frå seg grunnar i eldre bydelar mot å få desse erstatta med tilsvarende grunnar ute på Nordnes. Av tabell 2.4.1 går det fram at i alt 44 grunnar hørde til slik eige. At enkelte borgarar kunne få kjøpt grunnar av krona i dette området er ikkje utenkjeleg, men dette kan ikkje forklara at også adelege er representerte mellom eigarane, eller at 28 av dei 44 grunnane faktisk er spreidde på ei rad kyrkjelege institusjonar. Dei to sistnemnde eigargruppene dreiv sine grunnar berre som utleige, medan ein byborgar investerte i grunneige for å driva bynæring. At kyrkjelege institusjonar og adelege skulle investera i oppkjøp av bygrunnar på 1500 og 1600-talet, med det føremålet å driva utleige, verkar lite sannsynleg. Konklusjonen må vera at sidan det er vanskeleg å sjå at eigedomane har kome til dei nemnde eigarane før reformasjonen, og det er lite truleg at dei ville vera tente med å investera i grunneige etter denne tid, må eiga i Nykyrkjesoknet ha kome til som erstatning for grunnar dei nemnde eigarane har gitt frå seg i andre delar av byen.

Faktisk er det mogeleg å dokumentera at ein del av eigedomane er eit resultat av eit slikt bytte. Sjølv om brann var den mest vesentlege bakgrunnen for reguleringstiltak, hende det at andre motiv danna grunnlag for endringar i byggje- og eigedomstilhøva. Slik var det mellom anna når det galdt lensmennene på Bergenhus sitt langvarige arbeid med å få rydda området i Dreggen. Bak dette arbeidet låg reine militærstrategiske vurderingar.²² Tett bebyggelse like opp til festninga gav därleg vern mot angrep frå landsida. Men det var ikkje berre for konge og lensmann å befala

²² NRR I s. 471-72, 4. okt. 1565. NRR II s. 218 og 326, 5. mai 1579.

at husa skulle rivast. Å rydda området i Dreggen hadde engasjert Christoffer Valkendorf på 1550-talet og Erik Rosenkrantz etter han. Det var først under Hans Pedersson si tid som lensmann på slutten av 1570-åra at husa i Dreggen vart rivne.²³ Ein vesentleg årsak til at reguleringa drog ut, var erstatning til dei som mista grunn. Dette kjem mellom anna fram i kapitteljordeboka frå om lag 1600. Under avsnittet for grunnleiger som låg til soknepresten til Domkyrkja, står følgjande:²⁴

"Disse effterschreffuene grunder bleff Aff welb: Peder Thaatt Vnder lagtt till Predichstollen for de grunder j dregen
Frederich platenschlagr ----- ij mr.
Jørgen Bøsønschötter och Otte Nielsøn for nogen grunder i dregen som Nu Jacob schrifuer brugr ein part
Aff for disse grunder er Vnderlaugt i for.ne
Welb: Peder Thottis tadt diſe smaa Grunder wdi Erchebijß Gaarden
Lauridz Regſen ----- xxij β
Anders Veffuer ----- xx β
Jacob Joenſen ----- j mr.
David Willomſen ----- j mr.
Siguord Joenſen ----- j mr.
Olluff Knudzen ----- j mr. ij β"

Her vert det opplyst at Soknepresten til Domkyrkja tidlegare hadde motteke leige av nokre grunnar i Dreggen, men at Peder Thott hadde erstatta desse med grunnar ved Erkebispegarden. Kvifor hadde han gjort det? Jo av di kongen hadde utferra eit brev om at dei som hadde mista hus eller grunn som følgje av rivinga i Dreggen skulle få dette erstatta annan stad i byen, og at erstatninga skulle leggjast ut av kronas eigedom. Ei slik befaling vart sendt Hans Lindenov alt i 1579. I brevet til Lindenov vert det sagt rett ut at ettersom grunneigarane ikkje lenger kan ta i mot grunnleige av sine eigedomar, skal det straks stykkast ut nye som grunneigarane skal ha til odel og eige.²⁵

I GBB finn ein 4 grunnleiger som låg til soknepresten ved Domkyrkja. Samla gav desse ei leige på 2 Rd 3 ort og 12 β. Dei 7 grunnane i kapitteljordeboka gav samla ei leige på 7 ort og 44 β. Omkring 1600 var 1 ort lik 16 β, slik at leiga tilsvara 9 ort 12 β omrekna til verdien i 1686, eller 2 Rd 1 ort og 12 β. Dei 7 grunnane i kapitteljordeboka gav såleis mindre leige enn dei 4 leigene i 1686. Eg har alt vist at talet på grunnleiger i ein eigars eige kunne variera, men at summen av grunnleigene var konstant.²⁶ Her må dette tyda at færre enn dei 4 leigene i 1686 tilsvara dei 7 leigene omkring 1600. Det siste er ikkje utenkjøieg, det har berre som føresetnad at ikkje all den

²³ NRR II s. 218, 21. mai 1577.

²⁴ Vedlegg 8 p. 8b. Sjå og Lorentzen 1952 s. 266.

²⁵ NRR II s. 326, 5. mai 1579. NHD I s. 114, 20. aug. 1578.

grunneiga som soknepresten til Domkyrkja fekk hand om i Nykyrkjesoknet, var resultat av Peder Thotts erstatning for grunnane i Dreggen. Ser ein på dei 4 leigene i 1686 kvar for seg, finn ein at to av dei gav 1 ort i leige kvar, ei gav 1 ort 12 ß og ei gav åleine heile 2 Rd. Den siste leiga vart betalt av oberstløytnant Christian Nielsen Holberg, og Holbergs grunn låg like innanfor Nykyrkja, kyrkja som er bygd på restane av Erkebispegarden.²⁷ Det vert da nærliggjande å slutta at Holbergs grunn er resultat av ei samanslåing av dei fleste av dei små grunnane ved Erkebispegarden, som Peder Thott i si tid hadde gitt soknepresten ved Domkyrkja i byte for grunnar i Dreggen. Legg vi til den av dei 4 grunnane i 1686 som gav 1 ort 12 ß, vert summen 2 Rd 1 ort og 12 ß, nett same summen som dei 7 grunnane i kapitteljordeboka gav omkring 1600. Dei 2 andre grunnane, som kvar gav 1 ort i leige, må da ha kome til som erstatning i samband med andre reguleringssaker.

Dette dømet viser korleis grunneige kunne makeskiftast i samband med reguleringsarbeid i byen. Tiltaka vart gjennomførte, men i etterkant dukka erstatningssakene opp. Kongen godtok kravet om rettmessig erstatning, men krava måtte fremjast individuelt. Det var ingen automatikk i erstatningssakene. Så snart ein grunneigar fekk ekspropriet grunn erstatta med ny grunn, kunne grunneigaren tilby grunnleigaren å leiga erstatningsgrunnen. For dei tyske kjøpmennene som hadde leigd hus i Dreggen, var det likevel ikkje så liketil. For tyske kjøpmenn hadde ikkje lov å driva handel og eiga hus utanfor Kontoret. Difor vart det straks klaga til kongen, i det kjøpmennene flytta husa sine frå Dreggen til Erkebispegarden. Dei tyske kjøpmennene må ha godteke at grunnleigarane gav dei tilbod om å leiga nye grunnar ved Erkebispegarden. Men byborgarane kunne ikkje godta ei slik løysing, det ville vera eit trugsmål mot deira kontroll med handelsverksemda på Strandsida.²⁸

4.5 Brannen i 1623 og reguleringa av 1625

I 1589 brann området mellom Muren og Erkebispegarden. Også etter denne brannen sende kongen befaling til lensmannen på Bergenhus, og bad han om å syta for at naudsynte tiltak vart sette i verk for å regulera brannstrøket. Brannen førte likevel ikkje til at det vart utlagt nokon allmenning i området. Større reguleringstiltak ser ikkje ut til å ha blitt gjennomførte bortsett frå ei mogeleg utviding av gata langs Strandens.²⁹

²⁶ Kap. 3.2 s. 69

²⁷ GBB s. 24. Fossen 1979 s. 475-77.

²⁸ NRR II s. 270, 13. april 1578.

²⁹ NRR III s. 113-14, 27. feb. 1590. Fossen 1979 s. 272.

Brannar i dei nye bystrøka på Nordnes hadde med omsyn til eigedomssstrukturen i mellomalderen mindre å seie. Av grunneige her ute var det berre dei grunnane som Munkeliv hadde leigd ut, og dei som var flytta hit som følge av regulering, som kunne sporast tilbake til mellomalderen. For den mellomalderske grunneigestrukturen var det brannar i dei eldste bydelane som hadde størst konsekvensar. Slik var det med brannen i 1582, som i særleg grad gjekk hardt ut over Vågsbotn og dei indre delane av Strandsida, og slik var det og med den store brannen i 1623, som i hovudsak kom til å omfatta dei same områda. Men i tillegg brann området utanfor Muren med Nykyrkja og all bebyggelse så langt den strekte seg utover til Nordnespynten. Også delar av Øvregata med Martinskyrkja gjekk med i brannen.³⁰

På nytt vart borgarane og lensmannen aktivt engasjerte i spørsmål omkring reguleringstiltak for å gjera byen meir sikker mot storbrannar. Eit endeleg forslag var ferdig i 1625, over to og eit halvt år etter brannen.³¹ Når det kunne gå så lang tid for å få eit reguleringsforslag på papiret, må ein undra seg over om slike reguleringsforslag verkeleg gav retningsliner for attreisinga av byen, eller om dei kom så seint at det var attreisinga som styrte reguleringa. Det er vanskeleg å forestella seg at eit ekspansivt bysamfunn kunne venta i over to år på retningsliner for attreising etter ein brann. Likevel var det mange andre tilhøve som også seinka attreisinga. Det var vanskeleg å skaffa høveleg erstatning til dei som mista grunn som følge av reguleringa, og det oppstod mangel både på byggjevirke og dugeleg arbeidskraft til å utføra attreisingsarbeidet.³²

Reguleringsplanen av 1625 hadde som føresetnad at det vart etablert ein ny allmenning ved Nykyrkja. Denne skulle gå frå sjøen og like opp til toppen av Nordnesryggen og vera 30 sjællandske alen brei. Strandgata skulle vera 12 alen brei frå Nordnes og til Rådhuset, med unntak av området forbi Nykyrkja, der gata skulle ha dobbel breidde. Murallmenningen skulle utvidast i breidda frå sjøen og opp til den meir glisne bebyggelsen på høgdedraget mot Klosteret. Vidare vart det gitt detaljerte oppgåver over breiddemål for ei rekke smågater i området mellom Murallmenningen og Rådsstoveallmenningen. Det er likevel ikkje mogeleg å slå fast om dette var resultat av ei nyregulering eller om det berre var ei stadfesting av gatene slik dei var etablerte alt før brannen. Smørsallmenningen skulle ha ei gjennomsnittsbreidd på 20 alen. Allmenningen innanfor var Vågsallmenningen. Denne vart etablert etter brannen i 1582, og hadde nede ved sjøen ei breidd på heile 64 alen. Elles fekk Vågsallmenningen svært varierande breiddemål frå Vågen og over til Vesle Lungegardsvatnet, på det breiaste 30 alen og på det smalaste 22 alen.

³⁰ Fossen 1979 s. 273.

³¹ NM II s. 305-313, 10. okt. 1625.

³² Fossen 1979 s. 274.

Breiare enn 30 alen skulle heller ikkje Rådstoveallmenningen vera. Denne strekte seg frå Torget og opp til Rådhuset, herifrå som ei 10 alen brei gate like ned til Vesle Lungegardsvatnet.

I Vågsbotn vart det gitt mange mål for breidda på dei ulike gatene. Eit verkeleg nytt tiltak var utfyllinga av Dypesund, ein liten sidearm av Vågen lengst inne i Vågsbotn mot Hollendergaten. Føremålet var å skaffa betre tilkomst frå vest til aust i byen. Men tiltaket møtte sterkt motstand og vart først gjennomført etter storbrannen i 1640. Når det galde Korskyrkjeallmenningen og allmenningen mellom Kontoret og Bryggesporden, skulle desse vera som før, likeeins alle gater og smug som tidlegare hadde vore i området.

Reguleringsforslaget var omfattande, men på mange punkt ikkje meir enn ei oppattaking av reguleringsforslaget frå 1583. Eit av dei tilhova som seinka attreisingsarbeidet etter brannen i 1623, og som sikkert var avgjerande for at reguleringsplanen var vanskeleg å gjennomføra, var som før spørsmålet om erstatning for dei grunnane som vart utlagde til reguleringsføremål. Det hadde vore planar om å stykka opp plassen til borgarvæpninga på Engen, men dette vart avvist. Spørsmålet om erstatningsgrunnar var i mange hove enno uløyst i 1632. Kongen støtta borgarane i deira krav om rimeleg erstatning. Slike krav var rettmessige, men kunne dei ikkje imøtekommast med grunn, skulle det erstattast på annan måte etter avtale med byen.³³ Eg har alt vist til at enkelte grunnleigerettar vart erstatta med pengar 13 år etter 1623 brannen.³⁴ Men dette representerer sannsynlegvis ein siste rest av alle erstatningssakene, kanskje dei einaste sakene som ikkje let seg løysa ved utdeling av nye grunnar.

4.6 Brannane i 1640, 1660 og 1686

Den neste storbrannen råka byen i 1640. No brann på nytt heile området mellom Murallmenningen og allmenningen mellom Bryggesporden og Kontoret. Som tidlegare vart det også etter denne brannen sett i gang planleggingsarbeid for ei betre regulering av byen. I hove til tidlegare reguleringar vart utfallet likevel berre mindre justeringar. Det viktigaste tiltaket var at Kontoret sa seg villig til å riva Rotmannsgard, den sørlegaste av gardane ved Kontoret, for slik å utvida allmenningen mellom Kontoret og byen.³⁵ Rivinga var nok meir eit ynskje frå Kontoret si side enn frå borgarane. Kontoret hadde vore spart for større brannar like sidan 1476.

Kjøpmennene ved Kontoret var tydelegvis flinkare til å passa varmen enn folk ute i byen. Etter brannen i 1640, som nok ein gong med nød og neppe vart stogga ved den gamle Auta-

³³ NRR VI s. 408, 28. juni 1632 og s. 410-11, 28. juni 1632.

³⁴ Wisener 1937 s. 110-12.

³⁵ Fossen 1979 s. 280.

allmenningen, syntest vel dei kontorske at det kunne vera nok. Ved å riva Rotmannsgard skaffa dei seg ein allmenning med ei middelbreidd på om lag 40 alen til vern mot byen. Dei kontorske nytta i denne samanhengen same framgangsmåten som etter 1476-brannen. Kontoret lova å halda fram med å betala grunnleige for den ubygde grunnen. Slik var ein sikra mot at andre overtok grunnen og reiste hus der.³⁶

I hovudtrekk skulle reguleringa etter brannen i 1640 følgja reguleringa i 1625, og som før skulle det vera dei styrande i byen si oppgåve å sørge for at det vart ytt erstatning til dei som lei skade av reguleringstiltaka.³⁷

I 1660 brann området mellom Murallmenningen og Nykyrkja. Etter denne brannen gjekk ein bort frå dei tradisjonelle reguleringsforslaga, i staden vart det satsa på nye bygningsmaterialar. Mur og bindingsverk skulle avgrensa brannfarens. Men sjølv med økonomiske tilskot til dei som bygde i mur, hindra ikkje dette at også ei rekke trehus vart bygde inne i mellom. Dette var ein medverkande årsak til at da eld vart laus i 1686, brann heile området på nytt til grunnen. No vart nye reguleringstiltak fremma. Dei fleste var så omfattande at dei ikkje fekk støtte frå borgarane og heller ikkje vart gjennomførte. Eitt tiltak skulle likevel få varig plass i bybildet. Det vart opna ein ny allmenning midt mellom Nykyrkja og Murallmenningen.³⁸ Arbeidet med denne nye allmenningen finn ein spor av i GBB. Boka er kan hende sett opp like etter brannen. På sidene 36, 37 og 38 finn ein ei rekke grunnar som er utlagde til allmenning. Alle er leigegrunnar som betalte leige til Manufakturhuset. Nokre betalte leige for 1686 og dei første etterfølgjande åra, andre ser ikkje ut til å ha betalt etter brannen.³⁹ Når alle desse grunnane i 1686 høyrdet til Manufakturhuset, tyder det på at dette var leiger som byen rådde for. Byen hadde fått alle kronas og Munkelivs grunnar av kongen i 1660, med det føremålet å betra økonomien til Manufakturhuset.⁴⁰

4.7 Samandrag

Med brannen i 1686 er eg komen fram til byen slik den hadde utvikla seg til GBB vart oppsett. Konklusjonen må vera at reguleringane i svært liten grad makta å endra meir enn mindre topografiske detaljar i den gamle byen. Dei mange reguleringsplanane smuldra bort i praksis.

³⁶ NRR VIII s. 143, 21. mars 1642.

³⁷ NRR VIII s. 150-51, 21. mars 1642.

³⁸ Fossen 1979 s. 473-79.

³⁹ GBB s. 36,37 og 38.

⁴⁰ NRR XII s. 435, 25. sept. 1660.

Som årsaker til denne utviklinga set Anders Bjarne Fossen fram dette:⁴¹

I denne byen, der Vågen og Strandlinjen rundt den var selve livsnerven, var det ikke mulig å skaffe likeverdige tomter i andre strøk til sjøgårder og beboelseshus. Erstatninger i form av penger for tap av grunn til allmenninger var ikke tilfredsstillende for en kjøpmann eller en håndverker som var avhengig av en geografisk heldig plass for næringsdriften. Heller ikke hadde staten penger til å gjennomføre en slik løsning i større omfang. For byens øvre sosiale lag var dessuten tomter i byens utkanter uakseptable. Byens ytre områder var fattigstrøkene.

Eitt av dei mest vesentlege resultata av reguleringsarbeidet ser dermed ut til å ha vore spørsmålet om erstatning for grunnavståing. Grunn innan det regulerte området vart erstatta med nye grunnar som tidlegare ikkje hadde hatt bebyggelse. Dermed kunne grunneigarane gå med på at grunnar i eldre delar av byen vart inndregne til reguleringsføremål. Med nye grunnar var dei sikra mot tap av grunnleigeinnkomene. Men dette ført til ei omfordeling av grunnleigene med omsyn til lokalisering. Leiger som opphavleg hadde hørt heime i eldre bystrøk, var no å finna i dei nye og mest ekspansive bydelane. Dette er eit moment som eg må ta omsyn til når det gjeld rekonstruksjonen av grunneigefordelinga i seinmellomalderen.

⁴¹ Fossen 1979, s. 286.

5.0 BYRÅDET OG KRONAS GRUNNEIGE

5.1 Innleiing

Byrådet og kronas grunneige er i hovudsak å finna mellom den eiga som i GBB er ført under Manufakturhuset og Rådstova. I kapittel 2 har eg gruppert denne eiga under nemninga offentleg eige. Til denne låg og ein grunn som gav leige til Lagstolen. I dette kapittelet skal eg gjera greie for kva leiger som hadde lege til byrådet og krona ved utgangen av seinmellomalderen. I GBB er det ikkje innført grunnar som vart tillagt kongen og krona. Dette kan forklaraast ved at kronas grunnar hadde vore del av den gava kongen hadde gitt Manufakturhuset i 1660. Dei grunnane som hadde lege til krona, må ein difor leita etter mellom Manufakturhusets grunnar.

Grunneigene av Manufakturhusets grunnar var formelt byrådets innkomer. Men byrådet forvalta også andre grunneiger, leiger som i GBB vert tilviste til Rådstova. Desse leigene må ha eit anna opphav enn Manufakturhusets leiger. Dette vert underbygd ved at ein av dei grunnane som i GBB er innført som Rådstovas eide dom, kan dokumenterast med leigebrev frå omlag 1437.¹

5.2 Kongen og kronas grunneige

Om kronas grunnleiger i byen før reformasjonen har ein svært pålitelege oppgåver i lensrekneskapane frå perioden 1514-22.² I all hovudsak var det leiga av Skomakarstretet. Utanom Skomakarstretet nemner rekneskapane berre ein grunn kalla Årsborg. Denne gav 2 mark og 4 ß i leige.³ Ein må gå ut i frå at leiga av Årsborg er å finna i rekneskapane frå 1567 og utetter. I desse rekneskapane finn ein ikkje namnet Årsborg. Men om leiga av Årsborg var den same i 1567 som den hadde vore før reformasjonen, kan ein leita mellom leigesummane. Her er det 2 grunnar som er innførte med ei leige på 2 mark 4 ß, nr. 17 og nr. 24.⁴ Nr. 17 låg på Skostretet, denne kan ikkje vera av Årsborg.⁵ Da står berre nr. 24 att. Denne grunnen vart leigd av Hans Stochoff. Stochoff finn ein att i 1577-lista som leigar av ein grunn på Skostretet.⁶ Men Hans Stochoff betalte leige for to grunnar i 1567, også nr. 38, og det er denne grunnen som låg på Skostretet og som korresponderer med nr. 15 i 1577-lista. Nr. 24 i 1567-lista må korrespondera med ein grunn som

¹ NgL 2 R. I, nr. 386, 1437. GBB s. 200.

² Kap. 3.3 s. 73

³ NRJ III, s. 627. Leiga er i rekneskapen for åra 1514-22 berre nemnt ein gong, i rekneskapsåret 1522-23. Men leiga er også nemnt i den lista over inntekter til Bergenhus som Eske Bilde hadde sett opp medan han var lensmann. Også her er leiga 2 mark 4ß. DN XIII, nr. 583, 1531?

⁴ Vedlegg 1.

⁵ Vedlegg 6.

⁶ Vedlegg 2, nr.15.

låg utanom Skostretet i 1577-lista. Sidan namnet ikkje er til hjelp i identifiseringa kan ein freista med leigesummen.

Mellan 1567 og 1577 vart leigene oppskrivne med ein tredjepart. 2 mark og 4 ß skulle etter dette tilsvara 3 mark. Men i 1577 vart all leigebetalinga utlikna i lybsk mynt, slik at ein må forventa at leiga er innført med 1,5 mark. Ei slik leige vart berre betalt av ein grunn i 1577, og det var nr. 17. Grunnen vart leidt av Jørgen Hansson, og låg ved ein gard kalla Jon Tommesens gard. Denne låg i Vågsbotn, og her leide Jørgen Hansson fleire grunnar.⁷ Det må vera grunn nr. 17 i 1577-lista som svara for leiga av den tidlegare Årsborg. Etter den nominelle oppskrivinga var leiga 3 mark eller 1,5 mark lybsk.

Skomakarane hadde leidt eit område av kongen alt i 1307. Eigedomen vart omtala som Kongens gard i Vågsbotn.⁸ Det er mogeleg at denne leiga i utgangspunktet omfatta husleige og ikkje grunnleige. I 1398 kvitterte Svale Rømer på vegne av kongen for skomakaranes innbetaling av husleige.⁹ I lensrekneskapen for Bergen kongsgard 1516-17 er det derimot grunnleige som vert betalt.¹⁰

Grunnleiga av skomakarane sitt grunnområde var før reformasjonen 85 mark. Det ville i 1686 ha tilsvara 113,3 ort eller 28,33 Rd. I tillegg kom leiga av Årsborg, som i 1686 må ha vore 3 ort eller 0,75 Rd.¹¹ Kongen og kronas grunnleiger fordele seg som vist i tabellen nedanfor.

⁷ Sjå vedlegg 2 nr. 17, 18 og 19. Steinnes 1968. s. 48-49. Steinnes identifiserer nr. 17 i 1577-lista med nr. 36 i 1567, med tilvising til at leigesummen var den same. Steinnes viser til at nr. 17 i 1577 hadde ei leige på 24 ß lybsk som tilsvara 48 ß dansk, og som etter den nominelle oppskrivinga må ha svara for 36 ß i 1567. På dette grunnlaget endar han opp med at nr. 36 i 1567, som var ei leige betalt av Hans Rommekoss, og som vart lokalisert til Vågsbotn med ei leige på 0,5 dalar 9 ß. Men her må Steinnes ha rekna feil. For 0,5 Rd og 9 ß svara ikkje for 36 ß, men for 33 ß (16+8+9), og etter oppskrivinga skulle det bli 44 ß, eller 22 i 1577-lista. To grunnar i 1577-lista er oppførte med ei leige på 22 ß 2 alb. Den eine er nr. 36, som låg på Skostretet og korresponderer med nr. 36 i 1567. Den andre er nr. 16 i 1577, også denne låg på Skostretet. Det må vera denne grunnen som korresponderer med nr. 15 i 1567, og ikkje berre samanfall i leigesum tyder på det. For nr. 36 i 1567-lista vert tilvist til Vågsbotn, og generelt gjeld det for alle grunnar som i 1567 har tilvising til Vågsbotn at dei er grunnar på Skostretet. Dette siste er eit moment også Steinnes har skimta, Steinnes 1968, s. 49, note 117.

⁸ DN II nr. 88, 1307. DN VIII nr. 19, 1307.

⁹ DN II nr. 554, 1398.

¹⁰ Om samanhengen mellom grunnleiga av Skomakarstretet før reformasjonen og leigene av stretet frå 1567 og utetter, sjå kap. 3.3 s. 73-76

¹¹ Kap. 5.8, s. 165

Tabell 5.2.1 Kongen og kronas grunnleiger i Bergen ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn	Grunnleige	Talet på grunnar
Korskyrkje	29,08	2
Sum	29,08	2

5.3 Byrådets grunneige

I GBB er Rådstova oppført med grunnleiger både i Korskyrkjesokn og ved Kontoret. Tabell 2.6.1 viser at Rådstova stod som eigar av 14 grunnar i Korskyrkjesoknet, med ei samla leige på i alt 9.97 Rd. På Kontoret åtte Rådstova ein grunn, vinkjellaren med grunnen under den kontorske kjøpmannsstova, og tilhøyrande grunn både opp mot Øvregata og ned til bryggjekanten. Det var rådmennene i byen som ein gong like før 1437 hadde leigd vinkjellaren og tilhøyrande grunn til dei tyske kjøpmennene. Det er denne leigekontrakten ein finn vidareført i GBB.¹²

Rådstovas grunnar i Korskyrkjesoknet har ein derimot liten kunnskap om. No kunne det vera lett å reisa den innvendinga at grunnane er resultat av overdraging til byrådet etter reformasjonen, og at grunneiga er resultat av mellom anna kongens gåvebrev frå 1660, der det formelt sett var byen som var mottakar av all grunneige som brevet omfatta. Men Rådstovas grunnar må ha eit eldre opphav enn 1660. Vinkjellaren med grunn er eit leidgetilhøve som går tilbake til seinmellomalderen. Ei nærmare gransking av innførslene i GBB kan kanskje visa om dette også var tilfelle for Rådstovas grunneige i Korskyrkjesoknet.

Rådstovas grunnleiger i Korskyrkjesoknet i 1686 var samla i to grupper. Den eine låg i Vågsbotn ved Skostretet, i alt 5 grunnar med ei samla leige på 2 Rd.¹³ Eg har vist at krona reduserte sin andel av grunneiga av Skomakarstretet i Vågsbotn.¹⁴ Eit brev frå 1586 stadfester at kong Fredrik 2. hadde gitt bort delar av grunnen til borgarmeistrar og råd i Bergen.¹⁵ I brevet leigde borgarmeistrar og råd grunn til skomakaren Jokim Kruse. Han skulle ha grunnen til evig tid, både for seg og sine arvingar på det vilkåret at han årleg betalte 4 mark dansk i grunnleige til byen. Dei grunnane som i GBB er oppførte som Rådstovas grunnar ved Skostretet, må vera frå kong Fredrik 2.'s overføring av delar av grunnen ved Skomakarstretet til byen. Rådstovas eigedomsrett til grunnane i Vågsbotn gjekk ikkje tilbake til seinmellomalderen.

¹² NgL 2 R. I s. 682, 1437.

¹³ GBB s. 135, 142 og 144.

¹⁴ Kap. 3.3 s. 76

Den andre konsentrasjonen av Rådstovas grunnar finn ein i GBB omkring Breidaallmenningen og grunnen etter Nikolaikyrkja. Like ved grunnen etter Nikolaikyrkja hadde Rådstova leigeinnkomer av i alt 9 grunnar, med ei samla leige på i alt 5,97 Rd.¹⁶ Nokre av desse ser ut til å ha lege nedanfor kyrkjegrunnen, andre og mindre grunnar ovanfor. For grunnane nedanfor kyrkjegrunnen er det naturleg å tenkja seg at det er delar av den gamle Breidaallmenningen som er leigd ut til inntekt for Rådstova. Det hadde byrådet gjort alt omkring 1437 når det galdt allmenningen på nedsida av Øvregata. I 1441 hadde rådet også leigd ut ein stor part av allmenningen på oversida av gata. Da fekk Hans Nagel leiga heile lengda av allmenningen, frå gata og opp til Nikolaikyrkjegarden. Leiga skulle vera ei tonne øl, kvart år i atten år, deretter 2 engelske pund i året.¹⁷ I GBB er denne grunnen delt i to, 3 Rd i leige av den eine delen, og 1 Rd av den andre.¹⁸ Desse to grunnane hadde Rådstova hatt leige av alt i seinmellomalderen. Dei andre små grunnane, som dels ser ut til å ha lege på oversida av kyrkjegrunnen, er det derimot grunn til å tru hadde kome til først etter reformasjonen. Dei kan vera mindre partar som er utleigde av den gamle kyrkjegarden.

I 1437 hadde byrådet lete Claus Din og Rotman van Braun byggja ein svalgang ut over Autaallmenningen. Også dette mot ei årleg leige. Denne leiga kan ikkje sporast i GBB. Det har samanheng med at Rotmannsgard vart riven etter brannen i 1640, og grunnen utlagt til allmenning. Når garden var borte var det heller ikkje grunnlag for å krevja inn leiga etter kontrakten frå 1437.

Leiga av Vinkjellaren med tillegg av grunn både ovanfor og nedanfor, utgjorde i alt 40 Rd og er den største enkeltleigesummen som er innført i GBB. Leiga står ikkje i høve til arealet. Dette skuldast at det meste av leigesummen er sett etter verdien av Vinkjellaren, og såleis representerer husleige og ikkje grunnleige. Det vert av vesentleg tyding å søkja å gjera eit overslag over kor stor del av dei 40 Rd som kan ha kome frå grunnleige. GBB inneheld nøyaktige mål for storleiken av det aktuelle grunnstykket, og med dette utgangspunktet kan ein rekna ut leiga etter den formelen Erik Rosenkrantz hadde nytta for grunnane på Bryggen. Rosenkrantz' formel tok berre omsyn til lengda av grunnane. Lengda av grunnen var 225,5 alen.¹⁹ Dette var sjællandske alen, i 1686 62,8

¹⁵ UBB dip. saml. 6. juni 1586.

¹⁶ GBB s. 158, 559, 162, 171 og 184.

¹⁷ NgL 2 R III s. 385-86, 1441.

¹⁸ GBB s. 162.

¹⁹ GBB s. 200.

cm, medan Rosenkrantz hadde nytta norske alen, 54,5 cm. Omrekna til norske var lengda 258 alen i 1686. Det gir følgjande:

$$\left[\begin{array}{r} 258 * 3 \\ \hline 2 \end{array} \right] : 12 = 32,25 \text{ Bg}$$

Omrekna til Rd skulle det bli 8,25 Rd i grunnleige av Vinkjellaren og tilliggjande grunn.

Tabell 5.3.1 Rådstovas grunneige i seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn	Leige	Talet på grunnar
Korskyrkje	4,00 Rd	2
Kontoret	8,25 Rd	1
Sum	12,25 Rd	3

5.4. Lagstolens grunneige

I GBB er det innført ein grunn under lagstolen. Grunnen låg innerst i Vågsbotn, ikkje langt frå Marken. Det vert ikkje oppgitt grunnleige.²⁰ Som andre institusjonar var også lagstolen avhengig av leigeinnkomer frå gods. I 1593 gav kongen lagmannen 20 Rd av innkomene til Bergenhus, av di lagmannen hadde klaga over at innkomene av lagstolens gods ikkje fullt ut tilfalt han.²¹

Lagstolens jordegods finn ein i ei liste over i Landkommisjonens jordebok frå 1661, men her er det ikkje nemnt grunnleiger i byen.²² Lokaliseringa, saman med manglande opplysningar om grunneige i Landkommisjonens jordebok, gjer det sannsynleg at lagstolens grunneige ikkje går tilbake til seinmellomalderen.

5.5. Byrådet og kronas grunneige ved utgangen av seinmellomalderen

Set ein saman opplysningane om byrådet og kronas grunneige, vert resultatet som vist i tabell 5.5.1.

²⁰ GBB s. 122.

²¹ NRR III s.292-93, 11. juli 1593.

²² Lagstolens gods 1661.

Tabell 5.5.1 Byrådet og kronas grunneige ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

	Korskyrkje	Kontoret	Sum
Kongen	29,08 Rd	-	29,08 Rd
Rådstova	4,00 Rd	8,25 Rd	12,25 Rd
Sum	33,08 Rd	8,25 Rd	41,33 Rd

6.0 KYRKJELEG EIGE

6.1 Kyrkjelege institusjonar med grunneige

I dette kapittelet skal eg undersøkja kor stor den kyrkjelege grunneiga var. Undersøkjinga vil retta seg mot kvar enkelt kyrkjeleg institusjon, der eg vil gi eit eige oversyn over grunneiga ved utgangen av seinmellomalderen. Til sist i kapittelet vert grunneiga til dei ulike institusjonane stilt saman i eit hovudoversyn. Men først skal eg gi eit oversyn over dei institusjonane som hadde grunneige i seinmellomalderen.

GBB viser at ei heil rekke kyrkjelege institusjonar åtte grunneige i Bergen. Bortsett frå Sjøfarandes fattighus var alle etablerte i mellomalderen. Nokre vart oppløyste ved reformasjonen og eksisterte seinare berre som eigedomskompleks. Tabell 6.1.1 viser kvar i byen dei kyrkjelege institusjonane i GBB åtte grunn i 1686.

Tabell 6.1.1 Kyrkjeleg institusjonar med grunneige i Bergen i 1686.*

Institusjon:	N	D	Kk	Ko
•Institusjon:	•	•	•	•
•Bispestolen	•x	•	•x	•x
•Blasij prebende	•	•	•x	•
•Kommunet	•	•	•x	•
•Latinskulen	•	•x	•x	•
•Lektor	•	•	•x	•x
•Maria Virginis prebende	•	•	•x	•
•Notaren ved Kapittelet	•	•	•x	•
•Rektor	•	•	•x	•x
•Kapellanen ved Domkyrkja	•x	•	•x	•x
•Korskyrkja	•x	•x	•x	•x
•Mariakyrkja	•	•	•x	•x
•Martinskyrkja	•	•	•x	•x
•Nikolaikyrkja	•	•	•x	•
•Soknepresten ved Domkrk.	•x	•x	•x	•x
•Soknepresten ved Korskrk.	•	•x	•x	•x
•Halsnøy kloster	•	•	•x	•
•Hospitalet	•	•x	•x	•
•Sjøfarandes Fattighus	•x	•x	•x	•

* N, D, Kk, Ko = Nykyrkje, Domkyrkje, Korskyrkje og Kontoret

Av tabellen går det fram at berre to institusjonar var representerte i alle sokna. Alle hadde grunnar i Korskyrkjesoknet, halvparten innan Kontoret.

Dei institusjonane som er nemnde i GBB, gir likevel ikkje eit oversyn over alle dei kyrkjelege

institusjonane som hadde vore grunneigarar i mellomalderen. Reformasjonen innebar i stor grad ei omfordeling av kyrkjeleg eigedom. Skal ein forsøkja å rekonstruera tilhøva før reformasjonen på grunnlag av etterreformatorisk materiale, er det naudsynt å skissera hovudtrekka i dei endringane som fann stad ved reformasjonen. Vidare vert det vesentleg å finna fram til dei institusjonane som hadde sete med grunneige i mellomalderen, men som ikkje er å finna mellom grunneigarane i 1686.

Reformasjonen innebar at store delar av kyrkjas gods vart konfiskert til føremun for krona. Det som vart halde utanom var det godset som gav underhald for kyrkjelege embete og institusjonar som framleis skulle haldast oppe. Dette var for det første lokalkyrkjene, og dinest domkapitla og hospitala. Bispestolane fekk alt sitt gods drege direkte inn under krona. Det same galdt for klostergodsa og godset til dei kongelege kapella. Klosterods og kapellgods vart i stor utstrekning forlent bort, bispegodset gjekk derimot direkte inn i kronas rekneskap.¹

Mellan dei grunneigarane ein kjenner frå mellomalderen, er Munkeliv den første ein saknar i GBB. At Munkeliv ikkje er nemnt som grunneigar har ei enkel forklaring. I 1660 overførte kongen Munkelivs grunnleiger til Manufakturhuset. Det same galdt for dei grunnleigene som hadde høyrt til Apostelgodset, Lyse kloster og Allehelgensgodset. Kongen fann mellom anna å kunna gjera dette av di grunnleigene tydde lite for kvar av dei nemnde godssamlingane.² Frå andre kjelder er det mogeleg å peika på fleire kloster som grunneigarar. Mellom Munkeliv ute på Nordnes og Nonneseter inne ved Vesle Lungegardsvatn, låg Jonsklostret. Truleg var klostret avskore frå å disponera eit større område langs Vågen.³ Dette utelukkar likevel ikkje at klostret kan ha hatt spreidde grunnar andre stader i byen, dvs. utleigde grunnpartar utan direkte knytt til klostrets eige grunnområde. Gåvebrevet frå 1660 viser at også Lysekloster hadde grunneige i Bergen. Av andre utanbys kloster med grunneige i Bergen kjenner ein klostret på Selja.⁴

Ei heil rekke grunnar er i 1686 oppførte som "hospitalets" eige. På denne tida var det to hospital i Bergen, St. Jørgen også Katarinahospitalet. Katarinahospitalet var det eldste, grunnlagt av Håkon Håkonsson.⁵ I 1650-åra låg det under Kontorets administrasjon og vart omtala som

¹ Fladby 1986 s. 58-59.

² NRR XII, s. 435, 25. sept. 1660.

³ Helle 1982 s. 290.

⁴ Lorentzen 1952, s. 217.

⁵ Helle 1982, s. 617.

fattighus.⁶ I mellomalderen var Katarinahospitalet tilslutta den kongelege kapellorganisasjonen. Til denne høyrede også Allehelgenskyrkja. Allehelgenskyrkja hadde vore eigar til det Allehelgensgodset som vert nemnt i kongens gavebrev i 1660. I dette brevet vert det også nemnt godset til ein tredje institusjon som hadde hørt til den kongelege kapellorganisasjonen, Apostelkyrkja. Til kapellorganisasjonen høyrede også Mariakyrkja i Oslo. Kyrkja hadde motteke ein stor eigedom på Stranden alt tidleg på 1300-talet.⁷

Erkebisken hadde sin eigen gard i Bergen i mellomalderen. Denne låg på Nordnes under og ved den noverande Nykyrkja. Erkebispegarden grensa til Vågen, men var elles innringa av Munkelivs grunnområde på landsida. I kor stor grad delar av erkebisopens område vart disponert til utleige er uvisst. Eit dokument frå 1465 viser at erkebisken kjøpte ein gard annan stad i byen,⁸ og det er mogeleg at erkebisken har motteke grunnleiger.

Fleire mindre grunneigarar kjenner ein frå opplysningar i diplom. I 1520 vart Olavsalteret i Trondheim eigar av ein bygrunn i Bergen.⁹ Kapitlet i Nidaros hadde motteke ein grunn i Bergen i testamentarisk gave i 1440.¹⁰ Biskopen i Stavanger åtte også grunn i Bergen. Eigedomen er nemnt i 1472 og seinare.¹¹ I eit diplom frå 1418 vert det opplyst at ein grunn kalla "Slæpalangen" høyrede til Laurentiuskyrkja.¹² Slik ser det ut til at også den vesle Lavranskyrkja på nedsida av Mariakyrkja, var grunneigar i mellomalderen.

I tillegg til dei kyrkjelege institusjonane som er nemnde i GBB, har det lukkast å identifisera følgjande grunneigarar i mellomalderen: Munkeliv kloster, Lyse kloster, Selje kloster, Jonsklostret, Apostelkyrkja, Mariakyrkja i Oslo, Allehelgenskyrkja, Lavranskyrkja, Erkestolen, Olavsalteret ved Domkyrkja i Trondheim, Kapittelet i Trondheim og Domkyrkja i Stavanger. I hovudsak kan dei kyrkjelege institusjonane grupperast som bispestolen og kommunet, kongelege kapell og hospital, lokalkyrkjer, erkestolen og til sist klostra. I den vidare gjennomgangen av den kyrkjelege grunneiga vil eg byrja med den siste gruppa, og innan denne med det rikaste av alle dei norske klostra i mellomalderen, Munkeliv.

⁶ Helle 1982, s.876.

⁷ DN II nr. 133, 1318.

⁸ DN V nr. 855, 1465.

⁹ DN V nr. 1027, 1520.

¹⁰ DN V nr. 692, 1440.

¹¹ Bruns 1900 s. 178, note 3, 1472. NRJ II s. 630. DN III nr. 1121, 1529.

6.2 Munkelivs grunneige

Munkeliv kloster åtte mange bygrunnar ved utgangen av mellomalderen. Det viser innførlene i klostrets eiga jordebok frå 1463.¹³ I alt 34 grunnleiger er innførte her. Lista frå 1463 er den einaste lista over Munkelivs grunneige ein kjenner. I motsetnad til fleire andre klostergods er det ikkje overlevert etterreformatorisk materiale som gjer greie for grunnleigene. I GBB må Munkelivs grunnar vera å finna mellom alle dei grunnane som høyrd til Manufakturhuset. For Munkelivs grunneige er det såleis naudsynt med ei gransking av 1463-lista for å få oversyn over grunneiga i seinmellomalderen.

To moment er vanskelege å avklara på grunnlag av opplysningane i 1463-lista. For det første vert det ikkje fortalt kvar i byen dei ulike grunnane låg, og for det andre er det ikkje utan vidare mogeleg å fastslå storleiken på leigesummane i høve til mynteiningane i GBB. Ein analyse av Munkelivs grunneige må ta sikte på å klarleggja desse spørsmåla.

6.2.1 1463-lista, pengeleiger og vareleiger

Bernt Lorentzen har peika på at eit tjuetal av grunnane i lista frå 1463 kan ha lege i klostrets grunnområde utanfor Muren.¹⁴ Dette må vera grunnpartar som klostret hadde lagt ut for leige av eigen grunn, i motsetnad til partar andre stader i byen, som klostret anten hadde fått hand om ved kjøp eller gåver. Lista er ført slik at dei leigene som vart betalte i pengar, er for seg, og vareleigene for seg. At to av pengeleigene også hadde eit tillegg i vareleiger ser eg bort frå her. Dei 24 grunnane som gav pengeleiger, er alle med eitt unntak ført med namnet på eigaren og summen han betalte. Unntaket gjeld ein leigesum som er oppført med teksten: "Item for the thopt Østen Bagge hafde ij gyll." Men her kan årsaka vera at skrivaren ikkje har vore klar over kven som var leigar da lista vart oppsett, og såleis har ført opp namnet på ein tidlegare leigar. Kan hende var grunnen for tida ledig. Dei 10 vareleigene er derimot ført på fleire måtar, nokre som pengeleigene, men andre som leiger av gardar.

Ei rad munkelivgrunnar kjenner ein frå diplom. For ein av grunnane finst det særleg god dokumentasjon. Det gjeld ein grunn kalla Borneskjær, som klostret i 1420 leigde til Hans Borkvard mot at han betalte 4 lybske mark i året i leige. Borneskjær kan plasserast med stor visse, grunnen må ha lege om lag ved den noverande Tollbodallmenningen, der Tollboden med kaiar er

¹² DN XII nr. 165, 1418.

¹³ DN XII nr. 232, 1463.

¹⁴ Lorentzen 1952 s. 231.

bygd ut i sjøen.¹⁵ I 1589 hadde borgarmeistrar og rådmenn i Bergen bede kongen om at han måtte gi dei lov til å byggja eit bolverk ut til Borneskjær, slik at det vart betre hamn for borgarane skip på vinterstid. Kongen bad Peder Thott, som da var lensherre på Bergenshus, om å sjå til at ønsket frå byen vart oppfylt, så sant det ikkje kunne vera til skade for byen og slottet i ufredstid.¹⁶ Det gjekk likevel 9 år før byrådet fekk endeleg lovnad på grunnen, og borgarane kunne byggja bolverket. Kongen skilte dermed ut ein av dei gamle klostergrunnane frå Munkelivs eige, og gav denne vederlagsfritt til byen, utan at det vart kravd grunnleige.¹⁷ Dette kunne kongen gjera ettersom det gamle Munkelivgodset formelt sett var kronas eigedom. Grunnleigeinnførslene i lensrekneskapane for 1596-97 viser at alt da hadde byborgarane bygd det bolverket dei hadde søkt kongen om. Her finn ein at ein av kronas grunnar låg like nord for "Byenns Bolwerck paa Borreschier". I 1597-98 rekneskapen er også grunnen nemnt, men her vert det ikkje vist til Borneskjær, berre til ein grunn ved byens bolverk.¹⁸

Men er det mogeleg å identifisera Borneskjær mellom leigene i 1463-lista? I 1463 vart berre 2 av grunnleigene betalte i lybske mark. I alt 24 av dei 34 leigene vart betalte i pengar, hovudsakeleg gylden, medan 10 leiger vart utreidd i varer. Men ingen av leigesummane frå 1463 høver saman med leiga av Borneskjær i 1420. Heller ikkje er det namn i lista som let seg knyta til Hans Borkvard. Rett nok vert det nemnt ein Hans van Borken, men den grunnen han betalte leige for, gav berre 1 gylden, og det tilsvara ikkje meir enn 0. 66 lybske mark.¹⁹ 4 lybske mark ville ha tilsvara 6 gylden, men heller ikkje ein slik sum er å finna mellom leigene. Det nærmeste ein finn, er 5 lybske mark som vart betalte av ein Kort Kumrugh. At det har vore ei auke i leiga på ein lybsk mark mellom 1420 og 1463, er rimeleg sett på bakgrunn av dei vilkåra som vart sette opp i 1420 brevet. For klostret heldt unna retten til å velja ut eit par av dei husa som leigaren førte opp på grunnen, og dersom ikkje klostret sjølv ville nytta seg av husa, da skulle grunnleigaren vera den første til å leiga desse.²⁰

Dersom dei 5 lybske marka var leiga av Borneskjær, let det seg gjera å setja fram ein topografisk hypotese om grunnleigene i 1463- lista. Dei 24 pengeleigene gjeld grunnpartar som Munkeliv hadde leigd ut av eigen grunn, medan vareleigene er av grunnar i andre bydelar.

¹⁵ Lorentzen 1952 s. 31. Helle 1982 s. 286.

¹⁶ NRR III s. 38, 3. mai 1589.

¹⁷ NRR III s.527, 6. mars 1598.

¹⁸ Vedlegg 3, nr. 124.

¹⁹ Steinnes 1982 s. 84.

²⁰ DN XII nr. 170, 1420.

For enkelte av vareleigene vert det nemnt gardsnamn, og dermed er det lettare å fastslå kvar dei låg. Steingard vert nemnt først mellom vareleigene. Flest topografiske data som kan hjelpe til med lokaliseringa av denne eigedomen, kjem fram i eit legebrev for ein annan av Munkelivs grunnar, Arvidsgard, oppkalla etter rådmannen Arvid Ingjeldsson. Saman med kona si, Ingrid Simonsdotter, fekk han i 1420 klostrets brev på nokre grunnar som strekte seg frå steinkjellaren i Roda hus og ut til dei husa som Blomberg hadde like nedanfor stretet, og ned til nokre hus som stod nede ved sjøen. I tillegg skulle han ha grunn til eldhus like ovanfor Steingard. Desse grunnane låg på Stranden i Korskyrkjesokn.²¹ Plasseringa av Steingard vert såleis avhengig av plasseringa av Arvidsgard og Roda hus.

Lorentzen meiner at Rodahus er identisk med Roarsgard, og at det må vera same garden som går under to namn. I denne samanhengen vert det viset til eit brev om "Rodorsgard" frå 1440, som har påskrifta "Breff om Roarsgard i Bergenn".²² Men Bernt Lorentzen har plassert både Roda hus, Steingard og Arvid Ingjaldssons gard ute i Munkelivs grunnområde.²³ Ikkje noko dokument fortel at grunnen under Roda hus/Roarsgard var i klostrets eige, snarare tyder eit dokument frå 1440 på at grunnen kom i ein annan kyrkjeleg institusjons eige. For i det året testamenterte Vinald Steinfinnsson, kannik i Nidaros, Roarsgard i Bergen til domkapittelet i Nidaros.²⁴ Roddo hus er nemnt alt i 1328, og da vart garden omtala som liggjande over på Stranden.²⁵ Dei opplysningane eg har trekt fram, gjer det vanskeleg ikkje å plassera garden inne på Stranden, dvs. innanfor den seinare sørgrensa for Nykyrkjesoknet. Her var det fleire privateigde bygardar alt i høgmellom-alderen, og det må vera meir naturleg å lokalisera Roda hus/Roarsgard hit. Men da følgjer både Arvid Ingjaldssons grunnar og Steingard med. Dette er likevel ikkje problematisk å forklara, for i første halvpart av 1400-talet hadde Munkeliv tileigna seg ei rekke bygrunnar utanom sitt opphavlege område.²⁶ Det er såleis naturleg å finna Klosteret som eigar av grunn innan eit område som var dominert av privat gardsbebyggelse. Steingard, som er nemnt mellom grunnleigene i 1463-lista, må ha lege sør for Munkelivs opphavlege grunnområde.

Mellan dei grunnleigene som vart betalte i varer, finn ein også at "Hustru Sunniva giffver j stykke

²¹ DN III nr. 652, 1420.

²² Lorentzen 1952 s.228.

²³ Lorentzen 1952 s. 227-228.

²⁴ DN V nr. 692, 1440.

²⁵ DN II nr. 165, 1328.

²⁶ DN III nr. 652, 1420, DN XII nr. 133, 1399, nr. 135, 1401, nr. 138, 1403, nr. 145 og 148, 1410, nr. 149,

i miol æller malt." Dette kan vera grunnleiga av Hustru Sunnivas gard. Og denne let seg plassera etter Absalon Pederssons oversyn over dei husa som strauk med i brannen på Strandsida i 1561. Etter samanhengen må garden ha lege langt inne på Stranden, nærmare Torgallmenningen.²⁷ Av vareleiger som let seg lokalisere, er det og mogeleg å plassera "Gulsmidhine". Gullsmedstretet var identisk med grunnen i mellomaldergarden Grisen, og låg i Martinskyrkjesokn, truleg på nedsida av Øvrestretet.²⁸ Konklusjonen blir at dei vareleigene som meir eller mindre sikkert let seg lokalisere, kom alle frå områder av byen som låg utanom Munkelivs opphavlege område. Eit leigebrev frå 1420 fortel at ein grunn innanfor Munkelivs opphavlege område vart betalt i pengar. Dette byggjer opp under hypotesen om at pengeleigene kom frå Munkelivs opphavlege område, vareleigene kom frå andre strok i byen.

6.2.2 Munkelivs grunneige i Nykyrkjesoknet

I den følgjande lista over pengeleiger som låg til Munkeliv kloster i 1463, har eg først rekna om alle leigene i Bg etter dei verdihøve som galdt for seinmellomalderen.²⁹ Deretter har eg rekna om verdien av Bg til Rd etter verdihøvet 4:1. Dei 24 pengeleigene er nedanfor ført opp i den rekjkjefolgja dei har i 1463-lista, men nummereringa er mi eiga.

1412, nr. 167 og 168, 1419, nr. 187, 1427. Helle 1982 s. 286.

²⁷ Helle 1982 s. 254 og 257.

²⁸ DN XII nr. 145, 1410. Helle 1982 s. 224, 248-49.

²⁹ Steinnes 1982 s. 82-84.

Tabell 6.2.2.1

<u>Pengeleigene i 1463-lista omrekna i riksdalar:</u>		
1 :	20 skill. engelsk = 5 Bg	= 1.25 Rd
2 :	5 lybske mark = 7.5 Bg	= 1.86 "
3 :	20 skill. engelsk = 5 Bg	= 1.25 "
4 :	2 lybske mark = 3 Bg	= 0.75 "
5 :	3 skill. engelsk = 0.75 Bg	= 0.19 "
6 :	4 gylden 8 skill. = 4.66 Bg	= 1.17 "
7 :	1 gylden	= 0.25 "
8 :	2 gylden	= 0.50 "
9 :	1 gylden	= 0.25 "
10:	2.5 gylden + 1 stykke mjøl	= 1.42 "
11:	3 gylden + 15 lispund mjøl	= 1.47 "
12:	2 gylden	= 0.50 "
13:	3 gylden	= 0.75 "
14:	4 gylden	= 1.00 "
15:	4 gylden	= 1.00 "
16:	3 gylden	= 0.75 "
17:	1 gylden	= 0.25 "
18:	3 gylden	= 0.75 "
19:	1 gylden	= 0.25 "
20:	9 gylden	= 2.25 "
21:	2 gylden	= 0.50 "
22:	15 skill. lybsk = 3.25 Bg	= 0.81 "
23:	15 skill. lybsk = 3.25 Bg	= 0.81 "
24:	3 gylden	= 0.75 "
Sum:		= 20,73 Rd

Slik viser det seg at det er mogeleg å gjera eit overslag over Munkeliv klostrets grunnleiger i seinmellomalderen innan det gamle klosterområdet. Truleg heldt klostret fram med å leiga ut byggjegrunn også etter 1463, slik at den samla grunnleigeinnkoma var i vekst, kan hende heilt fram til klostret vart nedlagt i 1531. Den samla grunnleiga må såleis ikkjetolkast som eit maksimumstal.

Eg har ovanfor vist at den leiga som i 1463 samsvarar best i 1463-lista med leiga av Borneskjær i 1420, ser ut til å vera ei leige på 5 lybske mark, som kom frå grunn nr. 2 i 1463-lista. Dersom Borneskjær låg om lag der Tollboden ligg i dag, må det ha vore langt ute på Nordnes i høve til annan bymessig bebyggelse i 1420. Om det verkeleg er slik at det er samanfall mellom leiga av Borneskjær og leigesum nr. 2 som er ført opp i 1463-lista, er det mogeleg at lista over pengeleigene er ført etter eit topografisk prinsipp, frå nord og sørover. Da vert det interessant å merka seg at dei 5 første leigesummene er oppgitte anten i engelske skilling eller lybske mark, og vidare at leigesum nr. 22 og 23 er oppgitte i lybske skilling. Alle dei andre pengeleigene er oppgitte i gylden, dvs. Bg. Bg kom i bruk på midten av 1400-talet, og det er nærliggjande å tru at dei grunnane der leiga er oppgitt i Bg, alle er utleigde frå om lag 1450 og fram til 1463. Dei andre leigene skulle i så fall vera eldre utleiger. Dette høver jo bra for Borneskjær, som vart utleidt i

1420, og der leiga vart rekna i lybske mark. For bruken av myntnemningar var ikkje tilfeldig. Bg vart ei vanleg rekneeining som avløyste lybske mark og skilling, slik desse myntslaga tidlegare hadde erstatta bruken av engelske skillingar, som hadde vore særleg utbreidd i siste halvdel av 1300-talet.³⁰

Det første vitnemålet som tydar på bymessig bebyggelse i Munkelivs klosterområde, er frå 1366, og gjeld nokre grunnar som låg omkring Erkebispegarden.³¹ Mellom dei 5 første grunnleigene i 1463-lista finn ein i alt 3 leigesummar som er oppgitte i engelske skilling, og kan hende er det ein eller fleire av desse som er nemnde i 1366. Da ser det ut til at Munkeliv først har byrja å leiga ut grunnar omkring Erkebispegarden, sidan eit stykke nordafor, Borneskjær, og nokre grunnar kanskje like opp mot sørgrensa av klostrets grunnområde, nr. 22 og 23 i 1463-lista. Deretter er området mellom Erkebispegarden og sørgrensa for klosterområdet blitt utleidt over eit rimeleg kort tidsrom mellom midten av 1400-talet og 1463.

Munkeliv heldt nok fram med å leiga ut grunnar også etter 1463. I 1495 vart det gitt leigebrev til tre menn for ein liten grunn som ikkje gav meir enn 10 ß i leige.³² Dette må ha vore danske ß, og slik var leiga mindre enn 1 Bg, som jo skulle telja 12 danske ß. Leiga for denne vesle grunnen er ikkje å finna i 1463-lista, sjølv om det går fram av 1495 brevet at grunnen alt tidlegare var definert som ein av klostrets grunnar. Det vert da nærliggjande å tru at det dreier seg om ein grunn som er leigd ut første gong mellom 1463 og 1495. Grunnen låg like ved ein gard som vart kalla Arvid Sveinssons gard. Denne var kan hende ein av dei grunnane som svara for ei av dei større grunnleigene ein finn i 1463-lista. Truleg låg Arvid Sveinssons gard nede ved sjøen, saman med dei fleste av munkelivgrunnane i dette området. Men ikkje alle dei grunnane som klostret leigde ut, låg ved sjøen. Da klostret i 1420 let Arvid Ingjaldsson få leiga ein grunn ved Roda hus, var det m.a. med det føremålet at klostret skulle få tilbake ein grunn som Arvid Ingjaldsson tidlegare hadde hatt like ved klostret eit stykke frå sjøen.³³

Klostrets absolutte grunneigerett innan sitt eige område var også i oppløysing som følgje av klostrets eigne disposisjonar. I 1419 vart det inngått eit makeskifte mellom Johan Moltke og klostret. Klostret skulle få 20 månadsmatsbol i garden Gemblastad i Nordfjord mot ein grunn

³⁰ Steinnes 1982

³¹ DN III nr. 103, 1366.

³² DN I nr. 982, 1495.

³³ DN III nr. 652, 1420.

nedanfor Munkeliv like ved Erkebispegarden.³⁴ Denne grunnen vart gitt til odel og eige, og såleis vart det her ein grunn i privat eige mellom ei rad grunnar som klostret leigde ut.

6.2.4 Munkelivs grunneige i Domkyrkje- Korskyrkjesoknet og ved Kontoret

Før eg går vidare i arbeidet med å lokalisere dei 10 vareleigene i 1463-lista, skal eg prøva å gi ei vurdering av leigeinnkoma av desse i høve til Rd, slik at det vert mogeleg å samanlikna dei med leigeinnførslene i GBB.

Tabell 6.2.3.1:

<u>Vareleigene i 1463-lista omrekna i riksdaalar:</u>		
25: 1 stykke varning.....	1,0	Rd
26: 1 " "	1,0	"
27: 1 " "	1,0	"
28: 1 " "	1,0	"
29: 1 stykke varning i mjøl eller malt..	1,0	"
30: 1 stykke i mjøl eller malt.....	1,0	"
31: 2 " " "	2,0	"
32: 1 " " "	1,0	"
33: 1 " " "	1,0	"
<u>34: 1/2 stykke i mjøl eller malt.....</u>	<u>0,5</u>	<u>"</u>
<u>Sum:.....</u>	<u>10,50</u>	<u>"</u>

Summerer ein vareleigene, finn ein at dei samla svara for 10,50 Rd, nokså nøyaktig ein tredel av den samla grunnleiga Munkeliv kloster mottok for bygrunnane sine i 1463. Gjennomsnittleg var vareleigene 1,0 Rd pr. grunn, medan pengeleigene hadde eit gjennomsnitt på 0.83 Rd. Men medan vareleigene var mykje meir einsarta i storleiken på leiga, 8 av 10 grunnar gav alle 1.0 Rd kvar, var variasjonen stor for pengeleigene som varierte mellom 0,19 og 2,25 Rd.

For Munkelivs del vert såleis 1463-lista den beste oversikten over grunneiga også for områda utanom Nykyrkjesoknet. Problemet vert i kor stor grad det let seg gjera å lokalisera dei ulike grunnleigene innan dei tre områda Domkyrkjesoknet, Korskyrkjesoknet og Kontoret. Til dette arbeidet må ein nytta dei mellomalderdokumenta som gir opplysningar om klostrets eigedomar i byen. Desse dokumenta fortel m.a. om korleis klostret hadde tileigna seg eigedomar i ulike delar av byen.

Den 4. april 1412 stadfesta Orm Isaksson eit tidlegare testamente, der han hadde gitt Munkeliv kloster dei beste husa han åtte i Arnegard. Til desse hørde grunnen dei stod på og alle rettar som hadde hørt til eigedomen frå gammalt. Gåva vart gitt mot at klostret skulle minnast gjevarens

³⁴ DN XII nr. 166, 1419.

dødsdag med årtidhald.³⁵ Arnegard var sannsynlegvis ein av dei gardane som var etablerte på Strandsida alt i høgmellomalderen, og låg omlag der Torgallmenningen går ned mot Torget i dag.³⁶ Med testamentet fekk ikkje Munkeliv heile garden, berre ein part. Det var likevel ein god part, husa låg ved sjøen på ytre sida i garden, og hadde vore brukt av ein kjøpmann med namnet Jon. Kan hende heldt Jon til her framleis, slik at det leigehøvet han hadde hatt til Orm Isaksson med testamentet vart overført til Munkeliv. I så fall må Jon ha betalt leige for husa og ikkje for grunnen. Kor stor denne leiga var, er det ingen haldepunkt for.

Dersom leiga av husa i Arnegard er med i 1463-lista, er det sannsynleg at leiga tilsvara verdien av 1 stykke varning, for den verdien hadde 8 av dei 10 vareleigene. Arnegard låg innan den delen av Stranden som i 1686 høyrd til Domkyrkjesoknet. Som nemnt tidlegare er det her det er mest naturleg å lokalisera dei grunnane som Arvid Ingjaldsson og Ingrid Simonsdotter fekk leiga vederlagsfritt for seg og sine arvingar for ein periode på 80 år.³⁷ Dette var i 1420, slik at etter avtalen skulle det ikkje betalast leige før år 1500. Dermed vert det fåfengt å leita etter denne leiga i 1463-lista. Avtalen sa vidare at når dei 80 åra var omme, skulle klostret ha egedomsretten til dei husa som stod på grunnen, men at dei som var unte å brukta egedomen, skulle få halda fram med det mot å betala ei rimeleg leige.

I eit brev frå 1458 går det fram at Munkeliv kloster også åtte ein grunn like sør for ein gard kalla Arne Ivarssons gard.³⁸ Brevet har ei samtidig påskrift: "Arnagard Aa Strond", og på bakgrunn av dette har Yngvar Nielsen hevdat Arne Ivarssons gard var identisk med Arnegard.³⁹ Lorentzen har gått i mot ei slik tolking, for det første av di Munkeliv ikkje åtte grunn sør for Arnegard. Her låg etter hans oppfatning Destingen, som var adelseige. Dessutan finn Lorentzen det usannsynleg at ein egedom som er omtala som Arnegard så tidleg som i 1369, vert Arne Ivarssons gard i 1458. Etter Lorentzens oppfatning må Arne Ivarssons gard heller lokaliseraast mellom utleigegrunnane i Munkelivs eige grunnområde.⁴⁰

Arnegard var ein dobbelgard. Dette går fram av eit brev frå 1565, der det vert fortalt at Erik

³⁵ DN XII nr. 149, 1412.

³⁶ Helle 1982 s. 254.

³⁷ DN III nr. 652, 1420.

³⁸ DN II nr. 825, 1458.

³⁹ Nielsen 1877 s. 129.

⁴⁰ Lorentzen 1952 s. 215, 216 og 230.

Rosenkrantz skulle få tilbake eigedomsretten til indre Arnegard.⁴¹ Munkelivs grunn innan for Arne Ivarssons gard kan såleis ha vore ein grunn i indre Arnegard. Når Lorentzen gjer eit poeng av at det er lite sannsynleg at Arnegard vert omtala med det meir presiserande Arne Ivarssons gard nesten 100 år seinare, kan det i første omgang lyda som eit viktig argument. Men det ein da gløymer er at leigeavtalar i dei fleste tilfella ikkje var nyutleiger, men oppatnying eller overføring av eldre leigeavtalar frå ein leigar til ein annan. Dermed må ein rekna med at avtalane ofte inneheldt namn og formuleringar frå eldre dokument. Kan hende er det slik ein må forklara den samtidige påskrifta på brevet, der det vert presisert at brevet omhandlar Arnegard. Dette kan skuldast at nemninga Arne Ivarssonsgard ikkje lenger var i vanleg bruk. Den Arne Ivarson som gav namn til garden, var kan hende identisk med den Arne Ivarsson som var rådmann i Bergen ved midten av 1300-talet.⁴² Arnegard er nemnt første gong i 1369, og det er mogeleg at det er ein samanheng mellom Arnegard og Arne Ivarsson.

Leiga for grunnen sør for Arne Ivarssons gard skulle vera 1 stykke i malt eller mjøl. Leigesummen høver såleis godt mellom dei vareleigene ein finn 1463-lista. Dermed ser det ut til at det på grunnlag av dokumentet er mogeleg å lokalisera 3 eigedomar i Munkelivs eige innan det seinare Domkyrkjesoknet. I tillegg kan også 2 av leigene i 1463-lista direkte lokaliseras til dette området. Det gjeld leiga av Steingard, nr. 26, og Hustru Sunnivas gard, nr. 33. Begge gav 1 stykke mjøl eller malt i leige. Til saman 5 grunnar er lokaliserte til Domkyrkjesoknet, men ein av desse er sannsynlegvis ikkje innført i 1463-lista, av di den var friteken for leige.

Korskyrkjesoknet omfatta i 1686 i hovudsak Vågsbotn og heile området ut til Bergenhus, med unntak av Kontoret. Også i dette området fekk Munkeliv hand om fleire grunnar i seinmellomalderen. I 1427 fekk klostret ein part i garden Toft i gave frå Torkel Halgrimsson og kona hans, Gudrid Hallsdotter. Parten vart gitt klostret av di dotter deira, Ragnhild, vart teken opp i birgittinarordenen ved Munkeliv.⁴³ Det var uttrykkjeleg grunnen som vart gitt til klostret, og denne låg lengst framme mot gata, 12 stikker langs gata og 11 stikker opp frå gata (6.64 m. x 6.08 m.). Toft er nemnt første gong i 1311, og er lokalisert til oversida av Skreddarstretet, seinare Kong Oscarsgate, slik at den vende ut mot Bryggesporden.⁴⁴ Da Geble Pedersson i 1557 gav Elsebe Pedersdotter leiga av Gullsmedstretet, gav han henne samstundes også den årlege avgifta

⁴¹ NRR I s. 472, 4. oktober 1565.

⁴² Helle 1982 s. 737.

⁴³ DN XII nr. 187, 1427.

⁴⁴ Helle 1982 s. 251.

av Bartskjærba ved Bryggesporden. Denne hørde også til Munkelivsgodset.⁴⁵ Bartskjærba var altså oppført på Munkelivs grunn, og det vert nærliggjande å tru at det er klostrets part i Toft som er nytta til føremålet.

Det var berre ein part av garden Toft Munkeliv mottok i 1427, slik klostret tydelegvis hadde gjort i fleire gardar på Stranden tidlegare. Men også heile gardskompleks kunne bli overførte som gave til klostret. Slik med garden Kannen på Øvregata, som i 1401 vart gitt til klostret mot årtidehald for den tidlegare eigaren, Jørund Arnesson. Gåva omfatta både hus og grunn, og eigaren bad om at brukarane av garden heretter betalte gardsleiga til klostret.⁴⁶ Faktisk er det påfallande kor mange eigedomar Munkeliv tileigna seg langs Øvregata i dei første tiåra av 1400-talet. I 1403 gav Tiodilla Helgesdotter ein grunn kalla Karatuft, og i tillegg den parten ho åtte i Kringlen.⁴⁷ Både Karatuft og Kringlen kan ha vore gardar på oversida av Øvregata, mellom Breidaallmenning og Mariakyrkja.⁴⁸ Her fekk Munkeliv såleis to grunnar langs Øvregata, når det galdt Karatuft tydelegvis heile egedomen, men for Kringlens del berre ein part. Karatuft vert sannsynlegvis også omtala i eit dokument frå 1479, nå under nemninga Kare. Av dette dokumentet går det fram at egedomen låg til høgalteret i Mariakyrkja.⁴⁹ Om det verkeleg er slik at Karatuft og Kare er same egedomen, må ein og føresetja at egedomen er overført frå Munkeliv til Mariakyrkja, kan hende ved makeskifte. Noko haldepunkt for når dette kan ha skjedd, finst ikkje. Men dersom overføringa fann stad før 1463, kan ein ikkje venta å finna leiga av Karatuft i 1463-lista.

Det er fleire døme på at Munkeliv dreiv makeskifte med eigedomar i byen. Eg har alt referert eitt, der klostret i 1419 gav frå seg ein grunn like ved Erkebispegarden mot 20 mmb. jord i Nordfjord.⁵⁰ Eit liknande skifte hadde funne stad, truleg i 1396, da Torgils Sveinsson Rustung makeskifte ein grunn kalla Grisen mot 18 mmb. i Vang i Sogn. Torgils hadde fått Grisen i arv, men fann makeskiftet med Vang meir tenleg, sjølv om avtalen med klostret innebar at dei 18 mmb. skulle koma tilbake til klostret når Torgils fall frå. Garden skulle derimot bli verande i klostrets eige.⁵¹ Grisen omfatta den same grunnen som i 1463-lista er omtala som Gullsmedstretet, og leiga av denne let seg identifisera. Egedomen låg på nedsida av Øvregata, sør for Nikolaikyrkjeallmenning. Den var såleis del av Kontoret sitt område i 1686.

⁴⁵ NRR I s. 220, 6. april 1557.

⁴⁶ DN XII nr. 135, 1401.

⁴⁷ DN XII nr. 138, 1403

⁴⁸ Helle 1982 s. 248-49 og 586.

⁴⁹ NM I s. 574-75, 30. sept. 1479.

⁵⁰ DN XII nr. 166, 1419.

Gjennom eit makeskifte med Eindrid Erlendsson fekk Munkeliv i 1419 hand om ein grunn som låg ovanfor Søstergard på Bryggen.⁵² Ved Kontoret fekk Munkeliv hand om fleire grunnar i seinmellomalderen. Klostret fekk ikkje eigedomsrett til heile gardsgrunnar, men tileigna seg partar i gardane. Ein av desse var Duvohus i Skaften, som klostret gjorde endeleg opp for i 1410, m.a. ved å lova seljaren årtidehald.⁵³ I 1562 var Erik Rosenkrantz eigar av heile Skaften, like frå bryggjekanten og opp til Øvregata. Skaften var da ein av dei 5 audegrunnane Rosenkrantz åtte.

Dette tyder på at Munkeliv kan ha gitt frå seg eigedomsretten til grunnen i Skaften.

I 1399 makeskifta klostret til seg ein part av Åfjorden med hus og tufter og alle rettar som låg til eigedommen frå gammalt, mot 18 mmb. jord i Austerheim i Sogn.⁵⁴ I 1410 fekk klostret på same viset enda ein part av garden, også no mot 18 mmb. jord i Sogn.⁵⁵ For denne eigedomen vart det oppgitt mål, den var 43 stikker lang og 8 stikker brei (23,78 m. x 4,42 m.). Begge partane låg i "nedre vegen" dvs. i den søre halvdelen av garden. Til kvar av partane hørde det og 1/4 i setstova, eldhuset og bryggja. I 1419 kjøpte klostret enda ein part i Åfjorden, denne gongen i "ytre vegen" eller i den nordre gardshalvdelen. Her er det tydelegvis berre tale om grunn, 20 stikker lang og 9 stikker brei (11,06 m. x 4,98 m.), men likevel med part i eldhuset, skytningsstova og ein halvpart i ein steinkellar.⁵⁶

Desse avtalane om sal og makeskifte i Åfjorden gir ein sjeldsynt dokumentasjon av eigedomstilhøva på Bryggen i seinmellomalderen. Bernt Lorentzen meiner at dei to partane som Munkeliv fekk hand om i 1399 og 1410, utgjorde halvparten av heile Åfjorden. Dette på grunnlag av at det i begge høva hørde til ein fjerdepart av fellesgodane i garden. Begge partane låg i "indre vegen", slik at samanlagt utgjorde dei to partane halve av garden, m.a.o. heile "indre vegen".⁵⁷ Men den parten som vart makeskifta i 1399, låg nedanfor ein part som tilhørde Gudrun Guttormsdotter. Gudruns del var heller ikkje med i den parten som Munkeliv mottok i 1410, av di denne låg ut mot sjøen. Dermed er det umogleg at Munkelivs to partar omfatta heile indre vegen i Åfjorden.

Av diplommaterialet ser det ut til at Munkeliv kan ha fått 6 grunnar på Kontoret, ein bak

⁵¹ DN XII nr. 145, 1410, nr. 150, 1413, nr. 179, 1425, nr. 182, 1426.

⁵² DN XII nr. 168, 1419.

⁵³ DN XII nr. 147, 1410.

⁵⁴ DN XII nr. 133, 1399, nr. 134, 1400.

⁵⁵ DN XII nr. 148, 1410.

⁵⁶ DN XII nr. 167, 1419.

Søstergard, tre i Jakobsfjorden, ein i Skaften og i tillegg Gullsmedstretet. Lokaliseringa gjer det freistande å leita etter grunnane i GBB. Bak Søstergard låg det i 1686 ein grunn som gav 0,5 Rd i leige. Men grunnen høyde ikkje til Manufakturhuset, slik ein skulle forventa dersom grunnen tidlegare hadde hørt til Munkeliv. Skaften var heilt ut eigm av Rosenkrantz i 1562, og Gullsmedstretet er det ikkje spor av i GBB. Det står da att 3 leiger i Jakobsfjorden.
I GBB finn ein desse innførslene under Jakobsfjorden:

*Ligger til Sogne Præsten Giffuer Aarlig grundelje 6 Rdr. 3 ort 12 β
til Dombkircken*

*bet 86 87 89: Til Manufakturhuuset 2 Rdr. 2 ort 14 β
90 91 92 93 94 95
96*

Til Hr. Borgemester Petter Trojel 3 Rdr. 2 β

Til Elißabet Hr. Eliaßens = 2 Rdr. 8 β

Til Lector Aarlig 2 1/4 t.de Rong

Dei 6 Rd 3 ort og 12 β som låg til soknepresten ved Domkyrkja, var den samla grunnleiga som kom frå den indre halvdelen av garden. Nett dette går fram av kapitteljordeboka frå om lag 1600. Her står det:

*Noch Følger Sognepresten Till domkierken thenne epther. ne Grundelige Aff ald thend Sønder side i
Aafjorden, xxvijij mr. iiiij β.*

Det var i den indre halvdelen av Jakobsfjorden at Munkeliv hadde bytt til seg to større partar. Korleis kan det da ha seg at indre halvdelen av garden seinare er i eiga til soknepresten ved Domkyrkja? Forklarings må vera at Jakobsfjorden i 1686 ikkje var identisk med Jakobsfjorden på byrjinga av 1400-talet. Rett nok var Jakobsfjorden framleis ein dobbelgard i 1686, men dei to gardshalvdelane må ha vore bygde på grunnen til den opphavlege Jakobsfjorden, og i tillegg på grunnen til Bellgard. Bellgard hadde også vore ein dobbelgard i mellomalderen. På kva tidspunkt Jakobsfjorden overtok som nemning for begge gardane, er uvisst, men kan hende er brannen i 1476 ei avgjerande hending. I 1528 vart det skriftfesta ein eigen gardsrett for Jakobsfjorden og Bellgard. Rett nok kan det ha eksistert ein felles gardsrett for dei to gardane tidlegare, men i 1528 var i alle høve ei formell samanslutning av dei to gardane ein realitet, kan hende nettopp av di dei

⁵⁷ Lorentzen 1952 s.127.

to gardane var gått over til å bli ei bygningsmessig eining. Konsekvensen vart at Bellgard forsvann som sjølvstendig gard, medan Jakobsfjorden levde vidare som felles nemning for begge.

Dermed er det grunn til å tro at den indre sida av Jakobsfjorden som er oppført i geistleg jordebok, eigentleg er leiga av grunnen i den tidlegare Bellgard, og denne leiga låg både omkring 1600 og i 1686 til soknepresten til Domkyrkja. Sidan dette var grunnleiga av heile den indre sida i Jakobsfjorden, slik den geistlege jordeboka opplyser, må dei andre leigepartane under Jakobsfjorden i 1686-boka vera leiga av den opphavlege grunnen i Jakobsfjorden, både indre og ytre del. Mellom desse grunnpartane må ein venta å finna Munkelivs grunnpartar frå byrjinga av 1400-talet. Manufakturhuset er oppført med ein part som gav 2 Rd 2 ort og 14 ß i leige. Denne leiga er vesentleg mindre enn for ein heil gardshalvdel. Grunnleigene ved Kontoret var baserte på Rosenkrantz' oppmålingar og utrekningar i 1560-åra etter formelen:

• • Lengda i norske alen x 3 : 12 = leiga i Bg
• 2 • •

2 Rd 2 ort og 14 B = 2,64 Rd. 1 Rd var lik 4 Bg, og slik kan ein setja inn i formelen:

Lengda x 3 : 12 = 10,63

lengda = 85,04

Etter Rosenkrantz utrekningsgrunnlag for grunnleiga skulle Manufakturhusets del i Jakobsfjorden i 1686 tilsvara ein grunn med lengde 85,04 norske alen. Ei norsk alen var lik 0,5456 m. og omrekna vert da grunnen 46,40 m. Den grunnparten Munkeliv fekk i 1410, var 43 stikker lang, ei stikke var 0,553 m. og heile parten 23,78 m. Truleg var parten frå 1399 omlag like lang, ettersom prisen for dei to partane var den same. Det skulle samla gi ein grunn på 47,56 m. Da tilsvasar dei 2 grunnane i Søndre Jakobsfjorden, omtala i brev omkring 1400, ei leige Manufakturhuset mottok i 1686.

Men kvar er det blitt av den tredje munkelivgrunnen i Jakobsfjorden? Denne skulle liggja i ytre gardshalvdelen, og var berre om lag halve lengda av kvar av dei to grunnane i indre Jakobsfjorden. Dersom dei tre vareleigene i 1463-lista som vart betalte av leigarar med tyske namn, tilsvasar dei tre grunnane i Jakobsfjorden, finn ein at det ikkje er samsvar mellom lengde

og leigesum, ettersom alle gav 1 stykke varning i leige. Men at grunnen i ytre halvdelen betalte like stor leige som kvar av dei to grunnane i indre, kan forklarast med at det til grunnen i ytre Jakobsfjorden også høyrd ein halvpart i ein steinkellar.

I 1686 vart framleis ein del av grunnleiga av Jakobsfjorden betalt i varer. Lektor ved Latinskulen mottok i alt 2 1/4 tønne rug av ein grunnpart i garden. Lektors leigeinnkomer høyrd med til kapittelets gods, og vareleiga under Jakobsfjorden kan ein følgja tilbake til kapitteljordeboka frå omlag 1600. Her er det under inntekter av fellesgodset, innført 1 stykke mjøl som leige av Jakobsfjorden.⁵⁸ At det hadde funne stad ei samanblanding av kapittelets grunnar og munkelivgrunnar vert opplyst i fleire samanhengar.⁵⁹ Dette må vera bakgrunnen for at ein finn Lektor ved Latinskulen som mottakar for leiga av ein grunn som det elles er freistande å identifisera som ein av Munkelivs grunnar.

Diplommaterialet gjør det mogeleg å identifisera i alt 13 grunnar i Domkyrkje-, Korskyrkjesoknet og ved Kontoret som på eit tidspunkt hadde vore i Munkelivs eige. Dette er ein meir enn det er plass til mellom dei 10 vareleigene i 1463-lista. Ein av dei som manglar kan vera grunnen ovanfor Søstergard. Grunnen bak Søstergard tilhøyrd i 1686 Iver Christensen. Den låg såleis ikkje til Manufakturhuset slik ein skulle forventa dersom den hadde høyrt til Munkelivgodset før 1660. Det ser og ut til at Munkelivgodset ikkje åtte grunnen i Skaften i 1562. Kan hende hadde Munkeliv kvitta seg med begge grunnane før 1463-lista vart oppsett. At klostret gav frå seg grunn er nett makeskiftet med Eindrid Erlendsson eit døme på. Det meste av skiftet galdt jordegods, men Eindrid fekk også ein grunn av klostret som låg ovanfor Erlends gard.⁶⁰

Gjennomgangen av Munkelivs grunnleiger med utgangspunkt i lista frå 1463 kan da gi grunnlag for ei fordeling av grunneiga i høve til sokneinndelinga i 1686 som vist i tabell 6.2.3.

Tabell 6.2.3 Munkelivs grunneige i 1463, fordelt på kyrkjesokna i 1686

• Sokn	• Grunnleige	Talet på grunnar
• Nykyrkjesoknet	• 20,73 Rd	• 24
• Domkyrkjesoknet	• 4,00 Rd	• 4
• Korskyrkjesoknet	• 1,50 Rd	• 2
• Kontoret	• 5,00 Rd	• 4
• Sum	• 31,23 Rd	• 34

⁵⁸ Vedlegg 8 p. 19b.

⁵⁹ Kap. 6.9 s. 177-78.

⁶⁰ DN XII nr. 167, 1419.



6.3 Jonsklostrets grunneige

Jonsklostret låg sør for Munkeliv og åtte store delar av området mellom Munkeliv og Vesle Lungegardsvatnet. Det meste av strandlina mot Vågen ser derimot ut til å ha lege utanfor klostrets kontroll. Her vaks det i høgmellomalderen opp ein privat gardsbebyggelse, der grunnane ser ut til å ha blitt utstykka som gåver frå kongen.⁶¹ Etter reformasjonen vart Jonsklostret slege saman med Munkelivsgodset, og det er vanskeleg på grunnlag av seinare materiale å skilja dei to godsa frå kvarandre. Som gods i høve til Munkeliv må likevel Jonsklostret ha vore lite, det tyder to oppgåver frå 1500-talet på. For 1530 er det gjort overslag som tyder på at Munkelivsgodset hadde ei samla innkome på 800 dalar, og i 1560/70 var denne saman med Jonsklostrets gods 818 dalar.⁶² I kor stor grad denne differansen også er eit mål for Jonsklostrets eige, skal ein vera varsam med å festa lit til, men at den uttrykkjer noko om verdihøvet mellom dei to godsa, er sannsynleg. Noko jordegods er påvist å ha tilhørt Jonsklostret,⁶³ og det skulle ikkje mykje jord til for dekkja inn ein landskyldverdi på 18 dalar i 1560-åra. Hovudinntrykket er at klostret var fattig på jordegods. I 1425 var ikkje inntektene større enn 2 mark sølv i året. Inntektene frå klostret skal ha blitt lagt under eit erkediakonat tilknytt domkapitlet om lag 1450. Klosterkyrkja vart likevel brukt til gudstenester, og i åra etter reformasjonen ser det ut til at den vart brukt som soknekyrkje.⁶⁴

Dei inntektene som Jonsklostret kan ha hatt frå utleiga av bygrunn, må ein såleis rekna med ville følgja med under inntektsoverføringane til erkediakonatet. Men spørsmålet er om det i det heile er sannsynleg at Jonsklostret hadde slike innkomer. I eit testamente frå 1402 fekk Jonskyrkja sjøhusa i Arnegard.⁶⁵ Som nemnt under omtalen av Munkeliv må dette ha vore sjøhusa i indre Arnegard, ettersom Munkeliv fekk sjøhusa i ytre delen i 1412. Eg har under omtalen av Munkelivs grunneige peika på at det er haldepunkt for at Munkelivs leigeinnkome av sjøhusa i ytre luten i Arnegard var på 1 stykke mjøl eller malt, omrekna til 1 Rd. Under føresetnad av at Jonsklostret sat med sin del av indre Arnegard, vil det vera rimeleg å tru at leiga var tilsvarande den ytre delen i garden, dvs. 1 Rd.

Andre byeigedomar let det seg ikkje gjera å identifisera som Jonsklostrets eige. I eit brev frå 1587

⁶¹ Helle 1982 s. 290.

⁶² Supphellen 1970 s. 191.

⁶³ Helle 1982 s.336.

⁶⁴ Helle 1982 s. 613, 685-86 og 863.

⁶⁵ DN XII nr. 136, 1402.

leigde ombodsmannen for Munkelivsgodset ut ein av St. Hanskyrkjas grunnar. Men denne grunnen låg nede ved Vesle Lungegardsvatnet, og her var det rimelegvis ikkje bygrunnar i seinmellomalderen. Det er her mest sannsynleg tale om utstykking av ein del av Jonsklostrets område som tidlegare ikkje hadde hatt bymessig bebyggelse.⁶⁶

Meir enn den eine dalaren frå Indre Arnegard er det ikkje grunnlag for å føra opp som Jonsklostrets grunneige i mellomalderen. Når dette er sagt, må det presiserast at Jonsklostrets eventuelle bygrunnar vart overførte til Manufakturhuset i 1660, og at det ikkje er utenkjeleg at det kan skjula seg fleire grunnar som har lege til klostret mellom dei mange hundre som er ført opp som Manufakturhusets eige i 1686. Kanskje særleg innan Domkyrkjesoknet ville det vera naturleg å finna slike grunnar. Med den etterspørjinga etter bygrunnar som gjorde seg gjeldande i seinmellomalderen, og som Munkeliv aktivt sökte å utnytta, er det ikkje utenkjeleg at også Jonsklostret forsøkte det same. Den økonomiske krisa institusjonen var inne i på byrjinga av 1400-talet, må i så måte ha vore eit godt argument for ein slik politikk. På den andre sida var ikkje Jonsklostret i stand til å tilby attraktive grunnar ved Vågen, slik Munkeliv kunne.

6.4 Nonneseters grunneige

Nonneseter var målt i godsmengd rikare enn Jonsklostret, men kunne ikkje samanliknast med Munkeliv. Dei tre klostra disponerte i hovudsak heile Nordneshalvøya med Sydnes og det som seinare vart Nygård. Nonneseter låg lengst i sør mot store Lungegardsvatnet. Klosterdrifta låg nede ved slutten av 1400-talet, og godset vart frå 1455 forvalta av Munkeliv. I 1507 vart klostret overdrege til St Antons orden, og i det høvet vart det gitt opplysningar om klostergodset. Til dette låg det også eigedomar i byen.⁶⁷

Klostret vart teke frå antonittarordenen like før reformasjonen og overført til Vincens Lunge. Lunge fekk sett opp ei jordebok over klostergodset i 1535, men det er usikkert i kor stor grad denne er uttømmande for godsmengda i mellomalderen.⁶⁸ Lunges jordebok nemner ikkje Nonneseters grunnleiger frå 1507.

Dei bygrunnane som tilhøyrde Nonneseter i 1507, må ein tru var i klostrets eige før Munkeliv

⁶⁶ UBB dip. saml. 12. sept. 1587.

⁶⁷ Helle 1982 s. 284-87.

⁶⁸ Helle 1982 s. 336.

overtok administrasjonen i 1455. Til saman var det ikkje meir enn 4 grunnar:⁶⁹

*Item her e Bergen, Kappen, Aagathum och ij
Kaalgarde hos Ste Katerine Kirkio.*

Kappen var ein av gardane ved Kontoret, og grensa til nordsida av Breidaallmenningen. At Kappen var i Nonneseters eige før reformasjonen høver därleg med dei opplysningane ein har om grunnen i Kappen seinare. I kapitteljordeboka frå om lag 1600 finn ein Kappen innført som Blasij prebendes eige.⁷⁰ Dei egedomssamlingane prebenda utgjorde, må ein tru var etablerte før reformasjonen, og dei fekk seg neppe tillagt gods seinare. Kappen hadde før brannen i 1476 vore ein dobbelgard, men etter brannen vart ikkje den søre halvdelen reist på ny. Kontoret ynskte at grunnen skulle liggja ubygde for å gi betre vern mot brann, men tok på seg å halda fram med grunnleigebetalinga.⁷¹ Det er såleis mogeleg at det var den søre halvdelen av Kappen som Nonneseter åtte, og at grunnen vart lagt øyde etter brannen i 1476.

I GBB er det under kapittelet for grunnleigene ved Kontoret ført til eit eige blad over dei audegrunnane som Kontoret betalte leige for i fellesskap. Nonneseters grunnleiger var ikkje mellom dei som vart lagt til Manufakturhuset i 1660. Klostrets leiger må ein leita etter mellom dei grunnane som er oppførte som Lungegardens leiger i 1686. I alt gjeld dette 13 leiger, 10 i Domkyrkjesoknet og 3 i Korskyrkjesoknet. Men ingen var å finna på Kontoret. Kappen ser slik ut til å ha falle frå klostereiga ein gong mellom 1507 og 1686.

I oversynet frå 1507 er det i tillegg til halve Kappen nemnt 3 grunnar i andre bydelar. Den eine vart kalla "Aagothum", dei andre var to kålhagar som låg ved Katarinahospitalet. Etter sokneinndelinga i 1686 ville dei to kålhagane ha lege i Domkyrkjesoknet, medan "Aagothum" ikkje let seg lokalisera nærmare. I GBB er det innført 3 lungegardgrunnar i Korskyrkjesoknet. Desse låg alle samla og betalte ei leige på 1 Rd 2 ort 12 ß. Ein del av leiga var for ein steinkellar, og det var same leigaren som betalte for dei tre partane.⁷² Sannsynlegvis er det tale om ein større grunn som er oppdelt i tre delar. Eigedomen låg sentralt i Vågsbotn, neppe langt frå Hollendergaten. Ein av grunnane som låg like ved, var "Dybesund", og denne låg nedanfor

⁶⁹ DN XXI nr. 700, 1507.

⁷⁰ Vedlegg 8 p. 5b.

⁷¹ NgL 2 R. II s. 687, 1494.

⁷² GBB s. 165.

Korskyrkja mot Torget.⁷³ Det er ikkje umogeleg at dei tre grunnane eigentleg er grunnen "Aagothum".

I følgje oversynet over Nonnesetergodset i 1507 skulle det vera to grunnleiger att å plassera. Men i Domkyrkjesoknet var det ikkje to, men 10 lungegardgrunnar i 1686. I følgje GBB hadde Lungegarden ein grunn som låg like nord for Torgallmenningen. Grunnen låg mellom ein grunn som høyrd Rosenkrantzætta til, og ein som høyrd til Bildeætta. Området hadde bebyggelse alt i mellomalderen. Dei 9 andre grunnane låg alle like ved eller i Marken. Marken er nemnt fleire gonger i 1686, og var da ein tettbygd bydel. Namnet Marken er sett i samband med jord og beitebruk i tilknyting til klosterdrifta ved Nonneseter, og hadde neppe bebyggelse i sein-mellomalderen.⁷⁴ Dei to kålhagane ved Katarinakyrkja i 1507 låg ikkje langt frå Marken-området. Kan hende var dei utskilde frå grunnområdet til Nonneseter. I 1686 er det innført ein grunn i Lungegardens eige like ved "Det tyske fattighus". Grunnen gav ei leige på 1 Rd, og vart nytta til både hus og hagegrunn.⁷⁵ Dette var altså eit større grunnstykke, og det er mogeleg at det var dei to kålhagane frå 1507 som var slegne saman.

Fleire av dei grunnane Lungegarden mottok leiga av i 1686, kan ha blitt utleigde på 1500- og 1600-talet. Slik må ein tru det var med ein grunn som borgarmeister Hans Munthe betalte grunnleige av i 1686. Denne låg nede ved Vesle Lungegardsvatnet, eit område der det neppe var utleige til private i mellomalderen.⁷⁶ Det same gjeld 7 grunnar som anten låg i Marken, eller som ein ut frå samanhengen i GBB kan lokalisera til området like ved Manufakturhuset.⁷⁷

Det har da lukkast å identifisera 5 grunnleiger i GBB som kan ha vore Nonneseters eige i seinmellomalderen. Fire av desse ser ut til å samsvara med tre av dei fire leigene i 1507-lista. Ei leige som låg på Strandsida i 1686, kan ikkje vera nemnt i 1507, medan ei leige ved Kontoret i 1507 ikkje er nemnt i 1686. For å gjera eit overslag over Nonneseters grunnleiger i sein-mellomalderen må ein ta utgangspunkt i 1507-lista og sokja å fastsetja leigesummane til kvar av eigedommane. Til dette manglar ein opplysningar for grunnen på Kontoret som skulle vera halve Kappen, men har derimot opplysningar om ein ekstra grunn på Strandsida. Sistnemnde kan ha kome til Lungegarden først etter 1507. Men lista for det året kan og vera ufullstendig. Ei tredje

⁷³ GBB s. 164.

⁷⁴ Helle 1982 s. 446.

⁷⁵ GBB s. 124.

⁷⁶ GBB s. 112.

⁷⁷ GBB s. 123, 128 og 129.

forklaring kan vera at eigarane av Lungegarden har makeskifta grunnen på Kontoret med grunnen på Strandsida. I så fall ville det vera samanfall mellom dei 5 grunnane i 1686 og dei 4 grunnane i 1507, og leiga for grunnen på Stranden tilsvara leiga for halve Kappen.

Bortsett frå opplysningane i 1507 er det ikkje noko dokument frå før reformasjonen som fortel om bygrunnar i Nonneseters eige. I Landkommisjonens jordebok frå 1661 finn ein under Jordebok for adelens odels og pantegods i Bergenhus 8 Rd 3 ort i grunnleige av Bergen til Lungegarden hovudgard. I 1686 vantar det leigeoppgåver for 3 av grunnleigene i Domkyrkjesoknet, men på bakgrunn av gjennomsnittstal har eg i tabell 2.5.1 rekna ut den samla leiga av dei 10 grunnane i soknet til 6,71 Rd. Med eit tillegg for Korskyrkjesoknet på 1,63 Rd skulle leiga av Lungegardens grunnar i 1686 vera 8,34 Rd. Dette er noko mindre enn oppgåva frå 1661 på 8,75 Rd, men dette skuldast vel at gjennomsnittsutrekninga av dei ukjende leigene i 1686 er baserte på for lågt anslag.

Tabellen nedanfor viser Nonneseters grunneige i mellomalderen, etter opplysningar i GBB. Tabellen har som føresetnad at halve Kappen er makeskifta med ein grunn på Stranden.

Tabell 6.4.1 Nonneseters grunneige ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn	Leige	Talet på grunnar
Domkyrkje	1,00 Rd	1
Korskyrkje	1,63 Rd	3
<u>Kontoret</u>	<u>1,50 Rd</u>	<u>1</u>
Sum	4,13 Rd	5

6.5 Lyse klostrets grunnleiger

Så langt har eg omtala grunnane til dei klostra som låg i byen. Men også kloster utanfor byen åtte grunn i Bergen i mellomalderen. Eitt av desse var Lyse kloster.

Lyse klostrets grunnleiger var mellom dei leigene kongen gav byen til underhald for Manufakturhuset i 1660. Det er såleis fåfengt å leita etter desse i GBB. Ein finn heller ikkje leiger i Landkommisjonens jordebok for Lyse kloster i 1661.⁷⁸ Det gjer ein derimot i ei jordebok frå 1657. Her er det innført 18 grunnar med ei samla leige på 10 Rd 3 ort 16 ß.⁷⁹ Dette må vera

⁷⁸ Jordebok for Lyse klosterlen 1661.

⁷⁹ Jordebok for Lyse klosterlen 1657.

grunnar som hadde lege til klostret i seinmellomalderen. Men jordeboka opplyser ikkje kvar i byen grunnane låg. Til å avgjera dette spørsmålet må ein gå til andre kjelder. Fleire dokument frå mellomalderen og i nyare tid fortel om byeigedomar i Lyse klosters eige. Ved hjelp av desse skulle det vera mogeleg å lokalisera dei 18 grunnane i 1657-boka.

Den eldste kjelda er frå 1344, og gjeld garden Saltøydehus. Saltøydehus eller Saltøyden låg på Stranden eit stykke utanfor Torgallmenningen. Bakgrunnen for brevet er at kongen hadde gitt klostret lov til å selja alle slag drikkevarer frå Saltøydehus. Dei som heldt til i garden, skulle også vera fritekne for ein del av dei pliktene som fall på bybuarane.⁸⁰ I 1538 vart Saltøydehus forlent til Jens Sørensen. Leiga av grunnen i Saltøyden hadde vore 7 Rd i året inntil 1626 da Mauritz Busch kjøpte grunnen for 200 Rd.⁸¹ Dermed vart grunnen fråskilt Lyse kloster. Grunnleiga kan såleis ikkje vera mellom grunnleigene i jordeboka frå 1657, men må koma i tillegg til desse. I ei gruppe på 11 odelsgrunnar i Domkyrkjesoknet er det tre som vert omtala som odel etter prins Christian den 5.'s brev av 1626. Nett prins Christian var det som hadde selt grunnen i Saltøyden til Marius Busch.⁸² Leiga av Saltøyden hadde før salet i 1626 vore 7 Rd i året.⁸³ For dei 3 grunnane i GBB vert det ikkje oppgitt leige, men dei svara neppe aleine for dei 7 Rd som opphavleg hadde kome frå Saltøyden. Det er nærliggjande å tru at det var heile gruppa på 11 grunnar som hadde utgjort grunnen i Saltøyden.

I 1352 fekk Lyse kloster ein gard på Holmen av hertuginne Ingebjørg. Garden hadde hertuginna kjøpt for 60 mark brent av Håkon notarius.⁸⁴ Det er likevel ikkje noko som tyder på at grunnen følgde med i gåva. På Holmen var det kongen, bispestolen og dominikanarklostret som rådde grunnen, og ein eller fleire av desse institusjonane var vel og eigrar av grunnen under dei bygårdane som fanst i området.

I rekneskapen over tiendbetaling i 1521 vert det nemnt 6 kvinner i garden til abbeden i Lyse. Denne garden låg i "Korskirkens kvarter".⁸⁵ Bernt Lorentzen har hevdat garden var identisk med den garden der klipparane heldt til.⁸⁶ At garden til klipparane, "Klipparstretet", hadde høyrt til Lyse kloster får ein greie på i samband med at Niels Breildsson som kongeleg befallingsmann

⁸⁰ DN XXI nr. 71, 1344. NRR I s. 57, 24. desember 1538. Lorentzen 1952 s. 213. Helle 1982 s. 255.

⁸¹ NM I s. 195, note 1. Wisener 1937 s. 266.

⁸² GBB s. 93. Wisener 1937 s. 266.

⁸³ NM I s. 195, note 1.

⁸⁴ DN II nr. 312, 1352.

⁸⁵ NRJ II s. 677.

for Lyse kloster i 1541 kunngjorde at han hadde gjort avtale med klipparane om at dei skulle betala 15 Bg i året i hus og grunnleige.⁸⁷ Men det er ikkje noko i denne kjelda som tilseier at garden til abbeden i Lyse, og Klipparstretet er same eigedom. Faktisk er det vanskeleg å sjå korleis dei 6 kvinnene i 1521 kunne ha tilhald i ein gard som klipparane etter Lorentzens meining hadde hatt sidan 1440-åra.⁸⁸

Dei grunnleigene som Lyse kloster framleis mottok i 1657 må ein tru var grunnleigene av Abbeden i Lyses gard og av Klipparstretet. Klipparane skulle i 1541 betala 15 Bg i hus og grunnleige av Klipparstretet. Etter vanleg omrekning ville dette svara til 5 Rd. Av dei 10 Rd 3 ort og 16 B som vart betalte i 1657, ville det slik vera att 5 Rd 3 ort 16 B til fordeling på garden til abbeden i Lyse.

Garden til abbeden i Lyse vart lokalisert til Korskirkenes kvarter i 1521, og klipparane hadde i 1559 garden sin like ved Halsnøy klostrets gard kalla Kringen. Ø. W. Grimnes har på grunnlag av grunnleigebetalingar til Halsnøy kloster så seint som i 1749 lokalisert Kringen mellom Vesle Øvregate og Kong Oscarsgate.⁸⁹ Kan hende låg ikkje garden til abbeden i Lyse og Klipparstretet langt frå kvarandre. I 1559 var det berre 2 buer i Klipparstretet, med to klipparar i kvar bu.⁹⁰ Situasjonen kan ikkje ha vore særleg annleis da det vart inngått leigeavtale for garden 18 år tidlegare. Til samanlikning var det 8 buer i "Skreddarstretet" dvs. Kringen, og i kvar av buene var det 3 mann.⁹¹ Av Kringen vart det betalt 7,5 Rd.⁹² Kringen strekte seg mellom Vesle Øvregate og Kong Oscarsgate, og kan hende gjorde grunnen til Lyse kloster det same, slik at det var den nedre delen som utgjorde Klipparstretet, medan den øvre delen var garden til abbeden i Lyse. Lyse klostrets grunn ville slik vera ein langstrakt grunn som kunne svara ei samla grunnleige lik 10 Rd 3 ort og 16 B.

Tabellen nedanfor viser Lyse klostrets grunneige ved utgangen av seinmellomalderen.

Tabell 6.5.1 Lyse klostrets grunneige ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjessokna i 1686

• Sokn • Leige • Talet på grunnar •

⁸⁶ Lorentzen 1952 s.254.

⁸⁷ NM I s. 579, 29. sept. 1541.

⁸⁸ Lorentzen 1952 s. 183.

⁸⁹ Grimnes 1937 s. 329-30.

⁹⁰ NM I s. 599, 1559 uten dag.

⁹¹ NM I s. 599, 1559 uten dag.

⁹² Kap. 5.6 s. 153

•Domkyrkje	●	7, 00	Rd	●	3	●
•Korskyrkje	●	10, 92	Rd	●	18	●
•Sum	●	17, 92	Rd	●	18	●

6.6 Halsnøy klostres grunneige

Lyse kloster og Halsnøy kloster hadde begge grunnar i Vågsbotn. Dette var også tilfellet på Strandsida, der Halsnøy kloster åtte grunnen like innanfor Saltøyden. Lyse kloster mista Saltøyden ved kongeleg sal i 1626, og slik hadde Halsnøy kloster mista sin grunn på Strandsida alt i 1562.⁹³

I GBB er det innført 10 grunnar i Halsnøy klostres eige med ei samla grunnleige på 7,7 Rd. Alle grunnane låg i Korskyrkjesoknet og ser ut til å ha lege samla.⁹⁴ Det er naturleg å setja dei i samband med garden Kringen. Denne må ha lege mellom Vesle Øvregate og kong Oscarsgate, der Halsnøy kloster enno i 1783 hadde grunnleiger. Ø. W. Grimnes har peika på ein mogeleg samanheng mellom garden Kringen og klostrets grunnleiger i dette området.⁹⁵ Lorentzen har plassert Kringen saman med Klipparstretet, på nedsida av Kong Oscars gate, nord for Korskyrkja.⁹⁶ Det må vera grunnane i Kringen ein finn innførte i jordebøker for Halsnøy kloster frå 1616 og utetter.

Ein gjennomgang av grunnleigeinnførlene til klostret mellom 1616 og 1636 viser at det kunne vera variasjonar frå det eine året til det andre. Dette må skuldast vanskar med å krevja inn leigebetalinga i rett tid. I 1616 var det 9 grunnar, med ei samla leige på 7 Rd 2 ort. I 1620 var det framleis 9 grunnar, men leiga var no 7 Rd 3 ort. I 1623 var ein av grunnane delt, slik at det var 10 grunnar med ei samla leige på 7 Rd 2 ort. I 1627 var det framleis 10 grunnar, men leiga var redusert til 7 Rd 1 ort. Slik heldt det seg til 1633, med unntak av 1631, da det vart betalt 5,5 Rd for 9 grunnar. I 1636 vart det betalt 6 Rd 3 ort for 8 grunnar.⁹⁷

Dei innførlene som er refererte, er oppgåver over innbetalte leiger, slike oppgåver treng ikkje samsvara med dei leigene klostret hadde krav på. Ei slik liste er det ein finn om ein plukkar ut Halsnøy klostres grunnleiger i GBB. Eit fullstendig register skulle ein og venta å finna i Landkommisjonens grunnbok for Halsnøy kloster i 1661. I denne vert det oppgitt 6 Rd 3 ort for

⁹³ NM I s. 467-68, 13. april 1562.

⁹⁴ GBB s. 137-40.

⁹⁵ Grimnes 1937 s. 329-30.

⁹⁶ Lorentzen 1952 s. 183 og 187.

⁹⁷ Jordebok Halsnøy klosterlen 1615/16, 1619/20, 1622/23, 1626/27, 1630/31, 1632/33.

8 grunnar, og ved nærmere gransking syner det seg at lista er identisk med lista frå 1636, med unntak for ein av grunnane, som har bytta plass. Dette tyder på at opplysningane i 1661-lista er frå eldre rekneskapsmateriale og ikkje støttar seg til sjølvstendig gransking over klostrets leigekrav.

Ettersom den samla leiga i GBB baserer seg på gjennomsnittsleige for 3 av dei 10 grunnane, vel eg her å nytta den oppgåva som oftast går att i jordebökene mellom 1616 og 1633; 7 Rd og 2 ort. Denne summen representerer Halsnøy klosters grunnleige av Kringen og må vera identisk med klostrets grunneige i 1686.

Halsnøy kloster leigde Kringen til skreddarane i 1444. Men leigebrevet galdt her husleige. Leiga skulle vera 8 engelske pund i året og betalast i to vender, ved mikkelsmesse om hausten og til påske.⁹⁸ Åtte engelske pund ville tilsvara 600 danske ß eller 50 Bg.⁹⁹ Etter den omrekninga eg har nytta tidlegare, skulle det tilsvara 12,5 Rd.

Halsnøy kloster åtte også ein grunn på Strandsida. Denne låg like sør for Saltøydehus, og vart skøytt til Tønnes Claussen i 1562.¹⁰⁰ Grunnen strekte seg frå Strandgata og ned til huset til Hans skrivar på Ask. Dermed var grunnen kortare enn Saltøyden, som strekte seg frå gata og ned til sjøen. Grunnleiga må ein difor tru var mindre enn dei 7 Rd som vart betalte for Saltøyden. GBB har innførsler for ei rad odelsgrunnar like ved dei grunnane som eg har identifisert som grunnar i Saltøyden. Men ingen av desse grunnane gir haldepunkt for at ein eller fleire var del av den grunnen Tønnes Claussen hadde fått i 1562. Ettersom grunnen var mindre enn Saltøyden og ikkje strekte seg like ned til sjøen, må ein tru at grunnen gav ei leige som var mindre enn 7 Rd. Skal ein gissa, kan ein gissa på det halve, så har ein eit tal også for Halsnøy klostrets grunn på Strandsida.

⁹⁸ NgL 2 R. 1 s. 690-91, 1444.

⁹⁹ Steinnes 1982 s. 64 og 83-84. 1 eng. pund = 300 sterlingar (penningar), 1 eng. sterling = 6 norske penningar. 72 norske pennigar = 1 eng. skilling = 3 norske/danske skilling. 1 bergeng. = 12 d. skill. 8 eng. pund = 8 x 300 x 6 x 3

72

¹⁰⁰ NM I s. 467-68, 13. april 1562.

Tabellen nedanfor viser Halsnøy klostres grunneige slik den kan ha vore ved utgangen av seinmellomalderen.

Tabell 6.6.1 Halsnøy klostres grunneige ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn	Leige	Talet på grunnar
Domkyrkje	3,70 Rd?	1?
Korskyrkje	7,50 Rd	10
Sum	10,00 Rd	11

6.7 Selje klostres grunneige

Godset til Selje kloster vart overført til St. Jørgens hospital i 1545.¹⁰¹ Med denne overføringa følgde nok og dei grunnane klostret hadde i Bergen i seinmellomalderen. I GBB finn ein ei rad grunnar innførte som hospitalets eige. Problemet er at det på slutten av 1600-talet var fleire institusjonar i Bergen som kunne løyna seg bak nemninga Hospitalet. Slik hadde det og vore i mellomalderen. Katarinahospitalet låg lengst inne i Vågsbotn, sør for bebyggelsen. Ein stad mellom det gamle Rådhuset og Manufakturhuset låg Allehelgenskyrkja, også denne med hospital. St. Jørgens hospital kom først til på byrjinga av 1400-talet. Allehelgenkyrkja med hospital vart opployst ved reformasjonen, medan Katarinahospitalet heldt fram. Katarinahospitalet finn ein omtala som Det tyske fattighus i GBB, slik at det ikkje skulle vera noko grunnlag for å forveksla dette med hospitalet.¹⁰² Dei grunnane som vert omtala som hospitalets grunnar i 1686, må vera St. Jørgens grunnar, og mellom desse må ein tru at ein finn Selje klostres grunnar. Ein kan ikkje utan vidare rekna med at alle hospitalets grunnar opphavleg hadde vore klostrets.

St. Jørgen låg i seinmellomalderen i utkanten av bebyggelsen. I vest grensa hospitalet mot Marken, eit område som fekk hovudtyngda av bymessig bebyggelse først på 1500- og 1600-talet. Dersom ein har som føresetnad at St. Jørgen ved opprettinga vart tillagt eit område omkring hospitalbygningane, må ein halda ope at delar av dette området er blitt stykka ut som leigegrunnar seinare. Dette må i så fall vera grunnar som ein primært må rekna som St. Jørgens grunnar, og ikkje tidlegare i Selje klostres eige. Slike grunnar må ein rekna med å finna like ved hospitalet. Dei grunnane som ein i GBB finn i andre og eldre bydelar, må ein derimot tru hospitalet hadde fått gjennom overføring frå Selje kloster.

¹⁰¹ Norske Stiftelser I s. 7.

¹⁰² "Det tyske fattighus" er omtala på s. 124 i GBB, og "De fattiges hus" sameleis på s. 125.

I GBB er det innført 6 grunnar til hospitalet i Domkyrkjesoknet. Grunnane låg ikkje samla. To av dei kan ein lokalisera tolleg nøyaktig i høve til dagens bykart. For ved desse grunnane er det, som dei einaste i heile GBB, innført rodenummer. Grunnane hørde til 16. rode nr. 19.¹⁰³ I følge rodekart, var det på hjørnet mellom det som i dag er Småstrandgaten og Olav Kyrresgate, der Bergen bank ligg.¹⁰⁴ Lokaliseringa tyder på at dette må vera ein grunn frå mellomalderen. Dei 4 andre hospitalgrunnane låg derimot i Marken, og desse må ein tru St. Jørgen hadde fått på annan måte enn gjennom Selje klosters gods.¹⁰⁵

I Korskyrkjesoknet var det i 1686 i alt 10 hospitalgrunnar. Desse kan ha lege samla, og i så fall må dei lokaliserast til området ovanfor Kong Oscarsgate, der også Halsnøy og Lyse kloster hadde sine grunnar.¹⁰⁶ Samla gav desse hospitalgrunnane ei leige på 3,7 Rd. Av dei i alt 16 hospitalgrunnane i GBB ser det da ut til at 12 var å finna i delar av byen som hadde hatt bebyggelse i mellomalderen.

I følge Frimann mottok St. Jørgen hospital 10 Rd 1 mark 8 Ø i grunnleige av til saman 17 grunnar.¹⁰⁷ I GBB har eg funne 16 grunnar, men ein av desse er delt på to leigarar.¹⁰⁸ Det er difor rimeleg å tru at dei 16 grunnane i GBB tilsvrar dei 17 grunnane hjå Frimann.¹⁰⁹ På grunnlag av GBB har eg rekna ut den samla leiga av dei 16 hospitalgrunnane til 7,49 Rd. Dette er 2,59 Rd mindre enn i 1779. Det kan skuldast at GBB vantar leigeinnförsler for i alt 5 av dei 16 hospitalgrunnane. Dei 11 grunnane som har opplysningar om leige, gav samla ei innkome på 3,52 Rd. Dersom det er samsvar mellom grunnane i GBB og hjå Frimann, skulle det tilseia at dei 5 grunnane i GBB som ikkje opplyser om leige, skulle svara for 6,81 Rd. To av grunnane utan leigesum var mellom dei 4 grunnane i Marken. Desse gav neppe større leige enn dei to andre i Marken, samla 0,5 Rd.¹¹⁰ Restsummen, 6,31 Rd, må fordelast på dei 3 grunnane utan leige som låg i eldre områder av byen. Dette skulle gi 2,10 Rd på kvar. På grunnlag av opplysningane om hospitalets grunnleige hjå Frimann set eg den samla leiga til 10,33 Rd, og av denne kom 9,33 Rd frå Selje klosters grunnar.

¹⁰³ GBB s. 119.

¹⁰⁴ Rodekart for Bergen, rode no. 13, 14, 15 og 16. Utarbeidet etter Matrikler og Bykarter fra 1888 ved hjelp av Grunnmålinger og Kartforretninger. Oppmålingschefen i Bergen, 11/11-1934, Ø.W. Grimnes.

¹⁰⁵ GBB s. 123 og 128.

¹⁰⁶ GBB s. 139, 143, 147 og 148.

¹⁰⁷ Frimann 1777 s. 123.

¹⁰⁸ GBB s. 147.

¹⁰⁹ Frimann 1777 s. 123.

Frimann har ei tilleggsopplysning om hospitalets grunnleiger som fortener nærmere omtale. Det vert fortalt at dei 17 grunnane var utlagde i skiftet etter byfogd Hans Smit, etter eit krav på i alt 200 Rd som hospitalet hadde i buet.¹¹¹ Hans Smit døydde i 1689,¹¹² og skulle ein følgja ordlyden i "Norske stiftelser" bokstavrett, ser det ut til at grunnane hadde kome til hospitalet ved at buet innfridde eit krav på i alt 200 Rd, som hospitalet hadde uteståande hjå Hans Smit. Ei slik tolking strir likevel mot opplysningane om hospitalgrunnane i GBB. Her er det i margen for 15 av dei 16 grunnane opplyst at dei alle var tidlegare hospitalgrunnar, men at dei no tilhørde Iver Christensen. Om den sekstande grunnen vert det opplyst at også denne hadde hørt til hospitalet, men at den no tilhørde konrektor Edvard Edvardsen.¹¹³ Opplysningane i GBB tyder på at det var hospitalet som hadde pantsett sine grunnar, og at det i første rekkje var Iver Christensen som hadde hand om pantet i 1686. Dette vert underbygd for to av grunnane, der det vert opplyst at dei var utlagde i gjeld.¹¹⁴ På dette grunnlaget ser det ut til at det var buet etter Hans Smit som hadde 200 Rd utestående hjå hospitalet, og at denne fordringa vart innfridd ved at buet overtok grunnleigeinnkomene av hospitalgrunnane. Desse grunnleigene er gått inn i skiftet etter Hans Smit, til fordeling på parthavarane i buet. Grunnleiga ville med ei innkome på om lag 10 Rd og ei skuld på 200 Rd bruka minst 20 år på å innfri pantet. Deretter ville grunnleiga falla tilbake til hospitalet.

Klostret på Selja ser ut til å ha hatt det same grunneigmönsteret som dei to andre utanbys klostra, Halsnøy og Lysekloster. Grunnleigeinnforslene i GBB tyder på at grunnane til Selje kloster hadde vore to større grunnar, ein på Strandsida og ein i Vågsbotn. I Vågsbotn låg garden Kaldevegen, som var St. Jørgens eigedom i 1601. Garden er også nemnt i 1521 og 1565.¹¹⁵ Kaldevegen må ha vore Selje klostrets eigedom, og helst har den lege på oversida av Kong Oscarsgate, like ved gardane til Halsnøy og Lyse kloster.¹¹⁶ At Selje kloster hadde ein eigedom på Strandsida, finn ein grunnlag for i eit brev frå 1386. Her vert det fortalt at Ceciliagard låg nedanfor Allehelgenskyrkja, like innanfor Seljehusa.¹¹⁷ I 1563 er Seljegrunden nemnt i det same

¹¹⁰ GBB s. 123 og 128.

¹¹¹ Frimann 1777 s. 123.

¹¹² PHT 1.R. II s. 225.

¹¹³ GBB s. 147

¹¹⁴ GBB s. 123.

¹¹⁵ NRJ II s. 628. Aps Dagb. s. 101, 29. nov. 1565. NM II s. 276, 7. sept. 1601.

¹¹⁶ Helle 1982 s. 251. Lorentzen 1952 s. 183-84.

¹¹⁷ DN II nr. 498, 1386.

området. I dette tilfellet er det naboeigedomen "Gassegrunn" som vert utleidg.¹¹⁸ I 1598 vart ein del av Selje klosters grunn utleidt til Rørik Jacobsson og kona hans. Legebrevet fortel at grunnen, som no hørde til hospitalet, tidlegare hadde høyrt til Selje kloster i Nordfjord. Grunnen låg ved Gassegrunn, opp mot ein grunn som også tilhørde hospitalet.¹¹⁹

Tabell 5.7.1 viser grunneiga til Selje kloster, slik den kjem fram ved å halda saman opplysningar om St. Jørgen hospitals grunnleiger i GBB og hjå Frimann.

Tabell 6.7.1 Selje klostrets grunneige i Bergen i seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn	Grunnleige	Talet på grunnar
Domkyrkje	4, 20 Rd	2
Korskyrkje	5, 12 Rd	10
Sum	9, 32 Rd	12

6.8 Bispestolens grunneige

Bispestolen i Bergen må ha vore mellom dei rikaste godseigande institusjonane i Norge i mellomalderen. Som grunneigar i Bergen er det likevel truleg at bispestolen spela ei ubetydeleg rolle utanfor Holmen i høgmellomalderen. Dei spreidde grunnane ein kan påvisa i bispestolens eige ved hjelp av mellomalderdokument, tyder på at dei var komne til bispestolen som gåver frå private.¹²⁰ Sigrunn Kvamme som har gjort eit stort arbeid med å rekonstruera bispestolens godssamling, tek ikkje opp spørsmålet om grunneige i Bergen i det heile.¹²¹ Sikkert veit ein at bispestolen disponerte ein stor del av Holmen mellom slottet og Sverresborg. Her låg det kyrkjeloge senteret, med dei to Kristkyrkjene, bispegarden, hus for domkapittelet og tilhøyrande naust ved sjøen.

Det er ikkje mogeleg å identifisera bygrunnar i bispestolens eige i mellomalderen ved hjelp av GBB. Rett nok opplyser boka om grunnleiger som låg til bispestolen både i Nykyrkjesokn, Korskyrkjesoknet og ved Kontoret, men dette var grunnar som var komne til etter reformasjonen, ved omfordeling av eigedom som hadde lege til Domkapittelet.¹²² Bispestolens mellomaldergods vart lagt direkte under krona etter reformasjonen, og administrert som del av

¹¹⁸ DN XII nr 677, 1563.

¹¹⁹ UBB dip. saml. Bergen 15. jan. 1598.

¹²⁰ Helle 1982 s. 284-85.

¹²¹ Kvamme 1981

¹²² Beyer 1970 s. 105.

lensinntektene til Bergenhus under nemninga stiktgods.¹²³ Oppgåver over stiktgodset finn ein i lensrekneskapane frå 1567 og utover. Men listene over stiktgodset omfattar alt jordegodset, og ikkje oppgåver over grunnleiger i byen. Anten tyder det at bispestolen ikkje hadde slike inntekter før reformasjonen, eller så må grunnleigene vera utskilde frå jordegodset og ført under andre postar i lensrekneskapane, eventuelt overførte til andre.

Asgaut Steinnes har sett fram den hypotesen at alle dei grunnane som er ført under overskrifta Hollenderstretet i "Slottens Grundebog", har lege til bispestolen før reformasjonen, utan at han meiner å kunna prova dette i detalj.¹²⁴ "Slottens Grundebog" er eit register over alle dei grunnleigene som låg direkte under krona i 1627/28. Om dei opphavlege grunnleigene til bispestolen er å finna her, må det og tyda at at dei er å finna i lensrekneskapane frå 1567 og utetter. Steinnes viser at to grunnar ved Hollenderstretet, som låg til krona ved slutten av 1500-talet, må ha lege til bispestolen før reformasjonen.¹²⁵ Den eine vart i 1627/28 dokumentert ved hjelp av eit grunnbrev utferda av "bisp Oluff".¹²⁶ Den biskop Olav det må vera tale om, er i følgje Steinnes Olav Torkjellsson, som var den siste katolske biskopen i Bergen (1524-35).¹²⁷ I tillegg til dei to grunnane Steinnes meiner hadde lege til bispestolen, finn ein i "Slottens Grundebog" biskop Olav som utferdar for eit grunnbrev for Rotmannsgard på Kontoret.¹²⁸

Dei grunnane som her er trekte fram viser at bispestolen åtte bygrunn i Bergen før reformasjonen, og at biskopen administrerte desse som leigegrunnar ved utferding av grunnbrev. Grunnane viser og at dei var utskilde frå bispestolens jordegods, stiktgodset, og ført under kronas grunnleiger av byen. Skal det lukkast å finna eit mål for kor stor bispestolens samla grunneige var ved utgangen av mellomalderen, lyt ein gjera eit forsøk på å skilja ut bispestolens grunnleiger frå dei andre grunnleigene i lensrekneskapane.

Som eg har vist, er ikkje den samla mengda av grunnleiger i lensrekneskapane ein konstant storleik.¹²⁹ Generelt var det ein auke i talet på grunnleiger frå 1560-åra og utetter, ein auke som var særleg stor mellom 1577 og 1598. I vedlegg 6 vert det vist at denne auken fann stad i ytterområda i byen, særleg ute på Nordnes, der det tidlegare ikkje hadde vore bebyggelse. Auken i

¹²³ Kvamme 1981 s. 3.

¹²⁴ Steinnes 1968 s. 90.

¹²⁵ Steinnes 1968 s. 89-90.

¹²⁶ Vedlegg 5 nr. 37.

¹²⁷ Steinnes 1968 s. 56-57.

¹²⁸ Vedlegg 5 nr. 27.

talet på grunnleiger i desse områda skuldast for det første ein generell byekspansjon, som krona kunne utnytta ved å stykka ut tidlegare unytta grunn. Men mellom grunnleigene i dei nye bydelane var det og grunnar som var overførte som kompensasjon for grunnar som var eksproprierte til reguleringsføremål. Denne utviklinga ser ut til å ha nært samband med attreisingsarbeidet etter brannen i 1582, og gjer det vanskeleg å nytta lensrekneskapane etter 1577 til å identifisera bispestolens grunnleiger før reformasjonen.

Det står da berre att to lister over grunnleiger, ei frå 1567 og ei frå 1577.¹³⁰ Listene er ikkje identiske, og det gjeld å avgjera kva liste som gir best opplysningar om bispestolens grunnleiger. Lista frå 1567 inneheld i alt 45 grunnleiger, medan 1577-lista har 59. Men auken i tal på 14 grunnleiger er ikkje i eitt og alt ein reell tilvekst. Ein del av auken er komen til som ei oppdeling av grunnar i 1567-lista. Eit døme på dette finn ein for grunn nr. 13 i 1567, som er delt i to i 1577 under nr. 18 og 19.¹³¹ Men ein del av tilveksten er og resultat av ein reell tilvekst. Det ser ein av di 1577-lista inneheld leige av grunnar som ein sikkert kan slå fast ikkje er innførte i 1567-lista. Enklast ser ein dette om ein samanliknar grunnane som hørde til på Skostretet. I 1567-lista er det mogeleg å identifisera 12 grunnar frå dette området, medan det i 1577 er 19 grunnar som er tilviste til Skostretet. Det siste talet samsvarar med det talet ein finn for grunnane på Skostretet også i seinare rekneskapar. I 1627/28 er det i alt 21 grunnar. Dette skuldast at to grunnar i 1577, nr. 15 og 51, er delte i seinare rekneskapar.¹³² Lista frå 1577 har dermed ein tilvekst på 5 grunnar på Skostretet i høve til 1567-lista. Dette får ein til å stilla spørsmål om 1567-lista gir eit fullstendig bilet over alle dei grunnleigene som låg til krona det året. For grunnleigene på Skostretet, også dei som ein berre finn i 1577-lista, må ein tru var utleide lenge før 1567.¹³³ Er dette rett, må det og tyda at 1567-lista er ufullstendig.

Som tidlegare omtala hadde det vore ei av Erik Rosenkrantz' oppgåver å skaffa oversyn over alle grunnleigene i byen som låg til krona. Rosenkrantz reiste frå byen i 1568, og det er ikkje utenkjeleg at arbeidet med å skaffa oversikt over alle grunnleigene i byen enno ikkje var avslutta i 1567, sjølv 1567-lista kan tyda på det. Ei heil rekke av oppgåvene gjeld ikkje leigebetaling berre

¹²⁹ Kap. 3.2 s. 63

¹³⁰ Vedlegg 1 og 2.

¹³¹ Vedlegg 1 og 2.

¹³² Vedlegg 6. Når vedlegg 6 berre har med 15 av dei i alt 19 leigene i 1577-lista som kan førast tilbake til Skostretet, skuldast det at for 4 av leigene har det ikkje vore råd med visse å slå fast kva leiger desse korresponderer med i seinare rekneskapar. Dette gjeld nr. 16, 44, 50 og 57 i 1577-lista. Nr. 16 i 1577 svarar til nr. 36 i 1567, men grunnen let seg ikkje identifisera i høve til seinare rekneskapar. Slik inneheldt vedlegg 6 berre 11 av dei i alt 12 grunnane som i 1567 kan tilbakeførast til Skostretet.

for eitt år, men etterbetalt leige for 2 eller 3 år. Dette tyder lensmannen, som stod for innkrevjing av kronas leiger, stadig kom over grunnar der leigaren hadde drege seg unna betaling. For desse grunnane vart det kravd etterbetaling. I 1577-lista og alle seinare lister vert det berre oppgitt betaling for det siste rekneskapsåret, aldri for fleire år under eitt. Dette kan tyda at det i 1577 var skaffa fullt oversyn over alle kronas leiger.

Som vedlegg 6 viser, heldt grunnleigene i 1577 seg innan dei same områda som 1567-lista. Likevel er det mogeleg å visa til 3 grunnar i 1577-lista som må vera resultat av nyutleiger. For grunn nr. 58 vert det opplyst at grunnen vart nytta til eit naust like bak Sverresborg. Nr. 59, som er den siste innforsla i 1577-lista, galdt ein grunn på Rundtzevoll ved Erkebispegarden, og om denne vert det opplyst at den var nyoppteken det året. Rundtzevoll må vera høgdedraget ovanfor Erkebispegarden. Også grunn nr. 46 i 1577 låg på Rundtzevoll. Bortsett frå dei 3 ovannemnde grunnane må ein tru at 1577-lista inneheld dei same grunnane som 1567-lista, og i tillegg dei grunnane som ikkje var komne med i 1567.

Dermed ser det ut til at 1577-lista er den mest fullstendige lista over dei grunnleigene som hadde lege til krona like frå reformasjonen. Samstundes er denne lista sett opp før talet på grunnleiger i kronas eige auka sterkt som følgje av ein generell byekspansjon. Det må difor vera rettast å bruka denne lista for å identifisera det samla talet på grunnleiger i bispestolens eige før reformasjonen. Sidan det ikkje er mogeleg å identifisera bispestolens grunnleiger og trekkja desse ut av 1577-lista, vert alternativet å identifisera dei leigene som ikkje kan ha høyrt til bispestolen. Desse kan ein trekkja frå 1577-lista, og dei leigene ein har att, må ein tru hadde vore bispestolens grunnar før reformasjonen.

Etter reformasjonen var det bispestolens gods, erkestolens gods, klostergodsa og godset til dei kongelege kapella som vart lagde direkte under krona. Men bortsett frå godset til bispestolen og erkestolen vart det øvrige konfiskerte kyrkjegodset administrert som eigne len. Dette tilseier at berre grunnleiger som hadde høyrt til bispestolen og erkestolen, vart lagde til krona etter reformasjonen. Desse må ha kome som eit tillegg til dei grunnane krona hadde hatt frå før reformasjonen.

Som eg viste i førre kapittel, var kronas grunnar i seinmellomalderen avgrensa til leiga av

¹³³ Kap. 3.3 s. 74-75.

Skomakarstretet og Årsborg. Leiga av Årsborg fann eg måtte vera nr. 17 i 1577-lista. Det første steget til å identifisera bispestolens leiger i 1577-lista er å trekkja ut leiga av Årsborg og alle dei leigene som i rekneskapen er innbetalte frå Skomakarstretet. Deretter må eg trekkja ut dei tre leigene i 1577-lista som var nyutleiger etter reformasjonen. Når desse leigene er trekte frå, inneheld framleis 1577-lista 8 leiger ved Erkebispegarden. Dette må vera grunnar som var utleidte av Erkebispegardens område. Desse kan ikkje ha vore bispestolens grunnar i seinmellomalderen.

Tabellen nedanfor syner kva grunnleiger som sannsynlegvis har lege til bispestolen før reformasjonen. Tabellen kjem fram med utgangspunkt i 1577-lista, ved å trekkja frå dei grunnleigene som hadde vore i kronas eige før reformasjonen, og dei leigene som var komne til først etter reformasjonen. Dessutan er 8 leiger ved Erkebispegarden trekte ut.¹³⁴

¹³⁴ Sjå vedlegg 2. Dei leigene som vert trekte ut er nr. 6, 7, 8, 9, 15, 16, 21, 22, 23, 25, 26, 32, 36, 38, 44, 50, 51, 55, og 57, som alle var leiger av Skostretet. Vidare nr. 17 som kan ha tilsvara kronas leige av Årsborg, og nr. 46, 58 og 59, som var nyutleidte grunnar. Desse leigene låg ved Erkebispegarden: nr. 11, 12, 31, 47, 48, 52, 54 og 56.

Tabell 6.8.1 Bispestolens grunnleiger for reformasjonen etter kronas grunnleiger i lensrekneskapen fra 1577

•Grunn nr.:	Leige:	Sokn:	Sum:	•
• 5	12 ß	Domkyrkje		•
• 40	1 m		1 m 12 ß	•
• 1	10,5 ß 0,5 alb	Korskyrkje		•
• 2	10,5 ß 0,5 alb			•
• 3	2 ort 5 ß 2 alb			•
• 4	4 ß			•
• 10	2 ort 4 ß			•
• 13	3,5 m			•
• 14	16 ß 2 alb			•
• 17	1,5 m			•
• 18	18 ß			•
• 19	18 ß			•
• 20	12 ß			•
• 24	8 ß			•
• 27-28	4,5 ort 8 alb			•
• 29	2 ort 6 ß 1 alb			•
• 30	2,5 ort			•
• 33	12 ß			•
• 34	13 ß 1 ?			•
• 35	20 ß			•
• 37	1,5 ort 8 alb			•
• 39	8 ß			•
• 41	8 ß			•
• 42	19 ß 2 ?			•
• 43	1 d			•
• 49	10 ß 2 alb			•
• 53	2 ga.d		1 d 14,5 ort 5 m 202 ß 24 alb 2 ga.d	•
• 45	7,5 d 4 alb	Kontoret		•
•	1 st. mjøl		7,5 d 4 alb	
• Sum:			8,5 d 2 ga.d 14,5 ort 6 m 28 alb	•

Tabell 6.8.1 har eg ført opp grunnleigene fordelt på kyrkjesokna i 1686. Å plassera leigene innan dei enkelte sokna byr ikkje på større vanskar. Berre for dei grunnane som i 1577-lista vert lokaliserte til Broen, har det vore tvil. For Broen, seinare Domkyrkjegata, markerte i 1686 grensa mellom Korskyrkjesoknet og Domkyrkjesoknet, slik at nordsida høyrdet til Korskyrkja og sørsida til Domkyrkja. Eg har her valt å plassera alle grunnane på Broen i Korskyrkjesoknet.¹³⁵

Etter 1577-lista ser det ut til at denne inneholder i alt 26 grunnar som hadde vore i bispestolens eige

¹³⁵ Unnateke herifrå er nr. 32, som var grunnleiga av skomakaranes staryhus. Også dette vert i 1577 lokalisert til Broen, men høyrdet likevel til på Skostretet.

før reformasjonen. Dei fleste grunnane til bispestolen er å finna i Korskyrkjesoknet. I Vågsbotn finn ein 18 grunnar, langs Øvregata 7, og i Dreggen berre ein liten grunn.¹³⁶ Grunnane i Korskyrkjesoknet varierte mykje i storleik, minst var nr. 4/1577, med ei leige på 8 ß dansk for ein kålhage på Øvregata. Størst leige vart betalt for nr. 27 og 28/1577, som samla betalte 2 d 1 ort 16 alb. For grunn nr. 53/1577 betalte lagmannen Aksel Fredriksen 2 gamle dalar. Dette må truleg skuldast myntforordninga i 1572 som hadde sett "mynten som gjekk før", dvs. dårlig krigsmynt frå perioden 1563-70, til halve verdien av ny mynt.¹³⁷ Ein gammal dalar skulle såleis vera lik 0,5 Rd. I snitt hadde bispestolens grunnar i Korskyrkjesoknet ei leige på 0,7 Rd eller i underkant av 3 ort.

I Domkyrkjesoknet finn ein berre 2 mindre grunnar i bispestolens eige. Den eine, nr. 5/1577, betalte 1,5 ort for ein enghage ved Vesle Lungegardsvatnet. Den andre, nr. 40/1577, gav 2 mark i leige. Denne vart betalt av Laurits Våg for indre sida i gamle Oluf Nilssons gard på Stranden. Dette ser ut til å vera grunnleige i ein av mellomaldergardane på Stranden. Gamle Oluf Nilssons gard er nemnt i Absalon Pederssons opprekning over dei eigedomane som vart råka av brannen i 1561, og låg mellom Saltøydegard og Smørsgard.¹³⁸ Bispestolen har ått ein del av grunnen, men at dei 2 marka skulle vera leiga for ei heil side, dvs. halve garden, synest lite truleg. Opplysninga vert likevel teken opp att i 1598/99, nr. 36, i 1614/15 nr. 34, og i "Slottens Grundebog" nr. 67.¹³⁹

Når 0,5 dalar for halve grunnen i Oluff Nilssons gard synest lite, er det ikkje minst på bakgrunn av at grunnleiga av heile Rotmannsgard på Kontoret var 7,5 dalar og 8 album. Dette var den sørlegaste av gardane på Kontoret, og grensa opp mot området ved Hollendergata, der bispestolen ser ut til å ha ått ei heil rad grunnar.

Men korleis høver dei spreidde opplysningane ein har om bispestolens grunneige før reformasjonen, inn i det biletet som rekonstruksjonen gir? Den eldste opplysninga om byeigedom i bispestolens eige gjeld ein gard kalla Henriksgard. Garden vart om lag 1340 dels gitt bispestolen i provent, og dels makeskifta med kyrkjegods. Bispestolen fekk vanskar med å hevda eigedomsretten til garden, og sende brev til kongen og andre som kunne tala biskopens sak. Særleg ba biskopen om at kongen ikkje måtte leggja vekt på det prosten ved Apostelkyrkja

¹³⁶ Sjå vedlegg 2, i Vågsbotn nr. 2, 3, 4, 10, 13, 14, 17, 18, 19, 20, 28, 29, 30, 35, 37, 39, 41, 53. Langs Øvregata nr. 1, 4, 24, 33, 34, 42, 43. I Dreggen nr. 49.

¹³⁷ NHL s. 67-68, Daler.

¹³⁸ Aps. Dagb. s. 10, 19. des. 1561.

¹³⁹ Sjå vedlegg 3,4 og 5.

fortalte om Henriksgard.¹⁴⁰ Saka viser at bispestolen kunne visa stor interesse for byeigedom, og at ein her hadde vore viljuge til å avstå jordegods for å få hand om heile Henriksgard. Men om eigedomen også omfatta grunnen, eller om det berre er tale om hus med tilhøyrande grunnleigerett, vert ikkje opplyst. Det vert heller ikkje opplyst kvar i byen garden låg. Lorentzen har under tvil plassert garden på Holmen, men kjeldematerialet inneholder ikkje noko som underbyggjer ei slik lokalisering.¹⁴¹ Det ein kan lesa ut av saka er at bispestolen, som andre kyrkjelege institusjonar, tileigna seg byeigedomar både ved gåver, proventavtalar, kjøp eller makeskifte.

Ein av grunnane ved Hollendergaten vart kalla "Bucklærgrunn". Grunnen vart i 1541 uteigd av Tord Roed, som da var lensmann på Bergenhus. Dette grunnbrevet vart utført berre stutt tid etter reformasjonen, og det går fram at det enno ikkje var sjølv sagt at grunnen hørde til krona. Difor er det teke med ei formulering om at grunnen tidlegare hadde lege til "stikt".¹⁴² Brevet styrkjer hypotesen om at bispestolens grunneige vart lagt direkte under krona etter reformasjonen og at grunneiga vart skilt frå stiktgodset. "Bucklærgrunnen" vart også kalla "Bollebard". Lorentzen har hevdat at sidan "Bollebard" også er nemnt som ein av dei 5 aude grunnane Erik Rosenkrantz åtte ved Kontoret, må det tyda at Rosenkrantz har gjort seg skuldig i ei mistyding og plassert "Bollebard" feil.¹⁴³ Dette er neppe truleg. Dei 5 aude grunnane var alle i Rosenkrantz' private eige, og det er lite sannsynleg at han kunne tillata seg å forveksla desse med kronas eigedom, det ville i så fall vera grovt underslag. Det var nok heller slik at to grunnar hadde likelydande namn.

I eit brev frå 1442 vart det fortalt at biskopen i Bergen, Olav Hartviksson, hadde fått ein part i ein eigedom kalla "Brothustomtene". Biskopen hadde fått eigedomen som del av skifte etter foreldra.¹⁴⁴ Her er det biskopen som privat eigar ein møter. Kva biskopen åtte som privatperson, var bispestolen uvedkomande.

Dei få kjeldene som fortel om grunnar i bispestolens eige, gir ikkje haldepunkt for storleiken av slik eigedom. Det eit av dokumenta positivt stadfestar, er at bispestolen hadde vore grunneigar, og at grunnen vart lagt under krona etter reformasjonen. Bispestolens gods i seinmellomalderen

¹⁴⁰ DN VIII nr. 126, 129, 138, 139, 146, 148, 1340-41.

¹⁴¹ Lorentzen 1952 s. 110.

¹⁴² DN VI nr. 748, 1541.

¹⁴³ Lorentzen 1952 s. 191.

¹⁴⁴ DN I nr. 783, 1442.

var samansett av to slag gods, jordegods og bygrunnar. Jordegodset vart etter reformasjonen administrert saman med kronas jordegods, men likevel skilt frå sistnemnde under nemninga stiktgods. Først ut på 1600-talet vart skiljet mellom stiktgodset og det opphavlege krongodset utviska.¹⁴⁵ Grunneiga i byen vart derimot slegent saman med kronas grunnar alt frå reformasjonen.

Bispestolens grunneige ved utgangen av mellomalderen ser da ut til å ha vore slik den går fram av tabell 6.8.2. Verdien av grunnleigene er omgjort til dansk mynt, og deretter til dalar etter kursen for skiljemynt i 1577.

Tabell 6.8.2. Bispestolen i Bergens grunneige ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn	Leige	Talet på grunnar
Domkyrkje	0,87 Rd	2
Korskyrkje	18,19 Rd	16
Kontoret	7,52 Rd	1
Sum	26,58 Rd	29

6.9 Domkapittelets grunnleiger

I motsetnad til bispestolen rådde framleis kapittelet for godset sitt etter reformasjonen.

Kapittelgodset vart nytta til underhald for dei geistlege ved Domkyrkja, som sjølv administrerte inntektene.¹⁴⁶

Egentleg var kapittelgodset ei fellesnemning på ei rad mindre godssamlingar, dei fleste stiftingar som hadde lege til ulike alter i Domkyrkja. Det er desse stiftingane ein møter som prebende.

Prebenda var fordelte på dei ulike kapittelmedlemmene som deira personlege inntektsgrunnlag.¹⁴⁷ Kapittelet hadde og ei godssamling kalla fellesgodset eller kommunegodset, som opphavleg gav det økonomiske grunnlaget for felles bordhald for kapittelbrørne. Kapittelgodset kan slik delast i to hovudgrupper; fellesgodset og prebendegodset.¹⁴⁸ Administrasjonen av kapittelgodset kom etter reformasjonen til å gjennomgå vesentlege endringar. Prebenda gjekk over frå å vera personleg tildelte innehavaren av eit embete ved kapittelet til å bli fast knytta til sjølvembetet. Denne prosessen vart kalla perpetuering. Reformasjonen hadde ført med seg at biskopen og

¹⁴⁵ Kvamme 1981 s. 67-68.

¹⁴⁶ Kvamme 1981 s. 5.

¹⁴⁷ NHL s. 73, Domkapittel.

¹⁴⁸ Beyer 1970 s. 114.

kapittelet ikkje lenger åleine rådde over kapittelgodset. Kongen var no den formelle eigaren, og tok aktivt del i utdelinga av prebendegodset. I dette biletet kom det etter kvart inn at embete som opphavleg ikkje hørde inn under kapittelet, også vart tillagt prebendegods. Dette var ein tendens som gjekk saman med perpetueringa.¹⁴⁹

Parallelt med perpetueringa vart fellesgodset oppdelt. I hovudsak vart godset fordelt på dei same embeta som vart tilgodesett ved perpetueringa.¹⁵⁰ Ei nyordning av fellesgodset vart gjennomført i 1617, og denne ordninga kom sidan til å stå ved lag. Ordninga medførte i røynda ei oppløysing av fellesgodset. Heretter vart det godteke at innehavarane av delar av fellesgodset sjølv kunne administrera sine partar.¹⁵¹

Det første oversynet over kapittelgodset finn ein i kapitteljordeboka frå om lag 1600. Mellom ei stor mengd jordegods er det innført mange grunnar i byen. Grunnane var fordelte på fellesgodset, på embete ved Latinskulen, på Korskyrkja, og på ei rad prebende. Jordeboka kan setjast i samband med ei kongeleg befaling til lensmannen på Bergenhus, Peder Thott, om at han skulle sørge for at det vart sett opp ei jordebok over alt geistlig gods, både kommungods og presterente i Bergenhus stift. Kongen ba i 1592 om at biskopen og kapittelet ville komma Thott i møte med dette arbeidet.¹⁵²

Grunnar som hadde hørt til kapittelgodset i katolsk tid, er ikkje vanskelege å identifisera i GBB. Dette mellom anna av di GBB er ført med omsyn til dei grunnane som låg "pro officio", dvs. som hørde til einskilde embete. Sidan ein kjenner kva embete som var mottakarar av prebendegods ved perpetueringa og delar av fellesgodset i 1617, er det i hovudsak eit spørsmål om å skilje ut grunnane under desse embeta. Det ein må korrigere for, er at enkelte embete kan ha fått tillegg av grunnar som ikkje var gått ut frå kapittelgodset.

Inntekter av kapittelgodset hadde i første rekke biskopen og dei geistlege knytt til Domkyrkja, vidare Korskyrkja, som hadde lege under kapittelet like frå 1200-talet,¹⁵³ og soknepresten ved Korskyrkja. Også embeta ved Latinskulen mottok inntekter frå kapittelgodset. Overraskande er det at ein så seint som i 1686 finn at enkelte grunnar framleis vart tilviste prebende. Ein grunn

¹⁴⁹ Beyer 1970 s. 98-120.

¹⁵⁰ Beyer 1970 s. 130.

¹⁵¹ Beyer 1970 s. 116-21 og 129.

¹⁵² NRR III s.236-37 6. mars 1592.

¹⁵³ DN V nr. 7 og 8, utan år. Beyer 1970 s. 43.

vart tilvist til kommunet, trass i at fellesgodset ved nyordninga i 1617 vart delt på enkelte kapittelembete.

Tabell 6.9.1 er ei oppstilling av grunnleigene slik ein finn dei i kapitteljordeboka frå omlag 1600, i Landkommisjonens jordebok over det benifiserte godset i 1661, og i GBB.

Tabell 6.9.1 Kapittelets grunnleiger om lag 1600, 1661 og 1686

• Eigar	• 1600	• Mottakar	• 1661	• Mottakar	• 1686
• Fellesgodset	• 33,50	• Komm.	• 7,55	• Biskopen	• 0,50
• • +1st. •	•	•	• 5,71	• Sknp. Kkrk.	•
• • mjøl •	•	•	• 8,13	• Skl.mest.	•
• Sum	• 33,50	•	• 21,39	• 0,50	•
• • +1st.m. •	•	•	•	•	•
• Laur.preb.	• 6,00	• Biskopen	• 5,00	• Biskopen	•
• Blasij preb.	• 8,50	• Lesemest.	• 10,68	• Lesemest.	• 1,25
• Corp.Christ.	• 6,00	• " "	• 8,00	• " "	•
• Sunniva preb.	• 5,75	• Skulem.	•	•	•
• Seb.& Fab. p.	• 17,60	• Kap. Dkrk.	• 22,10	• Kap. Dkrk.	•
• Dol.Maria p.	•	•	• +1st.V.	•	•
• M.Virginis p.	• 7,64	• B. i Stav.	•	•	• 2,64
• St.And & Ni.p.	• 21,87	• Sknp.Kkrk.	• 29,11	• Sknp.Kkrk.	•
• Cr.Haluari p.	• 27,24	• Sknp.Dkrk.	• 31,35	• Sknp.Dkrk.	•
• Jacobi p.	•	•	•	•	•
• Korskrk.	• 17,89	•	•	•	• 19,87
• To lokatar	• 19,45	•	•	•	•
• Biskopen	•	•	•	•	• 10,99
• Kap. Domkrk.	•	•	•	•	• 18,11
• Soknp. Dkrk.	•	•	•	•	• 52,18
• Soknp. Kkrk.	•	•	•	•	• 28,52
• Latinskulen	•	•	•	•	• 13,89
• Lektor	•	•	•	•	• 21,91
• Rektor	•	•	•	•	• 15,74
• <u>Not. Capituli</u>	•	•	•	•	• 3,13
• Sum	• 171,44	• 127,63	•	• 188,73	•
• • +1st.mjøl	•	• +1st.varning	•	• +2 1/4 t.rug	•

Tabellen viser resultatet av perpetueringa og oppdelinga av fellesgodset. I 1686 er det meste av grunneiga som hadde hørt til kapittelgodset, omtala som tilhøyrande embete ved kyrkjer og Latinskulen. I 1600 og 1661 vart derimot grunnane innførte under kommunet eller prebenda, med ein tilleggsopplysning om kven som skulle ha inntektene.

Samanliknar ein listene over grunnleiger i 1600 og 1661, kjem det fram klare ulikskapar. Innkoma av grunnane i fellesgodset ser ut til å vera redusert mellom 1600 og 1661. Men denne reduksjonen er berre tilsynelatande. Egentleg eksisterte ikkje fellesgodset i 1661. Det viser dei grunnleigene

som er innførte under fellesgodset. I 1661 vart det fortalt kven som var mottakar av innkomene av grunnane i fellesgodset, i 1600 vart det berre fortalt at dei låg til kommunet. Når den samla summen over grunnleiger i fellesgodset er mindre i 1661 enn i 1600, er forklaringa at delar av fellesgodsets grunnar i 1661 er ført opp under prebende. Dette var prebende som gav innkomer til nokre av dei embeta som hadde motteke grunnar av fellesgodset i 1617. Tydelegast ser ein dette for innkomene av Sebastian og Fabiani prebende og Dolorum Maria prebende. Desse to prebenda hadde i 1600 17,60 Rd i grunnleige, men i 1661 22,10 Rd + 1 stykke varning. Vareleiga finn ein att under fellesgodset i 1600, og det er grunn til å tru at auken i pengeleiga mellom 1600 og 1661 skuldast overføring av grunnleiger frå fellesgodset. Både Blasij prebende og Corporis Christi prebende har i 1661 fått eit tillegg på 2 Rd og vidare har Crusis Haluari og Jacobi prebende eit tillegg på i alt 4,11 Rd. Dersom dei tillegga til prebenda i 1661-lista som eg her har rekna opp, alle kom frå fellesgodset, skulle dei samla grunnleigeførslene frå fellesgodset i 1661 vera: $21,34 + 2 + 2 + 4,50 + 1 \text{ st. v.} + 4,11 = 33,95 + 1 \text{ st.v.}$ Dette er 0,45 Rd meir enn i 1600.

Ser ein på sluttsummane, merkar ein seg at 1661-lista er 42,71 Rd mindre enn leiga i 1600-lista. Forklaringa er at 1661-lista manglar innforsler for Korskyrkja og dei to lokatane ved Latinskulen, til saman 37,24 Rd. Vidare ser ein at Laurentius prebende er redusert med 1 Rd. Denne reduksjonen hadde funne stad ved at Rosenkrants hadde teke over ein del av grunnleiga av prebendet.¹⁵⁴ Men 1661-lista manglar også innforsler for to av prebenda, Sunniva prebende og Maria Virginis prebende. Grunnleigene av Maria Virginis prebende ser ut til å vera talde saman med St. Andrea og Nikolai prebende, som mellom 1600 og 1661 fekk ein auke på 7,24 Rd. Dette er 0,40 Rd mindre enn grunnleigeverdien av Maria Virginis prebende i 1600. Kan hende har det overskytande gått inn under eit av dei embeta som fekk tillegg frå fellesgodset, og forklarar såleis kvifor fellesgodsets grunnleiger har ei samla grunnleige i 1661 som er 0,45 Rd over nivået i 1600. Sunniva prebende ser derimot ut til å vera heilt utelate i 1661. Det same gjeld grunnleigene til Korskyrkja og dei to lokatane. Om dette stemmer, skulle den samla innkoma av kapittelets grunnleiger i 1661 vera som følgjer: $127,63 + 1 \text{ st. v.} + 1,00 + 5,75 + 17,79 + 19,45 = 171,62 + 1 \text{ st. v.}$ Dette er berre 0,18 Rd meir enn i 1600, eit avvik som ikkje er større enn det ein må venta når ein reknar om dei ulike mynteiningane til Rd og desimaltal.

Grunnleigeliste i 1600 og 1661 viser at det var dei same embeta som var mottakarar av prebendegrunnar i 1600 og 1661. Det kjem og fram at det var dei same embeta som hadde fått

¹⁵⁴ Kap. 3.2 s. 70

delar av grunnane som låg til fellesgodset. Unnataket er Maria Virginis prebende, som i 1600 låg til biskopen i Stavanger. I 1661 ser det ut til at grunnleigene frå dette prebendet var slått saman med grunnleigene i St. Andrea og Nikolai prebende, som låg til soknepresten ved Korskyrkja. Eigentleg er dette underleg, for Maria Virginis prebende hadde i lang tid vore tillagt bylegen.¹⁵⁵ Ved å leggja til dei leigene som ikkje ser ut til å vera innførte i 1661-lista, finn ein at samla sum av kapittelgrunnane i 1600 og 1661 var den same.

I 1686 er den samla leiga av grunnane som hadde høyrt til kapittelet, 188,73 Rd + 2 1/4 t. rug, dvs. 17,40 Rd meir enn i 1600. Anten må dette tyda at leigene har gått opp, eller så må den samla grunnleigemengda ha blitt utvida. Eg har alt under avsnittet for Munkelivs grunnleiger vist at ein kan spora to slike leiger i kapitteljordeboka frå om lag 1600.¹⁵⁶ Den eine leiga var 1 Rd frå Gullsmedstretet, den andre var ei vareleige på 1 stykke mjøl, som må ha vore leiga av ein av Munkelivs grunnar i Jakobsfjorden. Begge grunnane låg til fellesgodset i 1600.¹⁵⁷ Vareleiga er enkel å følgja, den er i 1661 mellom grunnleigene som låg til Kapellanen ved Domkyrkja, og i 1686 mellom leigene til Lektor ved Latinskulen.

Byrådet utferda i 1661 eit brev som stadfestar at munkelivgrunnar var å finna mellom grunnleiger som hadde lege til kapittelet. Grunnen til at Byrådet interesserte seg for saka, var at kongen hadde overført munkelivgrunnane til byen, det var m. a. o eit resultat av kongens gåvebrev frå 1660. Brevet frå byrådet slo fast at grunnane som låg til lokatane ved Latinskulen og munkelivgrunnar var samanblanda, og at det ikkje var råd å skilja dei frå kvarandre. Rådet lova å halda fram med å betala dei to øvste lokatane i skulen 24 Rd, som var skulens del av den grunnleiga forvaltaren for Munkeliv tidlegare hadde kravd inn.¹⁵⁸ Dette må ein tolka slik at samanblandinga av skulens og munkelivgrunnar har vore ordna ved at forvaltaren av Munkelivgodset har kravd inn grunnleiga for begge, og deretter betalt 24 Rd for dei grunnane som alltid hadde høyrt til skulen. Dette vert langt på veg stadfesta i Landkommisjonens jordebok frå 1661. Under avsnittet som reknar opp avlønninga ved skulen, vert det fortalt at den øvste høyraren i skulen m.a. hadde 12 Rd av Munkelivs grunnleige.¹⁵⁹ Dette må ha vore den eine av dei to lokatane, slik at dei mottok 12 Rd kvar.

¹⁵⁵ Beyer 1970 s. 68-69.

¹⁵⁶ Kap. 6.2 s. 139

¹⁵⁷ Vedlegg 8 p. 20.

¹⁵⁸ Steen 1968 s. 192-93.

¹⁵⁹ Jordebok over det benifiserte godset 1661.

Ei samanblanding av munkelivgrunnar og skulens grunnar må ha skjedd før 1600, men etter 1557. For i det sistnemnde året overførte superintendent Geble Pedersson leiga av Gullsmedstretet til Elsebe Pedersdotter.¹⁶⁰ Geble Pedersson hadde lenet av Munkelivgodset på same måte som den siste katolske biskopen. At biskopen fekk hand om Munkelivgodset var del av avtalen som gav Eske Bille høve til å riva Kristkyrkja på Holmen i 1531.¹⁶¹ Geble Pederssons etterfølgjar måtte derimot greia seg utan Munkelivgodset. Ei samanblanding mellom munkelivgrunnar og skulens grunnar, er det såleis rimeleg å tru har skjedd i den siste tida Geble Pedersson var superintendent. Dei to lokatane vart oppretta i 1562 og dei delte innkoma til den tidlegare høyraren ved skulen.¹⁶²

Når summen av kapittelgrunnane er større i 1686 enn i 1600, må det skuldast at i 1686 er 24 Rd avrekna mot Munkeliv og kapittelgrunnane. I 1686 var den samla grunnleiga av kapittelet 188,73 Rd. Dersom dette omfatta 24 Rd frå tilbakeføringa av grunnleiger frå Munkelivgodset, skulle det tilseia at kapittelgrunnane gav 164,73 Rd før tilbakeføringa. Men kapittelgrunnane utgjorde i alt 171,44 Rd i 1600. Dette må skuldast at i 1600 var fleire munkelivgrunnar talde med mellom kapittelgrunnane. To av desse kan påvisast, ei vareleige på 1 stykke mjøl kom frå ein grunn Munkeliv hadde ått i Jakobsfjorden, og 1 Rd kom frå Gullsmedstretet. Grunnen i Jakobsfjorden finn ein att i 1686. Dette kan tyda på at ved tilbakeføringa av kapittelgrunnar frå Munkelivgodset har ein teke omsyn til at det mellom kapittelgrunnane fanst grunnar som hadde hørt til Munkeliv. Summen av desse munkelivgrunnane må vera differansen mellom summen av grunnleigene i kapitteljorddeboka frå om lag 1600 og summen av kapittelgrunnane i 1686, , - 24 Rd. Dette vert $171,44 \text{ Rd} - (188,73 - 24 \text{ Rd}) = 6,71 \text{ Rd}$. Heilt rett er likevel ikkje dette, for 1 Rd av differansen skuldast at det hadde gått tapt 1 Rd av kapittelgrunnleigene til Erik Rosenkrantz. Det står da att ein differanse på 5,71 Rd. Av denne veit ein at 1 Rd kom frå Gullsmedstretet. Resten på 4,71 Rd må vera frå munkelivgrunnar som ikkje let seg påvisa mellom kapittelgrunnleigene i 1600. I 1686 ser ein at bispestolen og Korskyrkja samla hadde 4,75 Rd av grunnar i Nykyrkjesoknet, og dette kan vera opphavleg leige frå munkelivgrunnar. Etter dette må ein tru at ein ved tilbakeføring av kapittelgrunnar frå Munkelivgodset har teke omsyn til at kapittelet hadde grunnar som opphavleg hadde hørt til Munkeliv. Desse har ein late vera i kapittelets eige, men avrekna dei mot 24 Rd i grunnleige som vart tilbakeført frå Munkelivgodset. Tilbakeføringa utgjorde da $24 \text{ Rd} - 5,71 \text{ Rd} = 18,29 \text{ Rd}$.

¹⁶⁰ NRR I s. 220, 6. april 1557.

¹⁶¹ Helle 1982 s. 886.

¹⁶² Aps. Dagb. s. 22, 29. okt. 1562.

Tabell 6.9.2 er ei systematisk samanstilling av grunnleigeopplysningane i 1600 og 1686. Kvar av summane i 1600 er merka med ein bokstav. I feltet etter mottakar i 1686 vert det ved hjelp av bokstavane vist kor stor del dei enkelte mottakarane i 1686 hadde av dei ulike summane i 1600. Heilt til høgre i tabellen finn ein oversikt over korleis dei ulike grunnleigegruppene fordelar seg på mottakarane av grunnleiger i 1686.

Tabell 6.9.2. Ei systematisk samanstilling av grunnleigene i kapitteljordeboka frå om lag 1600 og leigene av kapittelgrunnane i 1686

• 1600 Mottakar	• Mottakar 1686
• Fellesgodset 33,50 a) + 1 st.mjøl.	• Kommunet 0,50 • a) 0,50 •
• Laur.preb. 6,00 biskopen b) • Blasij preb. 8,50 lesemest. c)	• Biskopen 10,99 • a) 7,45 b) 3,44 • Korskrk. 19,87 • l) 17,89 a) 2,08 •
• Corp.Christ. 6,00 " " d) • Sunniva preb. 5,75 skulem. e) •	• Kap.Dkrk 18,11••f) • g) 17,60 a) 0,51 •
• Seb.& Fab. p. 17,60 Kap. Dkrk f) • Dol.Maria p. g)	• Sknp.Dk. 52,18••j) • k) 27,24 e) 5,75 •
•	•
• M.Virginis p. 7,64 B. i Stav h)	• a) 17,63 •
• St.And & N p. 21,87 Sknp.Kkrk i)	• Sknp.Kk. 28,52••i) 21,87 h) 5,00 • a) 1,65 •
•	•
• Cr.Haluari p. 27,24 Sknp.Dkrk j) • Jacobi p. k)	• Latinsk. 13,89••m) 19,45 a) 0,55 • Lektor 23,16••c) 8,50 d) 6,00 • 2 t.rug •
• Korskrk. 17,89 l)	• Rektor 15,74••x) 18,29 a) 2t.r •
• To lokatar 19,45 m)	• Not.Cap. 3,13 • a) 3,13 • M. Vir.p. 2,64 • h) 2,64 •
• Sum: 171,44 +1 st.m.	• Sum: 188,73 • Sum: 188,73 • 2 t. rug • 2 t. rug •

Fellesgodset (a) er spreidd på mange mot mottakar. Ei leige på 0,5 Rd er berre tilvist kommunet.

Vidare ser ein at 7,45 Rd av fellesgodset var lagt til biskopen, 2,08 Rd til Korskyrkja, 0,51 Rd til kapellanen ved Domkyrkja, 17,63 Rd til soknepresten ved Domkyrkja, 1,65 Rd til soknepresten ved Korskyrkja, 0,55 Rd til embete ved Latinskulen, og til sist 3,13 Rd til Notarius Capituli. Samla gir dette ei leige på 33,50 Rd av fellesgodsets grunnar. Laurentius prebende (b), som alt før 1600 var redusert med 1 Rd, ser i 1686 ut til å vera delt på biskopen med 3,44 Rd og soknepresten ved Domkyrkja med 1,56 Rd. Både i 1661 og 1600 finn ein at biskopen aleine mottok grunnleigene av prebendet. Blasij prebende (c) låg i 1600 til lesemeisteren eller lektor; det gjorde det og i 1661 og

1686. I 1686 er ei av leigene framleis omtala som ein grunn til Blasij prebende, men med tilleggsopplysing om at grunnen gav inntekt til lektor. Resten av grunnane til Blasij prebende må vera å finna mellom grunnane til lektor i 1686. Også Corporis Christi prebende (d) låg til lesemeisteren i 1600 og 1661, slik at grunnane er å finna mellom lektors grunnleiger i 1686. Sunniva prebende låg til skulemeisteren eller rektor i 1600. I 1661 er prebendet utelete, medan det i 1686 kan vera å finna mellom leigene til soknepresten ved Domkyrkja. To prebende, Sebastian og Fabiani og Maria Dolorum (f og g) er innførte samla i 1600. Desse hørde til kapellanen ved Domkyrkja, slik dei framleis gjorde i 1661 og truleg i 1686 og. Maria Virginis prebende (h) låg i 1600 til biskopen i Stavanger, i 1661 er det mogeleg at grunnleigene av prebendet låg til soknepresten ved Korskyrkja. Prebendet hadde frå 1603 vore eit fast inntektsgrunnlag for bylegen. Men slik eg her tolkar materialet, ser det ut til at grunnleigene har vore haldne utanom bylegens innkomer. Prebendet dukkar opp att i 1686, men no med ei samla grunnleigeinkome på berre 2,64 Rd, det er 5 Rd mindre enn i 1600. Desse 5 Rd er det mogeleg låg til soknepresten ved Korskyrkja. Til soknepresten ved Korskyrkja låg i alle høve innkomene av St. Andrea og Nikolai prebende (i) både i 1600 og 1661, og det høver bra å plassera innkomene av grunnane i prebendet under soknepresten i 1686. Soknepresten til domkyrkja hadde i 1600 innkomene av dei to prebenda Crucis Haluari (j) og Jacobi (k). Desse hadde han også i 1661, og vel og i 1686. Korskyrkja hadde i 1600 17,89 Rd i innkomer frå grunnleiger (l), og det må vera desse som i det alt vesentlege utgjer grunnleigene til kyrkja i 1686. Dei to lokatane hadde i 1600 ei grunnleigeinkome på i alt 19,45 Rd (m), og desse må vera å finna mellom Latinskulen, lektor og rektors innkomer i 1686. Mellom desse må ein og tru at ein finn 18,29 Rd som var tilbakeførte frå Munkelivgodset.

Bortsett frå dei 3 kjeldene som her er nytta, kapitteljordeboka frå om lag 1600, Landkommisjonens jordebok frå 1661, og GBB, er det lite kjeldemateriale som vitnar om grunneiga til kapittelet.

I 1307 bytte Bjarne Erlingsson tilbake 1/4 i Fatten som kona hans, Fru Margarete til Giske, hadde testamentert til Marialteret i Kristkyrkja. Bjarne Erlingsson fekk tilbake parten i Fatten mot at Marialteret fekk ein gard Bjarne åtte, kalla Bjarnegard eller Nygard.¹⁶³ Året etter sett Bjarne Erlingsson sjølv opp testamente, og testamenterte ein halvdel i Fatten til eit prebende ved Kristkyrkja og den andre halvdelen til eit prebende ved Apostelkyrkja.¹⁶⁴ Truleg er det sin halvdel

¹⁶³ DN II nr. 88, 1307.

¹⁶⁴ DN XV nr. 1, 1308(9?).

i Fatten Kristkyrkja sel til Ivar Andersson 1338. Prisen var 37 mark brent, som vart betalt med tilsaman 21 månadsmatsbol jord.¹⁶⁵ Det var berre grunnen som vart selt, det stod tydelegvis ikkje hus der, kan hende var ikkje garden nyreist etter bybrannen i 1332.

Brannen i 1332 ser ut til å vera den indirekte bakgrunnen for eit brev utferda for Skjeggen i 1334. Av brevet går det fram at eit prebende ved Kristkyrkja åtte halve Skjeggen. Inneavaren av prebendet gjorde avtale med Jon Standuøyk og kona hans om at ekteparet skulle byggja opp husa i garden. For dette skulle dei eiga halvdelen av bygningane og alt utstyr som hørde til. Samstundes skulle dei overta egedomsretten til halve grunnen i indre Skjeggen. Den andre halvdelen skulle, med hus og grunn, tilhøyrta prebendet. Ei synfaring to år seinare viser at Jon og kona hans, Valborg, hadde halde avtalen.¹⁶⁶

Ved denne avtalen fekk alteret ved Kristkyrkja redusert egedomsretten til grunnen frå 1/2 til 1/4. Alterets egedomsrett til grunnen i Skjeggen er særleg interessant av di det er den einaste grunneiga i byen som er nemnt i Bergens kalvskinn. Her er det under Brødrealteret ved Kristkyrkja ført opp leiga av indre vegen i Skjeggen. Med ei tilskrift som P.A. Munch meiner må vera frå 1400-talet, er det sett inn "halfthen".¹⁶⁷ Det er nærliggjande å tilskriva denne opplysninga til den avtalen om deling av grunnen som vart inngått i 1334. I kapitteljordeboka frå om lag 1600 kjem det fram at Erik Rosenkrantz hadde overteke kapittelets grunnleige av Skjeggen. Dersom opplysninga i BK er til å lita på, skulle dette tyda at Rosenkrantz overtok 1/4 av leiga i Skjeggen. Denne 1/4 gav 1 Rd i leige, noko som skulle tilsei at heile garden var verd 4 Rd i grunnleige. Det framgår av kapitteljordeboka frå om lag 1600 at parten i Skjeggen hadde lege til Laurentius prebende. Dette prebendet var mellom anna samansett av partar frå det godset som ein finn under Brødrealteret i BK.¹⁶⁸

Lorentzen har sett Rosenkrantz' overtaking av kapittelets grunnleige i Skjeggen i samband med eit makeskifte inngått mellom kapittelet og Rosenkrantz i 1561.¹⁶⁹ Men dette makeskiftet inneheld ikkje opplysningar som tyder på at det omfatta bygrunnar.¹⁷⁰ Rosenkrantz kunne da og på andre måtar skaffa seg egedomsrett til kyrkjeleg grunneige. Det finn ein døme på når det gjeld eit

¹⁶⁵ DN X nr. 33, 1338.

¹⁶⁶ DN II nr. 207, 1334, nr. 215, 1336.

¹⁶⁷ BK s. 34.

¹⁶⁸ Beyer 1970 Tillegg s. 17-20, sjå nr. 13 s. 19.

¹⁶⁹ Lorentzen 1952 s. 117 note 1.

¹⁷⁰ Beyer 1970 Tillegg s. 80-82. Aps Dagb. s. 45, 2. Des. 1563.

steinhus med grunn som låg ovanfor Gullskoen. Forfedrene til Rosenkrantz hadde gitt dette i gave til Lyse kloster. I 1565 fekk Rosenkrantz eigedomen tilbakeført frå Lyse kloster, av di klostret ikkje lenger kunne halda vilkåra for gava.¹⁷¹

Alt i Christian III's handfesting og i recess av 30. oktober 1536 hadde det gått fram at det skulle vera hove for adelsfolk å få tilbakeført gods frå kyrkjelege institusjonar, dersom dei kunne bevisa at dei var rette arvingar. Rett nok vart det sagt at dette galde gods som "nogre vicariiæ vdj forlening haffue." Vikar var her ein prest som hadde inntekter av eit alter i Kristkyrkja, der alteret var ei sjølvstendig økonomisk eining, men der presten ikkje vart rekna for kannik ved kapittelet. Christian III's handfesting og recessen av 30. oktober 1536 slår fast at vikargodset skulle haldast ved makt til innehavaren døydde. Det godset som låg til "Clostere, prælature, Digniteter, Cannickdomme och andre geystelige Lenn," skulle haldast ved makt inntil vidare.¹⁷²

Saka om steinhuset bak Gullskoen viser at Rosenkrantz kunne nytta seg av føresegna om tilbakeføring av kyrkjegods til adelen. Men dersom dette er grunnlaget for at Rosenkrantz har fått hand om kapittelets grunnleige i Skjeggen, må han ha hatt god dokumentasjon til arveretten sin, for BK vart skriven om lag 1360.¹⁷³ Brevet om delinga med private viser at Brødrealteret hadde hand om grunnen i 1334. Forfedrene til Rosenkrantz må da ha overført grunnen i Skjeggen til alteret i Domkyrkja før 1334. Erik Rosenkrantz hadde som lensmann på Bergenhus godt hove til å få innsyn i kapittelets grunneige. For sjølv om kapittelet etter reformasjonen heldt fram med å forvalta godset sitt, var det likevel under overoppsyn av kongen, i første rekkje gjennom lensmannen. Dette kjem til uttrykk gjennom fleire grunnlegebrev utforda i tida etter reformasjonen.

Christopher Valkendorf hadde på vegne av kongen leigd ut to grunnar som gav grunnleige til Latinskulen.¹⁷⁴ På same måte er det med eit leigebrev Erik Rosenkrantz utforda for Nordre Bugard, som låg til Corporis Christi prebende.¹⁷⁵ Men kapittelet kunne og leiga ut grunnane sine sjølve, utan at det vart vist verken til kongen eller lensmannen på Bergenhus. Slik var det da mester Absalon Pedersson, herr Mikkel Jonsson, og herr Peder Simonsson, som kalla seg kannikar, kapittelets rette forsvararar og forstandarar til Domkyrkja, leigde ut Gassegrunn på

¹⁷¹ NRR I s.472-73, 4. okt. 1565.

¹⁷² Beyer 1970 s. 14.

¹⁷³ KLN 1 sp. 474, Bergens Kalvskinn.

¹⁷⁴ NRR II s. 286-87, 25. juli 1578.

¹⁷⁵ Vedlegg 7.

Stranden til biskop Jens Skieldrup.¹⁷⁶ I 1583 leigde soknepresten i Domkyrkja ut ein av dei grunnane som følgde med embetet hans. I dette brevet kjem det ikkje fram noko som tyder på at innhaldet i brevet kjem ved andre enn leigaren og den som til ei kvar tid var sokneprest ved Domkyrkja.¹⁷⁷ Det er overraskande at ein finn så klar forskjell i praksis når det gjeld uteigje av kapittelgrunnar. Det er vanskeleg å sjå at dei som i desse døma opptrer som uteigarar, kunne sidestillast dersom det vart reist spørsmål om i kor stor grad den enkelte hadde rett til å utforda leigekontraktar. Tryggast var nok lensmennene i så måte. Men samstundes er det mogeleg at den ulike praksisen har bakgrunn i den generelle utviklinga for kapittelsgodset. Ved perpetueringa vart prebendegods lagt til embete, som t.d. soknepresten ved Domkyrkja, som ei varig ordning. Da vart det kan hende embetsinnehavarens ansvar å forvalta godset på beste måte.

Spørsmålet vert no i kor stor grad kapittelgrunnane i 1686 er identiske med grunneiga til kapittelet i seinmellomalderen. Den grunneiga ein finn i GBB, går i alle høve tilbake til om lag 1600. I kapitteljordeboka frå om lag 1600 manglar 24 Rd i grunnleige av grunnar som var samanblanda med munkelivgrunnane. Samstundes ser det ut til at jordeboka inneheld 5,71 Rd i grunnleige av munkelivgrunnar. Kontrollerer ein for desse momenta, finn ein at det er samsvar mellom kapitteljordeboka frå om lag 1600 og opplysningane om kapittelets grunnleiger i GBB. Men hadde det skjedd endringar i grunneiga mellom reformasjonen og 1600? Kapitteljordeboka opplyser om ei mindre endring, der leiga av ein grunn i Skjeggen hadde gått over til Erik Rosenkrantz' eige. Dette er det einaste dømet der det kan dokumenterast at kapittelet mista eigedomsretten til grunn mellom reformasjonen og 1600.

I tabellane 6.9.1 og 6.9.2 er det ikkje gjort freistnad på gi att kapittelorganisasjonen, dvs. å skilja mellom dei mottakarane av grunnleiger som var medlemmer i kapittelet og dei som berre hadde fått seg tillagt inntekter av kapittelgodset. Det var ein hovudtendens i kapittelets økonomi at kapittelet makta å utnytta andre kyrkjelege institusjonar til eigen økonomisk fordel før reformasjonen, men at kapittelet etter reformasjonen måtte gi frå seg inntekter til andre.¹⁷⁸ Det er frå denne vinkelen ein må sjå opplysningane om kapittelets grunnleiger i kapitteljordeboka og i GBB. Om mottakarane av grunnleigene var del av kapittelorganisasjonen eller ikkje, spelar liten rolle så lenge grunnleigene hadde utgangspunkt i grunnleigmengda som hadde lege til kapittelet før reformasjonen.

¹⁷⁶ DN IX nr. 796, 1567.

¹⁷⁷ UBB dip. saml. 18. desember 1583.

¹⁷⁸ Beyer 1970 s.23.

Tabell 6.9.3 viser kapittelets grunneige ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686. Eg har ikkje gjort forsøk på å fordela grunneiga på fellesgodset og prebenda. Dette skuldast at berre ved hjelp av GBB er det mogeleg å plassera kapittelets grunnleiger innan dei ulike sokna. I GBB vert ikkje leigene knytt til fellesgodset eller prebenda, men til dei embeta som var mottakarar. Som det går fram av tabellane 6.9.1 og 6.9.2, var fleire prebende slegne saman under eit embete eller delte på fleire. For dei embeta som mottok delar av grunnleigene i Fellesgodset, må leigene i GBB vera samanblanda med dei leigene embeta hadde frå dei ulike prebenda.

Tabell 6.9.3 Domkapittelets grunneige ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn	Grunnleige	Talet på grunnar*
Domkyrkje	17,37 Rd	18
Korskyrkje	103,17 Rd	168
Kontoret	69,19 Rd	14
Sum	188,73 Rd	200

* Talet på grunnar er basert på GBB. I 1686 er det 19 grunnar i Nykyrkjesokn, desse har eg ført inn under Korskyrkjesokn.

6.10 Lokalkyrkjene

I GBB er det nemnt 3 soknekyrkjer frå mellomalderen som grunneigarar. Dei låg alle langs Øvregata, Mariakyrka i nord, Nikolaikyrkja for enden av Breidaallmenning og Martinskyrkja i sør. I 1686 var framleis Mariakyrka og Martinskyrkja soknekyrkjer. Nikolaikyrkja var derimot nedlagt.¹⁷⁹

Mariakyrka hadde grunneige både i Korskyrkjesoknet og på Kontoret i 1686. I Korskyrkjesoknet vart grunnane omtala som eiga til "Vår Frues Kyrkje", medan ein innan Kontoret nytta Mariakyrka. Kva som ligg bak ein slik variasjon i namnebruken, er uklart, men at det var tale om same kyrkja er heva over tvil.

I alt 10 grunnar er innførte som "Vår Frues kyrkjes" eige. Samla grunnleige var 4,92 Rd. Ein av desse låg på oversida av Øvregata ikkje langt frå Mariakyrka, og vart nytta som grunn for eit eldhus. I 1686 vart grunnen dokumentert ved å visa til grunnleigebrev frå 1591 og 1593, og gav ei

¹⁷⁹ Helle 1982 s. 857.

leige på 1 ort 8 ß.¹⁸⁰ Lenger nord i gata, kan hende ikkje langt frå Mariakyrkja, låg 4 grunnar som samla gav ei leige på 2 Rd 1 ort 8 ß. Til ein av grunnane hørde det og hage utan at det vert opplyst kven som åtte denne.¹⁸¹ Desse 4 grunnane må ha danna ein samla eigedom, og kan ha vore grunnen til ein av mellomaldergardane langs Øvregata. I dette området låg det enda ein grunn i "Vår Frues kyrkjes" eige, denne gav 2 ort 16 ß i leige. Om grunnen låg for seg sjølv eller hørde saman med dei 4 ovannemnde, er vanskeleg å avgjera.

Det er typisk for dei fleste grunnane Mariakyrkja åtte at dei ikkje låg langt frå kyrkja. To grunnar låg like ved "De tydskes kirkers hus". Om det med dette er meint det same som prestehuset ved Mariakyrkja, vert det heile underleg sett i hove til at Koren Wiberg har lokalisert prestehuset til grunnen der Maria gildeskåle har stått. Dette var i utkanten av Mariakyrkjegarden ned mot Kontoret. Når Koren Wiberg plasserte prestehuset her, var det på grunnlag av eit diplom frå 1480.¹⁸² Etter brannen i 1702 vart prestehuset flytta til Kroken.¹⁸³ Johan Wiberg har på grunnlag av opplysningar i Mariakyrkjas rekneskapsbok 1660-1752 laga rekonstruksjonsskisser over prestehuset, Mariakyrkja og tilgrensande bebyggelse.¹⁸⁴ Men med det oversynet over hus og hage og alt som hørde til, er det ikkje lett å finna plass for prestehuset på nedsida av Mariakyrkja. Mellom anna hørde det ein steinkellar til prestehuset, og denne er identifisert som Erik Rosenkrantz' steinhus ovanfor Gullskoen. Men dette steinhuset var utleigd til kjøpmennene i Gullskoen og ikkje til prestehus, det viser Rosenkrantz leigebrev frå 1568.¹⁸⁵ Slik er det og i GBB, steinhuset er innført som ein part av leiga i Gullskoen.¹⁸⁶ Diplomet frå 1480 fortel at prestehuset hadde lege på gildeskålgrunnen. Men dette brevet er eit vitnemål om korleis denne grunnen hadde vore nytt 50 år før 1480. Kan hende var prestehuset flytta til Kroken alt etter brannen i 1476.

Mariakyrkja hadde vidare ein grunn i Dreggen og ein på Stølen. Desse gav 1 ort 8 ß og 1 ort i leige. På Kontoret åtte Mariakyrkja grunnen under Søstergard, og denne gav 4 Rd 2 ort og 8 ß i leige.

Byeigedomane i Mariakyrkjas eige kan sporast i tidlegare materiale enn GBB. I 1408 fekk

¹⁸⁰ GBB s. 161.

¹⁸¹ GBB s. 172.

¹⁸² Koren Wiberg 1908 s. 12 og 13. NM I s. 575, 21. jan 1480.

¹⁸³ Johan Wiberg 1940 s. 64.

¹⁸⁴ Johan Wiberg 1940 s. 62-64.

¹⁸⁵ HMS 5 s. 38-39. UBB dip. saml. 10. juli 1568.

Mariakyrkja 3 gardar ved Kontoret av dei tyske kjøpmennene. Det var Bøtagard, Engelgard og Søstergard.¹⁸⁷ Men brevet om gāva seier ikkje noko om at den også omfatta grunnen dei stod på. Biskopen i Bergen, Aslak Bolt, som kunngjorde gāva, gav samstundes dei tyske kjøpmennene ombod for kyrkas eigedomar. Kjøpmennene skulle utnemne ombodsmenn, som skulle krevja inn husleige og anna som tilkom kyrka. Det er ikkje nemnt grunnleige. Dei tyske kjøpmennenes gāve til Mariakyrkja kan ha omfatta berre husa i gardane. Om ein ser bort frå dette gāvebrevet, er det ingen kjelder frå mellomalderen som tyder på at tyske kjøpmenn åtte bygrunnar. Huseigarar var dei derimot i alle gardane på Kontoret. Mariakyrkja kan ha hatt eigedomsretten til grunnen i Søstergard før 1408. Gāvebrevet inneber i så fall at kyrka heretter også vart eigar av husa i garden.

Mariakyrkja var eigar av hus og grunn i Galgen. Dette går fram av eit brev frå 1473. Da vart det inngått eit forlik mellom Mariakyrkja på den eine sida og Trond Benkestokk og Tord Trondsson på den andre. Trond skulle ha 1/5 i garden, og dette galdt både hus og grunn. Resten skulle vera Mariakyrkjas eigedom.¹⁸⁸ I lensrekneskapen for 1521 er "Vår Frue Gard i Dreggen" nemnt fleire gonger. Etter namnet må dette vera ein eigedom i Mariakyrkjas eige. Dersom Mariakyrkja berre fekk husa i Bøtagard, er det berre Galgen som kan nyttast til lokalisering av grunnen i "Vår Frue Gard". Kan hende er det denne grunnen som i GBB er nemnt i Dreggen. Denne var 28,5 alen lang og 14 alen brei.¹⁸⁹

I 1479 var det strid om eigedomsratten til ein gard kalla "Kare".¹⁹⁰ Som nemnt under avsnittet om Munkeliv, kan det vera tale om garden Karan, som tidlegare hadde vore Munkelivs eigedom. Garden kan ha lege på oversida av Øvregata, ikkje langt frå Mariakyrkja.¹⁹¹ Da er det mogeleg at det er denne grunnen som løyner seg bak ein av dei grunnleigekonsentrasjonane i Mariakyrkjas eige som ein finn ovanfor Øvregata i 1686.

I 1527 leigd Mariakyrkja ut ein kålhage til kjøpmannen Hildebrand Teger. Eigedomen låg ovanfor Mariakyrkja i "Koperen". Kopr var mellomaldernemninga for området ovanfor Øvregata, i krysset mot Nye Sandviksvei i dag. Kan hende er det denne eigedomen ein finn i GBB ikkje langt

¹⁸⁶ GBB s. 194.

¹⁸⁷ NgL 2.R. I nr. 207, 1408.

¹⁸⁸ BHFS 33 s. 173-74, 1473.

¹⁸⁹ GBB s. 180.

¹⁹⁰ NM I s. 574-75, 30. sept. 1479.

¹⁹¹ Helle 1982 s. 231.

frå Stolen.

Dei grunnane ein finn i Mariakyrkjas eige gjennom eigedomsdokument frå seinmellomalderen, høver godt inn mellom dei ein finn i GBB, men i tillegg har GBB ei rad eigedomar som ein ikkje har vitnemål om frå tidlegare.

Martinskyrkja er ikkje nemnt som grunneigar i mellomalderkjelder, men i GBB er kyrkja innført med innkomene av fleire grunnar, fem i Korskyrkjesoknet og ein på Kontoret. Fire av grunnane i Korskyrkjesoknet låg samla, og gav kvar ei leige på 1 ort 8 ß. Grunnane låg like ved Martinskyrkja, kan hende langs Øvregata.¹⁹² Den femte grunnen i Korskyrkjesoknet gav 1,5 ort i leige og låg lenger ute, på oversida av Øvregata ikkje langt frå den grunnen Mariakyrkja åtte i Kopr.¹⁹³

Som Mariakyrkja hadde også Martinskyrkja ein grunn på Kontoret. Mariakyrkjas grunn var grunnen i Søstergard, og denne låg like nedanfor kyrkja. Martinskyrkjas grunn på Kontoret var søre delen av grunnen i Leppen, og denne låg like nedanfor Martinskyrkja. Grunnleiga var 4 Rd 2 ort 16 ß.¹⁹⁴ Grunnleiga var på 4 ß nær, plent den same som for grunnen til Mariakyrkja.

Martinskyrkjas grunnar i GBB låg alle i bystrok som hadde hatt vanleg bebyggelse alt i seinmellomalderen, og det er ikkje noko som talar for at kyrkja ikkje kan ha ått grunnane i mellomalderen. Ein av Martinskyrkjas grunnar er nemnt i eit brev frå 1631. Da leigde lensmannen Oluf Parsberg ut ein av kyrkjas grunnar ved Øvregata. Leigaren var Mester Jørgen Badsker, som skulle betala 1,5 Bg og 5 ß i leige kvart år. I leigebrevet referer Parsberg eit brev for same grunnen utferda av Erik Rosenkrantz. I 1631 var det Fredrik Boch i Dramshusen som var leigar, men grunnleiga var den same som i 1561.¹⁹⁵

Mariakyrkja og Martinskyrkja høyrdet til dei lokalkyrkjene som hadde overlevd reformasjonen. Nikolaikyrkja låg derimot i ruinar på slutten av 1500-talet. På Scholeus-stikket frå 1580 ser ein murane av kyrkja på oversida av Øvregata. I GBB er det innført to grunnar som høyrdet til Nikolaikyrkja. I 1686 var det Rådstova som fekk leiga av desse. Dei to grunnane låg ikkje langt frå kvarandre, truleg på Øvregata like sør for Martinskyrkja. Grunnane var store, med 2 og 3 Rd i

¹⁹² GBB s. 60-61.

¹⁹³ GBB s. 183.

¹⁹⁴ GBB s. 198.

leige. Like ved låg enda ein grunn som Rådstova rådde for. Truleg var dette grunnen til Nikolaikyrkja. Nikolaikyrkja låg for enden av Breidaallmenningen. Delar av allmenningen nedanfor Øvregata hadde byrådet leigd ut til tyske kjøpmenn i 1437. I 1441 leigde rådet vidare ut delar av allmenningen ovanfor gata.¹⁹⁶

Dei 2 soknekyrkjene Mariakyrkja og Martinskyrkja kan da ha motteke ei samla grunnleige i seinmellomalderen på 18,87 Rd. Denne leiga fordelte seg som vist i tabell 5.10.1.

Tabell 6.10.1: Grunneiga til Mariakyrkja og Martinskyrkja ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjessokna i 1686

	Korskyrkjesokn	Kontoret
• Kyrkje	• Leige	• Talet på gr
• Mariakrk.	• 4, 92 Rd	10
• Martinskrk.	• 4, 70 Rd	5
• Sum	• 9, 62 Rd	15
	• 4, 58 Rd	1
	• 4, 67 Rd	1
	• 9, 25 Rd	2

6.11 Dei kongelege kapella

Bortsett frå Mariakyrkja i Oslo har det ikkje lukkast å finna materiale som gir opplysningar om grunneiga til dei kongelege kapella. Hallvard Bjørkvik har granska det økonomiske grunnlaget for dei kongelege kapella, men har ikkje teke med innkomene av grunnleige.¹⁹⁷ Av dei tre kapella som låg i Bergen veit ein at både Apostelkyrkja og Allehelgenkyrkja åtte grunnar i byen. Desse vart lagt til Manufakturhuset i 1660.¹⁹⁸ Derimot er det usikkert om Katarinakyrkja hadde innkomer av grunnar. Det følgjande overslaget er såleis svært usikkert når det gjeld kapella i Bergen.

Mariakyrkja i Oslo hadde i 1542 ei grunnleige i Bergen på 50 Bg.¹⁹⁹ Etter verdihøvet mellom Bg og dalar på denne tida skulle det tilsvara ei grunnleige på 12,50 Rd.²⁰⁰ Denne grunnleiga må i hovudsak ha kome frå Audunargard på Stranden, som Mariakyrkja mottok av kong Håkon Magnusson i 1318.²⁰¹ Audunargard må ha vore svært stor dersom heile leiga kom frå denne garden.

¹⁹⁵ NRR VI s. 354, 21. desember 1631.

¹⁹⁶ NgL 2 R. I nr. 386, før 1437. III nr. 390, 1441.

¹⁹⁷ Bjørkvik 1970.

¹⁹⁸ NRR XII s. 435, 25. sept. 1660.

¹⁹⁹ NRJ IV s. 587-88.

²⁰⁰ NHL s. 67-68, Daler.

²⁰¹ DN II nr. 133, 1318.

For Apostelkyrkja, Allehelgenskyrkja og Katarinahospitalet vel eg å rekna deira grunneige som for dei tre utanbys klostra, om lag 4,50 Rd i Domkyrkjesoknet og 7,50 Rd i Korskyrkjesoknet. Meir enn gissing er ikkje dette. På den eine sida kan det innvendast at kapella låg i byen og kunne dra føremun av stillinga som kongelege kapell. På den andre sida kjenner ein ikkje til at Katarinahospitalet hadde grunnar. På grunnlag av ovannemnde føresetnader kan eg stilla opp følgjande grunneige for dei kongelege kapella:

Domkyrkjesoknet: 26,00 Rd
Korskyrkjesoknet: 22,50 Rd

6.12 Erkestolens grunneige

Erkestolen hadde i mellomalderen eit område der Nykyrkja seinare vart bygd. Kyrkja er delvis bygd på ruinane av Erkebispegarden. Arkelogiske undersøkjingar har vist at garden var eit større anlegg, som må ha romma både lagerfunksjonar og bustad. Truleg må det også ha vore ei kyrkje eller eit kapell i tilknyting til anlegget. Erkebiskeno nytta garden til å organisera handelsverksemd. Vidare tente den og som bustad for erkebiskopens forvaltar og til opphold for erkebispen eller hans utsendingar ved besøk i byen. Sjølve grunnområdet var erkestolens eigedom. Kor stort arealet var veit ein ikkje.²⁰²

GBB inneheld ikkje tilvisingar til grunnar i erkestolens eige. Men som eg viste i avsnittet om bispestolens grunnleiger, inneheld lista over kronas grunnleiger frå 1577 8 grunnar ved Erkebispegarden som det er vanskeleg å forstå hadde vore bispestolens eige, og som i alle høve ikkje hadde vore kronas eige før reformasjonen. Desse har eg difor valt å tolka som grunnleiger i erkestolens eige. Dette føreset at erkestolens grunneige i Bergen på same måte som grunnen til bispestolen vart lagt direkte under krona etter reformasjonen.

Tabell 6.12.1 Erkestolens grunnleiger ved utgangen av seinmellomalderen etter kronas grunnleiger i lensrekneskapen fra 1577

Grunn nr.:	Leige:	Kyrkjesokn:	Sum:
• 11	12fl	Nykyrkje	•
• 12	2 ort		•
• 31	2,5 ort 4 fl		•
• 47-48	2,5 d 1 ort 5,5 fl		•
• 52	2 d 8 fl		•
• 54	8 fl		•
• 56	1,5 ort 4 fl	4,5 d 7 ort 41,5 fl	•

²⁰² Helle 1982 s. 286.

Dei 8 grunnleigene i lista frå 1577 må da reknast som utleige av partar av grunnområdet ved Erkebispegarden. Spørsmålet vert om Erkebiskopen åtte grunn andre stader i byen og.

Eit brev frå 1465 fortel at Erkebiskopen hadde kjøpt ein gard i Bergen. Brevet rekna opp alle husa i garden og rettane som høyrd til desse, men det vart også understreka at erkebiskopen skulle overta alle dei rettane seljaren har til grunnen i garden.²⁰³ Men dei grunnrettane det her vart sikta til, kan ha omfatta leigeretten og ikkje egedomsretten. Slik brevet er utforma, ser det ut til at rettane til grunnen følgde med husa i garden, og ei slik passiv overføring ville det neppe ha vore tale om dersom det var egedomsretten som vart avhenda. Lenger kjem ein ikkje når det gjeld å lokalisera grunnar i erkebiskopens eige utanom Erkebispegardens område.

At delar av Erkebispegardens område vart nytta til bebyggelse, vert underbygd ved ein førespurnad frå biskopen i Bergen i 1531, der erkebiskopen vart spurta om biskopen kunne få leiga eit hus eller ei sjøbu ved Erkebispegarden. Om ikkje det var mogeleg, ville biskopen svært gjerne kjøpa Svein Skrivars gard, som erkebiskopen åtte.²⁰⁴ Dette tyder på at området rundt Erkebispegarden vart sett på som eit område med bymessig bebyggelse.

Tabell 6.12.1 viser den grunneiga som kan ha lege til erkestolen, dersom området ved Erkebispegarden vart utnytta til leigegrunn slik grunnleigelista i lensrekneskapen frå 1577 gir uttrykk for.

Tabell 6.12.1 *Erkestolens grunneige i Bergen ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjessokna i 1686*

Sokn	Leige	Talet på grunnar
Nykyrkjesokn	6,70 Rd	8

6.13 Andre kyrkjelege grunneigarar

Tre kyrkjelege institusjonar finn ein berre omtala som grunneigarar i dokument frå seinmellomalderen. Felles for desse er at grunneiga ser ut til å ha vore svært avgrensa.

I eit brev frå 1418 vert det fortalt at Laurentius eller Lavranskyrkja åtte ein grunn kalla Skallagard. Grunnen låg mellom to andre grunnar kalla Slepalangen og Karan. Skallagard er nemnt tre gonger

²⁰³ DN V nr. 855, 1465.

²⁰⁴ DN X nr. 633, 1531.

tidlegare og, men berre i brevet frå 1418 vert det fortalt om eigartilhøvet.²⁰⁵ Garden er prøvande plassert ovanfor Øvregata, like ved Mariakyrkja.²⁰⁶ I så måte låg ikkje garden langt unna Lavranskyrkja. Det er ikkje haldepunkt i dei nemnde dokumenta for storleiken på grunnleiga. Det einaste måtte vera om ein tar utgangspunkt i grunnen Karan som låg like ved. Denne hadde i alle hove ei tid på 1400-talet vore i Munkelivs eige, men om den er mellom leigene i 1463-lista er uvisst.²⁰⁷ Dersom den er det, er det truleg at grunnleiga svara for 1 stykke varning, eller slik eg har omrekna Munkelivs grunneiger, 1 Rd. Om grunnane Karan og Slepalangen var jamstore, var kan hende grunnleiga det og.

I 1440 mottok Domkapittelet i Nidaros ein gard kalla Roarsgard frå ein av kannikane. Kapittelet skulle ha all den ubetalte leiga av garden.²⁰⁸ Det kan anten vera sikta til grunnleige eller til husleige. Dersom testamentet omfattar husleige, må ein tru at det tyder at givaren åtte både hus og grunn. Roarsgard har eg, slik den er omtala i kapittelet om Munkelivs grunneiger, lokalisert eit stykke inne på Strandsida.²⁰⁹ Dersom garden var ein mellomstor gard på Strandsida, kan ei skjønnsmessig leige setjast til 2 Rd.

I 1520 vart ein grunn i Skjeggen testamentert av Gaute Galle til St. Olavs alteret i Trondheim. Grunnen gav ei årleg leige på 2 Bg.²¹⁰ Om gåva vart realisert, veit ein like vel ikkje om ordninga vart varig. GBB har ingen innforsler som tyder på at Domkyrkja i Trondheim hadde grunnar i Bergen. Den seine overføringa gjer dessutan opplysningane lite aktuelle for denne oppgåva.

Heilt sikkert veit ein derimot at Domkyrkja i Stavanger hadde ein gard på Strandsida. Første gong ein høyrer om garden er i 1472, men den er nemnt fleire gonger seinare og.²¹¹ I 1529 vert det fortalt at stavangerbiskopen mottok grunnleige av garden, og av brevet går det fram at grunnen låg til Domkyrkja i Stavanger. Det vert ikkje fortalt kor stor grunnleiga var.²¹² Sannsynlegvis er grunnleiga blitt lagt under krona etter reformasjonen, og om det stemmer, må ein tru at leiga er å finna mellom dei leigene som eg har ført opp under Bergen bispestols grunneiger i Domkyrkjesoknet.

²⁰⁵ DN II nr. 392, 1367, nr. 424, 1372. DN XII nr. 138, 1403, nr. 165, 1418.

²⁰⁶ Helle 1982 s.231.

²⁰⁷ Kap. 6.2 s. 134

²⁰⁸ DN V nr. 692, 1440.

²⁰⁹ Kap. 6.2 s. 124

²¹⁰ DN V nr. 1027, 1520.

²¹¹ Bruns 1900 s. 178 note 3, 1472. NRJ II s. 630. DN III nr. 1121, 1529. DN XII nr. 568, 1536.

²¹² DN III nr. 1121, 1529.

Tabell 6.13.1 gir eit oversyn over den kyrkjelege grunneiga som berre er kjent gjennom dokument frå seinmellomalderen, og som ikkje er komen med i andre oversyn over kyrkjeleg eige.

Tabell 6.13.1 Kyrkjelege institusjonar med mindre grunneige i Bergen i seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

•Sokn	• Leige	•Talet på gr.	• Eigar	•
•Domkyrkje	• 2 Rd?	• 1	• Dk.Nidar.	•
•Korskyrkje	• 1 Rd?	• 1	• Lavransk.	•
•Sum	• 3 Rd	• 2	•	•

6.14 Samla oversyn over den kyrkjelege grunneiga i seinmellomalderen

Tabell 5.14.1 gir eit samla oversyn over den kyrkjelege grunneiga i Bergen i seinmellomalderen.

Tabellen har ikkje med talet på grunnar. Talet på grunnar kan berre hentast frå GBB og anna etterreformatorisk materiale. For seinmellomalderen har desse opplysningane avgrensa verdi, ettersom grunnane vart utleigde i skiftande tal partar, og tendensen i hovudsak ser ut til å ha vore ei oppdeling i stadig fleire partar.

Dei kongelege kapella, dvs. Mariakyrkja i Oslo, Allehelgenskyrkja, Katarinahospitalet, og Apostelkyrkja, er berre prøvande sette inn i tabellen på grunnlag av overslaget i kap. 5.11.

*Tabell 6.14.1 Kyrkjelege institusjonar med grunneige i Bergen ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686**

•Institusjon	•Nykyrkje	•Domkrk.	•Korskrk.	•Kontoret	• Sum	•
•Munkeliv	• 20,73	• 4,00	• 1,50	• 5,00	• 31,23	•
•Jonskloster	• -	• 1,00	• -	• -	• 1,00	•
•Nonneseter	• -	• 1,00	• 1,63	• 1,50	• 4,13	•
•Lyse kloster	• -	• 7,00	• 10,92	• -	• 17,92	•
•Halsnøy kl.	• -	• 3,50	• 7,50	• -	• 11,00	•
•Selje kloster	• -	• 4,20	• 5,12	• -	• 9,32	•
•Bispestolen	• -	• 0,87	• 18,19	• 7,52	• 26,58	•
•Domkapittelet	• -	• 17,37	• 103,17	• 69,19	• 189,73	•
•Kongelege kap	• -	• 26,00	• 22,50	• -	• 48,50	•
•Lokalkyrkjer	• -	• -	• 9,62	• 9,25	• 18,87	•
•Erkebisikopen	• 6,70	• -	• -	• -	• 6,70	•
•Andre	• -	• 2,00	• 1,00	• -	• 3,00	•
•Sum	• 27,43	• 66,94	• 181,15	• 92,46	• 367,98	•

* Alle summane i Rd.

Det er ikkje sikkert at alle dei kyrkjelege grunneigarane i seinmellomalderen er komne med i

denne tabellen. Ei rad soknekyrkjer vart nedlagde i perioden, og det er mogeleg at også desse hadde grunneigedom. Ei slik grunneige vert det i første rekke naturleg å søkja mellom kapittelets grunnar. Utnytting av eksternt kyrklege gods var eit framtredande trekk ved kapittelets økonomi i seinmellomalderen.²¹³ Det er særleg kapittelets store grunneige som overraskar i denne tabellen. Kapittelets grunnleiger utgjer om lag 50% av dei samla kyrklege grunnleigeinnkomene. Dette er vesentleg meir enn den nest største kyrklege grunneigaren, Munkeliv, som berre hadde i overkant av 8%. Elles er mønsteret for grunneiga slik ein skulle forventa ut frå kjeldemateriale frå mellomalderen, bortsett frå bispestolen, der kjennskapen til institusjonens grunneige har vore svært sparsam.²¹⁴

²¹³ Beyer 1970 s.95-96.

²¹⁴ Helle 1982 s. 284-85.

7.0 DEN PRIVATE GRUNNEIGA

7.1 Den private grunneiga i 1686

Den private grunneiga kjem i mi oppgåve fram på grunnlag av ein passiv definisjon. Som private grunnar vil eg handsama all eiga som ikkje var kyrkjas, kongens eller byens eigedom. Dei private eigarane kan ein for mellomalderen dela i to hovudkategoriar, dei adelege og dei ikkje adelege.

Det er likevel svært vanskeleg å skilja klart mellom desse to gruppene, og hovudgrunnen til dette er å finna i kjeldematerialet. Opplysningane om adelsgods og annan privat eigedom er så sparsame samanlikna med det ein finn for kyrkjegods, at ein for denne eigedomsgruppa blir særleg avhengig av opplysningane i GBB. Det må i denne samanhengen slåast fast at for gruppa privat eigedom må svært mykje opphavleg adelsgods ha gått over til å bli uprilegerte byborgarars eigedom. Skulle det gi meinig å skilja mellom privilegerte og uprilegerte eigarar, ville det ha som føresetnad at det var mogeleg å påvisa kva eigedomar i 1686 som hadde hørt til adelen eller andre private i seinmellomalderen.

I dette kapittelet skal eg gi eit oversyn over den private grunneiga i 1686. På grunnlag av dette oversynet skal eg analysera grunneiga til kvar av eigargruppene i 1686 for å finna ut kor mykje av eiga som var privat også ved utgangen av seinmellomalderen. Til slutt skal eg setja opp eit hovudoversyn over den private grunneiga.

Byekspansjonen på 1500- og 1600-talet hadde i første rekke gått føre seg i dei områda av byen som blei frigjorde etter at store kyrkjelege institusjonar var nedlagde. Dette var ein ekspansjon som i hovudsak kom krona til del. GBB viser dette. Mest all den grunneiga som er komen til som følge av byekspansjonen, er innført som Manufakturhusets grunn. Når ein innan desse områda likevel finn enkelte grunnar i privat eige, skuldast det i første rekke at grunnane er gitte i bytte for andre i samband med reguleringstiltak.

Det kom såleis ikkje nokon tilvekst i den private grunneiga som følgje av byekspansjonen. Det neste spørsmålet blir om det på annan måte var tilvekst eller avgang av privatgrunn frå seinmellomalderen og til 1686? Som vist i førre kapittel, gav kongen bort grunnar som hadde vore i kyrkjeleg eige til Tønnes Claussen i 1562. Desse grunnane blei seinare rekna som private grunnar og er innførte i GBB som slike. Eit tilsvarande døme finn ein i 1626, da ein av Lysekloster sine bygrunnar blei selt til private. Det fann såleis stad ein avgang av kyrkjegrunnar til føremoen for privat grunneige etter reformasjonen. Derimot er det ikkje døme på ei motsett

rørsle i grunneiga. Men privat grunn blei i stor mon overført til krona i samband med Gyrvild Fadersdotters testamente på slutten av 1500-talet. Konklusjonen blir at ei granskning av den private grunneiga i seinmellomalderen med utgangspunkt i GBB må ta omsyn til at det kan dokumenterast at den private grunneiga blei tilført grunn frå kyrkjeleg eige og gav grunn til krona.

I tabell 2.1.1 blei det vist at privat grunneige var representert i alle dei 4 kyrkjesokna i 1686.

Tabell 7.1.1 gir ei liste over dei private eigarane og i kva kyrkjesokn dei åtte grunn. Lista er også inndelt etter i kor stor grad dei einskilde grunnane er adelsgrunn eller odelsgrunn, eller hører til namngitte godssamlingar. Det er avsett ein eigen kolonne for dei grunnane som manglar slik tilvising. Samla er det registrert 41 private eigarar i GBB.

Tabell 7.1.1 Typar privat grunneige etter GBB, fordelt på eigarar og kyrkjesokn: (N=Nykyrkje, D=Domkyrkje, K=Korskyrkje, Ko=Kontoret).

Eigar	Odel	Adeleg	Bilde	Rosen-krantz	Losna	Lunge-gard	Uspe-sifi-serte	Sum
Absalon Balchen	1K							1
Agnete Mikkelsd.							1Ko	1
Bernt Lodvigss.	1K							1
Bernt Nagel	2D						3Ko	5
Bonde (ein)							1Ko	1
Claus Henrikss.	1K							1
Cort Self	1K							1
Didrik Busch		1K						1
Elsb. H. Eliass.							1Ko	1
Edvard Edvardss.	3K							3
Erik Jakobssen							1Ko	1
Gabr. Karchdorf		1D						1
Gert Geelmeyden		2D						2
Gert Messing							1Ko	1
Hans Lauritssen	1D							1
Hans Lilliesk.				1D, 1Ko			4Ko	6
Hans Messing							1Ko	1
Hans Munthe	3D						1Ko	4
Hans Wilchenss.	1K						2Ko	3
Obr.von Hatten	1D	1K		3K	1D, 4K		1Ko	11
Henrik Sclytter							1Ko	1
Iver Christenss.		5D, 10K	2N	1N, 1D			4Ko	23
Jacob A. Semb	1D							1
J. thor Mølen	1D							1
Lars Rosenberg							1Ko	1
Lars Sand	2K		1K					3
Lars Sørensen				1D				1
Mgrte. Rassmusd.				1D				1
Obr. Macodi							5N	5
Mgrte.H.Hanssen				3Ko			1Ko	4

Mikkel Hanssen	1D						1
Nils Lindgard	1K						1
Ove Jenssen	1D, 1K						2
Peder Busch	4D						4
Peder Hanssen		1N, 1D 2K	1N, 4D 15K 2N, 10D 3K	3KO			27
Petter Trøiel				2D			
M. Samuel	1D					2KO	17
Sander Janssen	4D					1KO	4
Truls i Eivindv.	1K						4
Truls Glad	1K						1
Truls Sørenssen							1
Zakarias Anderss.	3D						1
Ukjente eigarar	4N, 42D, 22K	1K	1D	38D, 2K	10D, 3K	1KO	3
Sum:	105	25	39	56	5	13	121
						33	276

Ø

Eit trekk er slåande ved denne tabellen. Dei grunnane som ikkje er tilvist til ei særskild eigedomsgruppe, er alle å finna ved Kontoret. Det einaste unntaket er 5 grunnar som oberst Macodi åtte i Nykyrkjesoknet. Ved Kontoret er det slik at mest alle dei private grunnane manglar tilvising. Unntaket er 7 grunnar som blir tilvist til den rosenkrantzke eiga. Eit anna viktig trekk er at i alt 123 av dei 280 grunnleigene er innførte utan at eigar er oppgitt. Av desse er 66 odelsgrunnar, 40 grunnar høyrd til rosenkrantzgrunnane, 13 høyrd til Lungegarden, 1 var bildegrunn og 1 blei kalla adelsgrunn. Når det i særleg grad er odelsgrunnane som ikkje har eigarnamn, kan det skuldast at det er nett i denne gruppa ein finn mindre privateigde grunnar som ikkje er knytte til større eigedomskompleks. Den store mengda rosenkrantzke grunnar utan eigarnamn skuldast truleg at det var uklårt kven av dei mange arvingane til rosenkrantzgodset som åtte dei ulike grunnane. Dei 13 grunnane til Lungegarden er heller ikkje oppførte med eigarnamn. Dette er utan tyding for dette kapittelet, av di lungegardgrunnane ikkje hadde vore privatgrunnar i seinmellomalderen.

Egentleg fell alle dei private grunnane inn under nemningane adeleg- eller odelsgrunnar. Slik er bildegrunnane og rosenkrantzgrunnane adelege grunnar. Det same gjeld losnagrundane. Ein grunn høyrd til familien Lange, dette var ein borgarleg familie, og grunnen bør reknast som odel. Dei uspesifiserte grunnane let seg ikkje utan vidare plassera som odels- eller adelsgrunnar. I hovudsak må ein tru at det er adelege grunnar, eller i alle høve at dei hadde vore det tidlegare. Det må ein rekna med, om ein skal ta til følgje Absalon Pederssons utsegn om eigartilhøva på Kontoret på 1500-talet. Han heldt fram at grunnane anten tilhøyrd krona, kyrkja eller adelen, og

mellan sistnemnde var Erik Rosenkrantz den største eigaren.¹ Dette blei av Absalon sett fram som provet på at dei tyske kjøpmennene ikkje alltid hadde rådd for handelen i området. Grunneigetilhøva viste at nordmenn tidlegare hadde tilhald i området, og såleis blei eigartilhøvet på 1500-talet rekna for å gå langt attende i tida. Ikkje noko tyder på at adelsfolk fekk seg tillagt ny grunneige i Bergen etter reformasjonen, dersom ein ser bort frå dei grunnane som blei bytta i reguleringssaker. Dei grunnane som blei stadfesta som adelege grunnar i 1686, må ein gå ut frå var private grunnar også i seinmellomalderen. No er det ikkje heilt dekkjande at alle dei grunnane som blei kalla adelege i 1686, var privilegert gods på det tidspunktet. Grunnane var i stor utstrekning eigde av borgarar i Bergen, og desse kunne eiga både odels- og adelsgods. Det må i mange hove ha vore tale om kjøp av adelsgods, men at grunnane framleis er ført i grunnboka som adeleg eige. Dette fenomenet finn ein også døme på for jordeigedom.²

7.2 Odelsgrunnane

Når eg skal vurdera kor stor del av dei 280 private grunnane i GBB som hadde vore privat eige i seinmellomalderen, er det i første rekke odelsgrunnane eg må underkasta ei nøgnare gransking. Kva tydingsinnhald ein skal leggja i omgrepene "odel" i GBB, er uklart. I denne samanhengen kan det tyda eigedom som nokon har odelsrett til, men og vera ei reint skatteteknisk nemning for å skilja vanleg privat eigedom frå privilegert gods.³ Truleg er det den skattetekniske sida som blir teken i vare når nemninga odel blir nytta i GBB. Odelsrett var det til den adelege eiga og.

Av tabell 7.1.1 går det fram at i alt 22 av dei 41 private grunneigarane som er nemnde i GBB, var eigarar av odelsgrunnar. Av desse åtte 16 berre ein odelsgrunn, og for 12 av desse var odelsgrunnen den einaste grunneiga dei sat med. Det er såleis ikkje nokon konsentrasjon av odelsgrunnar på få hender. Ein slik konklusjon finn støtte i tabellen dersom ein ser på dei odelsgrunnane der ein kjenner eigarnamn. Men det gjer ein berre for 35 av dei i alt 105 odelsgrunnane som er nemnde i GBB. Eg skal i det følgjande gå gjennom odelsgrunnane i 1686 og omtala desse i topografisk rekjkjefølge.

I Nykyrkjesoknet er det innført 4 odelsgrunnar, ingen med eigarnamn, og det blir heller ikkje oppgitt storleiken på grunneiga. Ein av grunnane låg langt ute på Nordnes, og blei omtala som fri odel etter kongeleg stadfestingsbrev datert 1657. Grunnen låg ved sjøen og strekte seg like ut

¹ Storm 1895 s.31-32.

² Bjørkvik, H. Holmsen, A. 1972 s. 32.

³ NHL s. 240, Odelsgods.

til marbakken.⁴ Når det blir vist til kongeleg stadfestingsbrev og ikkje til skøyte, er det naturleg å tru at ein står overfor ein grunn som er gitt som erstatning i samband med regulering. Dei 3 andre odelsgrunnane i Nykyrkjesoknet låg alle langt inne på Nordnes, like nord for Murallmenningen. Ein er omtala som fri odelsgrunn utan nærmere presisering av vilkåra, medan dei to andre er fri odel etter skøyte, datert 1642 og 44.⁵ Når to av grunnane viser til skøyte, treng ikkje det vera anna enn dokument som er utferda i samband med sal mellom private. Eg velgjer å tolka grunnane som resultat av reguleringsarbeid, m. a. o at dei er erstatningsgrunnar for grunnar i Korskyrkje- eller Domkyrkjesoknet.

I Domkyrkjesoknet er i alt 65 grunnar omtala som odelsgrunnar. Desse ligg ikkje spreidde mellom dei i alt 793 grunnane i Domkyrkjesoknet, men er i all hovudsak å finna som grupper på 5-10 odelsgrunnar. Det er mogeleg at kvar av desse gruppene er å forstå som ein tidligare større grunn. Oppdelinga i mindre delar er eit resultat av at eigedomen er utleigd til fleire grunnleigarar. Det er ikkje noko som talar i mot at alle leigarane innan ei slik gruppe av odelsgrunnar kan ha betalt leige til same grunneigaren. Men det er og mogeleg at enkelte grunnar er delte som følge av arveskifte. Sjølv om grunnane i dei enkelte gruppene låg samla, er det ikkje alltid slik at dei er oppførte etter kvarandre i GBB. Dette skuldast at GBB ikkje tek omsyn til grunneigetilhøva, men til leigetilhøva. Leigepartane er innførte slik det fall seg mest naturleg etter kvart som ein arbeidde seg gjennom byen.

Dei første odelsgrunnane som er innførte i Domkyrkjesoknet, er fem grunnar som låg nord for Murallmenningen. Om den første av grunnane blir det opplyst at den låg ved sjøen, på ytre sida av allmenningen.⁶ Det blir ikkje oppgitt leige for desse 5 grunnane. Truleg dekte dei eit område frå sjøen og langs allmenningen opp til Strandgata. Den øvste grunnen var det Jørgen thor Mølen som brukte, og dermed kjenner ein lokaliseringa på hjørnet av Murallmenningen-Strandgata.⁷ Den neste gruppa odelsgrunnar er også samansett av 5 grunnar. Desse kan ha hange saman med dei fem første. For også her er det tale om grunnar som låg ut mot allmenningen, eller som grensa mot gata.⁸

Deretter følgjer det ei gruppe grunnar som låg på sørsida av allmenningen. Denne gruppa er samansett av i alt 14 grunnar, men dei er ikkje ført etter kvarandre i GBB. Inne i mellom finn

⁴ GBB s. 12

⁵ GBB s. 55-56

⁶ GBB s. 59

⁷ Fossen 1979 s. 475-77.

⁸ GBB s.61.

ein innførte grunnar i Manufakturhusets eige, rosenkrantzgrunnar og andre.⁹ Som odelsgrunnane på nordsida av allmenningen kan likevel dei 14 grunnane på sørsida ha danna eit samanhengande større grunnstykke, kan hende grunnen i ein større bygard frå mellomalderen.

Ikkje langt frå Torgallmenningen låg det 3 odelsgrunnar som kan ha lege samla, men som ikkje kan setjast i samband med andre grunnar i området. Rett nok låg det to odelsgrunnar like ved, men desse høyrdet til nokre grunnar som Frederik 2. hadde gitt bort til odel, og som tidlegare hadde vore kyrkjeeige.¹⁰

I dette området låg det og ein odelsgrunn som ikkje hadde samband med andre odelsgrunnar. Grunnen blei leidt av Knut Andersson båtsmann, og han betalte leige til Sara, enkja etter Peder Nilsen. Men dette har skrivaren i GBB stilt spørsmål ved, og føydd til at her må det søkjast nærmere forklaring.¹¹ Dette dømet ser ut til å underbyggja tendensen om at dei ekte odelsgrunnane låg i grupper og ikkje spreidde som mindre enkeltgrunnar mellom andre slag grunneige.

Frå sjøen og oppetter, like ved Smørsallmenningen, låg ei gruppe på 5 odelsgrunnar. Desse grunnane låg truleg på nordsida av allmenningen. På sørsida låg ei tilsvarende gruppe på i alt 9 grunnar. Av desse var 4 i Peder Buschs, eller familien hans si eige. Ein av grunnane låg i Smørsgard. I Smørsgard låg og grunnane til nokre sjøbuer, utan at det blir opplyst om eigaren. Ein av dei 9 grunnane blir vidare fortalt å liggja lengst oppe i garden.¹² Kan hende var alle dei 9 grunnane delar av grunnen i Smørsgard. Garden blei i 1557 delt mellom Erik Ormsson til Vatne, og Trond Benkestokk til Melby, som arv etter Magdelena Olavsdotter. Grunnen i Smørsgard hadde såleis tidlegare vore adelseige, men er seinare å finna som odelseige i bergensborgarars eige. Smørsgard er eit døme på korleis ein adelsgrunn kunne gå over i vanleg odelseige. Oppdeling i arvepartar og kan hende sal av einskilde partar, må ha ført til oppsplitting av egedomsretten til grunnen i mellomaldergardane. Men grunnen i Smørsgard var framleis privat grunn. Oppdelinga av egedomsretten hadde ikkje ført til overgang frå ei egedomsgruppe til ei anna, verken i større eller mindre delar.

⁹ GBB s. 68.

¹⁰ GBB s. 73, 74 og 75. NRR I s. 344-45, 13. april 1562.

¹¹ GBB s. 77.

¹² GBB s. 84 og s. 88

Eit stykke sør for Smørsgard låg ei gruppe på 11 odelsgrunnar. Grunnane låg frå sjøen og oppetter, og av desse blei tre dokumenterte med Prins Christian 5.'s brev frå 1626.¹³ Dette er dei same grunnane som er omtala under avsnittet om Lyseklostrets grunnar, og må vera delar av mellomaldergarden Saltøyden. Like ved låg det enda ein odelsgrunn, og ein skulle tru at også denne hadde hørt til Saltøyden, hadde det ikkje vore for at GBB opplyser at grunnen var odel etter kong Frederik 2.'s brev frå 1571. Dette brevet er ikkje anna enn ei stadfesting av kongens brev frå 1562, og her blir det omtala ein liten grunn ovanfor Saltøyden.¹⁴

Dei aller fleste grunnane i Domkyrkjesoknet ser ut til å ha lege i området mellom Torgallmenningen og Muren, nett i det området på Strandsida som fekk privat gardsbebyggelse alt i slutten av høgmellomalderen. Sør for dette området finn ein berre 9 odelsgrunnar i GBB. Fem av desse låg inne ved Vågsallmenningen. For 4 var det ved dom i 1652, stadfesta at dei var odel.¹⁵

Ikkje langt frå torget låg det 3 odelsgrunnar som kan ha lege samla, men dette er det vanskeleg å fastslå på grunnlag av GBB. Ein av grunnane blei dokumentert som odel etter skøyte frå 1587 og 1598, og for grunnen galdt framleis leigebrevet frå 1562.¹⁶ Den siste odelsgrunnen i Domkyrkjesoknet låg heilt for seg sjølv, ein stad ikkje langt frå Vesle Lungegardsvatnet. Denne grunnen var ikkje gammal odel, men høyrde til Frederik 2.'s gáve frå 1562.¹⁷

Gjennomgangen av odelsgrunnane i Domkyrkjesoknet viser at grunnane låg samla i grupper. I hovudsak er det ikkje noko som talar mot at grunnane også hadde vore privat grunneige i seinmellomalderen. I eit tilfelle, Smørsgard, kan det dokumenterast at det har skjedd ein overgang frå adelseige til borgarleg eige, ein overgang som må ha skjedd i hundreåret før GBB blei sett opp. For 15 av odelsgrunnane kan det dokumenterast at dei blei odel først etter reformasjonen, og at dette var tidlegare kyrkjegods som kongen overførte til private, anten ved sal eller gåver. For ein av grunnane kan det reisast tvil om den eigentleg var odel. Dette på grunnlag av opplysningane i GBB. Av dei 65 grunnane i Domkyrkjesoknet som er omtala som odel, ser det dermed ut til at i alt 49 var privat eide i seinmellomalderen.

¹³ GBB s. 93-94.

¹⁴ NRR I s. 344-45, 13. april 1562.

¹⁵ GBB s. 97-98.

¹⁶ GBB s. 118-20.

¹⁷ GBB s. 126

I Korskyrkjesoknet finn ein og at odelsgrunnane i hovudsak var samla i grupper. I alt 36 av 665 grunnar i soknet blir omtala som odel. I området ved Korskyrkja, frå Torget og oppover mot Kong Oscarsgate, låg i alt 16 odelsgrunnar. For 7 av desse er det oppgitt leige, samla 7,5 Rd.¹⁸ Med tillegg av dei 9 andre grunnane, er det nærliggjande å tru at det her er tale om eit privateigd grunnområde så stort at det eventuelt må ha omfatta meir enn ein bygard i mellomalderen. Kan hende hadde det lege fleire privateigde gardar ved sida av kvarandre i dette området.

Mellom Domkyrkja og Skostretet låg ein odelsgrunn som tilhørde Hr. Truls i Eivindvik. Av grunnen blei det betalt 2 ort i leige.¹⁹ Ein tilsvarande grunn låg på oversida av Vesle Øvregate.²⁰ Desse to grunnane var mindre grunnar og ser ikkje ut til å ha grensa opp mot andre odelsgrunnar. Det er likevel ikkje noko som tyder på at dei ikkje var privat eige alt i seinmellomalderen.

Ein stad sør for Martinskyrkja, på oversida av Øvregata, låg det ei gruppe på 6 odelsgrunnar. Tre var odel etter skøytebrev frå 1594 og 1652, medan det for dei tre andre blei drege i tvil om dei var odel. Det var konrektor Edvard Edvardsson som gjorde krav på eigedomsretten, men i GBB er det notert at sjølv om Edvardsen hadde lagt fram brev frå 1605, 1608 og 1636, var alle desse kopiar.²¹

Lenger ute på Øvregata låg ein større grunn som blei omtala som odel etter eit skøyte frå 1657. Grunnen gav heile 3 Rd i leige. I 1686 var det to leigarar på grunnen som samla svara for leiga.²² I det same området, ikkje langt frå Martinskyrkja, låg det 3 grunnar som kan ha lege samla, men som hadde kvar sine eigarar. To blei omtala som odel etter skøyte frå 1623 og 1626.²³

I området omkring Hollendergaten er det nemnt i alt 5 odelsgrunnar.²⁴ Den eine var grunnen under ein kjellar kalla Høgenborg. Denne låg ved gata mot Korskyrkja og blei dokumentert som odel etter eit grunnbrev frå 1619. At grunnbrev blei nytta til å dokumentera eigartilhøve er overraskande. Slike brev blei oftast nytta til å prova leidgetilhøve, medan skøyte gjekk god for eigaren.

¹⁸ GBB s. 133-37.

¹⁹ GBB s. 141

²⁰ GBB s. 141.

²¹ GBB s. 151 og 152.

²² GBB s. 158

²³ GBB s. 161 og 162.

²⁴ GBB s. 164, 169-70.

To av grunnane i dette området blei begge kalla indre Glimpten. Koren Wiberg har plassert ein dobbelgard kalla Glinten på sine kart over mellomalderbyen. Bernt Lorentzen har drege gardsnamn og plassering i tvil, og peika på at Koren Wiberg sitt kjeldebelegg er datert så seint som 1705. GBB skulle i så måte støtta opp om Koren Wibergs tolking.²⁵ At Glimpten var ein gard med røter i mellomalderen blir styrkt ved at dei to grunnane i GBB begge blei dokumenterte som odel etter gamle brev frå 1530.

Dei siste odelsgrunnane GBB nemner i Korskyrkjesoknet låg samla, truleg ein stad på oversida av Øvregata ikkje langt frå Mariakyrkja. I alt var det 3 grunnar, innførte i GBB med kvar sin eigar. Når GBB har dei 3 grunnane innført etter kvarandre, må det tyda at dei grensa opp til kvarandre og at dei tidlegare kan ha vore ein samla eigedom.

Som i Domkyrkjesoknet finn ein at odelsgrunnane i Korskyrkjesoknet danna grupper, der kvar gruppe kan ha utgjort større samla eigedomar i privat eige. Men i motsetnad til Domkyrkjesoknet finn ein og enkeltgrunnar som tilsynelatande ikkje hørde til i ei gruppe, men som likevel kan ha vore privateige i seinmellomalderen. I Korskyrkjesokn er det ikkje mogeleg å peika på grunnar som er gått over frå kyrkjeleg til privat eige etter reformasjonen, slik det var fleire døme på i Domkyrkjesoknet.

Konklusjonen må bli at hovudmengda av odelsgrunnar i GBB, hadde vore private grunnar også i seinmellomalderen. Til frådrag har eg stilt 16 grunnar i Domkyrkjesoknet, og 4 grunnar i Nykyrkjesoknet har eg ført inn under odelsgrunnane i Korskyrkjesoknet. Tabell 7.2.1 viser fordelinga av odelsgrunnar innan dei ulike sokna, og den samla grunnleiga av desse.

Tabell 7.2.1 Odelsgrunnar i GBB som hadde vore privat eige i seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn	Grunnleige	Talet på grunnar
Domkyrkje	53, 16 Rd*	49
Korskyrkje	35, 46 Rd*	40
Sum	88, 62 Rd	89

* Delvis basert på gjennomsnittet av grunnleiga for grunnar av eigedomsgruppa innan soknet.

²⁵ Koren Wiberg 1908 s. 11-12. Lorentzen 1952 s. 188. Antakeleg er Koren Wibergs tilvising til GBB, men han må ha datert boka feil. Lorentzen har fleire tilvisingar til GBB som han kalla Manufakturhusets grunnbok. Men Glimpten har han tydelegvis ikkje oppdaga. GBB s.169-70

7.3 Dei adelege grunnane

Den gruppera av grunnar som i GBB går under nemninga adelege grunnar, må ein tru er grunnar som hadde vore adelseige i seinmellomalderen og. Det er i alt 25 av dei, fordelt på Nykyrkje, Domkyrkje og Korskyrkjesoknet. Som det går fram av tabell 6.1.1, var heile 15 av desse i Iver Christensens eige. Fire var i Peder Hansens eige, dei 7 andre var fordelte på 5 ulike eigaraar. Eigartilhøvet kan dokumenterast for 25 av dei 26 grunnane.

I Nykyrkjesoknet finn ein berre 1 adeleg grunn. Denne låg like opp til grensa mot Domkyrkjesoknet, ved Strandgata. Grunnen gav ei leige på 1 Rd 12 ß, og tilfall Peder Hansens arvingar. På begge sider av grunnen låg det andre grunnar, kalla "de Bilders grunder". Desse var i Peder Hansens, Petter Trøiel og Iver Christensens eige,²⁶ nett dei som etter tabell 7.1.1 åtte dei aller fleste bildegrunnane. Eigentleg er det truleg at den grunnen som her er omtala som adeleg grunn, har hørt til mellom bildegrunnane.

I Domkyrkjesoknet finn ein 9 grunnar omtala som adelege. To låg ved sjøen mellom Smørsallmenningen og Torgallmenningen, i ein gard som blei kalla Jan Bryssels gard. I tillegg til dei to adelege grunnane høyrde fleire grunnar i garden til Manufakturhuset og til rosenkrantzgrunnane.²⁷ Det er nærliggjande å tru at dei adelege grunnane i garden også har hørt til den same grunneiga som rosenkrantzgrunnane har gått ut i frå.

Lenger inne mot Torgallmenningen låg det 4 adelege grunnar. Tre av desse ser ut til å ha lege i eit større gardskompleks saman med grunnar frå Manufakturhuset og rosenkrantzgrunnar.²⁸ Den fjerde grunnen blei omtala som: "af Addelige grund som husits eyer sig til Oddel tilkiøbt." Til dokumentasjon for grunnen hadde eigaren framleis to gamle grunnbrev, eitt var frå 1571 og eitt frå 1607.²⁹ Denne grunnen låg mellom fleire andre grunnar som blei omtala som odel.

Tre adelege grunnar låg i området mellom det gamle Rådhuset og Marken. I dette området finn ein både odelsgrunnar, bildegrunnar, lungegardgrunnar, grunnar i Manufakturhusets eige, og kyrkelege grunnar. Dette høver bra med eigedomsfordelinga i området slik ein kjänner den frå mellomalderen. Her møttest grensene for Lungegarden og Allehelgenskyrkjas område, og her var det privat grunneige ned mot Vågsbotn.

²⁶ GBB s. 57.

²⁷ GBB s. 95.

²⁸ GBB s. 116 og 118.

²⁹ GBB s. 120.

I Korskyrkjesoknet var det i alt 15 adelege grunnar. Dei to første ein møter, låg like ved Korskyrkja. Den eine åtte Iver Christensen og den andre oberst von Hatten. Grunnane grensa opp til odelsgrunnar, losnagrunnar og rosenkrantzgrunnar.³⁰ Som i Domkyrkjesoknet ser det ut til at dei adelege grunnane hadde same bakgrunn som rosenkrantzgrunnane. Både Iver Christensen og oberst von Hatten var to av dei eigarane som i følgje tabell 7.1.1 var eigarar av rosenkrantzgrunnar.

Seks adelege grunnar i Korskyrkjesoknet finn ein ved Lille Øvregate. Også her ser det ut til at grunnane var del av ein tidlegare større grunn. Tre av grunnane låg inne mellom ei rad grunnar som var bildegrunnar, og alle var i eiga til Peder Hansens arvingar. Unntaket er ein av dei adelege grunnane, der det blir opplyst at den: "er af de grunder som Dirich Busch har sig tilkiøbt af Adelsfolch i Danmk: og frj Oddels grund effter Barbara Carls Udgifne schiøde Dat: 11 gbr 65:" Dei 3 neste adelege grunnane i denne gruppa er i Iver Christensens eige. Også desse grensa mot bildegrunnar, men og rosenkrantzgrunnar.³¹

Den siste gruppa adelege grunnar i Korskyrkjesoknet finn ein på nedsida av Korskyrkja, ut mot Torget. Alle 6 var i Iver Christensens eige. Desse grunnane låg mellom grunnar som var odelseige, Manufakturhusets eige og kyrkjeleg eige.³²

Dei adelege grunnane i Korskyrkjesoknet ser ut til å inngå i det same mønsteret som ein finn for dei adelege grunnane i Domkyrkjesoknet. I hovudsak var det to eigarar, Peder Hansen og Iver Christensen. Desse åtte også fleire rosenkrantz- og bildegrunnar. Dei adelege grunnane grensa ofte opp mot rosenkrantz- og bildegrunnar, og det er freistande å tolka dette slik at dei har felles opphav i store grunneigesamlingar. Både i Domkyrkjesoknet og i Korskyrkjesoknet finn ein døme på at byborgarar har kjøpt ut adelsgrunnar til odel. Dette gjer det sannsynleg at ein for mange av odelsgrunnane i GBB, kanskje for dei aller fleste, må forventa at desse har vore adelseige i seinmellomalderen. Tabell 7.3.1 viser dei adelege grunnane i GBB, fordelt på kyrkjesokna i 1686. I 1686 låg det ein adeleg grunn i Nykyrkjesoknet. Denne må vera flytta hit, anten frå Domkyrkjesoknet, eller Korskyrkjesoknet, i samband med reguleringsarbeid. Helst må ein tru at den hadde lege i Korskyrkjesoknet, der det er flest adelege grunnar i GBB i området

³⁰ GBB s. 137-38.

³¹ GBB s. 149-50.

³² GBB s. 164.

ved Korskyrkja. Delar av dette området blei regulert etter bybrannen i 1582, ei regulering som mellom anna omfatta fleire private grunnar.³³

Tabell 7.3.1 Adelege grunnar i GBB som hadde vore adelege grunnar i seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn	Leige	Talet på grunnar
Domkyrkje Korskyrkje	7, 81 Rd* 8, 69 Rd*	9 16
Sum	16, 50 Rd	25

* Delvis

basert på gjennomsnittet av grunnleiga for grunnar av egedomsgruppa innan soknet.

7.4 Bildegrunnane

Gjennomgangen av odels- og adelsgrunnane har vist at desse i svært mange høve grensa til kvarandre, og til grunneigegrupper som bildegrunnane og rosenkrantzgrunnane. Av bildegrunnane er det i GBB innført i alt 39, fordelt på Nykyrkje, Domkyrkje og Korskyrkjesoknet. Bilde-familien må vera etterkomarane til Eske Bilde. Han var gift med Sophie Krummedike som var einaste barn og arvingen til Henrik Krummedike.³⁴ Gjennom svigerfar sin må Eske Bilde ha fått hand om grunneige i Bergen.

Fem av bildegrunnane låg i Nykyrkjesoknet, ikkje langt frå grensa mot Domkyrkjesoknet. Grunnane låg spreidde mellom grunnar som var odel, Manufakturhusets grunnar og kyrkjelege grunnar. Det var Iver Christensen, Peder Hansen og Petter Trøiel som åtte dei 5 grunnane i Nykyrkjesoknet, og av tabell 7.1.1 går det fram at dei to sistnemnde åtte i alt 35 av dei 39 bildegrunnane.

I Domkyrkjesoknet er det i GBB innført 15 bildegrunnar. Fire låg like nord for Murallmenningen, på oversida av Strandgata, og samla utgjorde dei eit samanhengande større grunnstykke. Det var Peder Hansen som åtte grunnane, og samla grunnleige var 4 Rd 1 ort og 12 ß.³⁵ Dei neste bildegrunnane låg inne ved Torgallmenningen. Her låg det to grunnar som truleg grensa opp mot kvarandre og gav ei samla grunnleige på 2 Rd 1 ort 6ß. Den eine av grunnane åtte Petter Trøiel, for den andre grunnen blir det ikkje opplyst om eigar.³⁶ I området ved det gamle Rådhuset sørover mot Marken og austover mot Domkyrkja er det nemnt i alt 9

³³ NRR II s. 527-32, 15. juni 1583. Steinnes 1968 s. 10-24.

³⁴ Daa 1875 s. 287.

³⁵ GBB s. 59-60.

³⁶ GBB s. 94-95.

bildegrunnar. Alle var i Petter Trøiels eige og gav ei samla grunnleige på 2 Rd 3 ort. Av innførslene kan det sjå ut til at desse grunnane låg samla i to grupper, men det er mogeleg at dei alle utgjorde ein større grunn.³⁷

I Korskyrkjesoknet er det innført 19 bildegrunnar. Ein låg ved Hollendergaten saman med grunnar som var odel, Manufakturhusets grunnar, og kyrkjelege grunnar. Grunnen gav 0,5 Rd i leige, som Peder Hansens arvingar skulle ha.³⁸ Ikkje langt unna, men nærmere Domkyrkja, låg det ein liten grunn som ikkje gav meir enn 12 ß i leige.³⁹ I dette området låg det vidare i alt 13 bildegrunnar med ei samla leige på 6 Rd 4 ß. Alle grunnane var i Peder Hansens eige, og det er ikkje umogeleg at dei låg samla, men innførslene er delvis spreidde, med odelsgrunnar, Manufakturhusets grunnar, og kyrkjelege grunnar inne i mellom.⁴⁰ Her låg det og ein bildegrunn som Lars Sand mottok leiga av.⁴¹

Ovanfor Øvregata, ikkje langt frå Martinskyrkja, låg ein bildegrunn i Petter Trøiels eige. Grunnen gav ikkje meir enn 8 ß i leige. Like ved låg ein odelsgrunn, men elles ser det ut til at grunnane låg inne i eit større grunnområde som heilt ut blei ått av ulike kyrkjelege institusjonar.⁴² Lenger ut åtte Petter Trøiel to bildegrunnar til. Samla gav dei 1 Rd i leige. Også desse låg like ved grunnar i kyrkjeleg eige, men her var og mange av Manufakturhusets grunnar.⁴³

Bildegrunnane ser ut til å følgja det same mønsteret som odels- og dei adelsgrunnane. Dei ligg i hovudsak i grupper, og gruppene må vera resultat av oppdeling av større grunnar. Tabell 7.4.1 viser grunneigefordelinga av bildegrunnane. Gjennomgangen av bildegrunnane viser at desse ofte låg ved sida av odels eller adelsgrunnar. Dette kan tyde på at dei sistnemnde har gått ut i frå bildeiga. I 1686 låg 5 bildegrunnar i Nykyrkjesoknet. Desse må vera flytta hit i samband med reguleringsarbeid. Her har eg valt å tilbakeføra leigene til Korskyrkjesoknet.

³⁷ GBB s. 724-31.

³⁸ GBB s. 136

³⁹ GBB s. 140.

⁴⁰ GBB s. 146-50.

⁴¹ GBB s. 174.

⁴² GBB s. 161.

⁴³ GBB s. 181.

Tabell 7.4.1 Bildegrunnane i GBB fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn	Leig	Talet på grunnar
Domkyrkje	9,14 Rd*	15
Korskyrkje	22,85 Rd	19
Sum	33,16 Rd	39

7.5 Rosenkrantzgrunnane

Som tabell 7.1.1 viser, er i alt 56 grunnar i GBB innførte som "af de Rosenkrandzers grunder". Grunnane fordeler seg med 1 i Nykyrkjesoknet, 43 i Domkyrkjesoknet, 5 i Korskyrkjesoknet og 7 ved Kontoret. Men tyder dette at ein kan lite på at GBB fullt ut opplyser om alle dei grunnane som Erik Rosenkrantz i si tid hadde hatt hand om?

To grunnar som hadde vore Rosenkrantz' eige i følgje grunnbrev frå 1562, er i GBB innførte som Manufakturhusets grunnar. Dette gjeld Nordre Gullskoen og ein av dei aude grunnane. Samla gav desse ei grunnleige på 16,55 Rd. For å forstå korleis grunnane er blitt overførte til Manufakturhusets eige, må ein sjå nærmare på samansetjinga av Manufakturhusets eige ved Kontoret. I GBB er Manufakturhuset innført med grunnleiger for i alt 44,4 Rd + 1 vareleige ved Kontoret. Av desse hadde vareleiga og 2,65 Rd kome frå tre grunnar som opphavleg hørde til Munkeliv. Vidare hadde Manufakturhuset fått leiga av Rotmannsgard gjennom kongens overføring av kronas grunnleiger. Også audegrunnen "Gølderen" låg til Manufakturhuset, denne hadde lege til Gyrvild Fadersdotters gods.⁴⁴ Tidlegare Munkelivsgrunnar, grunnar frå godset til Gyrvild Fadersdotter og Rotmannsgarden svara dermed i alt for 13,15 Rd i grunnleige. Av dei 44,4 Rd som var Manufakturhusets grunnleiger av Kontoret i 1686, står det da att 31,25 Rd. Av denne summen kom dei 16,55 Rd som ein veit hadde vore Rosenkrantz eige. Da står det att 14,7 Rd, og kvar hadde Manufakturhuset fått desse frå?

Godset etter Erik Rosenkrantz hadde vore forvalta under eitt av ein ombudsmann fram til 1633. Men dette året blei arven skifta i 5 partar. Eit utsnitt av skiftet finn ein i eit tillegg til kopien av Rosenkrantz' brev om dei 5 aude grunnane. Her blir det fortalt at dei 5 aude grunnane opphavleg hadde betalt 136 1/2 Bg 31 ort dansk og 5 ß i leige. I tillegg kom ei tønne hamburger øl. Seinare blei leiga betalt som 44 Rd 1 ort 5 ß og ei tønne hamburger øl. Dei 5 aude grunnane skulle skiftast slik at barna etter Jakob Rosenkrantz skulle ha ein part, barna etter Anna Rosenkrantz ein part, og Tage Thott ein part. Tage Thotts part utgjorde 1/5, dvs. 9,5 Rd 1 ort 2 1/2 ß, og leiga

⁴⁴ Kap. 7.6 s. 233

blei oppkravd av Lars Larssen. Dei 4 andre delane, inkludert tønna med hamburger øl, kravde Rasmus Larssen inn. Denne tønna blei seinare taksert til 4 Rd, slik at Rasmus Larssen samla mottok 38 Rd 1/2 ort.⁴⁵

Alt i 1630 hadde kongen sendt brev til Hans Glad, Maurits Bosted og Jens Jensson, der han bad om at dei saman med Rasmus Larssen skulle førebu skiftet av arven etter Erik Rosenkrantz. Mellom anna skulle dei gå gjennom alle odels- og tilkomstbrev som låg under forseging i Muren i Bergen. Heile arven skulle skiftast i 5 søsterpartar. Til godset hørde det grunneige både på Stranden og ved Kontoret.⁴⁶

Leigene av dei 5 aude grunnane finn ein att i GBB, der alle audegrunnane er innførte på same bladet.⁴⁷ Her finn ein straks grunnleiga av "Møcklegard", og denne hadde vore Rosenkrantz' eige i 1562. I 1686 var det Manufakturhuset som mottok leiga, som var på 9 Rd 2 ort 14 1/3 ß. Nett denne summen finn ein for 2 andre audegrunnar og. Dette tyder på at leiga av dei 5 audegrunnane er skifta i like partar, og etter skiftet i 1633 skulle det vera i alt 5 partar. Dersom kvar part var på 9 Rd 2 ort 14 1/3 ß, eller 9,65 Rd, skulle dei samla utgjera 48,25 Rd. Dette samsvarar nøyaktig med opplysningane omtala ovanfor, der den samla leiga av audegrunnane blei oppgitt til å vera 44 Rd 1 ort 5 ß og ei tonne øl. Øltønna blei seinare verdsett til 4 Rd, og dermed blei samla leige 48,30 Rd. Det er her viktig å understreka at det er leiga som blei skifta i 5 partar i 1633 og ikkje grunnane. For sjølv om audegrunnane var 5 i talet og det ville vera enklast å fordela ein grunn på kvar part, gav ikkje dei enkelte grunnane like stor leige. Etter Rosenkrantz' brev om dei 5 audegrunnane hadde leiga vore som følgjer:

Atlegard:	31	ort	dansk	5	ß
Miklagard:	31,	5	Bergen	gylden	
Skaften:	35	"	"		
Ridstaden:	35	"	"		
Bucklegard:	35	"			

Sum: 136,5 Bg. 31 ort 5 ß dansk.

Det er denne summen som er nemnt i omtalen av skiftet av rosenkrantzgrunnane i 1633. Etter oppskriving av mynten blei leiga 44,25 Rd og ei tonne øl.

⁴⁵ UBB dip. saml. 21. juni 1562. HMS 5 s. 31-33 og s.57.

⁴⁶ NRR VI s. 238, 28. juli 1630.

⁴⁷ GBB s. 201

I GBB ser ein at 3 av dei 5 audegrunnane kan identifiserast, anten etter namnet eller etter leigesummen. Kvar i GBB finn ein dei 2 andre? Mellom audegrunnsleigene var det innført ein grunnleigesum på heile 22 Rd 1 ort, som blei omtala som "af de Rosenkrantz' grunder." Denne grunnleiga var samansett av leiger frå fleire grunnar, det får ein vita gjennom eit dokument frå 1703. Dokumentet er eit målebrev over grunnen i Gullskoen, slik denne var regulert etter brannen i 1702. Som eit tillegg til brevet blei det fortalt at Atlegard, Skaften og Brødregard samla gav ei leige på 22 Rd 1 mark 8 ß. Denne leiga fordele seg om følgjer:

<i>"Daron gibt der Bruder-Garten nach EEKM alter buch</i>	<i>6 Rd 5 mark 4ß</i>
<i>Und der Schafften gibt laut dito buch</i>	<i>9 Rd 3 mark 14ß</i>
<i>Kompt also der Rest auf den Atlegarden</i>	<i>5 Rd 4 mark 6ß</i>
<i>Summa</i>	<i>22 Rd 1 mark 8ß"</i>

Her ser ein at det er nytta mark i staden for ort. Etter 1625 var 1 ort lik 1,5 mark.⁴⁸ Difor finn ein og at 22 Rd 1 mark 8ß, er den same summen som 22 Rd 1 ort, som ein finn i GBB. Summen var samansett av leiga frå to av dei fem aude grunnane, Skaften og Atlegard. Skaften gav 9 Rd 2 ort 14 ß. Atlegard gav derimot berre 5 Rd 2 ort 22 ß, noko som må tyda at 3 Rd 3 ort 18 ß må vera å finna mellom andre audegrunnsleiger i GBB. Her må det vera plass til 4 Rd av ein audegrunn som i GBB er tillagt Lillienskiolds arvingar. Dermed har eg identifisert grunnleigene av dei 5 audegrunnane mellom leigene i GBB. Leiga av audegrunnane blei delt i 5 partar etter 1633. I GBB er vidare ein av desse, Atlegard, delt i to.

Men den eine av audegrunnsprtane er, før GBB blei oppsett, overført til Manufakturhuset. Dette kan tyda at 1/5 av den rosenkrantzke grunneiga på eit tidspunkt før 1686 blei overført til Manufakturhuset. Delinga i 1633 omfatta sannsynlegvis all den rosenkrantzke grunneiga i Bergen, ikkje berre audegrunnane. Det forklrar at ein i GBB finn både audegrunnar og leiga av ståande gardar som ein veit hadde vore i Rosenkrantz' eige, mellom Manufakturhusets grunneige på Kontoret. Det blir difor av avgjerande tyding å rekna ut storleiken av denne 1/5, for å avgjera kor stor den rosenkrantzke grunneiga opphavleg hadde vore. Manufakturhusets 1/5 kan ein rekna ut dersom ein kjenner storleiken på dei andre 4/5.

I GBB finn ein rosenkrantzgrunnar i alle dei 4 sokna, det framgår av tabellane 2.4.1, 2.5.1, 2.6.1 og 2.7.1. Men dei grunnane som er omtala som "af de Rosenkrantz' grunder" i GBB, representerer ikkje all grunneiga av dei 4/5 som framleis var i privat eige i 1686. Det viser gjennomgangen av eigartilhøva for dei 5 audegrunnane. Her ser ein at berre dei audegrunnane

⁴⁸ NHL s. 68, Daler.

som hørde til den store grunnleigeparten på 22 Rd 1 ort, blei omtala som rosenkrantzgrunn. Denne inneheld grunnleiga av audegrunnen Skaften og ein del av Atlegard. I følgje GBB låg Miklagard til Manufakturhuset, medan resten av Atlegard var ein part på 4 Rd som Hans Lillienskiold hadde ått. Etter Rosenkrantz' grunnbrev for dei 5 audegrunnane i 1562 var desse Atlegard, Miklagard, Skaften, Ridstaden og Bollegard. Ridstaden og Bollegard må løyna seg bak dei to grunnleigene som i GBB er jamstore med leiga av Miklagard. For desse blir det berre opplyst at eigarane var Hans Wilchensen og oberst von Hattens Frue.

I 1686 finn ein følgjande namn som eigarar av dei 5 aude grunnane: Peder Hansen, Hans Lillienskiold, Oberst von Hattens frue, Hans Wilchensen. Ser ein på tabell 7.1.1, merkar ein seg at desse, bortsett frå Hans Wilchensen, er dei einaste personane som er omtala som eigarar av rosenkrantzgrunnar ved Kontoret saman med Margrete, kona til Henning Hansen. Hans Wilchensen hadde to grunnar ved Kontoret, den nemnde audegrunnen og ein del av Søndre Gullskoen. Søndre Gullskoen hadde og vore rosenkrantzgrunn, sjølv om den ikkje er omtala som slik i GBB. Konklusjonen blir at den grunneiga som ein i GBB kan dokumentera hadde vore i Erik Rosenkrantz eige ved Kontoret, blei eigd av dei 5 ovannemnde personane eller arvingane deira, og Manufakturhuset. Dei 5 representerer såleis arvtakarane til dei 4/5 av den rosenkrantzke grunneiga, som i 1633 blei innkravd i fellesskap av Rassmus Larsen.

Som det går fram av tabell 7.1.1, hadde dei 5 private eigarane fleire grunnar enn dei som blei omtala "af de Rosenkrantzers grunder". Hans Lillienskiold hadde 1 rosenkrantzgrunn i Domkyrkjesoknet og 1 ved Kontoret. Ved Kontoret hadde han og ein part i Søndre Gullskoen, 1 part i Revelsgard, 1 part i Bratten, og 1 part i audegarden Atlegard. Partane i Søndre Gullskoen og Atlegard veit ein hadde vore rosenkrantzgrunnar. Under Revelsgard opplyser GBB at 5,5 Rd av grunnleiga tilhørde Peder Hansen, og denne var del "af de Rosenkrantzers grunder". Peder Hansen var ein av Lillienskiolds medeigarar til rosenkrantzgrunnane, og gjer det sannsynleg at Lillienskiolds part i Revelsgard hadde høyrt til Rosenkrantz. Parten i Bratten var på heile 7 Rd 12 ɔ, og var leiga for mest heile gardsrekka. Det er nærliggjande å tru at også denne er komen frå rosenkrantzgrunnane.

Hans Wilchensen hadde 2 grunnar på Kontoret, ingen er omtala som "af de Rosenkrantzers grunder", men kan dokumenterast som Erik Rosenkrantz' eige. Det gjeld Nordre Gullskoen og ein av dei 5 aude grunnane. Hans Wilchensen hadde også ein annan grunn i Korskyrkjesoknet, men denne er omtala som odelsgrunn i GBB.

Oberst von Hatten hadde heller ikkje eigedomar ved Kontoret som direkte blir omtala som "af de Rosenkrantzers grunder", men ein av audegrunnane høyde likevel til eiga hans. Dette var og den einaste grunneiga han hadde ved Kontoret. Derimot hadde han 3 eigedomar i Korskyrkjesoknet, som alle blei omtala som "af de Rosenkrantzers grunder", og vidare ein grunn som blei omtala som adeleg. Oberst von Hatten åtte også dei 5 grunnane i GBB som er omtala som Losnagods, ein i Domkyrkjesoknet og fire i Korskyrkjesoknet. Losnagodset var del av den store norske arven som Erik Rosenkrantz i si tid hadde motteke, og losnagrundane i Bergen må ha vore i hans eige. Oberst von Hatten hadde ei grunnleige i Domkyrkjesoknet som var odelsgrunn, denne held eg utanom rosenkrantzgrunnane.

Enkja etter Henning Hansen sat med 3 grunnar ved Kontoret som var "af de Rosenkrantzers grunder". Dessutan mottok ho og leiga av Nordre Svensgard, og denne veit ein var rosenkrantzgrunn gjennom Erik Rosenkrantz' brev frå 1563.⁴⁹ I GBB er grunnen omtala som Søndre Svensgard, men at det må vera feil ser ein av den andre gardshalvdelen, som i følgje GBB høyde til Manufakturhuset. Denne er først omtala som Nordre, men seinare er dette retta til Søndre Svensgard.

Peder Hansen hadde 3 grunnar ved Kontoret som er omtala som "af de Rosenkrantzers grunder", og 4 grunnar som blir omtala som adelege. Av dei sistnemnde låg 1 i Nykyrkjesoknet, 1 i Domkyrkjesoknet og to i Korskyrkjesoknet. Men å ta desse med i den rosenkrantzke grunneiga er ikkje opplagt, av di Peder Hansen også sat med ein stor del "af de Bilders grunder". Dei 4 adelege grunnane kan like godt ha kome frå Bildegodset.

Så langt må eg trekka den konklusjonen at dei 4/5 av rosenkrantzgrunnane som etter 1633 blei forvalta av Rasmus Larssen, i GBB er å finna att fordelte på 5 borgarar i Bergen. Det er mi tolking at alle dei grunnane desse 5 har i si eige, er å rekna som rosenkrantzgrunnar, dersom ikkje særlege omstende talar for å halda dei utanfor.

Tabell 7.5.1 viser kor stor grunnleige dei 5 "arvingane" mottok. I tabellen har eg i tillegg ført opp 4 grunneigarar som åtte frå 1-2 spreidde grunnar "af de Rosenkrantzers grunder" i sokna utanom Kontoret. Desse grunnane representerer sannsynlegvis ei avskaling av den rosenkrantzke arven. I

⁴⁹ UBB dip. saml. 20. jan. 1563. HMS 5 s. 34-35.

tillegg har eg teke med dei 40 grunnane, 38 i Domkyrkjesoknet og 2 i Korskyrkjesoknet, som alle er omtala som "af de Rosenkrantzers grunder", men der det ikkje blir oppgitt eigar.

Tabell 7.5.1: Grunneigefordelinga i 1686 for 4/5 av den rosenkrantzke grunneiga som var i privat eige i 1686

Eigar	Nykyrkje	Domkrk.	Korskrk.	Kontoret	Sum
Hans Lilliensiold	-	1,50 Rd	-	32,04 Rd	33,54 Rd
Hans Wilchenssen	-	-	-	14,14 Rd	14,14 Rd
Oberst von Hatten	-	1,50 Rd	7,86 Rd*	9,89 Rd	19,25 Rd
Henning Hansen	-	-	-	33,92 Rd	33,92 Rd
Peder Hansen	-	-	-	30,75 Rd	30,75 Rd
Margrete Rasmusd.	-	1,00 Rd	-	-	1,00 Rd
Iver Christensen	0,38 Rd*	0,50 Rd	-	-	0,88 Rd
Lars Sørensen	-	0,75 Rd	-	-	0,75 Rd
M. Samule	-	1,94 Rd	-	-	1,94 Rd
Ukjente eigarar	-	40,85 Rd*	1,00 Rd	-	41,85 Rd
		+1,5 st.m			+1,5 st.m
Sum	0,38 Rd	48,04 Rd +1,5 st.m	8,86 Rd	120,74 Rd	178,02 Rd +1,5 st.m

* Delvis basert på gjennomsnittet for grunnleiger av eigedomsgruppa innan soknet.

Eg har tidlegare vist at dei grunnane som Manufakturhuset i 1686 åtte ved Kontoret var samansett av grunnar frå overføringer frå krona, grunnar som ein kan påvisa hadde vore i Erik Rosenkrantz' eige, og grunnar der ein ikkje kjenner tidlegare eigartilhøve. I alt mottok Manufakturhuset 44,4 Rd i grunnleige av Kontoret. Av denne kan det dokumenterast at 16,55 Rd kom frå tidlegare rosenkrantzgrunnar, medan 13,15 Rd kom frå grunnar som var overførte frå krona. Det står da att 14,7 Rd der tidlegare eigarar er ukjente. Denne siste grunneigesummen kan også vera frå grunnar som hadde vore rosenkrantzgrunnar, og at dei saman med dei av Manufakturhusets grunnar som ein veit hadde vore rosenkrantzgrunnar, utgjer 1/5 av den rosenkrantzke grunneiga ved Kontoret eller 31,25 Rd.

Rosenkrantz' grunneige blei skifta i 5 partar i 1633, mogeleg slik at dei 5 audegrunnane ved Kontoret blei skifta i 5 partar, dei andre grunnane ved Kontoret i 5 partar, og rosenkrantzgrunnane elles i byen i 5 partar. Ein arvepart har deretter vore samansett av 1 part frå audegrunnane, 1 frå Kontoret, og 1 frå byen. Om dette stemmer, skal Manufakturhusets del av rosenkrantzgrunnane ved Kontoret, ialt 31,25 Rd, tilsvara 1/4 av dei grunneigene som eg i tabell 7.5.1 har framsett kom frå andre rosenkrantzgrunnar ved Kontoret. Dette høver tolleg bra, for 1/4 svara for 30,19 Rd. Dette byggjer opp under at Manufakturhuset verkeleg hadde fått hand om 1/5 av rosenkrantzgrunnane. Ein må tru at dette ikkje berre galdt 1/5 av grunnane ved Kontoret, men 1/5 av heile den rosenkrantzke grunneiga i Bergen. I følgje tabell 7.5.1 utgjorde

dei privateigde 4/5 i 1686, 178,02 Rd + 1 1/2 st. malt. Etter dette skulle Manufakturhusets samla del av dei rosenkrantzkegrunnane tilsvara ei grunnleige på 44,5 Rd.

Dei grunnleigene som Manufakturhuset åtte, fordeler seg med 31,25 Rd på Kontoret, og 13,25 Rd på dei andre kyrkjesokna. Kvar det er rettast å fordela dei sistnemnde, har eg ingen haldepunkt for. Skal ei slik fordeling først gjerast, kan ein nytta forholdstalet mellom storleiken på grunnleiga av dei kjende rosenkrantzgrunnane i Domkyrkjesoknet og Korskyrkjesoknet, slik dette kan utreknast på grunnlag av tabell 7.5.1. Dette forholdstalet er om lag 6:1.

Manufakturhusets del av rosenkrantzgrunnar utanom Kontoret kan da fordelast med 11,04 Rd i Domkyrkjesoknet og 2,21 Rd i Korskyrkjesoknet.

Grunnane var komne i Rosenkrantz' eige gjennom arv av norsk adelsgods, og dei må difor ha vore adelege grunnar i seinmellomalderen. Grunnleiga av rosenkrantzgrunnane var svært stor, den største grunnleigekonsentrasjonen ein kjenner for Bergen, dersom ein ser bort frå Manufakturhusets grunnleiger frå 1660 og utetter. Tabell 7.5.2 viser grunneiga til Erik Rosenkrantz, slik den kjem fram ved å rekna saman grunneiga frå dei 5 private eigarane og Manufakturhusets del av den rosenkrantzke grunneiga i 1686. Ein grunn låg i 1686 i Nykyrkjesoknet. Denne må vera flytta hit, og eg har i tabellen ført den inn mellom leigene i Domkyrkjesoknet.

Tabell 7.5.2 Grunneiga til Erik Rosenkrantz fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn	Leige:	Talet på grunnar*
Domkyrkje	59,46 Rd +1,5 st.malt	?
Korskyrkje	11,07 Rd	?
Kontoret:	151,99 Rd	?
Sum:	222,52 Rd +1,5 st.malt	?

* Berre talet for 4/5 av den rosenkrantzke kan setjast opp på grunnlag av kjeldematerialet.

7.6 Grunneiga til Gyrvild Fadersdotter

Gjennomgangen av den rosenkrantzke grunneiga har vist at det hadde skjedd ein vesentleg overgang av grunn frå privateige til offentleg eige. Ein slik tendens finn ein også når ein ser nærmare på Gyrvild Fadersdotters grunneige i Bergen. Gyrvild Fadersdotter overførte i 1582 og 1599 alt sitt norske gods til kongen, mot at ho fekk overta store godsmengder i Danmark og Skåne. I eit skøytebrev frå Gyrvild til kongen frå 1582, blir det i detalj gjort greie for alt godset

nordafjells. Her blir kvar gard og gardpart rekna opp med opplysningar om landskylda. Brevet nemner ikkje grunneige i Bergen, men for å sikra seg mot at delar av det omfattande godset blei utegløymt, er det skote inn at dersom det fanst meir gods tilhøyrande Gyrvild, skal også dette høyra kongen til.⁵⁰

Gyrvild hadde ått ei rad grunnar i Bergen, det veit ein av opplysningar i to brev frå 1539 og 1547.⁵¹ Gyrvilds gods var resultat av giftarmål og arv, og godset var samansett av fleire adelsgodssamlingar frå mellomalderen.⁵² Slik sett er Gyrvilds norske gods ein parallell til Erik Rosenkrantz' gods i Norge.

I 1539 gjorde Truid Ulfstand, som var Gyrvilds andre ektemann, forlik med Ingjerd Ottesdotter til Austråt om ei rad grunnar i Bergen. Når Truid i denne samanhengen kalla seg riddar til Giske, er det kan hende av di dei grunnane han gjorde krav på, tilhørde Giske-godset. Elles var det på vegne av kona si han gjorde forliket. Det var Gyrvild som var den rettmessige eigaren til bygrunnane. Dei grunnane ho fekk stadfesta egedomsretten til, var i alt 5, alle med gardsnamn som kan sporast tilbake til mellomalderen. Det var først Dreggen og Galgen, to gardar som tidlegare hadde vore del av Brygge-området, men som på 1500-talet var del av det avskala Dreggen-området. Ved Kontoret låg grunnane Ottogard og Gylten, og på Strandsida åtte Gyrvild ytre delen av Destingen.⁵³

Skiftet i 1539 kan ikkje ha avgjort spørsmålet om egedomsretten til dei nemnde grunnane. Åtte år seinare var Gyrvild gift på ny, og no var det Lage Brahe som stod fram og gjorde krav i nokre grunnar i Bergen. Samla galdt det 8 grunnar, men av desse var enkelte dei same som i 1539. Grunnane var som følgjer: Herr Alf Knutssons gard i Dreggen, Brynjulfstufta i Dreggen, Galgen i Dreggen, Høgenhus i Korskyrkjesokn, Buclær, Askatingsgard, Ottogard i Mariakyrkjesokn, og Gylten. Galgen, Ottogard og Gylten går att i 1539 og 1547. Dersom dei to breva gir eitrett bilet av Gyrvild Fadersdotters grunnar, kan ein setja opp følgjande liste: Brynjulfsgard, Dreggen, Alf Knutssons gard, Galgen, Ottogard, Gylten, Høgenhus, Buclær, Askatingsgard, og Destingen.

⁵⁰ NRR II s. 452-57, 1. mars 1582.

⁵¹ DN II nr. 1131, 1539. DN XII nr. 618, 1547.

⁵² Fladby 1986 s. 123.

⁵³ Dreggen er nemnt første gong i eit diplom frå 1411, DN III nr. 603, 1411. Galgen er første gong nemnt i 1389, DN I nr. 518, 1389. Ottogard nemnt første gong 1370, DN II nr. 411, 1370. Gylten nemnt første gong 1308, DN I nr. 117, 1308. Destingen nemnt første gong 1325, DN XIX nr. 648, 1325.

I alt utgjer dette 10 grunnar, men talet kan vera for høgt. Det er sannsynleg at Alf Knutssons gard i Dreggen er identisk med garden Dreggen, for Dreggen blei i 1472 med hus og grunn overdregen til Alf Knutsson.⁵⁴ Vidare må ein setja eit spørjeteikn ved om Gyrvild nokon gong fekk råderett over Ottogard. For denne kan vera identisk med Atlegard som er nemnt i Rosenkrantz' grunnbrev for dei 5 audegrunnane.⁵⁵ Mellom dei 5 audegrunnane finn ein Bucklær eller Bollegard. Også denne hadde Lage Brahe sett fram krav om i 1547, men i 1562 er det likevel Erik Rosenkrantz som er eigar. Om Rosenkrantz åtte Atlegard og Bollegard i 1562, slik grunnbrevet hans vitnar om, må ein tolka det slik at Ottogard og Bollegard ikkje blei overførte til Gyrvild Fadersdotter, men blei verande i Ingjerd Ottesdotters eige. Det var gjennom arv frå henne at Erik Rosenkrantz hadde fått alt sitt norske gods. Dermed står det att 7 grunnar i Gyrvilds eige.

Dokumenta frå 1539 og 1547 gir ikkje opplysningar om leigeverdien for grunnane. Det er heller ikkje eldre materiale som kan vera til hjelp i denne samanhengen. Mellom Gyrvilds grunnar var Gylten. Denne egedomen er ofte nemnt i mellomalderdokument, mellom 1308 og 1401 i alt 7 gonger.⁵⁶ Men etter 1401 høyrer ein ikkje meir om egedomen før han dukkar opp i dei to dokumenta frå 1539 og 1547. Dei ovannemnde dokumenta gir ikkje sikre haldepunkt for lokalisering av Gylten ut over det at den høyrdet til i Peterskyrkjesokn. Yngvar Nielsen fann under ei vitjing ved Statsarkivet i Lübeck ei liste over gardane ved Kontoret i 1448. Her blei det opplyst at mellom Kappen og Kjøpmannsstova låg det ein grunn kalla "Gølderen".⁵⁷ Nielsen meinte at dette måtte vera Gylten, og om det stemmer, må det tyda at Gylten var nedlagt før 1448. Dette kan høva bra, ettersom Gylten ikkje er nemnt mellom 1401 og 1539. Koren Wiberg har eit stykke på veg følgt Nielsen, men har sett fram den innvendinga at det ikkje er sikkert at "Gølderen" har sitt opphav i namnet Gylten. Her viser han til eit dokument frå 1649, der kongen gir skøytte til Hannibal Sehested på "de Galders gods" i Norge. Til dette låg det ein grunn mellom Kappen og Kjøpmannsstova.⁵⁸ Koren Wiberg hevdar at "Gølderen" kan vera eit namn utleidd av Galde-namnet, og at egedomen ikkje skal setjast i samband med Gylten. Hans konklusjon blir at Gylten må plasserast ovanfor Øvregata.⁵⁹ Men kvar hadde kongen fått Galdegodset i Norge frå, om det ikkje var nettopp frå Gyrvild Fadersdotter? Hannibal Sehested

⁵⁴ DN I nr. 900, 1472.

⁵⁵ Lorentzen 1952 s. 116 note 1. Helle 1982 s. 299-300.

⁵⁶ DN I nr. 117, 1308, nr. 436, 1376, nr. 483, 1383. DN II nr. 392, 1367, nr. 413, 1370, nr. 424, 1372. DN III nr. 560, 1401.

⁵⁷ Nielsen 1876 s.5

⁵⁸ NRR IX s. 401-02, 20. juni 1649.

⁵⁹ Koren Wiberg 1921 s. 134-35. 1932 s. 38.

fekk ikkje glede av Galde-godset lenge, i 1651 blei det konfiskert og dermed må "Gølderen" igjen ha kome under krona.⁶⁰ Dermed må også "Gølderen" ha blitt overført til byen i 1660. I GBB finn ein under avsnittet for audegrunnane ved Kontoret følgjande innførsle:⁶¹

*Conthorit samptlige bethaler af en
grund I mellom Kiøbmandstuuen
og Cappen heder Golderen gifuer 1 Rd 2 ort.*

Leiga på 1 Rd 2 ort er den same som den som blei oppgitt da Hannibal Sehested fekk grunnen. Men viktig er det og å merka seg at leiga i følge GBB blei betalt til Manufakturhuset. Det skulle stadfesta at grunnen må ha blitt overført frå krona til byen i 1660. Konklusjonen blir at det ikkje finst noko grunnlag for å hevda at det ikkje er samsvar mellom Gylten og "Gølderen". Dette dømet tyder vidare på at Gyrvild Fadersdotters grunnar verkeleg kom inn under krona, og at dei kan sporast i seinare kjeldemateriale, også i GBB.

I brevet for Galdegodset frå 1649, er det i tillegg til grunnen mellom Kjøpmannsstova og Kappen nemnt ein grunn ved Kongens gate med ei leige på 2 ort. Kongens gate låg sør for Korskyrkja. I nærleiken av Korskyrkja kan berre ein av dei 7 grunnane til Gyrvild ha lege. Dette er grunnen Høgenhus, som i 1547 blei plassert i Korskyrkjesoknet.

Dei to grunnane i kongens gåvebrev til Sehested ser ut til å stadfesta at Gyrvilds grunnar i Bergen var overførte til krona, men dei er unnataket når det gjeld å fastslå grunnleiga av dei 7 gyrvildgrunnane. Difor blir det naudsynt å prøva å identifisera leigene på annan måte. Sjølv om grunnleigene kom inn under kongen frå 1582, blei leigene ikkje kravd inn i samband med kronas grunnleiger av byen. Dette ser ein av grunnleigeinnførlene i lensrekneskapane etter 1582. Her er det berre ei grunnleige frå Kontoret, av Rotmannsgard. "Gølderen" med 1,5 Rd i leige er ikkje å finna. Ein må difor sjå bort frå lensrekneskapane i leitinga etter grunnleiga av gyrvildgrunnane. Da står berre GBB att. Som del av kronas grunnar ville gyrvildgrunnane følgja med i kongens gave til byen i 1660, slik at dei etter dette blei del av Manufakturhusets grunnleiger. Når "Gølderen" er innført i GBB som Manufakturhusets eige, må ein gå ut i frå at det same gjeld for dei andre gyrvildgrunnane og.

I utgangspunktet må ein slå fast at ei leiting etter gyrvildgrunnane i GBB er svært vanskeleg. For det første av di det berre er for "Gølderen" at namnet ser ut til å vera til hjelp. For det andre av di føringsmåten i GBB gjer at ein må rekna med at større grunnar som er utleigde i mindre

⁶⁰ NRR X s. 232, 8. juli 1651.

⁶¹ GBB s. 201.

partar, berre vil framstå som ei rad grunnleigepartar, utan at det kjem fram at dei tidlegare utgjorde ein samla grunn. Skal ein lukkast med ei slik identifisering, er det naudsynt å ha tilgang til opplysningar om grunnane frå andre kjelder. Desse må gi karakteristika ved egedomen som det er mogeleg å finna att i GBB. For ein av gyrvildgrunnane, Brynjulfsgard, er det 3 brev frå 1400-talet som gir gode opplysningar om utforming og lokalisering.

I 1444 blei nordre delen av grunnen i Brynjulfsgard selt. Grunnen var 18 stikker brei, dvs. 10 meter, og i lengda strekte den seg frå Stretet og ned til sjøen.⁶² Nitten år seinare blei samme grunnen, som låg like opp til muren ved Apostelkyrkja, skøytt til fru Philippa, enkja etter Sigurd Jonsson. Grunnen blei rekna som betaling for skuld til Sigurd.⁶³ Den søre delen i Brynjulfsgard blei omtala i 1472, da ein del av grunnen blei selt. Grunnen var 50 alen lang og 15 alen brei, dvs. 27,7 m x 8,3 m. Til egedomen hørde "utsvalerom" og "veiterom". I tillegg følgde og "steikarhuset" med grunn. Denne var 11 alen lang eller 6,1 m.⁶⁴

Opplysningane i desse breva gjer det mogeleg å freista ein rekonstruksjon av grunnen i Brynjulfsgard. Den nordlege delen var 10 m brei, og den søre 8,3 m. Til den søre hørde "veiterom" og "utsvalerom", slik at dei to breiddemåla samanlagt må ha svara til den totale breidda i garden, 18,3 m. Men lengda er meir problematisk. Den nordlege delen av garden har ikkje oppgitt lengd, men lengda blei i 1444 sagt å vera lik avstanden frå Stretet og ned mot sjøen, eller ut til marbakken i 1463. Det lengdemålet som blir oppgitt for søre delen, omfatta grunn for "steikarhuset" eller eldhuset. Eldhuset må ein tru var ein av dei bakre bygningane i garden. Da må lengda av den delen i Søre Brynjulfsgard som blei selt i 1472, ha vore 27,5 m + 6,1 m, dvs. 33,6 m.

GBB inneheld lengde og breiddemål for storparten av grunnane som er innførte i boka, men berre i unntaksfall er leigepartane så store som måla i Brynjulfsgard skulle tilseia. På side 179 i GBB finn ein følgjande innförsle:

*Johan Schröders grund bred ofven til
8 al, bred til gaden med draabefald
13 3/4 al, og paa Pladzen lige saa 13 3/4 al,
lang fra gaden og til Slodshaugen
55 1/2 al, lengden fra gaden op til pladzen
14 1/4 al gifuer2 ort*

⁶² DN X nr. 181, 1444.


⁶³ DN III nr. 862, 1463.

⁶⁴ DN IV nr. 973, 1472.

*Noch en Søeboed bred 10 3/4 al, lang
8 al 1/2 qtr: og der foruden udtil
marebachen gifuer.....1 ort*

Begge disse grunder er i et grundebrief dat. 1685

Noko nøyaktig samanfall mellom dei måla som blir oppgitt i GBB, og breva om Brynjulfsgard på 1400-talet finn ein ikkje. Men stadttilvisingane er interessante. Grunnen låg ved Slottshagen, og denne må på slutten av 1600-talet ha omfatta grunnen etter Apostelkyrkja. Dessutan strekte grunnen seg ut til marbakken, og denne formuleringa er sjeldan nytta om grunnar i Bergen. I mellomalderen er det berre eitt kjent tilfelle, og det er i det alt nemnde brevet for Brynjulfsgard frå 1463. Elles finn ein vendinga "ut til marbakken" nytta i grunnbrev og lister over grunnleigebetaling frå 1500- og 1600-talet, men berre for eigedomar ytst på Nordnes. Vendinga er i det heile så sjeldsynt at når ho dukkar opp i GBB, er det freistande å setja ho i samband med Brynjulfsgard. Den topografiske røyndomen bak dei måla som blir oppgitt, er ikkje heilt liketil å gripa. Eg har i den følgjande skissa gjort eit skjematiske forsøk på å få opplysningane til å passa i hop.



Slottshagen ser ut til å ha lege i motsett ende for gata. Breidda oppe må ha vore langs grensa mot hagen. Eit stykke oppe i garden var det ein open plass, som dekka heile breidda i grunnen. Gata ser ut til å ha gått langs sjøen, men med plass til ein mindre grunn på nedsida. Grunnen må ha lege like ved Bergenhus, og plasseringa synest å vera samanfallande med Brynjulfsgard i seinmellomalderen.

Frå sjøen og opp til Slottshagen var det 8 al. 1/2 qtr. + 55,5 al. Korleis høver dette med måla i Brynjulfsgard? Måla i GBB er sjællandske alen, før 1683 63,26 cm, men i det året offisielt justert til 62,80 cm.⁶⁵ Det er likevel uvisst om denne justeringa har hatt innverknad på måla i GBB. Om eg held meg til nyordninga blir lengda av grunnen i 1686 5,20 m. + 34,80 m. = 40 m. I 1472 blei det oppgitt mål for Søre Brynjulfsgard, denne var da 50 norske alen + eldhusgrunnen som var 11 norske alen. Omrekna blir det 33,3 m. Denne lengda ser ut til å høva bra med den grunnen som i 1686 låg mellom gata og Slottshagen. Breidda ved gata var i 1686 13 3/4 alen, dvs. 8,6 m. I 1472 var breidda 15 norske alen, dvs. 8,2 m. Dersom det er samanfall mellom parten i Søre Brynjulfsgard i 1472 og grunnen mellom Slottshagen og gata i 1686, ser ein at det er eit avvik mellom måla, slik at både breidde og lengde er større i 1686 enn i 1472. Reknar ein etter, ser ein at det er eit systematisk avvik, der breidde og lengde er 0,045 m lengre pr. m i 1686 enn i 1472. Den variasjonen ein finn i lengde og breiddemåla, treng såleis ikkje vera uttrykk for ein topografisk realitet, men viser at dei kjende samhøva mellom dei ulike måleeiningane ikkje i eitt og alt fangar inn dei faktorane som i praksis var avgjerande for oppmålingsarbeidet.

Det ser da ut til å vera samanfall mellom den grunnen som låg mellom gata og Slottshagen i 1686, og den delen av Søre Brynjulfsgard som blei selt i 1472. I 1686 strekte ikkje grunnen seg ned til sjøen, og det gjorde den sannsynlegvis ikkje i 1472 heller. For i 1472 høyrdelhusgrunnen med, og eldhusgrunnen må ein tru låg heilt bak i garden. Dersom ikkje heile Søre Brynjulfsgard blei selt i 1472, ville det berre vera plass for overskytande grunn framme i garden. Nett slik var det i 1686, ytst mot sjøen låg det ein sjøbugrunn som var 8 alen 1/2 qtr. eller 5,2 m lang. Men i 1686 var sjøbugrunnen og grunnen ovanfor skilt frå kvarandre med ei gate som gjekk på tvers av grunnane. Slik kan ikkje Brynjulfsgard ha vore delt i seinmellomalderen. Nordre luten strekte seg i heile lengda frå Stretet og ned til sjøen, eller marbakken.⁶⁶ Gata ser ut til å ha blitt flyttet nærmere sjøen. Ei slik flytting må ha medført at gata tok noko av grunnen i garden. Men det arealet som grunneigaren måtte avstå ved flytting av gata ned mot sjøen, må han ha fått att ved at tidlegare gategrunn blei lagt til bak i garden. Det forklarar korleis grunnen i søre luten i 1472 samsvarar med mål i GBB i 1686. Dermed ser det ut til at søre luten i Brynjulfsgard i seinmellomalderen var 34,8 m + 5,2 m = 40 m. For denne grunnen blei det i 1686 betalt 3 ort i grunnleige.

Men Brynjulfsgard hadde også ein nordre luten. Denne hadde og vore gyrvildgrunn i Dreggen, saman med gardane Dreggen og Galgen. GBB er ført slik at den reknar opp grunnleigene utover

⁶⁵ NHL s.11, Alen.

⁶⁶ DN X nr. 181, 1444. DN III nr. 862, 1463.

langs Øvregata frå sør, ned i Kroken, og nedover mot sjøen langs Dreggsallmenningen. Ved sjøen byrjar innførslene ute ved festninga, og tek for seg eigedomane langs sjøen inn mot Kontoret. Dei tre Gyrvildsgrunnane, Brynjulfsgard, Dreggen og Galgen, kan ha lege side om side.⁶⁷ Etter denne følger ei rad større eigedomar, alle med sjøbuer. Som tidlegare omtala hadde krona makeskifta nokre grunnar i Dreggen med kapittelet, grunnar som gav inntekt til soknepresten ved Domkyrkja. Men desse grunnane låg neppe ved sjøen. Etter innførslene i kapitteljordeboka frå om lag 1600 ser ein at det var handverkarar som hadde leidt grunnane, og grunnane var små.⁶⁸ Små grunnar med hus for handverkarar låg neppe ved sjøen, snarare nærmere Kroken. Alle dei store grunnane ned mot sjøen som i GBB er innført i Dreggenområdet og som tilhørde Manufakturhuset, kan vera grunnar frå dei tre gyrvildgrunnane; Brynjulfsgard, Dreggen og Galgen. Samla gav desse ei grunnleige på 15 Rd 2 ort og 16 ß.

Dermed har det lukkast å spora opp 5 av dei i alt 7 gyrvildgrunnane. Kva med dei to andre, Askatingsgard og Destingen? Askatingsgard låg i Mariakyrkjesoknet i 1390.⁶⁹ Knut Helle har i sitt oversyn over mellomaldergardane plassert garden i området ved Kroken.⁷⁰ Destingen låg på Stranden, det ser ein av eit diplom frå 1539.⁷¹ Truid Ulfstands krav frå 1539 galdt ikkje heile garden, men den ytste delen ved sjøen.⁷² Dette er kan hende å forstå som den eine halvdelen av ein dobbelgard. GBB gir ikkje haldepunkt for å identifisera leiga av Destingen og Askatingsgard. Naudløysinga for å få eit mål for den samla grunnleiga av dei 7 gyrvildgrunnane blir å nytta snittet for leiga av dei 5 grunnane der leiga er kjent og vona at det representerer eit rimeleg mål for dei to gardane der leiga er ukjent. Eit slikt reknestykke gir 3,5 Rd i snitt, og samla skulle grunnleiga av dei 7 gyrvildgrunnane bli 24,66 Rd.

Tabell 7.6.1 Gyrvild Fadersdotter Sparres grunneig i Bergen etter opplysningar i GBB og fordelt på kyrkjesokna i 1686

Sokn:	Grunnleige:	Talet på grunnar
Domkyrkje:	3, 50 Rd	1
Korskyrkje:	19, 66 Rd	5
Kontoret:	1, 50 Rd	1
Sum:	24, 66 Rd	7

⁶⁷ Helle 1982 s. 231.

⁶⁸ Kap. 4.4 s. 99.

⁶⁹ DN I nr. 527, 1390.

⁷⁰ Helle 1982 s.231.

⁷¹ DN II nr. 513, 1389.

⁷² DN II nr. 1131, 1539.

7.7 Den uspesifiserte privateiga ved Kontoret

I tabell 7.1.1 er også lungegardgrunnar tekne med i oversynet over privat grunneige. Desse grunnane var eigedom som opphavleg hadde lege til Nonneseter. Da står det berre att ei privat grunneigegruppe, og det er dei grunnane som ikkje blir tilvist ei særskild eigedomsgruppe i GBB. Denne gruppa har eg i tabell 7.1.1 kalla uspesifisert. I alt galdt det 28 grunnar, men 6 har eg under avsnittet om Rosenkrantz-grunnane vist var tidlegare rosenkrantzeige.

Dei grunnane ved Kontoret som var i privat eige i 1686, må ein tru hadde vore privat eige også i seinmellomalderen. Tabell 7.7.1 gir eit oversyn over dei private, uspesifiserte grunnane i GBB. I tabellen har eg trekt frå dei 6 uspesifiserte grunnane som hadde vore Erik Rosenkrantz eige.⁷³

Tabell 7.7.1 Dei uspesifiserte privateigde grunnane ved Kontoret 1686

	Grunnleige	Talet på grunnar
Kontoret:	44,80 Rd	22
Sum:	44,80 Rd	22

7.8 Den private grunneiga i seinmellomalderen

Ei rad dokument frå mellomalderen fortel om privat grunneige, spørsmålet blir om dei opplysningane desse gir høver med den rekonstruerte grunneigefordelinga?

Dei eldste og fleste kjeldene som fortel om privat grunneige gjeld grunnar ved Kontoret. I 1312 blei det avslutta sal av halve indre Bellgard. Med husa i garden følgde og grunnen dei stod på og alle rettane som høyrdet til.⁷⁴ I 1336 testamenterte Einride Simonsson Bøtagard til søstera si. Til garden høyrdet hustufter og alle rettar frå gammalt og nytt.⁷⁵ Halve Gylten blei selt i 1367. Bjarne Sveinsson overdrog gardshalvdelen med hus og grunn og alle tilhøyrande rettar til Halstein Bårdsson, som betalte 18 merker forngild.⁷⁶ Gylten dukkar opp som ein av dei grunnane Gyrvild Fadersdotter gjorde krav på i 1539. Grunnen i garden ser ut til å ha vore i privat eige gjennom heile seinmellomalderen.

I garden Skaften pantsette Margrete Villiamsdotter i 1375 hus og grunn i ein del av garden, Duvohus, til Thomas Bucknam. I 1388 realiserte Thomas pantet, men hadde tydelegvis liten interesse av å halda på eigedomen, for i 1391 gav han Thomas Spira i oppdrag å selja Duvohus.

⁷³ Kap. 7.5 s. 225.

⁷⁴ DN I nr. 134, 1312.

⁷⁵ DN I nr. 233, 1336

⁷⁶ DN II nr. 392, 1367.

Først fekk kongens fehirde i Bergen tilbod om å kjøpa, men han sa det frå seg av di husa var därlege og til nedfalls. Fehirden gav Thomas lov til å selja fritt til kven som helst. Det lukkast å finna ein interessert kjøpar, og Eirik Ragnvaldsson fekk eigedommen for ein lest islandsk fisk. Men Eirik sat heller ikkje lenge med eigedommen. I 1410 hadde han selt til Munkeliv. Handelen hadde Eirik inngått med abbeden i Munkeliv. Abbeden hadde før handelen var avslutta, reist til Island som biskop, og det som verre var: Eirik var død. Sonen hans tok difor på seg å avslutta handelen på ein måte han tykte var til føremun for alle partar. Han ettergav Munkeliv 3 pund engelsk og ein gjenstand i sølv, som var uteståande restbetaling for Duvohus. Vilkåra var at Munkeliv skulle skriva inn Eirik Ragnvaldsson og kona hans i klostrets årtidbok.⁷⁷ I den siste handelen går det fram at det berre var tufta som var att av Duvohus. Fehirdens auge for huskjøp i 1392 ser ut til å ha vore godt. Skaften var ein av dei grunnane Erik Rosenkrantz fekk stadfesta eigedomsretten til i 1562 gjennom brevet om dei 5 audegrunnane. Da åtte Rosenkrantz heile grunnen frå bryggekanten og like opp til Øvregata.

Margarete Williamsdotter, som i si tid hadde pantsett Duvohus, åtte heile Skaften. I 1406 blei ho omtala som Margarete i Skaften. Ho hadde fått eigedomsretten til garden gjennom arv frå dotter si, Cecilia. Cecilia hadde arva både Skaften og Ceciliagard på Stranden frå far sin, Håkon Ragnvaldsson. Etter Margareta arva Sigurd Onasson Skaften, dette var mange gode menn villige til å sverja på i 1406.⁷⁸

I 1405 selde Ingebjørg Sigurdsdotter Galgen med hus og grunn til Svale Rømer.⁷⁹ Galgen var ein av dei gardane Gyrvild Fadersdotter kravde eigedomsretten til i 1539 og 1547. Ho hadde og kravd retten til grunnen Ottogard, men tydelegvis tapt til fordel for Erik Rosenkrantz som åtte denne som ein av sine 5 audegrunnar. Halve Ottogard blei sold i 1416, da Hermund Sigurdsson overførte eigedomsretten til Halvard og Oddvar Bottolfssøner. I dette salet blei det ikkje nemnt hus, berre grunnen.⁸⁰ Slik var det og ved salet av nordre delen av Brynjulfsgard i 1444. Da selde Hermann Sosth til Henrik Sosth grunnen med alle dei rettar som låg til.⁸¹ Tilsvarande var det og ved overdraginga av sore delen i garden i 1463 og ved nytt sal i 1472.⁸² Garden Dreggen blei overdregen frå fru Philippa, grev Hansdotter, til Alf Knutsson i 1472, både med hus og grunn.⁸³

⁷⁷ DN XII nr. 108, 1375, nr. 118, 1388, nr. 122, 1391, nr. 123 og 124, 1392, nr. 147, 1410.

⁷⁸ DN II nr. 498, 1386. DN XVI nr. 54, 1406.

⁷⁹ DN I nr. 602, 1405.

⁸⁰ DN II nr. 638, 1416.

⁸¹ DN X nr. 181, 1444.

⁸² DN III nr. 862, 1463. DN IV nr. 973, 1472.

⁸³ DN I nr. 900, 1472.

Eit grunnbrev utferda 30. august 1562 viser at det låg ein grunn mellom Søndre Gullskeoen og Atlegard på Kontoret. Eigara var Anders Nielsson i Kroken i Sogn, Barbara og Adelis Kruckow. Brevet, som er overlevert i kopi frå byrjinga på 1700-talet, har ei påskrift om at dette gjeld grunnen til salig Nagels arvingar.⁸⁴ Det må vera denne grunnen ein finn att i GBB under Gullskeoen, med ei grunnleige på 2 Rd som blei betalt til Bernt Nagel.⁸⁵ I 1562 var grunnleiga sett til 12 Bg, det skulle gi 3 Rd. Godset etter Anders Nielsson i Kroken blei skifta i 4 partar i 1607, og til den eine parten låg det 1,5 ort i grunnleige av Gullskeoen.⁸⁶ Parten i Gullskeoen blei omtala som part i grunnleiga, det må tyda at Anders Nielsson har delt grunnleiga med dei to andre som var nemnde som grunneigarar i 1562. Det ser ut til at leiga av "Nagels-grunnen" blei delt på fleire hender, og at Bernt Nagel ikkje hadde hand om heile den opphavelige leiga, kan hende 2/3. Men da må ein slå fast at ein ikkje finn den sist 1/3 i GBB, den må ha gått tapt.

Gullskeoen, både nordre og sørre del, var ein av dei mange rosenkrantzgrunnane.⁸⁷ Slik finn ein garden i GBB og. Den nordre halvdelen hørde til den 1/5 av rosenkrantzgrunnane som Manufakturhuset hadde overteke, den søre halvdelen var delt mellom Hans Lillienstiold og Hans Wilchensen.⁸⁸ Dei to sistnemnde hadde, som vist under avsnittet om rosenkrantzgrunnane, del i arven etter Rosenkrantz. Bak Gullskeoen åtte Rosenkrantz eit grunnstykke med eit steinhus. I leigebrevet er det ikkje berre grunnen som blir utleidt, men og steinhuset. Bygningen blir omtala særskild, og det blir lagt vekt på dei gode kvalitetane, med murkvelving, jerngitter i vindauge, og keramikkfliser på golvet. Truleg var dette den tidlegare Lavranskyrkja, restane er påviste under utgravingane på Bryggen like nedanfor Mariakyrkja. Det er sannsynleg at kyrkja har gått ut av bruk i tida etter bybrannen i 1413, men sikre opplysningar om lagnaden til kyrkja har ein ikkje.⁸⁹

Korleis Lavranskyrkja er komen på private hender, finst det ikkje haldepunkt for. Men det må ha skjedd før reformasjonen, for Rosenkrantz hadde dokumentert at han hadde eigedomsretten. Sjølv om forfedrane hans i si tid hadde testamentert både hus og grunn til Lyse kloster, let kongen Rosenkrantz ta tilbake eigedomsretten. Dette av di klostret ikkje lenger var i stand til å halda dei vilkåra givarane hadde sett da klostret mottok gåva.⁹⁰ Lavranskyrkjas lagnad synest å

⁸⁴ UBB dip. saml. 30 aug. 1562. HMS 5 s.33-34.

⁸⁵ GBB s. 194.

⁸⁶ NHD V s. 187, 30. juli 1622.

⁸⁷ UBB dip. saml. 20. jan. 1563. HMS 5 s. 35-38.

⁸⁸ GBB s. 194.

⁸⁹ Helle 1982 s. 861.

⁹⁰ NRR 1 s. 472-73, 4. okt. 1565.

vera svært uvanleg, først eigen kyrkjeleg institusjon, deretter på private hender i norske adelsfolks eige, testamentert til Lyse kloster, og til sist tilbakeført til arvingen til givaren. Sidan var steinhuset med grunn ein av dei rosenkrantzke eigedomane like til bybrannen i 1702. Difor er den nemnt i GBB og. Her er leiga innført som "af de Rosenkrantzers grunder", og leiga skulle tilfalla Peder Hansen. I 1686 var ikkje leiga større enn 3 Rd. Dette var berre det halve av leiga i 1568.⁹¹ Når leiga er nedsett, kan det ha samanheng med at ein for denne eigedomen har samla utleige både av hus og grunn. Grunnen var liten, 18 x 15 norske alen, og det er freistande å tru at det i første rekke er husa som har avgjort storleiken på leiga. Blei husa mindre verdi, kom det til uttrykk i leiga.

Under gjennomgangen av kapittelets grunnleiger viste eg at Rosenkrantz også hadde overteke ei grunnleige av Skjeggen, som hadde lege til Laurentius prebende.⁹² Kan hende var bakgrunnen her den same som for steinhuset bak Gullskoen. Delar av Skjeggen var i privat eige så seint som i 1497, da Fredrik Kønig selde garden til Henrik Krummedike.⁹³ I eit grunnbrev utferda på vegne av Ove Bjelke i 1652, er rosenkrantzgrunnane i Dreggen nemnde. I brevet leiger Rasmus Larssen ein større grunn som ligg mellom slottshagen og "de Rosenkrandsers Grunder."⁹⁴

Eindrid Erlendsson hadde som nemnt i kapittel 6.2 gjort eit større makeskifte med Munkeliv, der klostret m.a. fekk ein grunn ovanfor Søstergard. Inn i skiftet gjekk det både jordegods og bygrunnar. Som i mange skifte ser det ut til at eit av føremåla var å samla partane i eigedomsmassen i større einingar. Når Eindrid gav frå seg grunnen bak Søstergard, mottok han på den andre sida ein grunn i Korskyrkjesoknet som Munkeliv åtte like ovanfor Erlendgard.⁹⁵ Dermed samla Eindrid to grunnar som tidlegare låg på kvar sin kant i byen. Erlendgard møter ein att i 1447. Da er det son til Erlend, Einrid Erlendsson som er eigar. Han leigde ut ein kjellar i Korskyrkjesoknet med hus og grunn, på dei vilkår at leigaren skulle leiga så lenge han og kona levde, og barna deira deretter. Men når så lang tid var gått, skulle eigedommen falla tilbake til Erlends arvingar, og dette galldt både hus og grunn. Brevet skulle stå ved makt så lenge leigaren betalte 8 gylden i grunnleige kvart år ved siste kjøpstemna.⁹⁶

⁹¹ UBB dip. saml. 10 juli 1568.

⁹² Kap. 6.9 s. 183

⁹³ DN I nr. 989, 1497.

⁹⁴ NRR X s. 467, 24. okt. 1652.

⁹⁵ DN XII nr. 168, 1419.

⁹⁶ DN II nr. 778, 1447.

Utleige av grunn var og føremålet med eit brev utferda av Peder Mortenssen, prest i Sandvær i Troms len. Han leigde i 1577 ut ein av konas odelsgrunnar, som etter gamle odelsbrev blei kalla "Barsckegardsgrunn". Garden låg ved Skreddarstretet og var 17,5 alen brei og 45 alen lang. I tillegg kom kålhagen som var 31 alen lang og 16 alen brei.⁹⁷

Men grunnleigarane kunne også kjøpa grunn, det finn ein eit døme på da Jens Nilsson til Simling i 1581 selde ein kålhagegrunn kalla "Huchtufft" i Korskyrkjesokn. Grunnen var 50 alen lang og 12 alen brei. Adrian von Buckschott, som tidlegare hadde leigd grunnen, fekk no kjøpa: "... thill euerdlig eigen og odall". Prisen var 12 gamle dalar som dekka både kjøp og skøytepengar.⁹⁸ Jens Nilsson sat også med egedomsretten til garden Toft. I 1584 selde han grunnen. Denne blei omtala som ein odelsgrunn ved namn indre og ytre Toft, og låg nedanfor St. Halvardskyrkja i Korskyrkjesoknet. På grunnen stod husa til Anna, enkja etter Henrik Piaske. Til grunnen hørde det også hage. Christoffer Olavsson, som var kjøpar, skulle overta egedomsretten og retten til å krevja inn grunnleiga på same vilkår som for andre grunnar i byen.⁹⁹ Her var det ikkje grunnleigaren som kjøpte grunnen husa hans stod på, derimot ser det ut til at føremålet for kjøparen var å krevja inn leiga. I så måte ser det ut til at kjøpet var ei rein pengepassering.

Erik Rosenkrantz' store grunneige vitnar om korleis ei stor mengd bygrunnar kunne koma på ein manns hand som resultat av arv. Men arv kunne og verka motsett. Store grunneigesamlingar blei oppdelte og spreidde på fleire hender som resultat av arveskifte. Dette skjedde med rosenkrantzgrunnane, men først frå 1633 og utover. Eit døme på korleis grunneigesamlingar blei delte på fleire, finn ein i eit brev frå 1557 om skiftet etter Magdalena Olavsdotter. I brevet er det Erik Ormsson til Vatne og Trond Benkestokk som delar arven. Av grunnar i Bergen delte dei Smørsgard i to like partar, unnateke den grunnen som Trond sjølv hadde bygd på. Etter at arvingane var einige om delinga, blei det kasta lodd om kva del dei skulle ha. I tillegg delte dei og kålhagen som hørde til garden.¹⁰⁰ I 1570 delte barna til Trond Benkestokk arven etter far sin. Det går fram av dette skiftet at Trond Benkestokk hadde fått fleire grunnar enn den delen av Smørsgard han hadde fått i 1557. Brørne Jon og Tord skulle ha den grunnen der garden til far deira hadde stått på Stranden, vidare ein grunn på Hollendarstretet nedanfor Skomakarveiten, og dei grunnane i Holmedalen ved Kontoret som låg både på nordre og søre side i garden. Den yngste broren, Tord, skulle i tillegg ha ein grunn med to par hus ved gata på søndre sida i

⁹⁷ UBB dip. saml. 31. aug. 1577.

⁹⁸ UBB dip. saml. 3. mai 1581.

⁹⁹ UBB dip. saml. 10.aug. 1584.

¹⁰⁰ DN XXI nr. 1062, 1557.

Smørsgard. Jon skulle ha ein grunn med hus og kålhage ved Skomakarveiten. Svogeren deira, Erik Hanssen, mottok på vegne av den avdøde kona si, Brynhild Benkestokk, ein grunn med hus på Hollendarstretet. Søstrene Adelise og Kristin Benkestokk skulle ha eit par hus ved porten på søre sida i Smørsgard og heile grunnen frå gatehusa og ned til sjøen, vidare ein grunn nedanfor Matz Størssons gard ved Torget. Søstrene skulle og ha to kålhagar på Øvregata, ved Martinskyrkja.¹⁰¹

Denne gjennomgangen av eigedomsbrev frå mellomalderen og til slutten av 1500-talet viser fleire døme på at grunnar som var i privat eige i mellomalderen, framleis var i privat eige på 1500-talet og seinare. Vidare ser ein døme på sal mellom private, der adelsfolk sel unna grunnar til borgarar i byen. Men det er og døme der private grunnar blir selde eller gitte til kyrkjelege institusjonar. Arven etter Trond Benkestokk er eit døme på korleis eigedomssamlingar kunne delast opp på fleire hender, og viser korleis adelege grunneigesamlingar kan ha vore variable storleikar, med ei stadig omfordeling av grunnar. Men om arveskifte var eit vanleg element i omfordelinga av grunneige, var det likevel ikkje slik at grunneige kunne forvaltast vilkårleg. Det siste viser avslutninga i skriftebrevet etter Trond Benkestokk. Her blir det sagt at dersom nokon, måtte Gud forby det, skulle trengja til å selja eller pantsetja sitt gods eller sine grunnar, da skal dei først tilby det til kvarandre, slik Noregs lov var.¹⁰² Eigedom skulle haldast i familien, slektsarven måtte ikkje utarmast.

Tabell 7.8.1 gir eit oversyn over den private grunneiga i seinmellomalderen, slik den kjem fram ved samanstilling av tabellane for kvar av dei private eigedomsgruppene. Til Rosenkrantz' eige låg det i 1686 1,5 stykke malt i Domkyrkjesoknet. Denne vareleiga har eg rekna om til 1,5 Rd etter det verdihøvet eg tidlegare har nytta. Elles må det understrekast at dei eigargrupsene som blir oppstilte i tabellen, ikkje refererer seg til eigargrupper i mellomalderen, men er utdrag av tabellane for dei eigargrupsene eg har stilt opp dels på bakgrunn av GBB og dels som ein rekonstruksjon av eigargrupper med utgangspunkt i GBB. Det er difor berre den nedste lina for summen av eigargrupsene innan kvart kyrkjesokn, som gir eit meiningsfylt bilet av den private grunneigefordelinga i seinmellomalderen.

Tabell 7.8.1 Privat grunneige i Bergen ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på kyrkjesokna i 1686

Eigar*	Nykyrkje	Domkrk.	Korskrk.	Kontoret	Sum

¹⁰¹ DN VI nr. 805, 1570.

¹⁰² DN VI nr. 805, 1570.

Odel	-	53, 16	34, 46	-	87, 62
Adel	-	7, 81	8, 69	-	16, 50
Bilders	-	9, 14	24, 02	-	33, 16
Rosenkrantz	-	60, 69	11, 07	151, 99	223, 75
G.F. Sparre	-	3, 50	19, 66	1, 50	24, 66
Privat v/Ko	-	-	-	44, 80	44, 80
Sum	-	134, 30	97, 90	198, 29	430, 49

* Eigarane er her grupperte etter opplysninga i 1686 og rekonstruksjonen av Gyrvild Fadersdotters grunneige før 1582.

8.0 EIT SAMLA OVERSYN OVER GRUNNEIGEFORDELINGA I BERGEN VED UTGANGEN AV SEINMELLOMALDEREN

8.1 Innleiing

I dette kapittelet skal eg gi eit oversyn over den samla grunneigefordelinga ved utgangen av seinmellomalderen, først for heile byen, og deretter for kvart av dei fire sokna. Her vil eg knyta enkelte kommentarar til ei samanlikning av grunneiga ved utgangen av seinmellomalderen og 1686. Vidare vil eg diskutere grunneiga til kvar av dei tre eigargrupsene for seg, og skissere litt om bakgrunnen for grunneiga i seinmellomalderen. Avslutningsvis er det naturleg å drøfte kva spørsmål som vidare kan stillast på grunnlag av dei resultata denne undersøkinga kan visa fram. Som eit utgangspunkt for denne diskusjonen har eg samanlikna trekk ved egedomsfordelinga i Bergen og den danske byen Ribe.

8.2 Grunneigefordelinga i 1686 og ved utgangen av seinmellomalderen

Målsetjinga med denne oppgåva er å rekonstruera grunneigefordelinga ved utgangen av seinmellomalderen, kva eigargrupper som er representerte, og egedomsfordelinga gruppene i mellom. I kapittel 2 sette eg opp tabellar for egedomsfordelinga i 1686. Etter gjennomgangen av dei tre eigargrupsene private, kyrkja og kongen og byrådet, kan eg no setja opp tilsvarende tabellar for utgangen av seinmellomalderen.

Tabell 8.2.1 viser grunneigefordelinga i heile byen ved utgangen av seinmellomalderen, og tilsvrar tabell 2.3.1, som viser den same fordelinga i 1686.

Tabell 8.2.1 Absolutt og relativ fordeling av grunneiga i Bergen ved utgangen av seinmellomalderen med omsyn til eigargrupper og til kyrkjesokna i 1686*

Eigar	Sokn	Dalar	%	Dalar	%
Privat eige	Nykrk.	-	-		
	Domkrk.	134,30	15,99	430,49	51,26 (+24,39)
	Korskrk.	97,90	11,65		
	Kontoret	198,29	23,61		
Kyrkjeleg eige	Nykrk.	27,43	3,27		
	Domkrk.	66,94	7,97	367,98	43,81 (+26.20)
	Korskrk.	181,15	21,57		
	Kontoret	92,46	11,01		
Krona og Byrådets eige	Nykrk.	-	-		
	Domkrk.	-	-	41,33	4,92 (-50,59)
	Korskrk.	33,08	3,94		
	Kontoret	8,25	0,98		
Sum	Alle	839,80	99,99	839,80	99,99

* Tal i () angir avviket frå andelen av den relative fordelinga i 1686.

Den totale mengda grunneige hadde, uttrykt i grunnleige, hatt ein vekst på 600 Rd i perioden frå utgangen av seinmellomalderen og til 1686. Under ein periode på knappe 200 år, vaks grunnleigevolumet med 71,5 %. Denne tilveksten fann stad ved at tidlegare ubygde grunn vart stykka ut til bybebyggelse.

Den største ulikskapen mellom 1686 og utgangen av seinmellomalderen finn ein i krona og byrådets eige, eller det som eg har kalla offentleg eige i tabell 2.3.1. Hovudårsaken er at all den grunnleiga som kom til som resultat av byekspansjonen, vart tillagt den offentlege eiga. Den private og kyrkjelege eigas del av den relative fordelinga minka sterkt i perioden. Dette har to årsaker. For det første at det totale eigedomsvolumet auka, ein auke som ikkje kom private og kyrkjelege eigarar til del. Men det har også samanheng med at det absolute grunneigevolumet til private og kyrkjelege eigarar vart redusert, for kyrkjas del i første rekke som resultat av reformasjonen. Totalt utgjorde denne reduksjonen 31,2 %. Reduksjonen av privat eige har samband med to tilhøve: Gyrvild Fadersdotters makeskifte med kongen i 1582, og ei overføring av 1/5 av Erik Rosenkrantz' eige til Manufakturhuset, uvisst når. Totalt utgjorde reduksjonen i den private eiga 10 %. For den private eiga var likevel biletet meir nyansert enn for den kyrkjelege. For privat grunneige fekk også ein tilvekst ved at kongen gav bort tidlegare kyrkjeleg eige.

Dei mange nyansane i dei endringane som hadde funne stad frå utgangen av seinmellomalderen og til 1686, kjem først fram når ein studerer tabellane for kvart sokn. Tabell 8.2.2 viser grunneige fordelinga i Nykyrkjesoknet.

Tabell 8.2.2 Absolutt og relativ fordeling av grunneiga i Nykyrkjesoknet ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på eigargrupper

Eigargruppe	Eigar	Dalar	%	Dalar	%
Kyrkjeleg-eige	Munkeliv Erkestolen	20,73 6,70	75,57 24,42	27,43	99,99
Sum	Alle	27,43	99,99	27,43	99,99

Dei mest dramatiske endringane hadde funne stad i Nykyrkjesoknet. Det totale grunnleigevolumet auka med over 900 % frå utgangen av seinmellomalderen og til 1686. Omfordelinga av den vesle grunneiga som var i soknet ved utgangen av seinmellomalderen, hadde vore total. Både Munkelivs og erkestolens grunneige vart inndregen under krona ved reformasjonen.

Men den ytre delen av Nordnes, som først vart eige kyrkjesokn i 1620-åra, var ein lite vesentleg del av byen i seinmellomalderen. Det er difor ikkje overraskande at grunneiga her skil seg klart ut frå tendensane for heile byen under eitt. Større samsvar med oversynet for heile byen finn ein i Domkyrkjesoknet. Tabell 8.2.3 viser grunneigefordelinga i Domkyrkjesoknet.

Tabell 8.2.3 Absolutt og relativ fordeling av grunneige i Domkyrkjesoknet ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på eigargrupper

Eigargrupper	Eigar	Dalar	%	Dalar	%
Privat	Privat	134,30	66,73	134,30	66,73
Kyrkjeleg-eige	Munkeliv	4,00	1,99		
	Jons Kl.	1,00	0,50		
	Nonneset	1,00	0,50		
	Lyse kl.	7,00	3,48		
	Halsnøy	3,50	1,74	66,94	33,26
	Selje kl	4,20	2,09		
	Bispest.	0,87	0,43		
	Kapitt.	17,37	8,63		
	K.kapell	26,00	12,91		
	Andre	2,00	0,99		
Sum	Alle	201,24	99,99	201,24	99,99

Relativt vart den private eiga redusert med 35 % frå utgangen av seinmellomalderen og til 1686, men absolutt hadde det vore ein tilvekst på 7 Rd. Som for byen under eitt skuldast den relative reduksjonen av privat eige den store tilveksten i offentleg eige. Den absolutte tilveksten av privat eige var eit resultat av at kongen overdrog kyrkjeleg eige til private. Den kyrkjelege delen av grunneiga i Domkyrkjesoknet vart redusert både absolutt og relativt. I høve til den kyrkjelege eiga ved utgangen av seinmellomalderen, var reduksjonen 30 Rd, eller nærmare 50 %. Dette tilsvrar ein reduksjon på 25 % i høve til den totale grunneigefordelinga i soknet.

I 1686 hadde det vore meir privat eige enn kyrkjeleg eige i Domkyrkjesoknet og omvendt i Korskyrkjesoknet. Slik var det også ved utgangen av seinmellomalderen. Tabell 8.2.4 viser grunneigefordelinga i Korskyrkjesoknet.

Tabell 8.2.4 Absolutt og relativ fordeling av grunneige i Korskyrkjesoknet ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på eigargrupper

Eigargrupper	Eigar	Dalar	%	Dalar	%
Privat	Privat	97,90	31,36	97,90	31,36
Kyrkjeleg eige	Munkeliv	1,50	0,48		
	Nonneset	1,63	0,52		
	Lyse kl.	10,92	3,50		
	Halsnøy	7,50	2,40		
	Selje kl	5,12	1,64	181,15	58,03
	Bispest.	18,19	5,83		
	Kapitt.	103,17	33,05		
	K.kapell	22,50	7,21		
	Lokalkrk	9,62	3,08		
	Andre	1,00	0,32		
Kongen og Byrådet	Kongen	29,08	9,32	33,08	10,60
	Byrådet	4,00	1,28		
Sum	Alle	312,13	99,99	312,13	99,99

Både den private og kyrkjelege eiga i Korskyrkjesoknet vart redusert frå utgangen av seinmellomalderen og til 1686. Den private eiga vart redusert med 22 Rd, noko som tilsvara 22,5 % av den opphavlege private eiga i soknet, eller om lag 10 % av totalfordelinga av grunneiga. Denne reduksjonene skuldast for det første overføring av grunneige frå privat til offentleg eige, for det andre at privat grunneige vart flytta i samband med reguleringar.

Reduksjonen i den kyrkjelege eiga var meir omfattande enn den private. Totalt utgjorde den 73 Rd, som tilsvasar 40 % av den opphavlege kyrkjelege eiga i soknet, eller 25 % av totalfordelinga av grunneiga. Denne reduksjonen skuldast i det vesentlege reformasjonen og kongens seinare overføring til Manufakturhuset. Men ein del skuldast også flytting av grunn i samband med reguleringar.

I Korskyrkjesoknet hadde kongen og byrådet grunneige ved utgangen av seinmellomalderen. Dette kan reknast som grunnstamma i det som i 1686 utgjorde den store offentlege eiga. For Korskyrkjesoknet auka denne med 500 % frå utgangen av seinmellomalderen og til 1686.

Den mest stabile grunneigefordelinga i perioden finn ein ved Kontoret. Tabell 8.2.5 viser fordelinga av grunneiga ved Kontoret.

Tabell 8.2.5 Absolutt og relativ fordeling av grunneiga ved Kontoret ved utgangen av seinmellomalderen fordelt på eigargrupper

Eigargrupper	Eigar	Dalar	%	Dalar	%
Privat	Privat	198,29	66,31	198,29	66,31
Kyrkjeleg eige	Munkeliv	5,00	1,67		
	Nonneset	1,50	0,50		
	Bispest.	7,52	2,52	92,46	30,92
	Kapitt.	69,19	23,14		
	Lokalkrk	9,25	3,09		
Kongen og Byrådet	Byrådet	8,25	2,76	8,25	2,76
Sum	Alle	299,00	99,99	299,00	99,99

Også ved Kontoret vart den private grunneiga redusert etter reformasjonen. I alt var reduksjonen på 34 Rd, og skuldast i all hovudsak overføring av rosenkrantzgrunnar til Manufakturhuset. Dette utgjorde 17 % av den private grunneiga ved utgangen av seinmellomalderen eller ein reduksjon på 16 % i høve til den totale grunneigefordelinga.

Den kyrkjelege eiga vart redusert med 14 Rd eller 15 % av den totale kyrkjelege eiga ved utgangen av seinmellomalderen. Det utgjorde likevel ikkje meir enn 7 % i høve til kyrkjas del av den totale grunneigefordelinga ved Kontoret. Reduksjonen skuldast heilt ut reformasjonen.

Den offentlege eiga auka sin del av eiga ved Kontoret med 23 % frå utgangen av seinmellomalderen og til 1686. auken skuldast delvis at eg for utgangen av seinmellomalderen har halde unna 31,75 Rd i leige av Vinkjellaren. Dette meiner eg var husleige og ikkje grunnleige. I 1686 er også husleiga med.

Denne gjennomgangen viser at det hadde vore til dels store endringar i grunneigefordelinga frå utgangen av seinmellomalderen og til 1686. I store trekk er det likevel ikkje vanskeleg å følgja føresetnadane for desse endringane. Situasjonen er langt på veg parallel til fordelinga av jordegods etter reformasjonen. Ved konfiskasjon av kyrkjeleg gods auka kronas eigedomsmasse. Kronas posisjon som eigar vart forsterka ved ekspansjon både i byen og på landsbygda. Det var krona som leigde ut nye grunnar i byen, og det var krona som kravde

eigedomsretten ved nyrydding på landsbygda.¹ Men er det også mogeleg å skissera føresetnadane for grunneigefordelinga ved utgangen av seinmellomalderen?

8.3 Bakgrunnen for kongen og byrådets grunneige ved utgangen av seinmellomalderen

Den opphavlege eigedomsretten til grunnen der byen vaks fram har vore mykje diskutert. Sjølv om det absolutte provet ikkje ligg føre, er det mange kjelder som gir indisium for at kongen har vore den opphavlege eigaren til all grunn innanfor takmerkene. Og det finst ikkje kjelder som talar i mot ei slik tolking av dei eldste eigedomstilhøva. Det er difor mitt utgangspunkt at det var kongen som rådde over grunnen da byen kom opp.² Ved utgangen av seinmellomalderen finn ein derimot berre kongen som eigar av eit større grunnområde i Vågsbotn, Skomakarstretet, og ein mindre eigedom ikkje langt unna, kalla Årsborg.

Om kongen fekk ein radikal auke i grunneiga ved reformasjonen og i dei påfølgjande 120 åra, kom likevel ikkje denne eiga opp mot storleiken på den eiga kongen gav frå seg, frå dei første byhusa vart reiste og fram til utgangen av seinmellomalderen. Det var kongen som sytte for at klostra og ei rekke andre kyrkjelege institusjonar i byen fekk grunn til sine anlegg. Kongen hadde truleg og stått bak utstykking av grunnar til private, og såleis lagt grunnlaget for den private grunneiga i byen. Mellom dei private grunneigarane finn ein i høgmellomalderen eit klårt innslag av menn i kongens teneste, sjølv om denne gruppa ikkje dominerer mellom hus og grunneigarane.³

Det ser ut til at kongen har gitt frå seg grunnar i byen vederlagsfritt. Dvs. vederlaget skulle vera mottakarens truskap til kongen.⁴ Dette kunne vera eit sterkt motiv, som sikra kongen solid fotfeste i eit veksande bysamfunn. Men kongen kunne og gi bort grunn på det vilkåret at mottakaren skulle reisa hus.⁵ I slike tilfelle må motivet ha vore eit ynskje om at byen skulle veksa. Arealmessig må kongen likevel ha gitt meir av byområdet til kyrkjelege institusjonar, enn det som vart utlagt til grunnar for bybebyggelse. Den store overføringa av gods frå kongen til kyrkja er karakteristisk for høgmellomalderen, ikkje minst når det gjeld jordegods. Kongens utdeling av gods må ha ført til ein vesentleg reduksjon av den totale mengda

¹ Fladby 1986 s. 123.

² Helle 1982 s. 281.

³ Helle 1982 s. 291, 295 og 300.

⁴ KLNM IX sp. 26, Kongegåve.

⁵ Helle 1982 s. 282.

krongods.⁶ Utviklinga i byen og på landsbygda er langt på veg parallell, kongen reduserer sine eigarinteresser ved gaver til kyrkja eller private.

At kongen stykka ut delar av byområdet til kyrkjelege institusjonar og private, medførte likevel ikkje at kongen vart eigedomslaus i byen. Kongen rekna truleg all grunn innan takmerkene som sin, dersom han ikkje uttrykkeleg hadde gitt delar av den frå seg. Dette kjem fram i ei rettarbot for Bergen frå 1293/94. Her omtala Eirik Magnusson allmenningane på Stranden eller andre stader som sin farsarv.⁷ Ein kvar ekspansjon i bybebyggelsen måtte gå føre seg på grunn som kongen rekna som sin. Men kongen kan ikkje ha nytta seg av dette til økonomisk vinning i form av leigeinntekter. Situasjonen i seinmellomalderen tyder på at kongen har gitt frå seg grunn etter kvart som byen eksplanderte. Trekkjer ein den snevre grensa for bygrunnen langs ytterkanten av det bygde området, finn ein at kongen frå byen kom opp og til slutten av mellomalderen, gav frå seg all bygrunn bortsett frå slottet, Sverresborg og grunnen under Skomakarstretet i Vågsbotn.

Den første leigeavtalen som er kjent mellom skomakarane og kongen er frå 1330. Kongen leigde garden sin til skomakarane for 50 forngilde mark i året. Garden vart kalla Vågsbotn, og låg for enden av Vågen.⁸ Det er mogeleg at denne avtalen omfatta både husleige og grunnleige. I 1398 vart leiga omtala som husleige.⁹ Det området som skomakarane leigde som Vågsbotn i 1330, må ha vore kjernen i det området dei heldt til i seinare og.

Utfyllinga av den indre delen av Vågen utvida truleg skomakaranes område, men den gamle leigeavtalen stod ved lag, og vart stadfesta av kongen i 1450.¹⁰ I lensrekneskapen for 1567 finn ein at alle grunnleigene som er innførte som grunnar i Vågsbotn, er leiger som vart betalte av skomakarar. Det ser ut til at 1567-rekneskapen skil mellom det gamle leigeforholdet mellom kongen og skomakarane og nyare leiger i området omkring ved å nytta nemninga Vågsbotn. Dette kan tyda at det er direkte samband mellom leigekontrakten frå 1330 og skomakaranes grunnleigebetaling i lensrekneskapane frå 1567 og utover.

Når kongen tilsynelatande systematisk har gitt frå seg på det næreste all grunneige, må ein

⁶ Bjørkvik 1960 s. 217-18. Helle 1974 s. 194.

⁷ DN XIX nr. 397, 1293/94. Helle 1982 s. 282-83.

⁸ NgL 2.R. I nr. 134 B, 1330.

⁹ DN II nr. 554, 1398.

¹⁰ DN I nr. 850, 1450.

spørja seg om kvifor Skomakarstretet skulle haldast utanom og gjennom heile seinmellomalderen administrerast som ein grunn som gav leigeinnkomer? Dette kan forklarast med at skomakarane var tyske handverkarar. Dei var for det første ikkje ein eintydig juridisk person, men ei profesjonssamanslutning. For det andre underkasta ikkje skomakarane seg norsk lov, og bystyring spesielt. Dette problemet vart først løyst under Christopher Valkendorf på slutten av 1550-åra.¹¹ Desse momenta ville gjera det vanskeleg å gi, eller selja grunnen i Vågsbotn til Skomakarane.

I 1293/94 kalla Erik Magnusson ubygde delar av byen for sin allmenning. Omgrepene allmenning ser ut til å vera vesentleg i høve til den grunneiga som i seinmellomalderen kan påvisast i byens eige. I 1311 vart det i ein dom slege fast at allmenningane var det byen som disponerte etter gavé frå kongen.¹² Dette må vera bakgrunnen for at byen på 1400-talet leiger ut delar av Breida-allmenningen mot grunnleige. I eitt av leigebreva vert det teke atterhald om kongen og riksrådets godkjenning.¹³ Dette kan tyda på at byen ikkje åtte allmenningsgrunnane i seinmellomalderen, men hadde kongens samtykke til å forvalta desse og å krevja inn grunnleige. Av innforslene i GBB ser det ut til at byrådet ikkje leigde ut anna enn allmenningsgrunn i mellomalderen.

8.4 Bakgrunnen for den kyrkjelege grunneiga i seinmellomalderen

Ved utgangen av seinmellomalderen var kyrkja eigar av om lag 44 % av grunneiga i Bergen. Eiga var likevel ujamt fordelt dersom ein ser den i høve til kyrkjesokna i 1686. Den største konsentrasjonen var i Korskyrkjesoknet, der kyrkja åtte om lag 58 % av grunneiga. Spreiinga var og stor med omsyn til grunneiga til dei ulike kyrkjelege institusjonane. Minst ser det ut til at Lavranskyrkja og Jonsklostret var, med ei grunneige som anslagsvis ikkje gav større leige enn 1 Rd. I særklasse størst var Domkapittelet, med ei samla grunnleige på om lag 190 Rd. Det representerte nærare 23 % av den samla grunneiga i byen.

Det er Munkeliv kloster ein har hatt mest kunnskap om som grunneigar i mellomalderen. Dette skuldast naturleg nok Munkelivs brevbok, der ein finn ei rekke dokument som omhandlar klosterets eigedomar. Og ikkje minst klostrets jordebok frå 1463, der ein finn innført leigene for byeigedomane. Denne lista må ein tru gir eit fullstendig oversyn over

¹¹ Kap. 3.3 s. 74-75.

¹² DN XXI nr. 10, 1311, nr. 23, 1320. Helle 1982 s. 283.

¹³ NgL 2.R. I s. 682, før 1337. NgL 2.R. III s. 390, 1441.

grunneiga det året boka vart sett opp, og truleg er den og representativ for slutten av seinmellomalderen.

Sett i høve til eiga til andre kyrkjelege institusjonar, var Munkeliv mellom dei største grunneigarane. Berre kapittelet og den samla eiga til dei kongelege kapella, var større. Anslaga for sistnemnde er svært usikre. Som grunneigar hadde Munkeliv eit aktivum som tydelegvis ikkje var andre kyrkjelege institusjonar til del. Klosteret disponerte eit stort område i byen som kunne utstykkast til grunnar. Om det verkeleg var slik at dei grunnane som er nemnde i pengeleiger i 1463-lista, alle låg innanfor Munkelivs eige grunnområde, medfører dette at dei fleste av klosterets bygrunnar var komne til på bakgrunn av utstykking av eigen grunn. Dei 10 grunnleigene som ikkje var pengeleiger, utgjorde såleis under ein tredjedel av klosterets grunnar både i tal og samla leige.

Munkeliv satsa målmedvite på å skaffa seg leigeinnkomer frå byen. Dette er sett i samanheng med agrarkrisa i seinmellomalderen. Ved å auka innsatsen i byen kunne klostret kompensera for tap som følgje av fallet i landskylda.¹⁴ Som følgje av fallet i landskylda er det gjort overslag som tyder på at Munkelivs innkomer vart reduserte til 20 % av det dei hadde vore før agrarkrisa sette inn.¹⁵ For 1530 er det gjort overslag som tyder på at Munkelivsgodset hadde ei samla inntekt på 800 Rd.¹⁶ Det skulle tilsei at inntekta hadde verd over 2000 Rd i høgmellomalderen. I denne samanhengen må dei 30 Rd klostret skaffa seg ved grunnleige i byen, ha fortona seg som ei mager trøyst.

Av andre kloster var det i første rekke tre utanbys som gjorde seg gjeldande som grunneigarar i byen. Lyse kloster var størst med om lag 18 Rd i grunnleige. Halsnøy og Selje kloster hadde om lag 10 Rd kvar. Karakteristisk for eigedomane til desse tre er at dei alle ser ut til å ha vore representerte med ein større grunn i Vågsbotn og ein på Strand. Grunnane i Vågsbotn ser ut til å ha lege side om side. Dette kan tolkast slik at kongen gav klostra grunnar i byen samstundes. Her fekk dei høve til å reisa sine eigne gardar og driva handel. Plasseringa i Vågsbotn mellom kong Oscarsgate og Vesle Øvregate like ved Domkyrkja tyder på at klostra først vart representerte i byen på eit tidspunkt da området mellom Holmen og Vågsbotn var tettbygd. Gardane til klostra i Vågsbotn hadde ikkje direkte tilkomst til sjøen.

¹⁴ Helle 1982 s. 691-92.

¹⁵ Bjørkvik 1967 s. 65.

¹⁶ Supphellen 1970 s. 191.

Dette kan vera forklaringa på at klostra også er representerte på Stranden. Kongen kan ha gitt klostra grunn etter kvart som området fekk bybebyggelse utover mot slutten av høgmellomalderen.

Grunneiga til dei utanbys klostra ser såleis ut til å ha utgangspunkt i klostras trong til bygardar der dei kunne driva handel, kan hende med dei varene klostra mottok i landskyld av jordegods. I seinmellomalderen vart overskotet av slike varer redusert, og klostra avvikla bygardsdrifta til føremun for utleige av hus og grunn. Dei innanbys klostra hadde neppe same trangen for å vera representerte med eigne gardsanlegg i byen. Hus for lager og omsetjingsføremål kunne dei ha innanfor klostras eigne område. Den eine byeigedommen ein kan påvisa i Jonsklostrets eige, var ei testamentarisk gave. Dette kan og vera bakgrunnen for dei grunnane Nonnester hadde i byen.

Det ser ut til at bispestolen var grunneigar med ei eige på storleik i underkant av den Munkeliv forvalta. Eiga var konsentrert i Korskyrkjesoknet og ved Kontoret; eiga sistnemnde stad var grunnen i Rotmannsgard. Av "Slottens grundebog", går det fram at grunnen strekte seg frå "fieldet Neder thill Wogenn". Leigarane hadde "Bisp Oluffs" brev på grunnen.

Det har vore ein vanleg oppfatning at Rotmannsgard var bygd på delar av den gamle Autaalmenningen, og at det var byrådet som mottok leiga. Dette med utgangspunkt i eit legebrev frå 1437. Men slik eg har analysert innførslene i lensrekneskapane frå 1567 og utover, må grunnen ha vore bispestolens eige i seinmellomalderen. Opplysninga om biskop Olavs brev i "Slottens grundebog" ser ut til å støtta dette.

Legebrevet frå 1437 har vore tolka slik at byrådet gav to tyske kjøpmenn lov til byggja ein gard på Autaallmenning, og at garden seinare fekk namnet til ein av leigarane, Rotman van Barun.¹⁷ Men brevet seier eigentleg at dei to leigarane skulle få lov til å byggja ut over allmenningen og med ei trapp ned til allmenningen, på det vilkåret at dette ikkje hindra ferdsla.¹⁸ Dette må tyda at dei to kjøpmennene har bygd ein svalgang langs andre høgda i garden, og at det var mogeleg å nå denne gangen frå ei utvendig trapp. Leiga skulle vera 8 engelske £ i gangs pengar. Åtte engelske £ tilsvara 24 danske £ eller 2 Bg. Dette stadfestar at legebrevet frå 1437 ikkje kan omfatta grunnen i Rotmannsgard, for her var grunnleiga 7 Rd

¹⁷ Lorentzen 1952 s. 134. Helle 1982 s. 707 og 726.

26 ß og 1 stykke mjøl i 1567. Ei slik leige tilsvara 27 Bg 2 ß.

Denne tolkinga av leigebrevet frå 1437 inneber at Rotmannsgard ikkje var ny i 1437, og at bispestolens eigedomssrett til grunnen kan gå attende til høgmellomalderen. Det er likevel godt mogeleg at garden har namnet sitt etter Rotman van Barun, men da har den og hatt eit eldre namn, kanskje eitt av dei gardsnamna ein kjenner frå mellomalderbrev, men som ein ikkje kan gi ei sikker plassering.

I 1642 vart Rotmannsgard riven, og grunnen utlagt til allmenning. Føremålet var å skaffa betre vern mot brannspreiing mellom Kontoret og byen. Lorentzen har hevdat at det var rimeleg at Rotmannsgard vart lagt ut til allmenning, sidan denne i si tid var bygd på allmenningsgrunn.¹⁹ Men grunnen i Rotmannsgard hadde ikkje vor allmenningsgrunn, den hadde hørt til bispestolen i alle høve ved utgangen av seinmellomalderen. Som den sørlegaste av gardane i bryggeområdet grensa den opp mot området ved Hollendergaten der bispestolen hadde ei rad grunnar.

Asgaut Steinnes har sett fram den hypotesen at alle dei grunnane som er oppførte under avsnittet for Hollendarstretet i "Slottens Grundebog", har lege til bispestolen før reformasjonen.²⁰ Mi undersøking synest å stadfesta dette. Vidare finn Steinnes at dei fleste andre grunnane langs Hollendarstretet hadde lege til kapittelet.

Kapittelet var den store kyrkjelege grunneigaren ved utgangen av seinmellomalderen. Konsentrasjonen av eige var særleg stor i Korskyrkjesoknet, med heile 103 Rd i leige. Ved Kontoret var leiga 69 Rd og I Domkyrkjesoknet om lag 17 Rd. Samla hadde kapittelet i overkant av 50 % av den kyrkjelege eiga i byen. Denne store eigedoms mengda er overraskande sett på bakgrunn av at ein høyrer svært lite om bispestolen og kapittelet som grunneigarar i høgmellomalderen.²¹

I hovudtrekk kan det setjast opp to ulike forklaringar til denne eiga. Det kan vera at kapittelet har hatt store delar av eiga alt i høgmellomalderen. m.a.o. at den er eit resultat av gavet frå kongen, eller eiga kan vera samla opp i seinmellomalderen, helst som gaver og makeskifte frå

¹⁸ NgL 2.R. I nr. 387, 1437.

¹⁹ Lorentzen 1952 s. 134.

²⁰ Steinnes 1968 s. 89-90.

private. Det sistnemnde ser ut til å finna støtte i BK, som berre inneheld ein grunn som kan førast tilbake til kapittelets eige. Bortsett frå to er alle prebenda som hadde grunnleiger i 1600 med i BK. Dei to prebenda som ikkje hadde leiger, ser først ut til å ha blitt oppretta etter at BK vart sett opp. Dette talar for at grunnleigene først er komne til etter 1360, som truleg representerer dateringa for BK.²²

Dersom det er slik at Kalvskinnet er representativt for kapittelets grunnleigemengd i høgmellomalderen, må interessa for slik eige først ha meldt seg i seinmellomalderen, og da med stor styrke. I dette perspektivet ser de ut til at kapittelets oppsamling av grunneige kan vera eit mottrekk til agrarkrisa. Dette samsvarar med den tolkinga ein har framsett av Munkelivs aktivitet, men kapittelet ser ut til å ha hatt vesentleg større suksess. Kapittelets økonomi i seinmellomalderen ser ut til å ha vore prega av at kapittelet utnytta alterstiftelsar ved Kristkyrkja og godset til lokalkyrkjer.²³ Om dette er bakgrunnen for ein vesentleg del av kapittelets grunneige skulle det tyda at grunnane hadde vore kyrkjegods også i høgmellomalderen.


Den store grunneiga i kapittelets eige i seinmellomalderen saman med det manglande kjeldegrunnlaget for å spora ein slik egedomskonsentrasjon tilbake til høgmellomalderen, tyder helst på at kapittelet har fått hand om eiga i seinmellomalderen. Ei slik egedomsoppbygging må i vesentleg grad hatt grunnlag i gåver og makeskifte med private eigara. I særleg grad må ein tru at dette er opphavet til dei grunnane som låg spreidde langs Øvregata og på Strandsida.

Men den store konsentrasjonen av kapitteleige ein finn i området ved Hollendarstretet på slutten av 1500-talet, let seg ikkje utan vidare forklara som eit resultat av ulike slag overføringer frå private. Til det er kapitteleiga for total, særleg om ein ser denne i samanheng med bispestolens eige i det same området. Kartet nedanfor viser eiga.

²¹ Helle 1982 s. 285.

²² KLNMs I sp. 474, Bergens Kalvskinn.

²³ Beyer 1970 s. 87 og 95-96.



Grunneigefordelinga langs Hollendergaten i siste halvdel av 1500-talet. Kr=krona, K=kapittelet, A=apostelgods, P=private. (Kartet er henta frå Steinnes 1968 s. 88.)

Kartet viser at kapittelet og bispestolen hadde ått alle grunnane langs Hollendarstretet, bortsett frå nokre få i kvar ende av gata som var private, (nr. 16, 17, 22 og 23), og to som høyrd til apostelgodset (nr. 11 og 12). Dei grunnane som her er ført som bispestolens eige, var kronas grunnar ved slutten av 1500-talet. Dei høyrd m.a.o. med til dei grunnane krona hadde konfiskert ved reformasjonen. Saman med Rotmannsgard danna desse grunnane eit samanhengande grunnområde i bispestolen og kapittelets eige som strekte seg frå Øvregata, nedover på utsida av Autaalmenning, over Bryggesporden og vidare i eit breitt belte mellom sjøen og Korskyrkja.

Denne eigedomskonsentrasjonen kan vera eit resultat av overføring frå kongen på eit trinn i byutviklinga der det meste av grunneiga i Bryggeområdet var oppteken. Bispestolen har difor fått den sørlegaste stripa, som seinare gav grunn til Rotmannsgard, og vidare grunnen langs sjøen rundt det neset som Korskyrkja stod på. At kapittelet var eigar av dei fleste grunnane ved Hollendarstretet kan vera eit resultat av seinare overføringer frå bispestolen.

Dei to momenta eg her har nemnt, kan begge vera forklaringar på den store grunneiga til kapittelet i seinmellomalderen. Eiga kan vera samansett både av ulike overføringer frå private i seinmellomalderen, og ei utnytting av grunn som hadde høyrt til andre kyrkjelege institusjonar i høgmellomalderen, kan hende ei vesentleg overføring av eige frå bispestolen. Om det siste er tilfellet, er det bispestolen som peikar seg ut som den store kyrkjelege grunneigaren i høgmellomalderen.

Ved utgangen av seinmellomalderen viser mine utrekningar at bispestolens grunneige gav ei leige tilsvarende 26,5 Rd. Landskulda av bispestolens gods er ved utgangen av seinmellomalderen utrekna til 892 Rd.²⁴ Slik var ikkje tilhøvet mellom jordegods og grunnleiger ulikt det ein finn for Munkeliv.

For dei kongelege kapella har eg berre gjort eit grovt overslag over grunneiga. Den grunneiga kapella hadde, er det naturleg å setja i samband med gåver frå kongen. Mariakyrkja i Oslo hadde fått garden sin på Stranden frå kongen, men først etter at kongen hadde konfiskert denne frå Audun Hugleiksson.²⁵ Men også for dei kongelege kapella kan grunneiga vera gåver

²⁴ Supphellen 1970 s. 190.

²⁵ Helle 1982 s. 297-98.

frå private. Slik var det med 1/2 av Fatten, som eit prebende ved Apostelkyrkja fekk i 1309.²⁶

Eiga til dei to lokalkyrkjene, Mariakyrkja og Martinskyrkja låg nært opp til kyrkjene. Særleg interessant er det å merka seg at kyrkjene hadde kvar sin grunn ved Kontoret, der grunnane låg like nedanfor den kyrkja dei tilhørde. Dersom desse kyrkjene hadde fått hand om eigedomane ved tilfeldige gåver frå private ut gjennom mellomalderen, er det rimeleg at konsentrasjonen i eiga omkring dei to kyrkjene skuldast makeskifte av eigedom for å oppnå ei samling av eiga nær kyrkjene. Dette kan vera bakgrunnen for at Mariakyrkja står som eigar av Karan i 1479, ein eigedom som Munkeliv hadde fått i gáve i 1403.²⁷

Erkestolens grunneige må, i den grad området ved Erkebispegarden var utleidt ved utgangen av seinmellomalderen, vera eit resultat av utstykking av området ved Erkebispegarden. I så måte kan erkestolen ha følgt den same praksis som Munkeliv nytta for sitt område. Andre kyrkjelege institusjonars grunneige enn dei som alt er nemnde, var så sparsam at den truleg var resultat av tilfeldige gåver frå private grunneigarar.

8.5 Bakgrunnen for den private grunneiga i seinmellomalderen

Den samla private grunneiga ved utgangen av seinmellomalderen var på i alt 430,5 Rd. Dette var i overkant av halvparten av all grunneiga i byen. Best representerte var dei private i Domkyrkjesoknet, der dei hadde om lag 66,5 % av eiga, men dette var knapt 0,5 % meir enn den private delen av eiga ved Kontoret. I Korskyrkjesoknet var delen om lag 31 %. Verdien av desse delane var likevel ulik frå sokn til sokn. Den private eiga ved Kontoret utgjorde i alt 46 % av den samla private eiga. For Domkyrkje- og Korskyrkjesokn var delen om lag 31 % og 23 %.

Eg har ikkje gjort freistnad på å splitta eiga på ulike private eigalar eller eigargrupper. Ser ein på kven som var eigalar av den private grunneiga i 1686, justert for endringar sidan utgangen av seinmellomalderen, kan det meste tilbakeførast til adelseige. I overkant av 87 Rd er i 1686 nemnt som odel, medan om lag 45 Rd er uspesifisert privateige ved Kontoret. Sistnemnde gruppe var truleg i det alt vesentlegaste adelseige som byborgalar hadde fått hand om på 1600-talet.

²⁶ DN XV nr. 1, 1309.

Dersom kongen hadde vore den opphavlege grunneigaren, er det kongen som har stått for overføringa av grunn til private. I høgmellomalderen var det eit vesentleg trekk at stormenn i kongens teneste var hus og grunneigarar. Dette var kongens handgjengne menn, som kan ha fått grunn i byen som motgåve for truskaps og tenesteplikt til kongen og for å vera med på byggja opp byen.²⁸ Frå denne gruppa kan eigedomane ha gått i arv gjennom heile mellomalderen. På slutten av 1500-talet klaga byrådet i Bergen til kongen over "en heel Hob handiegner Mænd, Prester og Andre", som dels åtte hus på landsbygda og dels i byen. Klagemålet retta seg mot at desse ikkje var villige til å svara leidang eller avgifter til byen av sine eigedomar, slik borgarane var pliktige til.²⁹ Dei handgjengne menn som er nemnde her, må ha rekna seg som etterkommarar av kongens handgjengne menn i høgmellomalderen, og dei har tydelegvis tolka slektskapen slik at det gav adelsprivileg, dvs. fritak for skattar og avgifter for sine eigedomar.

Klagemålet mot handgjengne menn frå slutten av 1500-talet avspeglar også eit anna interessant trekk ved den private eiga. Eigarane hadde dels eigedom i byen og dels på landsbygda. Dette var ein situasjon som gjekk tilbake til høgmellomalderen.³⁰ Den adelseiga som denne undersøkinga har kartlagt, ser ut til å passa godt inn i eit slikt mønster. Grunneiga i byen var del av adelsgodssamlingar, der jordegods utgjorde den vesentlege delen av eiga, men der grunneige i byen var eit viktig innslag. Dette forklarar kvifor Erik Rosenkrantz vart den største private grunneigaren i Bergen gjennom tidene. Arven hans var samansett av ei rad norske adelsgods, og til kvar av desse hørde det ein part grunneige.

Men ikkje all privat grunneige hørde til handgjengne menn eller deira etterkommarar. Alt i høgmellomalderen var ein stor del av hus og grunneigarane utan direkte tilknyting kongen. Kjøpmenn og folk av bondeætt kan ha slått seg til i byen, og skaffa seg hus og grunn.³¹ Dette kan vera opphavet til ein del av dei grunnane ein i 1686 finn omtala som odelsgrunnar. Eit godt døme er garden Glinten, som i 1686 vart dokumentert som odel etter brev frå 1530. Sjølv om eigarane til odelsgrunnane i 1686 ser ut til å ha vore borgarar som også hadde fått hand om vesentlege delar av adelsgrunnane, kan ein rekna med at skiljet i nemning kan gå tilbake til seinmellomalderen. Det var vanleg at gammalt adelsgods framleis vart ført som

²⁷ DN XII nr. 138, 1403. NM I s. 574-75, 30. sept. 1479.

²⁸ Helle 1982 s. 295-300.

²⁹ NRR II s. 217-18, 17. mai 1577. NRR III s. 39-40, 4. mai 1589.

³⁰ Helle, K. Nedkvitne, A. 1982 s. 100.

³¹ Helle 1982 s. 300 og 303.

slikt, sjølv etter at borgarar byrja å panta til seg adelsgods på 1600-talet.³²

Nokre av odelsgrunnane i 1686 var likevel gammalt adelsgods. Det ser ein av di det vert opplyst i GBB om at enkelte odelsgrunnar var kjøpte frå adelsfolk i Danmark. Alt i alt ser det ut til at dei private grunnane som ikkje var adelsgods ved utgangen av seinmellomalderen, utgjorde ein mindre del av den private eiga, mellom 20 - 25 %.

Med odelseige i denne samanhengen vert det meint privat grunneige som ikkje var i eiga til privilegerte. Denne grenseoppgangen er problematisk for seinmellomalderen, ikkje minst av di adelen først vart utskild som eigen stand på 1500-talet.³³ Det er ikkje utenkjeleg at det som var vanleg odelseige i seinmellomalderen kan ha tilhørt privilegerte rangspersonar i høgmellomalderen. Talet på adelsætter var på retur i seinmellomalderen og for fleire vart godset deira rekna som bondegods.³⁴

Sett på bakgrunn av det store innslaget av adelsgrunnar ved utgangen av seinmellomalderen, ser likevel denne tendensen ut til å ha hatt avgrensa omfang for byen sin del. Dette kan ha samanheng med at adelege kan ha delteke i oppkjøp av ledig privatgrunn, slik kyrkjelege institusjonar gjorde, og med same motivering; å kompensera svikten i innkomer som følgje av fallet i landskylda. Dette set perspektiv på overgangen fra samla til delt hus og grunneige. Både private og kyrkjelege eigarar kan ha hatt bygardar i mellomalderen, der hovudføremålet var å driva handel med eigne landskyldinnkomer, dvs. produksjonoverskotet av godsa deira. Med agrarkrisa vart produksjonoverskotet borte, gardsdrifta i byen vart ulønsam, og utelege av byeigedommen vart eit rimeleg alternativ. Dei største godseigarane, både kyrkjelege og private, kan i denne situasjonen ha søkt å auka investeringane i bygrunn for å motverka svikten i innkomene frå landsbygda.

